

MARTIN GJÆVENES

UTVANDRARANE FRÅ SYKKYLVEN



Ugitt av

SYKKYLVEN SOGENEMND

Grøndal & Søn's Boktrykkeri

Oslo 1957

INNHALD

Forord	5
Kjelder	7
I. Omfanget av utvandringa	9
II. Bakgrunnen	
1. Kvifor kom sykkylvingane seint med i utvandringa?	24
2. Årsaker som løyste utvandrarstraumen	26
3. Årsaker til skiftande styrke i utvandrarstraumen	30
4. Meir om årsaker	36
III. Amerikareis, landing og kontroll	38
IV. Kvart reiste dei?	41
V. Frå nybyggjarliv i «grenseland»	50
VI. Korleis var utvandrarane rusta til livet i framandt land?	53
VII. Yrke i Amerika	57
1. Farming og farmarbeid	58
2. Gullgraving	61
3. Skogsarbeid	68
1. Fiske	74
VIII. Namnebruk og målbruk	79
IX. Kontakten med heimen	83
X. « Korleis det gjekk »	87
XI. Vinning og tap for bygda	92
XII. Utvandrarbiografiar	102
Namneregister	272
Kart over Sykkylven	

FORORD

Utvandringa har til no fått liten eller ingen plass i bygdebøker. For mange bygder har utvandringa hatt så mykje å seie, til gagn eller skade, at denne delen av bygdesoga burde få ein breiare plass. Dette har ikkje minst faghistorikarane peika på.

Utvandrarsoga for Sykkylven, fram til 1953, kjem her i eit band for seg, slik at «Det utnytte Sykkylven» får si eiga «bygdebok».

Det har ikkje vore råd å arbeide med emnet som det burde gjerast. Alt er «overtids»- og feriearbeid, slik at ymse sider ved utvandringa har fått ei mindre grundig handsaming enn ein kunne ynskje. Så viktige kjelder som gards- og ættesoga finst heller ikkje enno. Desse kjem seinare, og vonleg vil utvandarbiografiane verte eit nyttig tillegg til ættesoga.

Under arbeidet har eg møtt stor velvilje når eg har bede om opplysningar, skriftleg eller i samtalar, og takker alle for det. Stor takk skuldar eg og dr. philos, lektor Ingard Hauge og dr. philos. Ingrid Semmingsen, som begge har lese gjennom manuskriptet og gitt gode råd. Av litteratur har eg serleg hatt nytte av Theodore C. Blegen: *Norwegian Migration to America* (Northfield 1931, 1940) og Ingrid Semmingsen: *Veien mot vest I—II* (Oslo 1942, 1950).

M. Gj.

Forord av formannen for Sykkylven sogenemnd.

Lektor Martin Gjævenes tok for fleire år sidan til med eit arbeid om utvandarane frå Sykkylven. Det er dette arbeidet som no ligg fore, og som vi reknar for ein lut av ei bygdebok for Sykkylven.

Måtte so boka kome som ei kjær helsing til alle utflyttarar frå heimbygda, og knyte sterke band attende til slekt og vener, til heimefolk og heimejord.

J. Eidem.

KJELDER

I. Skriftlege.

1. Trykte.

- a. Norges Offisielle Statistikk: Folkemængdens Bevægelse. Utvandringsstatistikk.
- b. Amtmændenes 5-aarsberetninger.
- c. Møre-aviser. m. a .Heimhug, Postbudet, Romsdals Budstikke, Sunnmørsposten (Smp.). Søndmøre Folkeblad og Aalesunds Handels- og Sjøfartstidende.
- d. Norsk-amerikanske blad, serleg Skandinaven (Chicago). The Scandia Journal (jubileumsnr., 31/7 1938), Washingtonposten og Western Viking.
- e. Andreas og Anna Helland og Ingeborg Kjønsstad: Norsk Nybyggerliv i Natal (1932).

2. Utrykte.

- a. Folketeljingane for 1865 og 1891.
- b. Kyrkjebøker.
- c. Medisinalinnberetninger.
- d. Emigrantprotokollar for Ålesund, Bergen, Trondheim og Oslo.
- e. Brev frå emigrantar som svar på rundskriv eller personlege brev.
- f. Gamle Amerika-brev.
- g. Dagboka til ein sykkylvs-emigrant.

II. Munnlege.

1. Samtalar med utvandrarar i USA og Canada sumaren 1951.
2. Samtalar med heimattkomne utvandrarar og andre svkkylvingar, serleg i Sykkylven sumrane 1952 og 1953.

I. OMFANGET AV UTVANDRINGA [Til INNHOLD](#)

Ingen veit kven som var fyrste utvandraren frå Sykkylven. Det kan ha vore ein veidemann med flintøks, ein hovding i romertida, ein eventyrar i folkevandringstida, ein viking, ein landnåmsmann eller ein korsfarar. Gullet lokka vikingen som det seinare lokka Klondikefararen, og eventyrlysta dreiv den eine som den andre. Av landnåmsmennene var Dyri og Eysteinn hinn digri sunnmøringar, men Landnåmabok fortel ikkje kva bygd dei var frå. Det fyrste korstoget frå Noreg gjekk ut frå Sunnmøre. Lendmannen Skofte Ågmundsson, far til Aura-Pål, drog på korstog i 1102 med om lag berre sunnmøringar. Der var kanskje sykkylvingar med han, eller med Sigurd Jorsalfar fem år seinare.

I 1624 slo norske kolonistar seg ned i New Jersey. På den tida var det livleg trelasteksport frå Sykkylven til Holland, og det er ikkje utenkjeleg at ein eller annan sykkylving fylgde med ei trelastskute til Holland, og kanskje seinare for derifrå til Amerika.

På 1700-talet veit ein om ein sunnmøring i Amerika, Susanna (Sara) Stokberg, men sykkylving var ho visst ikkje. Før på 1800-talet kan ein såleis ikkje nemne sykkylvingar som utvandra, endå det er mogleg at dei fanst.

Som kjent reknar ein at norsk utvandring tok til i 1825. Det året var den fyrste kjende sykkylvsutvandraren seks år gamal, og han reiste sa tidleg at han truleg var med mellom dei fyrste 10—15 tusen av utvandrara frå Noreg. Det var Jacob Strom fra Straumgjerde (Strømmegjerde)¹.

¹ Sjå biografi nr. 843.

Utvandringsåret er ukjent, men etter tradisjonen skal Jacob Strøm ha reist til Amerika ein gong i 1840-åra. Han var kanskje den fyrste utvandrarar frå Sunnmøre på 1800-tallet. Amtmannen skriv om utvandringa frå fylket i tida 1846—1850: «Ingen udvandring har fundet sted, medmindre man dertil vil henregne at en mand af handelsklassen haver modtaget engagement paa et handelshus i New York, og at en løs og ledig person sees ligeledes at være reist til Amerika.» Jacob Strøm var nok ikkje nokon av desse. Rett nok var han av «handelsklassen», men skal ha rømt or landet. Og rett nok reiste han åleine, men han var gift, og altså ikkje «løs og ledig». Men amtmannen viste nok ikkje om alle, serleg ikkje slike som rømde. Så spørst det då kven som var fyrst ute, mannen av handelsklassen, den løse og ledige, eller Jacob Strøm, som etter tradisjonen skal ha vore med i gullrushet i California i 1849. Om dette er rett, vert det eit langt sprang til den neste sykkylsutvandrarar. Jacob Strøm skal ha vore eit par turar til i Amerika i 1850-åra, men han var enno den einaste. Der var andre sykkylvingar som reiste or landet før 1860. Urmakar Ole Andestad reiste til Hamburg i 1855, bokbindar Joachim Schjølberg til København i 1857, og Ludvig Thommesen til eit eller anna utland i 1859. Men ingen av desse kan kallast utvandrarar. Heller ikkje frå andre sunnmørsbygder er det nemnande utvandring enno.

I 1860-åra finn vi den fyrste sykkylsutvandrarar vi kan tidfeste utvandringa til. Det er Ole Johan Strømmegjerde (Gylet), som med kone og to born utvandra frå Porsgrunn til Chicago i 1865.¹ I 1860-åra reiste elles berre tre, som alle var frå Blindheim. Karl Jørgensen Blindheim (Dynhaug) rømde frå ein underoffiserskule, etter tradisjonen til Amerika. Ole Andreas og Peter Blindheim (Peolaplassen) utvandra til Nebraska i 1869, eit år som til då var rekordår for norsk utvandring.

Amerikafeberen nærmar seg; med 1870 har han nått Søre Sunnmøre. Frå Sykkylven utvandra i 1870-åra lærar Ole Elias Olsen Lie (Lid), Fredrikke og Karoline O. Blindheim, og Lars Larsen Hjelle med kone og fire born. Til denne perioden høyrer vel og Karl S. Hjelle, som vart sjømann og sidan slo seg ned i

¹ Sjå avsnittet «Frå nybyggjarliv i «grenseland»» og biografi nr. 855.

England. Blindheimsgjentene reiste i 1874, Hjelle-huslyden i 1875. medan utvandringsåret til dei to andre er ukjent.¹

Utvandringsåret er heller ikkje kjent for desse, som må ha reist ein gong i 1880-åra: Ole S. Fauskekam, Olaf Sværd frå Kjemphol, og Hans Mikkelsen Vik.

Frå og med 1881 er det så ein ubrotten utvandrarstraum frå Sykkylven fram til fyrste verdskrigen, og etter krigen tok utvandringa til att i 1920.

TABELL 1.

Utvandrarar frå Sykkylven etter 1880. Der utvandringsåret ikkje er heilt sikkert, står merket.*

- 1881: Anne Blindheim (Peolaplass), Ole P. Grebstad, Jens B. Grevstad (sidan prest i Amerika), Jakob S. Kjemphol og Abraham Svendsen Ullavik.
- 1882: Til Sør-Afrika: Eline Ekornes og broren Jan Kipperberg. Til Amerika: Karoline Drabløs, Ingeborg Ekornes med sonen Ole, Karoline Ekornes, Johan L. Klokkehaug*, Knud Levdal, Karl H. Strømmegjerde, og Elling og Sjur Svendsen Ullavik.
- 1883: Lars O. Blindheim, Petrine L. Brunstad, Petter L. Grebstad, Syver T. Grebstad, Nikolai Grevstad (redaktøren), Ole Andreas Langlo, Rasmus S. Tynes og brørne Bastian, Knut og Ole L. Velle.
- 1884: Johanne S. Blindheim, Lars L. Ekornes, Tore L. Grebstadgjerde og systera Anna, Jakob B. Grevstad med kone og dotter, Bernt Elias Skjortnes frå Klokkehaug med kone og to born, Petrine Klokkehaug og Marte S. Ullavik.
- 1885: Johanne G. Grebstad, Karl O. Jarnes, Anne S. Ullavik og Lovise N. Vik.

¹ Ole Lie var lærar i Sykkylven og vart i 1870 far til ein gut som drukna 2 år gl. i ein brunn. Mora var frå Klokkehaug. Læraren vart trulova med ei anna, og dei skulle emigrere i lag. Han «forsvant» i England., og ho kom heimatt åleine. Ein ramstaddaling skal ha sett Ole seinare i Amerika. O. L. er ikkje teken med i statistikkar.

- 1886: Ole H. Aurdal, Rasmus Aurdal*, Ole P. Blakstad, Ivrine L. Drabløs, Peter L. Drabløs, Lars J. Fauske, Johan J. Grebstad, Anne M. Haugset, Karl O. Tu og Ivrine N. Vik.
- 1887: Lars H. Aurdal, Edvard A. Aure, Peter O. Aursnes, Peter K. Brunstad, Berte L. Drabløs, Hans L. Ekornes, Marie J. Grebstad, Hans T. Grebstad, Ludvig S. Hjelle, Joachim Klokkehaug, Hans O. Tu og Peter N. Vik.
- 1888: Hans N. Aure, Peter K. Fauskehagen, Lars L. Haugset, Olave K. Hole, Peter L. Hole, Iver P. Hovden*, Severine O. Jarnes og Klaus N. Vik.
- 1889: Jens A. Aure, Karl L. Aure, Fredrikke O. Eidem, Knut P. Eidem, Tomas P. Eidem, Elling H. Ekornes, Karoline K. Grebstad, Marie S. Grebstad, Ole Johan T. Grebstad, Lovise M. Haugset, Oline G. Levdal (Grebstad), Johannes K. Lyshol, Karen J. Tynes, Johanne K. Vik og Ole J. Aasen.
- 1890: Kristen M. Haugset og Lars P. Velle.
- 1891: Jens H. Davenes, Severin Fedt, Peter I. Hjorthol, Anna S. Hjorthol, Peter O. Tandstad og Berte B. Velle.
- 1892: Karoline L. Aure, Karl S. Aure, Peter P. Aursnes, Karl O. Blindheim, Lars K. Brunstad*, Anna H. Davenes, Sivert L. Drabløs, Peter J. Drotninghaug, Petter P. Eidem, Berte Ekornes, Ole A. Ekornes, Hans H. Ekornes, Karl L. Hole, Bernt Hovden, Johan P. Jarnes, Oluf Kjemphol, Ole N. Nakkegjerde, Edvard E. Riksheim, Johan J. Riksheim, Jakob Sætre, Karl L. Tynes og Karl B. Velle.
- 1893: Jensine F. Aure, Johan K. Eidem, Marte O. Eidem, Regine O. Eidem, Sofie A. Grebstad, Severin B. Grebstad, Hans G. Grebstad, Ole J. Grebstad, Johan L. Grebstad, Karl O. Grebstad, Johan K. Hatlemark, Ole L. Haugset, Petter T. Haugset*, Knut J. Hovden, Andreas O. Hovden, Karl P. Kurset, Berte J. Riksheimgjerde, Peter H. Strømmegjerde, Anne E. Sætre.
- 1894: Til Afrika: Andreas L. Andestad.
Til Amerika: Ole K. Brunstad (Drabløs)*, Karl K. Høirøst.
- 1895: Til Afrika: Severin K. Grebstad, Ole H. Strømme.
Til Amerika: Karen O. Blindheim.

- 1896: Til Afrika: Peter E. Lyshol.
Til Amerika: Karolus Aursnes, Karen Hjorthol, Lovise Hjorthol, Karl P. Hole, Kristine J. Riksheim og Ole E. Sætre.
- 1897: Petrine P. Aure, Anne O. Eidem, Karl K. Fedt*, Karoline Klokkehaug og Bastian O. Tu.
- 1898: Anne K. Aure, Hanna J. Grebstad, Lars L. Grebstad, Lars L. Grebstadgjerde, Martinus O. Hole*, Hans P. Jarnes, Johan K. Riksheim, Jakob J. Strømmegjerde, Hans E. Sætre og Ingeborg S. Tynes.
- 1899: Karl J. Aure, Karen P. Aursnes. Ole K. Brunstad, Ole M. Brunstad, Lars O. Brunstad, Johan J. Gjævenes, Anna J. Grebstad, Lars K. Grebstad, Tomas L. Grebstad, Lars P. Grebstad, Lovise L. Hjorthol*, Ole L. Hole, Anna O. Hole, Hans O. Hole, Ole K. Høirøst, Marte P. Jarnes, Anna O. Langlo, Johanne J. Riksheimgjerde, Peter P. Strømme, Jensine J. Strømmegjerde, Karen Sætre, Jens P. Tandstad, Karoline O. Tu, Peter O. Tu, Karl R. Tynes, Jens P. Velle og Karen P. Velle.
- Før 1900-talet (år ukjent): Ole O. Aursnes, Rasmus L. Ekornes, Jens P. Fedt, Johanne M. Haugset, Karl K. Klokkehaug, Hans P. Midtgård, Petter J. Strømsheim, Syver L. Tynes, Lars O. Utgard, Karl N. Vik, Ole L. Velle og Jens J. Aasen.
- På 1900-talet (år ukjent): Johanne B. Blindheim, Amalie K. Blindheim, Ole K. Brunstad, Andreas K. Grebstad, Bernt K. Habostad, Oleanna Hovland, Johanne J. Kjemp-hol, Tomas Sortebekk og Karoline L. Strømmegjerde.
- 1900: Til Sør-Afrika: Anna A. Fauskehagen. Til Amerika: Jensine. T Aursnes, Ole P. J. Blindheim, Jensine O. Blindheim, Bernt K. Brunstad, Olaf K. Ekornes, Olaf K. Ekornes (Habostad), Hanna J. Haram, Andreas Hjorthol, Knut Hjorthol, Hans Hovden, Jensine Kursetgjerde, Lars E. Lade, Nikolai Nakkegjerde, Peter B. Riksheim, Petter P. Strøm (Fedt), Ole S. Strømmegjerde, Andreas J. Strømsheim, Simon Sætre, Hans J. Tandstad, Marte H. Utgard, Jakobine R. Velle og Jensine J. Aasen.
- 1901: Lars P. J. Andestad, Karl K. Aurdal, Inger O. Aurdal, Oline F. Aure, Hans H. Aure, Ole S. Brudevoll, Karl J.

- Brunstad, Karl K. Brunstad, Jensine Drotninghaug, Lovise K. Eidem, Peter P. Eidem, Nikoline K. Ekornes (Aure), Edvard L. Erstad, Anna B. Grebstad, Gunder B. Grebstad, Ole B. Grebstad, Anna C. Grebstad, Dorte H. Grebstad, Rikard J. Grebstad, Jens K. Grebstad, Johanne K. Grebstad, Marie L. Grebstad, Lars S. Grebstad, Karen S. Hjelle (til Holland), Peter L. Hole, Martin B. Kjemphol, Edvard J. Kjemphol, Edvard E. Lade, Karen J. Riksheim, Tomas S. Strømmegjerde, Karl P. Tandstad, Lars J. Tusvik, Laura O. Tynes, Johan A. Velle, Klaus O. Vik, Jakob J. Aasen og Rasmus M. Aasen.
- 1902: Oskar Aurdal, Ole A. Aurdal, Karen O. Aurdal, Knut O. Aurdal, Martin H. Aure, Edvard J. Aure, Johan P. Aure, Sigvard S. Aure, Karl J. Blindheim, Olave O. Blindheim, Iver H. Brudevoll, Johan K. Brunstad, Peter O. Brunstad, Hans E. Drotninghaug, Peter P. Eidem, Peter K. Gjævenes (Grebstadgjerde), Hans B. Grebstad, Ole B. Grebstad, Jakob J. Grebstad, Johan K. Grebstad, Ole O. Grebstad, Bastian J. Haugset, Johan B. Hjorthol (Riksheim), Leif P. Hole, Johannes Kjemphol, Bastian Klokkehaug, Lars J. Kurset, Petter P. Kurset, Petter L. Kursetgjerde, Olivie O. Langlo, Peter O. Langlo, Karl Ramstad, Jens J. Strømmegjerde, Toralf B. Tynes, Bastian L. Tynes, Johanne L. Tynes, Anna O. Tynes, Karl L. Utgard og Ole M. Aasen.
- 1903: Olivie L. Aurdal, Lars O. Aurdal, Lovise O. Aurdal, Johan P. Aurdal, Knut A. Aure, Ole P. Aure, Peter O. Blindheim, Peter H. Brudevoll, Lauritz S. Brudevoll, Jensine K. Brunstad, Karen K. Brunstad, Karl J. Erstad, Jensine F. Fedt, Ingebrigt P. Fedt, Johanne P. Fedt, Peter P. Fedt, Anna H. Grebstad, Lars K. Habostad (Ekornes), Lisa B. Haugset, Ole B. Haugset, Martin B. Hjorthol, Peter O. Hole, Rudolf Iversen (Hjorthol), Peter M. Jarnes, Knut J. Lade, Peter H. Langeland, Ole J. Midtgård, Berte K. Riksheim, Ole K. Riksheim, Johan J. Sætre, Carl E. Tandstad, Lovise J. Tusvik, Martinus L. Utgard, Severine Velle, Lovise A. Velle, Berte O. Velle og Kristian M. Vik.

- 1904: Johan J. Andestad, Nils J. Aure, Edvard S. Aure, Marte E. Blindheim, Jens K. Brunstad, Lina Brunstad, Johanne Drotninghaug, Ole J. Gjøvenes, Karl K. Gjøvenes, Peter A. Grebstad, Anna B. Haugset, Tomas P. Haugset*, Johan A. Hole, Berte E. Hole, Anna J. Hole, Lars L. Hole, Hansine Kursetgjerde, Peter E. Lade, Anna O. Lyshol, Johan J. Riksheim, Karl K. Riksheim, Tomasine Stave, Olivia Storheim (Ullavik), Daniel B. Tynes, Karl B. Tynes, Lars B. Tynes og Lars K. Vik.
- 1905: Anne J. Andestad, Jens O. Aurdal*, Petter P. Aurdal*, Peter K. P. Aurdal, Emte Berntsen (Tusvik), Jens S. Brunstad, Edvard K. Eidem, Berte P. Fauske, Nils P. Fauske, Laurits J. Gjøvenes, Karl B. Grebstad, Elisa H. Grebstad, Henriette H. Grebstad, Lars H. Grebstad, Karl J. Grebstad, Nikolai J. Grebstad, Sigvart L. Grebstad, Karl Haram, Ingeborg K. Høirøst, Lars B. Kjemphol, Lars B. Klokkehaug, Hans K. Kursetgjerde, Peter P. Melset, Lovise K. Riksheim, Lars E. Sætre, Johanne L. Utgard og Anton O. Utgard.
- 1906: Andreas A. Aurdal*, Andreas O. Aurdal, Nils P. Aurdal, Hanna H. Aure, Marta P. Aursnes, Tomas P. Aursnes, Peter K. Blakstad, Ludvig B. Brunstad, Ole J. Brunstad, Ole K. Brunstad, Petter K. Drabløs, Dora J. Eidem, Johan K. Ekornes, Hans P. Fauske*, Karl P. Fauske, Ole J. N. Fedt, Iver P. Fedt, Jakobine A. Grebstad, Marta L. Grebstad, Johan P. Grebstad, Karl G. Hatlemark, Ole J. Hatlemark (Tusvik), Anna B. Haugset, Inga B. Haugset, Karl B. Haugset, Kristian J. Hole, Hans L. Hole, Karl J. Jarnes, Petter L. Jarnes, Karl P. Jarnes, Anna P. Klokkehaug, Ole J. O. Lyshol, Lars L. Riksheim, Karl K. Stave, Anton J. Strømmegjerde, Johan J. Strømmegjerde, Severin S. Strømmegjerde, Olivia Strømsheim, Edvard P. Tandstad, Petter P. Tandstad, Ole O. Tynes (til Island), Hanna O. Utgard og Anna A. Velle.
- 1907: Tomas P. Aurdal, Jens A. Aure, Anna B. Blakstad, Bastianne B. Blakstad, Nikolai B. Blindheim, Karl E. Blindheim, Svein E. Blindheim, Peter J. Blindheim, Daniel S.

- Brudevoll, Hanna H. Brunstad, Hans J. Brunstad, Jakob K. Brunstad, Petter L. Brunstad, Ole O. Brunstad, Berta P. Davenes, Hanna P. Davenes, Ole O. Drabløs, Karl K. Dypdal, Ole J. Erstad, Annanias Fauske, Lars N. Fedt, Lars P. Fedt, Petter K. Gjævenes, Karen A. Grebstad, Johan L. Grebstad, Sigurd S. Grebstad, Martinus Hjelle, Marta S. Hjelle, Anna L. Hjorthol, Lars L. Hjorthol, Petter E. Hole, Lovise J. Hole, Johan O. Hole, Jakob P. Jarnes, Karen B. Klokkehaug, Jens J. Kurset, Olaf O. Lade, Lars P. S. Lyshol, Peter S. Lyshol, Laura Melset, Jens J. Midtgård, Ole J. Myrset, Johan J. Riksheim, Johan J. Riksheim, Peter J. Riksheim, Jakob K. Riksheim, Josefine K. Riksheim, Tomasine K. Riksheim, Jens L. Riksheim, Karl L. Riksheim, Olivie O. Riksheim, Petrine Stave, Laurits P. Strømme, Berte J. Strømmegjerde, Petrine Strømsheim, Ole P. Strømsheim, Lars L. Tusvik, Severin L. Tusvik, Lovise K. Tynes, Karen O. Tynes, Lars O. Tynes, Marie O. Tynes, Anna S. Tynes, Petter Vad, Johanne A. Velle, Jakob J. Velle, Ole J. Velle, Ole L. Velle, Jakob R. Velle og Ole Vaatmyr.
- 1908: Peter Barlindhaug, Ole R. Blindheim, Hans H. Brudevoll, Ole M. Frantzen, Lauritz L. Gjørund*, Tomas P. Jarnes, Petter K. Kirkebø, brørne Arthur* og Jemmi Knudsen*, Edvard Nyborg, Jørgen L. Strømmegjerde*, Karl O. Tynes, Jens J. Vik* og Lars O. Vik.
- 1909: Laurits J. Andestad, Edvard A. Aurdal, Syver P. Aurdal, Ludvig K. Aure, Karl K. Eidem, Martin Erstad, Lars Flydal*, Johan L. Grebstad, Ole J. Hjorthol, Anton P. Hole, Karl K. Kursetgjerde, Karl O. Lade, Knut O. Lade, Ivar Trygve Nilsen, Johanne M. Overaa, Peter L. Riksheim, Laura Stave, Tomas K. Stave, Ole B. Strømmegjerde, Laurits J. Strømmegjerde, Peder L. Strømsheim, Petter O. Strømsheim, Lars P. Tandstad, Karl P. Tynes og Laura O. Utgard.
- 1910: Petter L. Andestad, Nikoline P. Andestad, Severin R. Aurdal, Petter A. Aure, Bastian J. Blindheim, Karl J. Brunstad, Ole K. Brunstad, Nils L. Brunstad, Knut O. Brunstad,

Martin P. Davenes, Sivert K. Drabløs, Hans H. Fauske, Anna L. Fauskekam, Ingvald B. Grebstad, Anna J. Grebstad, Karl J. Grebstad, Karl J. Grebstad, Klara J. Grebstad, Lars J. Grebstad, Anna K. Grebstad, Kornelia L. Grebstad, Johan O. Grebstad, Petter P. Grebstad, Nils Gulbransen, Severine Gulbransen, Sigurd Gulbransen, Lars P. Haugset, Petra Hjelle, Lars S. Hjelle*, Olivia O. Hjelle-gjerde, Bastian B. Hjorthol, Johan P. Hjorthol, Johan L. Jarnes, Susanna N. Kjemphol, Jakobine L. Klokkehaug, Anna J. Kurset, Lars J. Lade, Dina K. Levdal, Anna Lilleås, Ellen Lilleås, Ole K. Lødøen, Martin Melset, Berta K. Riksheim, Mathea K. Riksheim, Karl L. Riksheim, Petter Riksheim, Anna L. Stave, Lars L. Strømme, Jens H. Strømmegjerde, Kristine L. Strømmegjerde, Olav Strømmegjerde, Berte O. Strømmegjerde, Johan S. Strømmegjerde, Anna J. Tusvik, Ole P. Tynes og Bernt J. Aasen.

- 1911: Berta H. Aure, Hans Aure, Petter O. Aure, Petter O. Blakstad, Sofie Blindheim, Johan P. Eidem, Gjertrud Erstad, Lisa Fauske, Ole M. Fedt, Anton N. Fedt, Karl P. Fedt, Johanne L. Grebstad*, Helma P. Grebstadgjerde, Karen Hjelle, Sivert J. Hole, Anna L. Hole, Lars O. Hole, Berta P. Hole, Jensine Kursetgjerde, Gustav Levdal, Petter J. Midtgård, Petter K. Stave, Martin P. Strømme, Andreas B. Strømmegjerde, Johanne P. Tandstad, Oskar J. Tynes, Amund O. Tynes, Olga Tynes, Gerhard J. Velle, Anna L. Velle, Jakob L. Velle og Kristian P. Vik.
- 1912: Jensine O. Aurdal, Klara L. Aursnes, Knut J. Blindheim, Anna L. Fauske, Andreas Frøland, Tomasine B. Grebstad, Olave J. Grebstad (Hjelle), Karl P. Grebstad, Lars P. Grebstad, Tomasine L. Grebstadgjerde, Hansine M. Hjelle, Helma, Inga, Johan, Marie og Martinus Hjelle, Inga J. Hole, Oskar L. Hole, Endre J. Riksheim, Johanne P. Rødset (Eidem), Peder H. Rødset, Klaus J. Strømme (Hole), Berte L. Utgard, Lars L. Utgard, Karoline O. Utgard og Edvard J. Velle.
- 1913: Karl A. Aurdal, Anton L. Brunstad, Olaf O. Brunstad, Andreas P. Eidem, Tomas L. Fauske, Peder P. Flydal*,

- Edvard O. Grebstad, Ingvald L. Hjorthol, Lars J. Jarnes (til Sør-Afrika), Hans L. Lade, Berte P. Melset, Johan J. Midtgård, Anton O. Riksheim (Karlsen), Andreas Solberg, Tomasine A. Tandstad (Karlsen), Elias C. Tandstad og Karl J. Aasen.
- 1914: Martin O. Aure, Elisa P. Aure, Anton H. Brudevoll, Severin J. Brudevoll, Petter L. Brunstad, Ole P. Brunstad, Nils B. Haugset, Johan J. Hjorthol, Knut K. Jarnes, Karl L. Jarnes, Petrine O. Kursetgjerd, Jens O. Midtgård, Ragnvald Reithaug, Ole H. Rødset (Eidem), Johanne L. Stave, Peter I. Sortebekk, Thea R. Velle og Oskar K. Vik.
- 1915: Martin Andestad (til China), Sina O. Lade og Jens R. Tynes.
- 1916: Berta Marie O. Tynes.
- 1917—1919: Ingen.
- 1920: Paul P. Aure, Edvin O. Aursnes, Emilie Blindheim (Svensen), Karl K. Drabløs, Ole L. Fauskehagen, Iver O. Fedt, Berit Flydal, Arthur B. Grebstad, Oluf O. Hole, Agnes Løken, Olivia L. Stave, Gyda N. Stave, Jens L. Strømme, Jakob J. Strømmegjerde og Severin L. Velle.
- 1921: Karen H. Brudevoll, Ole J. Brunstad, Sigvart L. Brunstad, Godin P. Brunstad, Arthur Frøland, Jensine Frøland (Erstad), Lovise Frøland, Knut L. Lade og Petter J. Riksheim.
- 1922: Nikoline O. Aurdal, Harald H. Brunstad, Konrad O. Brunstad, Jakob K. Drabløs, Oskar O. Drabløs, Severin B. Erstad, Anton A. Grebstad, Lars J. Hole, Peter J. Hole, Helmer Kjemphol, Hermann Langeland, Olav Melset, Peder L. Strømme, Peter H. Strømmegjerde, Jakob O. Strømsheim, Sverre A. Tynes (til Island), Peter R. Tynes, Karl O. Utgard og Peter R. Velle.
- 1923: Ludvig J. Andestad, Lars A. Aurdal, Nils A. Aurdal, Peter O. Aurdal, Lars R. Aurdal, Peter J. Aure, Erling O. Aure, Johanne P. Aure, Nils P. Aure, Sigurd S. Aure, Sverre S. Aure, Anne Severine (Sylla) Aursnes, Alfred K. Blindheim, Amandus Blindheim, Martinus O. Blindheim, Oskar J. Brudevoll, Peter H. Brunstad, Anton J. Brun-


stad, Lars J. Brunstad, Bastian K. Brunstad, Karl O. Brunstad, Olga O. Brunstad, Susanne O. Brunstad, Alfred P. Brunstad, Lars K. Eidem, Sverre P. Eidem, Karl S. Eidem, Jenny K. Erstad, Oskar K. Erstad, Hans L. Erstad, Konrad N. Fedt, Peter O. Fedt, Jens P. Fedt, Peter P. Fedt, Hjalmar Gjersdal, Kornelius Grebstad, Marie J. Grebstad, Klara P. Grebstad, Petter S. Grebstad, Henry Haram, Petter Haram, Johanne Hjelle, Bernt O. Hjellegjerde, Olivia M. Hjorthol, Olivia J. Hole, Ludvig J. Hole, Peter Tomas P. Jarnes, Berger Johansen, Knut Kirkebø, Lars L. Kjenphol, Laura L. Kjemphol, Oskar O. Kjemphol, Martinus P. Kjemphol, Peter J. Kurset, Laurits L. Lade, Helma Langeland, Karl P. Lyshol, Kornelius Lyshol, Anne Melset, Petter P. Melset, Torleif Nilsen*, Oskar Rafteset, Ole Relling, Hjalmar J. Riksheim, Peter J. Riksheim, Ingvald K. Riksheim, Jakob L. Riksheim, Peter N. Riksheim, Peter N. Riksheim, Jens P. Riksheimgjerde, Peder Schmidt, Arne Solberg, Ingvald L. Stave, Jens J. Strømme, Ole L. Strømme, Nikoline H. Strømmegjerde, Jenny L. Strømmegjerde, Bjarne B. Strømsheim, Ingvald B. Strømsheim, Karl L. Strømsheim, Ole O. Strømsheim, Oluf O. Strømsheim, Konrad S. Strømsheim, Jens O. Sætre, Sverre A. Tandstad, Peter P. Tandstad, Andreas B. Velle, Bjarne J. Velle, Ole Westre og Johan Aaker.

- 1924: Karl H. Aure, Martin P. Brunstad, Sigurd Drabløs, Laurits Fedt*, Johan A. Grebstad, Herman H. Grebstad, Ingvald J. Grebstad, Andreas Hellesylt, Ivar S. Hjelle, Peter P. Hjorthol, Oskar Kipperberg, Olivia Kurset, Adina Kursetgjerde, Johan A. Lade, Emil L. Lade, Olaf P. Lyshol, Knut Løddøen, Ole Muldal, Anton B. Strømsheim, Bernhard B. Strømsheim, Johan B. Sætre, Karl B. Sætre, Severin R. Tynes, Lars P. Utgard, Haakon J. Vik, Kristian K. Vik og Ludvik J. Vaatmyr.
- 1925: Berte K. Aure, Harald K. Brudevoll, Eli Drotninghaug, Erling, Nelly og Selma Drotninghaug, Sivert Erdal (Drabløs), Anna B. Grebstad, Karen B. Grebstad, Petter B.


- Haugset*, Ragna S. Hjelle, Jens J. Riksheim, Klara T. Stave, Eline O. Strømsheim og Knut K. Tu.
- 1926: Bjarne K. Blindheim, Petter O. Blindheim, Petrine Bøen (Vik), Olav K. Drabløs, Karl J. Eidem, Bjarne Furset, Josef K. Gjerde, Ingvald Hjorthol, Konrad Kirkebø, Olaf Lødøen, Alfred P. Riksheim, Alfred P. Riksheim, Bernhard Sandvig, Peter P. Strømsheim, Sverre O. Sætre, Kristian P. Utgard, Sigvart R. Velle.
- 1927: Olaf O. Aurdal, Karl L. Aure, Sverre P. Aure, Johan K. Brudevoll, Jan J. Eidem, Ivar Krohn Eidem, Sigurd Fausa, Jenny L. Fauske, Nils L. Fauske, Berte L. Fedt, Lovise J. Grebstad, Ole P. Grebstad, Johan P. Haugset, Birger P. Hjorthol, Laura Jarnes med borna Aslaug, Bjørg, Haakon, Laura, Normann og Sverre, Peter Jarnes, Martin J. Kurset, Anna P. Melset, Andreas O. Midtgård, Bastian Qualheim, Peder K. Stave, Peder T. Stave, Ole H. Strømme, Petter J. Strømme, Anton B. Strømmegjerde, Elen Strømmegjerde, Borgny Strømmegjerde, Johanne B. Strømmegjerde, Jens O. Strømsheim, Lars O. Utgard, Harald T. Utgard og Jørgen O. Vik.
- 1928: Ole A. Aurdal, Johanne R. Aurdal, Emma S. Aure, Karl K. Blindheim, Leonhard Brunstad, Severin S. Brunstad, Nils S. Eidem, Lisa Kipperberg (Stave) med borna Lilly og Peder, Marie S. Kjemphol med borna Gerda, Nikoline, Arne og Petter, Aasta Langeland, Marie Nore (Stave), Andreas N. Riksheim, Johan Schmidt og Ragna Stave.
- 1929: Johan Blindheim, Ivar Gjersdal, Erling Lyshol, Ole Nilsen, Johan Reithaug, Heinrich Schmidt, Arthur H. Strømme, Theodor O. Strømme, Gudrun Tynes med borna Erling og Peter, og Oluf O. Vik.
- 1930: Einar Andreassen, Karen Blindheim, Ole O. Blindheim, Erling K. Brudevoll, Hjalmar Haram, Anna K. Hole, Petter Kirkebø, Nils K. Lyshol, Oluffa Rafteset med borna Olav, Ola, Sigmund, John og Perdy, Oluf B. Velle.
- 1931—1935: Ingen.
- 1936: Emma Sætre med borna Asbjørg, Lovise og Petter.
- 1937—1945: Ingen.

- 1946: Torkjell Overå.
 1947: Petra Fedt, Sigmund J. Hole (Riksheim).
 1948: Ingen.
 1949: Emma Fylling (Riksheim), Olav J. Hole med kona Nelly og sonen Jan Norman, Sigmund Hole (Drotninghaug), Albert Lade, Selvida Stuen (Utgard), Bernt K. Sætre.
 1950: Johnny S. Eidem, Cornelia Hole.
 1951: Margit J. Hole, Petra Jarnes, Leif Kleiven med kona Laura og borna Harald og Dagny (til New Zealand), Susanne O. Strømmegjerde og Peder K. Sætre.
 1952: Arne Ellefsen, Lars L. Myhre, Johan Solnes.
 1953: Louis P. Aure, Aasmund Hole.


Som ein ser, fell det meste av utvandringa frå Sykkylven i dei 50 åra frå 1881 til og med 1930. Før og etter denne 50-årsperioden reiste til saman mindre enn 5 % av utvandrarane.



Tabell 2. Utvandringa frå Sykkylven 1880—1930.



Tabell 3. Norsk utvandring 1880—1930. I tusen.



Tabell 4.
Utvandrarar pr. 1000 av medelfolketalet. Noreg----- Sykkylven.

Det omfanget eg her har funne for utvandringa frå Sykkylven, stemmer ikkje med dei tala Norges Offisielle Statistikk har. Der er tala så låge at det må vere sikkert at dei ikkje er rette. Her er nokre tal for utvandringa frå Sykkylven etter N. O. S. Mine tal i parentes.

1881—1885:	4 (43)
1886—1890:	6 (48)
1891—1895:	25 (53)
1891—1900:	77 (115)
1901—1905:	111 (171)
1906—1910:	22 (209)
1911—1915:	55 (93)

Feila er vel framkomne ved at statistikarane har blanda saman Ørskog herad og Ørskog prestegjeld, der kjeldene har berre Ørskog, slik at utvandrarar frå Sykkylven er førde under Ørskog herad. Det tyder og dei mistenkjeleg høge tala på som N. O. S. har for utvandringa frå Ørskog.

Kor stor utvandringa frå Sykkylven var i ti-året 1901—1910, skynar ein av desse fakta: Sunnmøre var eit av dei strok i landet som hadde størst utvandring i denne perioden, med ein årsgjennomsnitt av 7,4 pr. 1000 ib. Sykkylven hadde meir enn dobbelt så stor utvandringsintensitet, med 15,6 i årsgjennomsnitt pr. 1000 ib.

Noko om omfanget av utvandringa fortel og desse tala for dei talrikaste årskulla mellom utvandrarane. Flest er dei som er fødte i 1890, med 38 utvandrarar. Så fylgjer 1884, 1888, 1901, 1886, 1887, 1885, 1900, 1882, 1892, 1893, 1881 og 1883, alle med over 25 utvandrarar. Frå og med 1851 til og med 1918 er der ikkje eit einaste årskull som ikkje har utvandrarar, og frå og med 1867 til og med 1906 har alle årskulla minst 10 utvandrarar.

Vil ein finne kor stor prosent av tuna det var som hadde utvandrarar, støyter ein på ymse vanskar. Der kom stadig nye plassar til, andre vart nedlagde eller kom under eit anna bruk ved utskiftning, og i sume høve er det uvisst kvar utvandrararen helst høyrer heime. Reknar ein berre med dei gamle tuna (nemnde i folketeljinga av 1865; frå slike tun kom dei fleste utvandrarane), finn ein utvandrarar frå alle tun, både gardtun og plassen, på

desse gardane (talet på tuna i parentes): Andestad (4), Aurdal (9), Brunstad (10), Eidem (8), Fedt (5), Haugset (7), Hjelle (2), Hjorthol (5), Hole (9), Høirøst (1), Kjemphol (4), Kursetgjerde (4), Lyshol (4), Stave (2), Strømmegjerde (5), Sætre (2), Våtmyr (1) og Asen (2).

Dette syner at utvandringa var serleg sterk i øvre delen av dei to dalane, Grebstaddalen og Velledalen. Nedre delen av dalane hadde og stor utvandring. Frå Grebstad var det såleis utvandring fra alle 10 gardtuna og frå 4 av dei 8 plassenetuna.

Berre to gardar i bygda hadde ingen utvandrarar. Det var Hellen (med eitt tun) og Hundeide (med to tun).

I alt var der utvandring frå 70 % av alle plassenetuna og 83 % av alle gardtuna. Forklaringa på den større prosent for gardtuna kan vere at plassefolka var mindre stabile enn gardfolka og flytte meir innanlands både til og frå bygda. Difor var der innflytte på mange av plassane, ofte eldre barnlause ektepar, medan ungdom frå andre plassar flytte til Ålesund og andre stader innanlands i større grad enn gardungdom.

Også sjølve plassane var litt mindre «stabile» enn gardane; nokre av plassane vart nedlagde før utvandringa frå bygda fekk større omfang, men ingen av gardene. Reknar ein med alle tuna, med og utan utvandring, vert det i gjennomsnitt $2\frac{1}{2}$ utvandrarar frå kvart gardtun og $2\frac{1}{2}$ frå kvart plassenetun. Vel 40 utvandrarar kom frå huslydar som ikkje hadde jord.

II. BAKGRUNNEN [Til INNHALD](#)

1. *Kvifor kom sykkyllvingane seint med i utvandringa?*

Medan grannefylket i sør hadde 10.786 utvandrarar før 1866, hadde Møre på same tid berre 78.¹ Og då Sykkylven tok til å få ein jamn utvandrarstraum kring 1880, hadde der vore stor utvandring frå mange andre kantar av landet i eit par mannsaldrar.

Serleg i tida framover frå 1850 var der ikkje så lita innflytting til Sykkylven og andre bygder i fylket. Ingrid Semmingsen skriv at dette var helst husmenn som ikkje hadde råd til å reise til

¹ Norges Offisielle Statistikk. Utvandringsstatistikk, 1921, s. 27.

Amerika.¹ At Sykkylven på den tida kunne vere eit brukbart alternativ for utvandringslystne, kan synest merkjeleg. Folket levde mest av «melsupper og gammel fisk».² Men innflyttarane fann ein leveveg. Av folketeljinga frå 1865 ser ein at der i Sykkylven budde folk frå Lom, Skjåk, Stryn, Hornindal, Eid, Innvik og andre stader utanfor fylket, og mange frå andre sunnmørsbygder, serleg frå Hjørundfjord, Stranda og Sunnylven. Nokre av desse innflyttarane var tenestfolk eller handverkarar. Men meir enn eit halvt hundre andre hadde fått jord. Samstundes var utflyttinga lita. Ålesund, som i denne tida var i rivande utvikling, hadde i 1865 berre vel 30 personer som var fødde i Sykkylven.

Av dette må ein slutte at bygdefolket stort sett fann ein leveveg heime, og at utvandring enno ikkje var serleg aktuell. Mange faktorar kunne verke med til dette.

I tida utover frå midten av hundreåret spela fisket ei stadig større rolle for sykkylvingane. Fleire og fleire vart fiskarar, serleg etter 1854, då tenarar ikkje lenger hadde plikt til å ta fast års-teneste. Andre lauskarar tok arbeid på teglverket som kom i gang på Aure i 1857. Men bøndene sjølve vart meir og meir fiskarbønder. Dette skaffa dei kontantar, som dei fekk meir bruk for ved overgangen til pengehushald.

Dette at bonden delte seg mellom jordbruk og fiske, gjekk vel noko ut over gardsdrifta. Men det var gode tider for jordbruket til langt ut i 1860-åra. Kjøpmennene i Ålesund konkurrerte med bergensarane om varene, prisane både på fisk og jordbruksvarer steig, og fiskarbøndene fekk betre kår.³ Dette hjelpte bøndene over dårlege år som 1867 og 1869, då jordbruket slo meir eller mindre feil. Ingen klagar, fortel distriktslækjaren, «der findes ikke saa liden økonomisk modstandskraft».⁴ Og amtmannen skriv at «den herværende almue veed i saadanne trængselsaar at indskrænke sine fornødenheder og at hjælpe sig med mærkeligt lidet».⁵

Men det som vel meir enn noko anna demde opp for potensiell utvandring, var at det var lett å få jord i Sykkylven. I tida

¹ Veien mot vest I, 243. ² Medisinalinnberetn. 1852. ³ Odd Thorsen: Åles. Hist. I, 162. ⁴ Medisinalinnberetn. 1869. ⁵ 5-årsberetn. 1866—1870.

1840—1875 var der ein auke på 35 % i talet på matrikulerte bruk i Ørskog prestegjeld.¹ Den viktigaste grunnen til dette er, meiner amtmannen, «at Søkvelven har temmelig stor rigdom af efter vore forholde god jord». I tida 1876—1880 er Ørskog prestegjeld enno mellom dei som har størst utstyking av jord. Ein av grunnane til utstykinga var elles at dei gode inntektene av fisket førde til tidlegare ekteskap.

Dei store barnekulla kunne verte ei årsak til utvandring. Men enno var dødsprosenten høg mellom born, serleg under epidemiar av skarlagensfeber og andre barnesjukdomar, som tok noko av fødselsoverskotet. Distriktslækjaren fortel at sykkylv-ingane mest ikkje brukar doktor; «man hjælper sig med yderst maadelige «bygdelæger».²

Omslaget frå konjunktur stigning til nedgangskonjunktur kan setjast til 1873. Det året var der ei krise i amerikansk næringsliv, ei krise som hadde så lang verknad at det ikkje vart nemnande betring før i 1878. Dette var nok viktigaste faktoren til å demme opp for utvandring enno i nokre år.

Amerika låg elles «lenger vekk» i dei dagar. Kjennskapen til Amerika var vel enno heller liten. Bygda låg isolert, utan dampskipssamband med «byen». Berre det å kome seg dit var litt av ei dagsreis, og det ei tung ei. Før fjordbåtane kom, var det å ta storfæringen eller «treringen» og ro dei to dryge gamle milene. Denne isolasjonen kan ha gjort sitt til at utvandringa kom seint i gang.

Slik finn ein fleire faktorar, serleg økonomiske, men og andre, som kvar for seg gjorde sitt til at det ikkje kom fart i utvandringa før i 1880-åra. Men då kom det altså ei sykje som korkje «maadelige bygdelæger» eller distriktslækjaren kunne gjere noko med.

2. Årsaker som løyste utvandrarstraumen.

Når det gjeld eit lite område som Sykkylven, med einsidig næringsliv, ligg det nær å søkje årsakene til utvandringa i dårlege tider i dei to viktigaste yrka, jordbruk og fiske, og årsakene til fluktuasjonar i utvandringa i gode og dårlege tider i desse yrka.

¹ Amtmannens 5-årsberetning. ² Medisinalinnb. 1872.

Men om ein samanliknar tabellane 2 og 3, finn ein eit større samsvar enn ein då skulle vente, når ein veit at store deler av folket i Noreg dreiv andre yrke enn sykkylvingane. Og når ein ser at der er eit visst samsvar i utvandringsintensiteten for Sykkylven og Europa i det heile, tek ein for alvor til å tvile på om dårlege år for jordbruk og fiske er viktigaste årsaka til utvandring. Det neste ein då tenkjer på er konjunkturane som har verknad for heile landet eller vidare. Men det har synt seg at heller ikkje dei gir heile svaret; serleg når det gjeld jordbruket har desse konjunktursvingningane mindre innverknad. Så er der årsaker som verkar tvers over konjunktursvingningane, serleg svingningar i folketilveksten. Ved fødselsoverskot og innflytting kan auken i folketalet gå for seg i større tempo enn utviklinga i næringslivet, slik at jamvel «gode tider» med jamn framgang ikkje er nok til å skaffe leveveg for alle. Men når ein leiter etter årsaker, må ein og sjå på tilhøva i landet dit utvandrarstraumen går. Og endå har ein att dei meir spesielle faktorar som kan ha verka til å smitte den einskilde med Amerika-feber, og dei individuelle grunnane som kunne fa han til å utvandre. Når alt kjem til alt, er det det som det einskilde individet bestemmer seg for som er det avgjerande. Og slike avgjerder kan vere resultatet av ei einskild årsak, eller av eit kompleks av årsaker, der dei ulike komponentane verkar ulikt frå individ til individ.

Der var mange band som heldt sykkylvingane att. Frå gamalt av var det vanleg at ungdomen vart verande i bygda, at dei fann sin ektemake der, og om ikkje anna ei lita plassebot til å leve på. Det skulle mykje til å rive seg laus frå ætt og gard og tradisjonar og ta ut på ei slitsam ferd til eit land langt borte. Kva var det som fekk så mange til å ta avgjerda i dei fyrste 1880-åra?

Økonomiske tilhøve har alltid mykje å seie ved utvandring. Ein amerikansk vitskapsmann, Harry Jerome, har skapt formelen: «The pull is a greater influence than the push», d. v. s. det som lokkar og dreg i det nye landet, har større verknad enn det som skyv på heime. Einar Haugen har uttrykt det same på ein annan måte: Dei norske utvandrarane reiste ikkje fyrst og fremst fordi dei hadde det vondt (heller ikkje fordi dei ætta frå

vikingane!), men fordi det nye landet gav dei sjansar, så dei for fyrste gong kunne tillate seg den luksus å vere misnøgde med det dei hadde.¹ Ingrid Semmingsen har kome fram til liknande resultat, og meiner at «tidene» i Amerika hadde større verknad enn konjunktursvingningane heime, slik at der med gode tider i Amerika vart større utvandring, jamvel om det samstundes var gode tider heime. Og med kriser i Amerika fylgde nedgang i utvandringa, endå om det var dårlege tider heime samstundes.²

For Sunnmøre kan ein som før nemnt rekne ein langtids høgkonjunktur frå midten av hundreåret til 1873. Så fylgde ein lang nedgangskonjunktur fram til 1896. Men kvar av desse periodane hadde mindre svingningar. Faghistorikarane har noko ulike syn på «tidene» i dei fyrste 1880-åra, som hadde så stor utvandring frå heile landet. Men for sunnmørsbøndene må ein karakterisere desse åra som dårlege. Dei ymse slag fiske slo feil, eller var langt under det normale. For jordbruket var 1881 nærmast for uår å rekne, og prisane på jordbruksvarer hadde vore låge i mange år. Til dette kom at mange hadde mist sparepengane sine i Aalesunds Sparebank nokre år før. Den økonomiske stillinga til bøndene er så dårleg, meiner distriktlækjaren, at den ikkje er «i stand til at udholde mange slag for fremtiden.»³

På same tid var der høgkonjunktur i Amerika, med livleg verksemd på alle område, med kappestrid om fri jord, og med jernbanebygging som letta vandringa mot vest. «Tidene» både heime og i Amerika i dei fyrste 1880-åra skulle då vere slik at dei kunne få sykkylvingar til å bestemme seg for utvandring.

Men der var andre faktorar som kan ha verka i same lei, såleis dei store barneflokkane. Dei hadde, i allfall i dei dagar, mindre samanheng med konjunkturane. Sykkylvingane fekk ikkje så mange born som dei hadde råd til å fø fram, men så mange som «Gud ville gi dei.» Der kunne vere barneflokkar på ei tylft og meir. Slik hadde det vore lenge, men etter som hygien vart betre, var det fleire som levde opp. Samstundes heldt innflyttinga fram. Folketalet auka med 8 % frå 1865 til 1876, og med 12,5 % dei neste 15 åra. Sjansane til leveveg heime auka knapt i same

¹ The Norwegian Language in America I, 23. Philadelphia 1953. ² Veien mot vest II, 500—504. ³ Medisinalinnberetn. 1881.

tempo. Det var vel Amerika-feberen som no hadde dei største sjansane.

Det er uråd å seie sikkert kvar smitten kom i frå. Utvandringa frå Sunnmøre fekk fyrst eit større omfang i bygdene som grensa til Nordfjord. Fleire av dei fyrste utvandrarane frå Sykkylven ætta frå Nordfjord, såleis Peola-folket på Blindheim, Levdal-folket og Svendsen-folket i Ullavik. Ein av dei fyrste utvandrarane, Lars Larsen Hjelle, reiste til syskena til kona, som var

Hvide Stjerne-Liniens

kong. engelske og de forenede Staters Postdampskibe.

Afgang hver Onsdag fra Liverpool til New-York; 2 Dampskibe ugentlig i den stærkeste Trafiktid. Passagererne ekspederes enten direkte til Hull eller via Bergen til Hull, hvorfra de med Jernbane befordres til Liverpool.

Linien er verdensberømt; belønnet med Guldmedalje paa Verdensudstillinger; sætter iaar 2 nybyggede Skibe, hvert paa 10,000 Tons, i Passagerfarten. — Skibene ere uovertrufne i enhver Henseende, overbyggede med beskyttende Stormdæk. I Mellemdekke findes Kjøkken med Kopper og Kar til fri Afbenyttelse, Særskilte Rum for Familjer, enslige Kvinder og Mænd. Passagerrummene ere opvarmede og elektrisk belyste. — Hurtige Reiser, fortrinligt Kosthold, omhyggelig Betjening. Linien er ansvarlig for Passagergodset ifølge Kontrakt. 150 Pund Tai medbringes frit overalt.

Fraktpriserne er altid de billigste. 20 Kroners Fragtforskuud sikrer Plads. Passagererne bør helst forud til mig anmelde sin Hidkomst. Breve og Telegrammer bevarer straks. Nærmere Oplysninger erholdes og Indtegnning foregaar hos mig og Underagenter.

Aalesund Marts 1889. **N. E. Ræstad,**
Liniens Embarkeringsagent,
Kontor: ved Siden af J. Devolds Dampskibsekspedition.

Adriatic.
Baltic.
Britanic.
Arabic.
Coptic.
Doric.

Celtic. Germanic. Republic. Ionic. Teutonic. Majestic.

Cunard-Linien.

Af „Cunard-liniens“ mange dampskibe besørger iaar følgende routen til **New-York!**

„Servia“	8500 tons drægtig
„Umbria“	7825 — —
„Etruria“	7825 — —
„Auronia“	7500 — —
„Gallia“	5000 — —

Billetter udstedes og nærmere oplysninger meddeles af liniens agent for Aalesund og omegn **Carl Joach. Møller.**

Guion-Linien

med sine store, hurtiggaaende 1ste Klasses kongelige Post-Dampskibe befordrer Emigranter til alle Steder i Amerika til billige

Frå annonse-krigen mellom dampskipslinene. Søndmorsposten 26, 1889.

frå Sunnylvn. Mykje tyder såleis på at feberen kom til Sykkylvn frå Nordfjord, anten direkte eller over andre sunnmørsbygder. Men Amerika-brev eller avismeldingar kan og ha vore smitteberarar. Sunnmørsavisene hadde stadig i feite typer dei lokkande annonsene frå dampskipslinene, og ofte «brev» frå Amerika såleis frå Ålesundaren O. Fjelde, som fortel greitt om tilhøva i Midtvesten, og som råder til utvandring. «Kom jo før jo heller. Endnu findes der meget uopdyrket jord i Red Riverdalen». Ålesundsavisene hadde ikkje mange abonnentar i Sykkylvn enno, men nokre var der, og kyrkebakken var ingen dårleg «nyhets-sentral». Elles gjekk folk mykje på vitjing til kvarandre,² så smittespirane frå Amerika-brev og aviser lett kunne slå ned i nye offer, som skribentar i dei tider gjerne uttrykte det.

Der var såleis mange faktorar som kunne disponere sykkylvingane for Amerika-sykja, og mange kanalar frå smittekjeldene. Og smitta vart dei, endå der framleis var tilhøve som kunne verke mot utvandring. Utstykinga av jordeigedomar heldt fram, likeeins utviklinga av fiske som binæring. Ein kan og nemne åtvaringane i blada mot utvandring, endå verknaden av desse er uvis. «Betänk dig to gange, før du bestemmer dig til at forlade dit fædreland», skriv red. Grevstad, året etter at han sjølv utvandra.³ Men utvandrarstraumen var komen i gang, og lét seg ikkje stogge.

3. Årsaker til skiftande styrke i utvandrarstraumen.

Økonomiske årsaker var dei viktigaste for sykkylvingane som for dei fleste andre utvandrarar. Men anten tidene var gode eller dårlege heime, hadde dei fleste det så smått, at dei hadde alt å vinne ved å gripe dei sjansar som den nye verda kunne by. For fattigdomen var av gamal dato, og var nettopp resultatet av skort på sjansar. Det bygda hadde å by på av leveveg utanom jordbruk og fiske, var minimalt. I jordbruket var det lita utvikling, og fisket var ei binæring, eit lotteri dei var med på, rett nok årvisst, men med vekslande hell, og ikkje nok til å få dei ut or

¹ Åles. Handels- og Sjøfartstidende 13/1 1882. - Sjå folketeljinga av 1891

³ Smp. 37, 1884.

fattigdomen. Likevel hadde gode og dårlege tider og år sjølv sagt mykje å seie; der er gradar av fattigdom og.

Her må ein enno ein gong minne om at Sykkylven er eit lite område. Sidan talet på utvandrarar er så lite kvart år, er det fåfengt arbeid å leite etter årsaker til mindre fluktuasjonar i utvandringsintensiteten. Reine tilfelle kan gi seg dominerande utslag. Såleis er det uråd å peike på noka avgjerande årsak til at der er få utvandrarar i 1890 og 1891, mellom to år med stor utvandring. Det ein kan gjere, vert då å nemne faktorar som *kan* ha verka med til større eller mindre utvandringsintensitet. Etter det som før er sagt om økonomiske årsaker og «Jeromes lov», skulle ein då helst sjå til Amerika etter slike faktorar. Men det ein finn der, vil gjelde like mykje for t. d. utvandrarar frå Hordaland, eller frå Tyskland, serleg om slike utvandrarar søkjer til same yrke i Amerika som sykkylvingane. Det ma difor vere rettast å gjere mest greie for tilhøva heime, med eitt og anna gløtt til Amerika, når tilhøva der ser ut til å ha avgjerande verknad.

Året 1882 var rekordår for norsk utvandring i det heile. Då var utvandringa frå Sykkylven enno så ny, at ein kan forstå at ho ikkje nådde store høgder så fort. Men bortsett frå dei to åra 1890 og 1891, var der ein stigande tendens til og med 1893. Det året hadde Amerika ei krise, med bankfallittar, arbeidskonfliktar og stor arbeidsløyse. Farmarane, som sykkylvsutvandrarane helst sokna til, gjekk frå gard og grunn i hopetal. Dette var nok viktigaste årsaka til den brå og store nedgangen i utvandringa frå Sykkylven i 1894, og til dei låge tala for dei neste åra. Mot slutten av hundreåret er det oppgangstider att i Amerika, noko som vel var medverkande årsak til ny utvandringsrekord i 1899.

Heime merkar ein seg den lange nedgangskonjunkturen fram til 1896, og dessutan serleg dårlege år for fiskarbøndene, som 1887, då fisket slo feil og høyet «raadnede ganske bort».¹ «Befolkningens stilling maa være trykket».¹ Dette måtte disponere for utvandring. Men trekk i folkekarakteren gjorde verknaden av slike dårlege år mindre. «I alfald i Søndmør sættes tæring efter næring».¹ «Søndmørs befolkning udmærker sig i det hele ved driftighed, foretagsomhed og økonomisk sans, egenskaber, der

¹ Medisinalinnb. 1887.

har bragt denne del af amtet længere frem i velstand og materielt velvære end Romsdal og Nordmøre».¹

Som resultat av denne «foretagsomhed» kan nemnast gradvis mekanisering av jordbruket, fisketurking i større omfang, og nokon overgang til fiske som hovudnæring.

Åtvaringar i blada finn ein stadig. «Mange vert so fatige at dei ikkje kan kome seg heimatt kanhende reint ut gjeng til grunns der ute Nei gut, ver heime!»²

Dei siste åra av hundreåret er det økonomisk framgang heime og. Ein merkar ein meir optimistisk tone i blada, «Der er ein uppsong i lufti,» skriv Anders Hovden i ein artikkel mot utvandring!³ Men «foretagsomheden» amtmannen skreiv om, gav seg mest utslag i større utvandring, som heller ikkje det «materielle velvære» kunne stanse.

Før hundreårsskiftet heldt altså kriseåra i Amerika utvandringa nede, og ljosare tider for amerikansk næringsliv mot slutten av hundreåret førde til større utvandring, endå skiftet til oppgangskonjunktur kom like tidleg heime.

Broten av eit par kriser og nokre kortare depresjonsperiodar varde oppgangskonjunktoren i Amerika ein mannsalder. Om ein kan rekne nedgangen i utvandartalet frå 41 i 1903 til 25 i 1904 som resultat av depresjonen i 1903, kan vere tvilsamt. Men når det går ned frå 72 i 1907 til 14 i 1908, må samanhengen med den sterke krise i 1907 vere klår.

Endå tydelegare er sjølvsagt verknaden av den fyrste verds-krigen, som fører til minimal utvandring dei to fyrste krigsåra, og så til heil stogg i tre år.

Men det som her meir enn noko anna treng ei forklaring, er den jamt over uvanleg store utvandringsintensiteten for Sykkylven i tida frå 1900 til 1914. To namn gir mykje av svaret: Klondike og Polson.

Nokre sykkylvingar som hadde vore i Alaska og Yukon-territoriet, kom i 1900 og 1901 heim som velstandsfolk. Mange reiste nok no med draumen om å verte rike i ein fart. Men det var mange som reiste i denne perioden og som ikkje tenkte seg til Klondike, og aldri kom dit.

¹ Amtm. 5-årsb. 1896—1900. ² Heimhug, 1899. ³ Smp. 1899.

Samtidig med at dei fyrste heldige Klondike-fararar kom heim, hadde andre sykkylvingar funne seg så vel til rette i skogscampene til Polson ved Hoquiam i Washington, at ein god del av utvandrarstraumen frå Sykkylven kom til å gå dit. Både der og i Klondike-distriktet vart det etter kvart sykkylvskoloniar, som etter «snøballprinsippet» auka i accellererande tempo; utvandringa vart sjølv årsak til utvandring.

Årskulla i «utvandringsalder» var store, og mange sykkylvingar utvandra til andre stader og. Amerika-feberen var så sterk i desse åra, at sykkylvingar ofte utvandra trass i alvorlege åtvaringar frå sysken i Amerika. Og då forklarar Amerika-feberen så mykje at det knapt er verdt å nemne «uheldige aar baade paa land og sjø»,¹ som elles kom i ein periode med økonomisk framgang.

Større interesse kan det ha her å sjå kva faktorar kunne verke mot utvandring, for på den bakgrunnen stig styrken av Amerika-feberen endå tydelegare fram.

Det vart drive mykje nydyrking av jord i Sykkylven i denne tida, samstundes som utstykinga heldt fram, endå talet på matrikulerte plasser hadde stige med over 40 % på 50 år.² I 1904 kom teglverket i gang att etter ein stans, og mange fekk arbeid der for opp til kr. 2,25 dagen. Same året starta tyskaren Schmidt eit sementstøyper i Blindheim, og etter Ålesundsbrannen kunne begge desse verksemdene sende byggjetilfang til byen. Men desse nye sjansane til leveveg heime gjorde like liten verknad på Amerikafeberen som åtvaringane i blada. Med stor fyrsteseide overskrift «Et varsko til vore emigranter», skriv Søndmøre Folkeblad om «en hær af skuffede emigranter som maa vende hjem — bøiede mænd og kvinder fattigere paa penge, paa aar og paa haab. Er der da ingen der hjemme, som vil si til de mennesker, at Amerika ikke mere er det aabne paradys som dampskibssagenterne fortæller?»³ «Utvandreren bør vite at det er vanskeligere nu end før Hvad du evner kast av i de nærmeste krav,» skriv red. Grevstad i 1910.⁴ Det året er utvandringa frå

¹ Amtm. 5-årsberetn. 1901—1905. ² Rekna ut etter eigne teljingar i folketeljinga av 1865 og matrikkelen frå 1907. ³ Nr. 1, 1908. ⁴ Søndmøre Folkeblad, mai 1910, etter Tidens Tegn.

Sykkylven serleg stor, og endå der er ein fallande tendens fram til fyrste verdskrig, er utvandringsintensiteten mykje høgare enn for landet i det heile i alle førkrigsåra.

Under krigen sloss tyskarar og engelskmenn ikkje berre om terreng på Vestfronten, men og om norsk fisk. Prisane steig, og mange sykkylvingar tente gode pengar. Lauskarar ville ikkje arbeide med anna enn fiske, fortel distriktlækjaren, og nykonfirmerte gutar ville ikkje arbeide for 5 kr. dag og kosten.¹ Men denne pengeflaumen var sjølvsagt ikkje grunnen til at utvandringa stogga heilt. Det var nok fyrst og fremst ubåtane. Og pengeflaumen vart ikkje langvarig. Inflasjon og «dyrtid» tærde på oppspard kapital. Bygda hadde bygt dyrt elektrisitetsverk, private hadde byggjegyld, og mange miste pengar i bankane. Men Amerika var ikkje gløymt. Dei fleste sykkylvingane hadde slekt der, og sume tenkte nok på utvandring alt i 1919. Men etterkrigskrisa i Amerika det året måtte få slike til å vente, og etter måten få vågar seg av stad dei to-tre fyrste 1920-åra, medan avisene åtvarar som vanleg. «Reis ikke til Amerika, gå ikke fr a asken til ilden.»² Men seinare på året kan blada melde at kveitefiskarane gjer det godt på Vestkysten, og at få norsk-amerikanarar kjem heim til jul, noko som alltid er eit teikn på optimisme.

Så kjem 1923, med ein utvandringsintensitet for Sykkylven som vel ikkje har mange sidestykke i norsk utvandring. Ikkje berre det høge utvandartalet, men og den høgare gjennomsnittsalderen til utvandrarane syner at tilhøva hadde halde attende fleire årsklasser av utvandringslystne sykkylvingar.

Under og etter krigen hadde der i Amerika utvikla seg ei sterk isolasjonisme, og intoleranse overfor utlendingar. «America for Americans» var slagordet, og denne stemninga gav seg og utslag i strengare immigrasjonskontroll. Lovene som innførde kvotesystemet hindra likevel ikkje sykkylvingane i å emigrere. Då kvoten var oppbrukt før halve året 1923 var gått, reiste dei i staden til Canada; men berre for å kome seg inn i Statane ved fyrste høve. Utvandrarstraumen skaffa seg mange nye spor; men dei fleste møttest att — i Polson.

¹ Medisinalinnb. 1916. ² Smp. 1922, 12/1.

Under høgkonjunkturen i 1920-åra tente skogsarbeidarane der gode pengar, og sykkylvskolonien vart større enn nokon gong for, eit Sykkylven nr. 2. Andre gjorde det godt som bygningsmenn og som kveitefiskarar. Ikkje rart at sykkylvingen heime som tente 28 kr. netto på tre månaders vårfiske, fann at det var best å emigrere, og at utvandringa heldt fram heile denne ti-årsperioden, med serleg mange i 1927. Ingen venta at eit krakk av veldige dimensjonar skulle kome berre to år seinare, fylgd av ein lang depresjonsperiode.

«Amerika er ikkje noko eventyrland for utvandrerane lenger,» skriv Sunnmørsposten i 1930. Og då tok bladet ikkje for sterkt i. 10—15 millionar gjekk arbeidslause i Amerika under den verste depresjonen, og endå sykkylvingane stort sett greidde seg betre enn dei fleste, hende det at ein og annan av dei og måtte stå i suppekøar for å halde livet oppe.

Men depresjonen måtte litt etter litt sleppe taket, og i dei siste 1930-åra var tilhøva slik at ein kunne vente at utvandringa frå Sykkylven ville ta seg opp att. Slik gjekk det ikkje. I mellomtida hadde der hendt store ting heime. Bygda hadde fått ein ny næringsveg som var i rask utvikling: industrien. Ungdom med tiltak og vågemot bygde fabrikkar. Desse voks i tal og storleik, og bygdeungdommen trong ikkje lenger reise ut for å finne ein leveveg. Kanskje var industrialiseringa delvis ei følgje av at krisa og depresjonen i Amerika stogga utvandringa. Men om så var, må ein på den andre sida sjå industrialiseringa som den viktigaste årsaka til at der ikkje vart utvandring i slutten av 1930-åra.

Så kom den andre verdskrigen og okkupasjonen, og vegen mot vest var stengd. Men denne gongen stogga ikkje krigen utvandring frå Sykkylven, for der var inga utvandring å stogga. Då okkupasjonen kom, var det fire år sidan nokon utvandra frå bygda.

Utviklinga av industrien i Sykkylven må ein og sjå som årsak til at utvandringa i etterkrigstida har vore minimal, og at innflyttinga til bygda har vore stor.

4. *Meir om årsaker.*

Sjølvsagt var alle årsaker med å skape fluktuasjonane i utvandringa. Men til no har vi ikkje sett på kva årsaker utvandrarane sjølve gav for utvandringa, medan andre årsaker av ymse grunnar ikkje kan «tidfestast.»

Emigrantprotokollane har ein rubrikk for dei årsakene utvandrarane gav. Mange har fortalt om årsaker i intervju og brev, og sume har skrive om dette i blada.

Oppgåvene i emigrantprotokollane kan ein ikkje ta altfor høgtidleg; det ser ikkje emigrasjonskontora ut til å ha gjort heller. Stundom vart det gitt opp andre årsaker enn den som andre kjelder tydeleg viser var den viktigaste. Og det har hendt at eg har fått oppgitt ei årsak av utvandrarane sjølv, t. d. dårleg økonomi, og så finn ei anna i emigrantprotokollen, t. d. reiselyst. I slike høve kan begge vere like rette. Men ein skynar at ein statistikk over årsaker har lite verd, aller minst ein statistikk på grunnlag av emigrantprotokollane. Der står det ved dei fleste: «Manglende adgang til at faa lønnende virksomhet.» Til andre tider er det same forma, ikkje som årsak, men som formål: «For at forbedre sin økonomi», noko ein norddaling uttrykkjer slik: «For at studere til millionær.» At dei fleste reiste for å betre sin økonomi, er rett nok. Men mange andre årsaker gøymmer seg attom denne formelen. Ved andre står det i emigrantprotokollen: «Vanskelighet ved her at faa jord til eiendom.» At dette var ein viktig grunn for nokre, finn ein stadfest av andre kjelder. Mange jordeigarar selde ikkje gjerne jord, og om dei gjorde det, ville dei ha god pris. «Dei bar hjarta i pungen, gamlekarane, og visste ikkje kor stor synd dei gjorde.»¹ Prosenten av slike som utvandra serleg fordi dei ikkje kunne skaffe seg jord heime, er truleg lågare for Sykkylven enn for dei fleste andre vestlandsbygder.

Sume nemner som grunn for utvandringa at dei ville sleppe militærteneste, andre at dei ikkje fekk lov av faren til å ta fatt og rette på ting heime; alt skulle vere som før. I eldre tid er det mange som nemner standsskilnaden. I Sykkylven var det liten skilnad på husmann og bonde. Meir fekk både bonde og husmann

¹ Aarvak 15, 1910.

kjenne skiljet mellom lands- og byfolk. «Alle veit kor det var for ein bondemann å kome til byen i sine bondeklæde og med sitt heimemål,» skriv ein sunnmøring heim frå Amerika i 1899.¹

Og nett som Leiv Erikson kom til Amerika fordi han kom ut av kurs, slik var det og med ein og annan sykkylving, på ein annan måte. Svært få rømde frå lovbrøt. Men i gamle dagar var det ikkje uvanleg med «uekte» born. Noko over 20 slike vart meir eller mindre årsak til Amerikaferd, og stundom reiste både guten og gjenta. Eller kan ein seie at det var trangsyn og bygdeslarv som var årsaka?

Religiøse motiv, som er velkjende årsaker til utvandring heilt frå «Restauration»s, ja frå «Mayflower»s dagar, men som alt i alt har spela ei mindre rolle enn folk gjerne trur, kan ein vel sjå bert frå her. Rett nok har utvandrarar nemnt at den strenge pietismen i mange heimar i Sykkylven i gamle dagar kan ha vore medverkande årsak til utvandring. Men det vert i så fall religionsforfylgjing på ein ny måte. Sektene som i si tid fanst i bygda, fekk alltid vere i fred.

Mange vart lokka av Amerika-brev, andre av agentar eller underagentar, eller av slike som var heime på besøk. Romsdals Budstikke åtvarar mot betalte underagentar som «letter pungen mer end de letter reisen». Mange som reiste heim, vart lova fri reise og kanskje provisjon om dei kunne få med seg andre over att. Det var dampskips- og jernbaneselskapa som konkurrerte om utvandrarane. Ein sykkylving fekk ein flott ulveskinnsjakk av Canadian Pacific for at han lettare kunne få andre med seg. I Ålesundsblada averterte sunnmøringar som var heime på besøk, at dei var viljuge til å «bistaa med raad og daad» alle som ville slå fylgje. På andre måtar og kunne folk verte lokka, til utvandring av det dei las i blada. Her er samanhengen serleg tydeleg når det gjeld dei som utvandra til Sør-Afrika i 1882.

«Det hev vorte mode å reise,» skriv Heimhug i 1900.² Etter kvart som utvandrarstraumen vart sterkare, vart feberen og sterkare; og den kunne vere årsak god nok; men oftast var den vel blanda med meir spesielle årsaker.

Om ein utvandrar, som kanskje er den ærlegaste av alle,

¹ Heimhug 11/11. ² Heimhug 2/5.

står det i emigrantprotokollen: «Kan ingen grund oppgive.» For hos mange kunne det, som nemnt, vere eit kompleks av årsaker, som det ikkje var så lett å gjere greie for.

Alt samlar seg vel til slutt i dette eine: Dei som reiste, ville gjerne få det betre enn dei hadde det før. Og etter som det den einskilde ville vekk frå, kunne vere individuelt, slik måtte framtidstraumane hos dei einskilde og ha sitt individuelle preg.

III. AMERIKAREIS, LANDING OG KONTROLL [Til INNHALD](#)

Når utvandrarar tok den store avgjerda å fare over havet, kunne han berre sjeldan rese med det same. Mangt måtte fyrebuast, og det vart tid til å velje laglegaste årstida for reisa. Tabell 5 syner korleis dette valet fall i dei ymse 5-årsperiodane. Som ein ser reiste majoriteten av sykkylvsutvandrarar tidlegare og tidlegare på året etter som tida gjekk, frå mai i perioden 1881—85 til januar i tida 1921—25. Den fyrste tida var båtane mindre, og emigrantane måtte ta meir omsyn til vér og årstid. Seinare utvandrarar kunne meir ta omsyn til kva tid det var lett å få arbeid i dei ymse yrka. Når tala er jamnare delt over heile året i tida 1926—30, kjem det nok av at det i denne tida reiser fleire huslydar (kone og born) til mannen i Amerika, og dei slepp å ta omsyn til arbeidsmarknaden ved val av reisetid.

Tabell 5. Prosentvis utvandring i dei einskilde månader, av all utvandring i 5-årsperioden.

	Jan.	Febr.	Mars	April	Mai 1	Juni	Juli 1	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
1881–1885				29	40		14		14		3	
1886–1890	2	5	7	71	7		3	3		2		
1891–1895		11	20	58	5		2	4				
1896–1900	—	13	21	35	8	2	3	5	3	8	2	—
1901–1905	2	18	33	10	5	3	6	5	13	1	3	1
1906–1910	1	16	32	17	12	2	4	6	6	4		
1911–1915	3	5	40	16	15	2	3	3	5	3	5	
1921–1925	34	13	8	4	4	4	2	8	2	13	7	1
1926–1930	7	13	11	8	6	2	10	7	6	13	10	7

Om kommunikasjonane etter kvart gjorde det lettare å reise til Amerika, kunne kontrollen heime og amerikanske immigrasjonslover til tider leggje vanskar i vegen.

Frå 1894 måtte alle emigranter som hadde nådd sesjonsalderen, ha ein eller annan legitimasjon for å kunne reise ut av landet. Det kunne vere rodesetel, fripass, permisjonskort, presteattest o. a. For kvar utvandrar vart det ført inn i emigrantprotokollen kva slag legitimasjon han hadde. Kvinner trong ikkje nokon, og ingen ting vart då skrive. Berre for ei jente frå Riksheim står det i den rubrikken: Legitimation: Kvinde! Ein gut som reiste i 1903, skreiv at han ikkje hadde nokon attest å vise fram på politikammeret i Bergen, «derfor var det meget vanskelig for mig at slippe igjennem.» Men det gjekk altså likevel. I nokre høve vart utvandrarane send heimatt då han alt var på veg til Amerika, t. d. frå Bergen. Men slike kom seg snart av stad att. Berre eitt tilfelle er kjent då ein sykkylving vart nekta å utvandre. Det var ein gift mann som tenkte seg til Canada i 1893. Frå 1894 måtte alle emigrantar som hadde nådd sesjonsalderen, ha ein eller annan legitimasjon for å kunne reise ut av landet. Det kunne vere rodesetel, fripass, permisjonskort, presteattest o. a. For kvar utvandrar vart det ført inn i emigrantprotokollen kva slag legitimasjon han hadde. Kvinner trong ikkje nokon, og ingen ting vart då skrive. Berre for ei jente frå Riksheim står det i den rubrikken: Legitimation: Kvinde! Ein gut som reiste i 1903, skreiv at han ikkje hadde nokon attest å vise fram på politikammeret i Bergen, «derfor var det meget vanskelig for mig at slippe igjennem.» Men det gjekk altså likevel. I nokre Han vart verande i Sykkylven alle sine dagar.

I fyrste tida måtte dei ro utvandrarane frå Sykkylven til Ålesund. Derifrå skal nokre få ha reist med seglskute, anten berre til England, eller heilt til Amerika. Men seglskutedagane var om lag slutt i emigranttrafikken då sykkylvingane tok til å utvandre. Det var difor med ei eller anna dampskipsline dei reiste. Då Peola-gutane frå Blindheim reiste i 1869, var det elles berre 2—3 år sidan den fyrste emigrantdamparen gjekk til Amerika.

Nokre reiste over Trondhjem og Kristiania og derifrå direkte til Amerika. Men dei fleste tok ein annan veg.

Det var helst Hull-firmaet Thos. Wilson, Sons & Co. som frakta dei det fyrste stykket. Wilson-båtane gjekk frå slutten av 1860-åra i rute frå Trondhjem, via Kristiansund, Ålesund, Bergen og Stavanger til Hull. Mange hugsar nok enno dei grønmåla skipa med den raude skorsteinen. Namn som Domino, Juno, Salmo og Tasso vekkjer vel minne hos ein Og annan. Men der var minst ti andre båtar som gjekk i den ruta.

Lenge var det slik at desse skipa låg på Valderhaugfjorden og venta på at emigrantane skulle verte sette over frå Ålesund med fløttbåt. Ei som sende ein 15-åring åleine til Amerika nokre

år etter hundreårsskiftet, var med ut til Tasso. Ho gjekk ombord og snakka tii dei fyrste ho trefte: «Døkke ska te Amerika døkke? Kvar ska dinnje ilkje guten vere, ja e 'e enj liten gut 'er me' mej, okjende å åleine, om døkke vil hjelpe 'ånå te.» Det synt seg å vere svenskar ho snakka til. Men dei forstod henne godt. Elles var det oftast heime i Sykkylven, eller på kaia i Ålesund ein tok avskil. Den 8. mars 1901 skriv Søndmørsposten om utvandringa ein dag: «Bare fra Søkelven skal det ha været 12 stykker som reiste. Det var jammer og graad paa kaien, da alle disse ungdommer tog farvel med sine slægtninger.» Andre gonger kom tårene fyrst seinare, ute på havet når det vart sunge norske songar. Slik fortel Peter Fedt det, og slik var det visst og med Jens Riksheim, som skreiv i diktet «Farvel til Noreg»:

«Og no eg ser fjella som blånar i aust
ei tåra i augo seg lurero farande son
i uvisse von
til framtida gled seg — og sturer.»

Dei fleste var ikkje serleg nøgde med servicen på Wilson-båtane. Mange klagar over skitne koppar, elendig kaffe og tjukke brødsiver med lite smør. Ein utvandrar fortel at "Wilson-båten var mest som ein ku-båt, ein annan at Tasso var full av rotter. Og *ein* brukte regnkappa si som sengkjede, med ein kuffert under hovudet. Mannskapet var for det meste skandinavisk, men dei fleste offiserane var engelske.

I Bergen og Stavanger gjekk utvandrarane på land medan båten låg der. Dei gjorde gjerne små innkjøp som dei fortel om i fyrste brevet. Ein kjøpte kalosjer, kanskje ikke luraste investeringa nett då; ein annan kjøpte boka «Et lykkelig Liv.»

Frå Hull reiste dei vidare med jernbanen til Liverpool, og den turen var ei oppleving for ungdom frå Sykkylven i gamle dagar. Ein emigrant skriv i 1899 at han nok hadde tenkt seg at det gjekk fort, men ein *slik* fart hadde han ikkje drøymt om. I tunnelane vart det bilmørkt, legg han til.

Atlanterhavsdamparen skulle verte klar til å gå, så dei fekk tid til å sjå seg litt om, og skrive fyrste brevet heim. I den tida då utvandringa frå Europa var størst, kunne i Liverpool vart det ofte nokre dagar å vente på at sykkylvsutvandrarar fortelje om fæle tilstandar i overfylte rom. Liverpool er verre enn «de haardeste strabaser i Amerikas urskove,» skreiv ein sunnmøring i 1888.^x Men det er nytt å sjå alle stader. I Liverpool var der automobilar så høge som «totasihus». og «oppe paa taget sidder de flotte herrer og røger og læser i aviser,» fortel ein sykkylvsgut i 1890-åra.

Men dei fleste hadde vel ikkje tankar for stort anna enn det som no stod fyre: turen over havet.

Sykkylvingar har reist med desse linene: Allan, American, Anker, Beaver, Canadian Pacific, Cunard, Dominion, Guion, Inman, National, Nederlandsk Amerika-line, Norske Amerika-linje, Norske Linie, Scandia, Scandinavian-American, State, Thingvalla, U. S.-lines og White Star.

Ikkje alle desse gjekk frå Liverpool. Både Norske Linie (frå Bergen), NAL og dei to danske linene Scandinavian-American og Thingvalla gjekk direkte, utan å gå innom England. Og det var ein fyremun, skreiv ein, så slapp ein lukta av russarane, og ein slapp irlendingane, «der sørger vel meget for underholdningen».² Anker-line-båtane gjekk frå Glasgow, og Allan-lina reklamerte med at deira båtar gjekk til Quebec om sumaren, og der var berre «100 alen» frå bryggja til jernbanestasjonen, så emigrantane ikkje kom ut for «efterstræbere og bedragere».

Av sykkylvsemigrantane i fyrre hundreåret reiste: med American 37, Allan 30, Cunard 24, White Star 18, National 12, Thingvalla 10, og Anker og Inman tok 8 kvar. 5 andre ,liner vart og nytta.

For året 1905 vantar stort sett oppgåver, elles er tala desse for tida 1900-1915:

Cunard 162, White Star 131, Allan 43, American 35, Canadian Pacific 28 og NAL 27. 5 andre liner tok færre sykkylvingar. Det var vel i denne tida Cunard-lina vart så populær at ho fekk

¹ Aalesunds Handels- & Sjøfartstidende, 47, 1888. ² H. Fjelde i Aales. Handels- & Sjøf., 57, 1889.

kjælenamnet Gunna-lina, som var så vanleg at ein til og med finn det innført i emigrantprotokollane.

I tida 1916-1929 reiste 187 med NAL, 131 med White Star, og berre 30 med Cunard. Eit par andre liner tok under 10. Frå og med 1930 har NAL vore utan konkurranse om sykkylvsemigrantane.

I alt reiste kring 300 med NAL, 260 med White Star, 220 med Cunard, medan ingen av dei andre linene tok meir enn 80.

Utvandrarar ville her like å finne namnet på båten dei reiste med, men det ville føre for langt å nemne alle. Mange vil hugse Cunard-båtar som «Ivernia», «Lusitania», «Mauretania» og «Saxonia», eller White Star-båtar som «Celtic», «Majestic», «Olympic» og — «Titanic». Med sistnemnde reiste elles ingen sykkylving. Fleire skulle ha vore med på fyrste turen, men kom ikkje med, og nokre hadde tinga plass til andre turen, som det ikkje vart noko av.

Det var andre faktorar enn val av line som var med å bestemme korleis turen skulle verte. Ikkje alle båtane til same lina var like store eller like fine, og ein kunne vere meir eller mindre heldig med reiseselskap. Difor vert skildringane av Amerika-båtane og reisa så ulike. Ein utvandrar rosar «Cedric», ein annan seier om «Empress of Ireland» frå same selskapet: «Dårleg båt, dårleg mat, dårleg selskap, mest grekarar og finnar som stal og var ureinslege.»

Turane med små og skrale båtar vart sjølvstøtt endå verre om ein kom ut for uver. Sykkylvingar har vore med på turar som minner mykje om redselsskildringane frå endå tidlegare utvandring. Fleire var med på at lukene vart skalka, så ingen fekk kome på dekk. «For enj tøske ej va so ikkje omvende mej uppå meierinå denj gongjinnj,» sa ein utvandrar då båten hadde legje og bakka i to døgn i eit fælt ver. Men sidan sykkylvingane stort sett reiste om våren den tida båtane var små, var det sjeldan det såg så ille ut. Og det gjekk bra. Ingen sykkylving omkom ved forlis på Amerika-ferd. *Ein* kom vekk på turen over etter besøk heime, men ingen veit korleis det gjekk til.

Ikkje alle sykkylvsemigrantane landa i New York, men storparten vart helsa velkomne av Fridomsstytta. Ved landinga måtte dei før hundreårsskiftet gjennom kontroll i Castle Garden, seinare på Ellis Island. Lækjarkontrollen var ikkje serleg grundig.

Ein som utvandra i 1901, fortel at dei vart «påsette pøkå». Ein annan, frå 1904, seier at dei berre såg på augo og tunga. I 1925 kunne ein sleppe å gå til Ellis Island dersom ein hadde garanti-brev frå ein eller annan i Amerika. Og frå 1926 har kontrollen gått for seg i Noreg.

I amerikansk historie deler ein gjerne immigrasjonen i tre hovudperiodar. Det som er karakteristisk for den siste perioden, frå 1885, er den store innvandringa frå Sør-Europa. Dette førde snart til restriksjonar av ymse slag. Såleis kom der nye immigrasjonslover i 1903, 1921 og 1924, dei to siste med kvotesystem. Mange sykkylvingar som utvandra i 1920-åra, reiste fyrst til Canada, og kom seg inn i Statane derifrå. Agentane i Ålesund sa gjerne at det var så lett å kome inn, så mange møtte vanskar dei ikkje venta. For dei som hadde sysken i Statane gjekk det lettare. Men fleire vart smugla over grensa, ein trafikk sykkylvingane ikkje var åleine om. I åra 1921—1928 reknar ein at over ein million kom seg inn i Statane ulovleg. Etter fem år kunne ein slik ikkje utvisast, Der var visst berre ein sykkylving som vart knipen, men han kom seg unna på ei eller anna vis.

Det er uråd å gi noka skildring av ei *typisk* Amerika-reis. Kvar utvandrar hadde sine gleder og sorger på turen. Amerika-ferda til utvandrarar frå 1865 og 1953 har vel ikkje stort annan likskap enn at dei begge kom fram. Den tidlege utvandrarane var sliten etter ferda og hadde kanskje verre strabasar framfor seg; den andre kunne nyte godt av all moderne komfort både til New York og vidare.

Sidan få sykkylvsutvandrarar slo seg ned på Austkysten, vart togreisa vestover ei sams oppleving for dei fleste. Tidlege utvandrarar som var på langtur for fyrste gong og utan språkkunnskapar, fann ofte at reisa over land med dei primitive og overfylte vognene tok meir på enn havturen. Seinare var utvandrarane oftast fleire i lag, og gjerne med ein leiar som hadde vore der før. Men om den tidlege utvandrarane hadde store og små problem på togreisa, og uroa gjerne ville site for brystet, syner Amerikabrev at naturinntrykka likevel fekk verke på han. Der var skogar som det tok timar å reise gjennom, og der var sletter som ingen ende ville ta. Verda var stor og ny.

IV. KVAR REISTE DEI?

Det har budd sykkylvingar i alle verdsdeler; det bur sykkylvingar eller deira etterkomarar i fire verdsdeler i dag.

Dei fyrste som reiste til Sør-Afrika, var truleg Jan Kipperberg og systera Eline Ekornes. Dei var med i den store flokken som reiste i 1882-¹

Kaptein Landmark, førar av misjonsskipet «Elieser», reiste gjennom Natal, og likte landet så godt at han skreiv artiklar i norske blad for å få nordmenn til å utvandre dit. «Klimaet er ypperlig,» skreiv han, «her kan man høste sin egen kaffe, appelsiner, annanas etc. Kvæget føder sig seiv hele aaret..... Han

sa seg fyrst viljug til å vere leiar for utvandrarar dit; seinare trekte han seg tilbake. Men lysta var vekt, serleg på Sunnmøre.

Det vart skrive til Emil Berg ved sjømannskyrkja i London etter opplysningar. Agenten for Natalregjeringa lovde jordlottar til 50 huslydar og fri reise frå London til Durban. Det vart nedsett ein komité i Ålesund til å ta seg av saka og ta mot søknader. 38 huslydar kom av stad, og fleire av dei hadde med seg ein eller to ugifte personar.

Flokken reiste frå Ålesund den 14. juli 1882 med «Tasso» til Hull, derifrå med tog til London, og vidare til Sør-Afrika med D/S «Lapland». «Vi reiser som Lorder og bedre,» skreiv ein heim. Den 29. aug. gjekk dei 230 emigrantane i land i Sør-Afrika. Dei fekk jordlottar sør for Umzimkuluelva, nær den tyske misjonsstasjonen Marburg, 80 miles frå Durban.

Slik kom dei to syskena frå Sykkylven til Natal, og dei var mellom dei som heldt ut trass i store vanskar den fyrste tida.² Seinare reiste desse sykkylvingane til Sør-Afrika: Andreas L. Andestad, Petter T. Aurdal (Haugset), Anna A. Fauskehagen, Severin K.Grebstad, Lars Jarnes (misjonær), Peter E. Lyshol, og Ole H. Strømme.

Den andre misjonæren frå Sykkylven reiste til China. Ein huslyd reiste til New Zealand. To utvandra til Island, ein til England og ein til Holland.³

¹ Sjå elles utvandrar nr. 168. ² Sjå «Norsk Nybyggerliv i Natal» (1932) og biografier nr. 317 og 334. ³ Nokre få utvandra til Sør-Amerika under eller etter siste verdskrig. Desse har det ikkje lukkast å få sikre opplysningar om, og dei er difor ikkje tekne med i statistikkar eller biografier.

Men fyrst og sist var det Nord-Amerika utvandrarane reiste til; berre 17 pro mille reiste til andre stader.

Tabell 6 syner kvart utvandrarane reiste. Slike ein vantar sikre kunnskapar om når det gjeld utvandringstid eller opphaldsstad, er førde under «Før 1900», «Etter 1900» og «Nord-Amerika». Berre på den måten lét det seg gjere å få alle med. Dei som kom seg inn i Washington etter kort opphald i Canada, er førde under Washington. Dei to Dakota-statane er tekne under eitt, då kjeldene ofte berre har «Dakota».

Mange faktorar var med å avgjere kvart utvandrarane reiste. Oftast hadde dei nokon å reise til; dei fyrste mest til slekt frå andre bygder, sidan oftast til tidlegare sykkyllsutvandrarar. Elles har faktorar som klima og andre naturtilhøve spela inn, og det yrket utvandrarane hadde lært, eller tenkte å drive.

Ein utvandrar reiste direkte, t. d. til Tacoma, og budde der alle sine dagar. Ein annan flytte frå stad til stad, fram og attende, på kryss og tvers, arbeidde nokre år her, nokre veker der, og fekk aldri nokon verkeleg heimstad i Amerika. Om det lét seg gjere å fylgje sporet til kvar utvandrar, og teikne det ned på eit kart, ville ein få eit mønster der spora kryssa kvarandre på alle kantar, men med større og mindre knutepunkt. Av slike knutepunkt kan nemnast Seattle, Tacoma og Hoquiam i Washington; San Francisco i California; Vancouver i British Columbia; gullgravingsstrøk og kystbyar i Alaska; Minneapolis, Clarkfield og Echo i Minnesota.

Tabell 6 syner at før hundreårsskiftet reiste fleire til Midt-vesten enn til Vestkysten. Dei fleste av desse slo seg ned i Tvil-lingbyane, serleg Minneapolis, og i Echo, der det elles mest budde tyskarar og hjørundfjordingar. Seinare vart Clarkfield eit lite sykkyllvs-sentrum; men det vart i mykje større grad ein gjennomgangsstad for sykkyllsutvandrarar. I alt reiste 18,2 % av alle til Minnesota.

Då dei fyrste sykkyllvingane kom til Washington, var jernbanen enno ikkje komen heilt fram til Puget Sound. Og då dei tok til å samle seg i Polson-campene, kunne Hoquiam knapt kallast by; Tacoma hadde under 40000 ib. og Seattle kring det doble. På same tid var San Francisco alt storby med 350 000 ib. Til San Francisco og omland var det serleg utvandrarane til California

Tabell 6. Syner talet på utvandrarar kvart år til dei ymse stadene, og summen for kvar stad og kvart år.

	Island	England	Holland	Alaska	Canada	New York	Pennsylvania	Michigan	Illinois	Wisconsin	Minnesota	Iowa	N.-&S.-Dakota	Kansas	Nebraska	Colorado	Louisiana	Texas	Utah	Montana	Washington	Oregon	California	Mexico	Nord-Amerika	China	New Zealand	Sør-Afrika	Sum
Før 1881	-	-	-	-	-	-	-	-	1	6	-	-	-	-	4	-	-	-	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	12
1881	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	1	-	-	1	-	-	-	-	-	-	2	-	-	-	-	-	-	5
1882	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	6	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	11
1883	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	2	-	-	-	2	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	10
1884	-	-	-	-	-	-	1	-	-	-	5	-	5	2	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	13
1885	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	-	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	3
1886	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	6	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	-	2	-	-	-	10
1887	-	-	-	-	-	-	-	1	-	-	3	-	-	1	-	1	-	-	-	-	3	1	1	-	2	-	-	-	12
1888	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	3	-	1	-	-	-	-	-	-	-	2	2	2	-	-	-	-	-	8
1889	-	-	-	-	2	-	-	-	-	-	9	-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	2	3	-	-	-	-	-	16
1890	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	-	-	-	-	-	2
1891	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	3	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	2	2	-	-	-	-	-	6
1892	-	-	-	-	2	1	-	-	-	-	11	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-	7	-	-	-	-	-	22
1893	-	-	-	-	4	-	-	-	-	-	4	-	3	-	-	-	-	-	-	-	4	3	3	-	-	-	-	1	19
1894	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	1	-	-	-	1	3	
1895	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	1	-	-	-	2	3	
1896	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	3	3	-	-	-	1	7	
1897	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-	1	-	-	2	-	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	-	5
1898	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	3	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	5	-	1	-	-	-	11
1899	-	-	-	-	1	1	-	-	-	1	7	5	-	-	-	2	-	-	-	-	3	1	3	-	-	-	-	-	23
Før 1900	-	1	-	-	1	1	-	-	-	-	5	-	1	-	1	1	-	1	-	-	1	-	-	-	5	-	-	-	18
1900	-	-	-	1	-	1	-	-	-	1	6	-	3	1	-	3	-	-	-	-	7	-	1	-	1	-	-	1	26
Etter 1900	-	-	-	-	-	3	-	-	-	1	3	-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	-	-	-	-	1	-	-	10
1901	-	-	1	1	-	-	-	-	-	-	11	1	3	-	-	1	-	-	-	-	13	-	8	-	-	-	-	-	39
1902	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	-	3	-	-	-	-	-	-	-	26	-	6	-	-	-	-	-	37
1903	-	-	-	1	1	-	-	-	-	-	10	-	1	-	-	-	-	-	-	1	22	-	5	-	-	-	-	-	41

	Island	England	Holland	Alaska	Canada	New York	Pennsylvania	Michigan	Illinois	Wisconsin	Minnesota	Iowa	N.-&S.-Dakota	Kansas	Nebraska	Colorado	Louisiana	Texas	Utah	Montana	Washington	Oregon	California	Mexico	Nord-Amerika	China	New Zealand	Sør-Afrika	Sum
1904	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	6	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	9	-	8	-	-	-	-	25
1905	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	5	-	2	-	-	-	-	-	-	-	1	16	1	1	-	2	-	-	29
1906	1	-	-	-	-	-	-	-	-	1	6	1	2	-	-	2	-	-	2	-	-	16	-	10	-	1	-	-	42
1907	-	-	-	-	2	-	-	-	-	1	8	1	8	-	-	1	-	-	-	-	-	32	-	19	-	-	-	-	72
1908	-	-	-	-	1	-	-	1	-	1	3	2	-	-	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	14
1909	-	-	-	-	1	-	-	-	-	2	2	-	2	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	25
1910	-	-	-	-	2	-	-	-	-	3	10	-	3	1	-	1	1	-	-	-	-	29	1	5	-	-	-	-	56
1911	-	-	-	-	3	-	-	-	-	-	3	3	1	-	-	-	-	-	-	-	-	20	5	5	-	-	-	-	32
1912	-	-	-	-	9	-	-	-	-	-	7	2	1	-	-	-	-	-	-	-	-	5	2	-	-	-	-	-	26
1913	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	3	3	2	-	-	-	-	-	-	-	-	10	-	-	-	-	-	1	17
1914	-	-	-	1	2	1	-	-	-	-	2	-	-	-	-	-	-	-	-	-	11	-	-	-	-	-	-	-	18
1915	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-	-	3
1916	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1
1920	-	-	-	-	1	1	-	-	-	-	2	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	10	-	1	-	-	-	-	14
1921	-	-	-	3	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	6	-	1	-	-	-	-	10
1922	1	-	-	-	3	-	-	-	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	12	-	3	-	-	-	-	20
1923	-	-	-	-	4	2	-	-	-	-	1	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	79	6	-	-	-	-	-	93
1924	-	-	-	-	3	-	-	-	-	-	2	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	16	1	1	-	-	-	-	24
1925	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	-	-	12	-	2	-	-	-	-	-	15
1926	-	-	-	1	3	-	-	-	-	-	2	-	2	-	-	-	-	-	-	-	-	10	-	-	-	-	-	-	18
1927	-	-	-	1	6	-	-	-	-	-	17	-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	11	-	2	-	-	-	-	39
1928	-	-	-	-	3	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	15	1	1	-	-	-	-	-	20
1929	-	-	-	-	8	1	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	-	-	-	-	-	-	-	12
1930	-	-	-	-	3	-	-	-	-	-	3	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	10	-	-	-	-	-	-	16
Etter 1930	-	-	-	-	4	-	-	-	-	-	1	-	3	-	-	-	-	-	-	-	-	16	-	1	1	-	4	-	30
Sum	2	1	1	9	73	11	1	2	1	20	192	13	50	6	13	17	1	3	1	4	454	6	132	1	16	1	4	9	1043

reiste, og dei var før hundreårsskiftet fleire i talet enn Washingtonfararane. Ein ser såleis at dei korkje var redd storbyen eller den primitive byen i emning; dei lét seg heller ikkje skræme av villmarka.

Til California reiste i alt 12,7 % av utvandrarane, og til Washington heile 43,5 %. Sykkylvingane i desse to statane trettar gjerne litt på ein venskapleg måte, om kven som har det beste klimaet. Dei på sørlegare breiddegradar minner om regnet i Washington, og får sjølv høyre om dei brunsvigde markene og San Francisco-skodda. Dei er nøgde med klimaet kvar på sin stad, og har grunn til å vere det. Når så mange slo seg ned på Vestkysten, har klimaet sikkert vore medverkande årsak. Om dei valde Canada,

likte dei seg difor best i British Columbia. Og klimaet på Alaska-kysten høvde og betre for vestlendingane enn præriane og dei kalde vintrane i Midtvesten.

Det var i 1901 utvandringa frå Sykkylven for alvor tok til å gå til Washington, og frå dei tider reiste jamt over langt fleire kvart år til Vestkysten enn til Midtvesten. Noko liknande gjeld ikkje for Sunnmøre i det heile. Enno i 1903 reiste berre 7 % av dei som utvandra over Ålesund, til Washington, og i 1907 var 20 % av alle Washington-fararar over Ålesund sykkylvingar. Knapt noko amerikansk namn har vorte nemnt så ofte heime i Sykkylven som «Vassington».

Medan tabell 6 viser kvart dei reiste, vil tabell 7 gi eit inntrykk

av kvar det vart av utvandrarane etter kvart.

Samanliknar ein dei to tabellane, ser ein at der har gått for seg store flyttingar til og frå dei ymse statane. Når t. d. Minnesota på tabell 7 har 104 færre enn dei 192 som reiste dit, kjem det mykje av at mange reiste derifrå til Vestkysten seinare. Likevel har Washington 120 færre enn dei 454 som utvandra dit. Dei viktigaste grunnane til dette er at mange av Washington-fararane reiste heimatt for godt, og at mange andre vart buande i Alaska.

Det er karakteristisk for utvandringa frå Sykkylven at dei einaste- «koloniar» av større omfang, ikkje var nye bygdesamfunn i Amerika, men arbeidsleirar som i Polson-campene, Fairbanks og Klondike (Dawson). Utvandrarar frå grannebygda

Tabell 7. Syner kvar det vart av utvandrarane.

	Bustad 1957	Bustad ved død	Sum	Ø
Washington	218	113	331	31,7
California	68	44	112	10,7
Minnesota	41	47	88	8,4
Alaska	42	23	65	6,2
Canada	34	13	47	4,5
N.- & S.-Dakota ...	6	12	18	20,2
Wisconsin	5	10	15	3,8
Colorado	2	8	10	4,2
Oregon	4	3	7	
New York	4	2	6	
Montana	2	4	6	
Illinois	5	1	6	
Nebraska	4	5	5	
Sør-Afrika	1	4	4	
New Zealand ..	1	3	4	
Kansas	1	2	4	
Iowa	1	1	3	
Idaho	1	1	2	
Florida	1	1	2	
Island	1	2	2	
Nevada	1	1	2	
Michigan	1	1	1	
Massachusetts	1	1	1	
Texas	1	101	1	
Tennessee	1	22	1	
Pennsylvania ...	110	28	1	
Peru	18		1	
Holland	16		1	
Wyoming			1	
England			1	
Sykkylven			211	
Noreg elles			40	
Ukjend stad			44	
	591 (56,7 %)	452 (43,3 %)	1043	

Stranda talde og ei mengd gullgravarar, men dessutan vart der ein stor koloni av strandarar i Santa Barbara, California. Større koloniar av valdrisar, sogningar og andre er velkjende frå eldre tid. Sykkylvingane slo ikkje rot i same grad som desse. Den store prosenten av heimatt-vandrarar (24 %) syner og det sterke «rot-lause», eller om ein vil, temporære draget ved utvandringa frå Sykkylven.

V. FRÅ NYBYGGJARLIV I «GRENSELAND» [Til INNHOLD](#)

Få sykkylvingar kan reknast som verkelege «oldtimers» mellom utvandrarane. Men fleire av dei fyrste var pionerar i Midt-vesten. Når ein då er så heldig å kjenne til detaljar frå settlementet den aller fyrste av dei var med å grunnleggje, skulle det vere grunn til å samle det heile her, endå sumt av det heller høyrer heime mellom biografiane. Desse glimta frå pionérlivet i eitt settlement, gir vel eit inntrykk av «frontier»-tilværet slik det arta seg for fleire andre sykkylvsutvandrarar i fyrre hundre-året.

Ole Strømmegjerde frå Gylet var fødd 31/8 1829. I ung alder for han til sjøs og vart kaptein. Kona hans, Petronelle Olivia Olsen, var norsk. Eldste sonen, Oluf, var fødd i Porsgrunn i 1858, og den andre, Peter, i Ålesund i 1861. I april 1865 utvandra heile huslyden frå Porsgrunn, og kom til Chicago vel ein månad etter at borgarkrigen var slutt. I Chicago arbeidde Ole dels som sjømann, dels som bygningsmann. Men han vart gripen av feberen som fekk folk i dei dagar til å reise vestover, og mange andre skandinavar i Chicago hadde same feberen. Dei møttest gjerne laurdagskveldane og prata om farmane som låg og venta «out west». Dei fekk i stand eit lag, Skandinavisk Landbruksselskap, og ein komité vart vald til å studere landet i fleire statar. Dei valde ut tolv spreidde seksjonar land ved Republican-elva i Kansas. Kvar pioner skulle få 20 acres land, og ei forretningstomt og ei bustadtomt i byen dei skulle grunnleggje. Dei kom til å velje ein dårleg seksjon, og det vart ordna slik at kvar fekk 17½ acres godt land og 2 ½ acres dårleg. Eit kart vart laga, og frå to «lykkehjul» som dei snurra rundt, trekte dei nummera på tomter og jordstykke til kvar.

Dei fyrste medlemene som reiste frå Chicago til Kansas, tok jernbanen til Junction City, og derifrå for dei med kjerre og til fots, kring 85 miles. Dei kom fram 15. sept. 1868. Mellom dei var O. Strom, som han no skreiv seg for, og svensken Frantz Granstedt, far til Gustav Granstedt som vart gift med sykkylvs-gjenta Karoline Blindheim frå Peolaplassen.

Det galdt no fyrst å skaffe seg tak over hovudet, og dei tok

straks til å byggje eit kolonihus. Medan det stod på, budde dei i jordholer. Ein veit ikkje kvifor dei valde å setje kolonihuset under ein bratt åskant i staden for på toppen, der dei ville ha hatt godt utsyn og betre kunne verje seg mot uventa åtak av indianarar, som då hadde betre våpen enn settlarane.

Huset vart bygt av furuplankar, med eitt stort rom mot sør og to små mot nord. Mellom to rekkjer av 2x6 toms ståande plankar fylte dei eit seks tommar tjukt steinlag. Dørene var plasserte slik at medan angripande indianarar storma inn den eine, kunne skandinavane flykte ut gjennom den andre, teoretisk. Men dei hadde tenkt å forsvare seg. Dei laga tjukke eike-skoddar for den nedre halvdelen av vindaugo, og i skoddane laga dei hol som var store nok til at eit gevær kunne rettast i mest alle leier frå dei. På sørveggen laga dei køyar i to høgder, og ved kvar køy var det liknande hol i vegg. Kvar mann sov sjølvstilt med geværet like ved, klar til kamp.

Midt i det store romet var eit langt heimelaga bord, med plankebenker på begge sidene. Koking måtte kvar greie for seg. Dei hadde ein kakkelomn som alle brukte. Seinare, då huslydane flytte frå koloni-huset til sine eigne heimar på farmane, kjøpte O. Strom omnen, som gjorde teneste i lang tid der i huset og sidan vart teken vare på av sonen Peter.

Dei to små roma mot nord vart brukte av dei som hadde kone og born. Granstedts, med borna August, Malcolm og Bertina, hadde det eine av dei. Då kona til O. Strom kom noko seinare med sønene sine, vart det hengt opp eit forheng i den sør-austlege hyrna av hovudromet; innanfor forhenget var «leiligheten» deira.

Koloni-huset vart fullført så dei kunne flytte inn julaften 1868. I mange år etter at settlarane hadde fått sine eigne heimar, gjorde koloni-huset teneste som ein trygg stad når det var bråk med indianarane. Når ryktet kom om at indianarar nærma seg New Scandinavia, som settlementet heitte, reid ein mann rundt til farmarane og varsla, kolonihuset vart fylt av menn, kvinner og born, og snart var eikeskoddane på plass og i kvart hol ei geværpipe.

Indianarane var ein konstant fare, og ingen mann åt, sov eller arbeidde utan å ha geværet tett ved. Geværa dei hadde, var dei

ikkje nøgde med, heller ikkje med regjeringa. Regjeringsagentar hadde lokka mange til å utvandre til Amerika for å få slike «grenseland» som New Scandinavia koloniserte. Emigrantane hadde trudd på alle lovorda og kom med dårleg utstyr og utan å vite om farane. Såleis hadde Ole Johan og kameratane hans gamle Springfield-gevær, medan indianarane hadde fått tak i moderne Spencerkarabinar. Men regjeringa skaffa korkje soldatar til å verje kolonistane, eller gevær så dei kunne forsvare seg sjølve. Til slutt sende settlarane ein mann til Fort Riley med søknad om betre gevær. Han kom tilbake med ein lovnad, og snart etter kom ei lang, tung kasse, altfor lang til å passe til Spencer-karabinar. Men Ole Johan og kameratane hans tenkte at det ekstra romet var fylt med ammunisjon. Skandinaviske språk, og ikkje minst svensk, er kjende for å vere mellom dei beste «to let steam off», som amerikanarane kallar det, og det må ha vore måneljost rundt kolonihuset då kassa vart opna og der berre var same slag gamle børser som dei hadde før.

Pawnee-indianarar heldt til nokre få miles lenger nord og meinte at dalen var deira. Men i 1870 forlet dei likevel området aust for Republican-elva. Om våren 1869 fekk dalen det årlege besøket av Cheyenne- og Arrapahoes-indianarar, som slo seg ned nokre få miles frå New Scandinavia. Settlarane sette ut vakt på ein haug, og ein dag såg det ut til at indianarane drog sin veg. Dagen etter, den 5. juni, vart Malcolm Granstedt, bror til Gustav som vart gift med ei sykkylvgjente, send med nokre hestar ca. 800 meter frå byen. Han hadde stoppa og stod og såg på hestane som beitte, då med eitt to ridande indianarar kom hujande og hylande ned ei kleiv aust for byen, jaga hestane vekk og skaut etter Malcolm, som fall og såg ut til å vere død. Men medan dei jaga hestane vestover, reiste Malcolm seg og gjekk vaklande mot heimen sin og ropte for kvart steg: «Mamma, hjelp meg!» Ein av indianarane snudde og reid tett bort til guten og skaut. Malcolm låg still, og ropte ikkje på mor si meir.

Etter dette heldt dei stadig vakt, og ein mann vart send til Fort Riley for å be om at ein tropp soldatar måtte stasjonera ved settlementet. Eit kompani kom og noko seinare og vart der eit par månader.

Settlarane var ute for indianarar fleire gonger i denne tida. A. L. Andreas fortel om slike hendingar i «History of Kansas». Sume tider kunne det vere falsk alarm; men det kunne dei ikkje vite, og kolonihuset vart fylt att, der dei kunne halde til i dagar og netter, ferdige til kamp.

I 1870 og 1871 vart trafikken vestover livlegare, og det vart tryggare for settlarane.

Det var i august 1870 Ole Johan og huslyden hans kunne flytte inn i sin eigen heim på homesteadet.

Den tida var det rikt dyreliv der i kring. Ville kalkunar var der over alt, og store flokkar ville ender, gress og prærihoner. Bøffelflokkar gjekk på slettene i vest. Ein dag Ole Johan Strom, Frantz Granstedt og ein til var på bøffeljakt, kom dei heimatt med 13 bøflar. Der var ei mengd hjortar og antilopar, og i elva myldra det av fisk. Og til stor moro for smågutar var der hundrevis av slanger å drepe. Malcolm Granstedt og kameraten hans kom ein dag heim med 70 slike «skalpar».

Sukker og kaffe kunne det vere lite av. Då brukte dei kornkaffe, laga av mais eller rug som vart brend og malen i kaffekvern eller mellom to flate steinar. Eit prærigras som dei kalla «shoe-string» (skoreim) brukte mange som surrogat både for te og tobakk.

Petronelle, kona til Ole Johan Strom, vart kjend, i allfall lokalt, som den som prova at det var lygn at indianarar ikkje har sans for humor og aldri smiler eller lær. Seks indianarar kom inn til Strom ein gong og gjorde det tydeleg at dei gjerne ville ha mat. Ole Johan forsikra dei at der var ikkje matså i huset. «Høh,» sa indianarhovdingen, «kvit mann ikkje leve utan mat.» Og med det gjekk han i gang og ransaka huset og fann til slutt ei kiste som var halvfull av maismjøl. Då dei hadde sett til livs ei utruleg mengd mais-posteiar, oppdaga hovdingen ei krukke med Limburger-ost, sa at den ville han ha, og under protest frå Strom og kona tok han eit stort stykke på ein kniv og åt. Han må ha trudd at han vart forgifta, slik som han trampa, spytta, hylte og vreid seg og mest reiv huset ned, medan dei fem andre indianarane vreid seg av lått.

Maten var enkel og heimelaga, og det same var kleda. Mjøl-

sekker vart nytta til barneklede og underty, og vart vikla rundt beina for å gjere teneste som sokkar. Treskor hadde dei med heimanfrå. Dei dyrka lin og spann; ein rokk høyrde med til utstyret. Til ljøs brukte dei heimelaga kjerteljos, berre ved høgtidene vart kololjelampen teken fram, pussa og tend, med ein raud veik for å gjere det meir festleg. Til jul laga dei «kakemannar» med sukker på, og nyårskvelden brukte dei gjerne risgraut med sukker og kanel. Då pynta dei og juletre, eit slag hyll dei fann nede ved bekken. Etter at dei fyrste vanskelege åra var over, tok dei til å feire 4. juli.

Ja, hardt var det denne fyrste tida, men spør ein gamle pionerar som opplevde noko av dette, seier dei gjerne: «Å, vi hadde det likså bra då, om ikkje betre.»

I påskehelga 1873 reiste Ole Johan Strom og kona på vitjing til kjenningar i Washington county. Dei to sønene Oluf og Pete som då var 15 og 12 år gamle, var heime åleine i lag med ein kamerat. Då kom det ein fæl snøstorm («blizzard»). Foreldra hadde åtvara dei mot indianarar og framande, og dei var fyrebudde på det verste då dei høyrde at nokon gjekk rundt huset. Så banka det på døra. «Gå vekk!» ropte Oluf og skolv i målet. «Eg har gevær og skyt!» «Vi frys i hel her», svara det utanfor. Men Oluf var hard som flint og nekta å opne døra. «Men for Guds skuld slepp inn den vesle broren min, eg er redd han held på å døy.» Endeleg var gutane visse på at det ikkje var farlege folk, og lét opp for den framande og den vesle broren hans, som var trøyelaus og berrføtt. Men utan den hjelpa dei fekk av den framande, seier Pete Strom, ville dei ikkje ha overlevd snøstormen. Mannen fekk tak i ved og heldt varmen brennande dag og natt. August Granstedt, som hadde lova å halde eit auge med gutane, hadde gått på friing i Scandia, der han «snødde inne.» Dette var året før Karoline, som vart kona hans, utvandra frå Sykkylven.

Den 26. juli 1874 kom ein sverm av grashoppar så tjukk at sola vart mest borte. Dei slukte alt, tobakken, maisåkrane, og jamvel lakena som vart kasta over grønsakene for å verne dei. Mange flytte frå Kansas det året. Dei hadde overlevd å verte «skremde ut» og «snødd ut», men å verte «etne ut» var litt for mykje.

Strøm-huslyden vart der, og opplevde ein annan grashopp - sverm to år etter. Dei opplevde og den store flaumen i 1881.

Ole Strom døydde julaftan 1917, og Petronelle døydde i 1921.^x

VI. KORLEIS VAR UTVANDRARANE RUSTA TIL

LIVET I FRAMANDT LAND ? [TILINNHALD](#)

I tida fram til fyrste verdskrig var det ikkje lett for sykkylvingane å koste skule på borna sine. Og dei få som fekk høgare skuleutdanning, vart gjerne verande i landet. Dei fleste utvandrarane hadde difor berre folkeskule-kunnskapane å greie seg med. Nokre hadde framhaldskule, 5—6 hadde mellomskule, 3—4 lærarskule, 5—6 studenteksamen; ein var stud. med., ein cand. jur., og to var ingeniørar.

Av dei som gjekk meir skule i Amerika, kan ein nemne desse: Peter J. Blindheim vart elektroingeniør, Jakob Drabløs tok gruveingeniørreksamen, Sivert Drabløs lærde apotekarfaget, Jens Grevstad vart prest i Den Norske Synode, Peter H. Jarnes vart adventistprest, Jens J. Riksheim tok B. A.-graden i sosialøkonomi, Peter J. Riksheim vart arkitekt, og Andreas B. Strømmegjerde vart professor i elektroteknikk.

Men bokleg lærdom var ikkje det viktigaste for ein emigrant. Tidt og ofte vart «kontoristar og seminaristar» åtvara mot utvandring. Det var nevenyttige, kraftige arbeidsfolk som hadde dei beste sjansane i det nye landet. Og slike hadde Sykkylven mange av.

I tida med den største utvandringa var der stort sett berre ei «klasse» i Sykkylven. Dei var alle bondefolk, fødde og oppvaksne på ein plass eller ein gard. Der lærde dei alt det som i dei dagar skulle til for å drive ein gard. Men det var og vanleg at unggutane lærde eit handverk, serleg trearbeid. Bygningsmenn frå Sykkylven sette opp alle husa i bygda, og sume av dei hadde stødt nokre læregutar. Andre slag handverkarar hadde bygda 6g. Men sume av utvandrarane hadde vore utanbygds i lære.

¹ Kjelder: Brev frå familien Strom. «The Scandia Journal», jubileumsnr. 31/7 1938, der alt om Strom-familien visstnok er skrive av Pete Strom. Om etterkomarar til Ole og Petronelle, sjå den biografiske delen, nr. 855.

Kring 75 av utvandrarane var snikkarar og bygningsmenn. Men omfram desse hadde mange vore med på husbygging og forstod seg på litt av kvart i det yrket. Minst 25 var skreddarar eller syersker, og mange var skomakarar, smedar eller målarar. Elles finn ein m. a. elektrikarar, fabrikkarbeidarar av ymse slag, butikk - folk, sjøfolk (A. B. seamen), stuartar, maskinistar og agronomar. Og to var hønsegjætarar! Det var skøyaren Oluf Kjemphol (Svård) som gav opp det yrket på emigrantkontoret for seg og Syver Drabløs.

Men dei hadde med seg anna enn fagkunnskapen. Dette sa Nikolai Grevstad slik: «Deres udstyr kjender vi: en liden kiste og to tomme hender. Og dog havde de en arv, som var bedre end guld: Guds frygt, en seig vilje og sterke arme, en sund moralsk og borgerlig oplysning, hæderlighed og god uddannelse i frihedens skole; agtelse for lov og ret. Dette er en overmaade værdifuld kapital, især i dette nye landet med de mange muligheder.¹

Vestlandsnaturen, klimaet og kampen mot naturkreftene hadde gjennom generasjonar skapt eit hardført og arbeidsamt folk, som *måtte* greie seg i konkurransen med andre, skriv Agnes M. Wergeland om vestlendingane, og legg til at naturen og skapte eit folk med mot og alvor, men samstundes med fantasi og salt humor.²

Denne karakteristikken høver bra på sykkylvingane. Frå tidlege barneår var dei opplærde til nøgsemd og hardt arbeid. Dei voks opp i ei bygd med skiftande natur, og i det frie livet på fjell og på fjord i oppveksten fekk dei styrken og helsa. I heimen og bygdemiljøet fekk dei handlaget og det praktiske skynet. Av slikt folk kom sykkylvsemigrantane, og var godt budde til å greie seg i ein kamp for tilværet, der den einskilde nådeløst måtte hjelpe seg sjølv. Berre dei som reiste i altfor ung alder var mindre godt rusta til å møte slitet og farane i skogen, i gruvene og på havet.

¹ Frå festtale i Chicago i 1905. ² «Leaders in Norway and other Essays, 23 ff, Menosha, Wis. 1916. Sitert etter Theodore C. Blegen: Norwegian Migration to America, s. 10—11. Northfield, Minn. 1931.

VII. YRKE I AMERIKA [Til INNHALD](#)

Amerika vart aldri det som spaniarane trudde det var, eit slaraffenland for eventyrarar. Meir enn noko anna vart det eit «arbeidets land». Sykkylvingane var ikkje redde for å ta i, og dei var vane med lang arbeidsdag. Men tempoet var vel oftast eit anna enn heime. «Man lever i en stadig panik der over, man gaar ikke, man springer, man spiser ikke, man sluger. Guldtørsten har grebet dem alle.... Herhjemme skal man gjøre arbeidet forsiktig og vel. Det har man ikke tid til i Amerika. Mest mulig på kortest mulig tid. Haandverkere maa lære at glemme sin tidligere arbeidsmetode.»¹ «Aa hvor de høvles før de faar ind i sig at det maa gaa med maskinfart.»² Kanskje sykkylvingen som var heime på besøk, fekk sagt det best. Faren spurde om det var hardt arbeid i Amerika, og sonen svara: «Arbeid? Dei hadde noko som dei kalla «work», som var mykje verre enn arbeid!»

Ser ein på utvandringa frå Sykkylven med omsyn til yrke i Amerika, vil ein finne at dei ymse periodar har sine serdrag. Den typiske utvandrararen før 1890 vart farmar eller farmarbeidar i Midtvesten. I 1890-åra vart han sagbruksarbeidar i California og reiste seinare på gullgraving i Alaska. I neste 10-året var han skogsarbeidar i Polson-campene i Washington, og tok så ein tur til gullfelte i Alaska. Det var og vanleg å kome heim før fyrste verdskrig, og så ta eit nytt, kortare opphald i Polson i 1920-åra. Dei som utvandra etter 1920, vart gjerne fyrst skogsarbeidarar i Polson, og gjekk så etter kvart over til andre yrke, serleg fiske, med bustad i Washington eller Alaska.

Men heile tida var det ein og annan som ikkje fylgde den store straumen.

Det er uråd å gi nokon statistikk over korleis utvandrarane fordeler seg på dei ymse yrka. Ein og same utvandrar an prøvde seg ofte på mange slag arbeid, gjekk frå det eine yrket til det andre etter som sjansane baud seg. Mange hugsar knapt sjølve alle jobbane dei har hatt.

Av utvandrarane i fyrre hundreåret arbeidde kring 50, eller

¹ Aalesunds Handels- & Sjøfartstidende 12/9 1888. • Søndmørsposten 6/6 1902.

om lag fjerdeparten av alle, som farmarar eller farmarbeidarar. Dei som kjem nest i tal, er gullgravarar, jernbanearbeidarar og bygningsmenn, til saman kring 50. Elles vart ein av desse tidlege utvandrarane prest, ein redaktør, ein doktor, ein apotekar, ein landhandlar, ein hotelleigar, tre politifolk og ein fiskar! Andre yrke er representerte med små tal.

Av dei som utvandra frå og med 1900 til og med 1914, arbeidde minst 160 i skogen, 75 var gruvearbeidarar, 60 snikkarar eller bygningsmenn, 50 farmarar eller farmarbeidarar, 40 fiskarar eller cannery-arbeidarar, 35 sagbruksarbeidarar, vel 20 jernbanearbeidarar, og ein og annan dreiv andre yrke.

Av utvandrarane frå og med 1915 dreiv om lag 110 fiske eller arbeidde i fiskeindustrien, 105 arbeidde i skogen, 40 på trearbeid, 20 med farming, 15 på sagbruk, og nokre få på jernbane og i andre yrke.

I alt finn ein då at kring 265 har vore skogsarbeidarar, 150 har vore fiskarar eller cannery-arbeidarar, 120 på farm, 115 på trearbeid, 110 i gruve, 50 på sagbruk og 40 på jernbanearbeid. Desse tala grip over i kvarandre, sidan ein og same utvandrarane var innom fleire yrke, så dei gir berre ei aning om kva slag arbeid sykkylvutvandrarane helst dreiv.

1. Farming og farmarbeid.

Frå gammalt av hadde sykkylvingane respekt for den som åtte jord. I generasjonar hadde leiglendingen sett opp til jordeigaren, og jordataus og jordagut var dei beste gifte. På denne bakgrunnen skulle ein tru at den frie jorda i Amerika måtte verke sterkt lokkande på sykkylvingane. Slik var det vel og. Fleire av dei tidlegaste utvandrarane vart farmarar, dei fleste i Minnesota og California, men og i Kansas, Nebraska, Wisconsin, Iowa, S. & N. Dakota, Montana, Washington, Oregon, Canada, og i Natal.

Men storparten arbeidde på farmane til andre. Når få tok jord sjølve, hadde det fleire grunnar. Dei fleste emigrerte så seint at den beste frie jorda alt var teken. Og om jorda enno var billeg, skulle der meir kontantar til for å kome skikkeleg i gang, enn dei fleste kunne spare i hop på rimeleg tid. Mekaniseringa i farminga var alt komen langt, og maskinar var dyre. Men ein vik-

tig grunn er det sikkert og at så mange tenkte seg heimatt for godt, mange fleire enn dei som verkeleg *kom* heimatt. Vanskane var elles mange og store. Starten var ofte så slitsam at sume snart gav opp. Og mange av dei som heldt ut, måtte streve hardt og gå gjennom prøvingar av ymse slag. Grashoppsvermar, turke, flaum eller haglstormar kunne øydeleggje alt. I krisetider kunne det vere uråd å få selje avlinga. Men mange heldt ut, og resultata kom etter kvart. Farmaren hadde noko å sjå fram til. Han kunne ha von om å kunne gi borna god utdanning, og lettare kår enn han hadde sjølv.

I den siste mannsalderen har farmarane i Amerika fått same problema å stri med som jordbrukarane heime. Skort på arbeids-hjelp tvingar huslyden til å greie alt sjølv. Sønene vil ikkje ta farmen som fedrane har rudt med så mykje sveitte, men fêr inn til byane. Farmen kan likevel drivast med lita arbeidshjelp og mange maskinar, og enno er der mange sykkylvingar både av fyrste og andre generasjon som driv eiga jord i Amerika.

Nokre har funne at det løynte seg å betale høge prisar for jord som t. d. hovde til frukt- og blomsterdyrking, såleis i Washington og California. Fruktslag som fersken, som ein berre ser hermetiske i Sykkylven, og avocados, som ein berre har høyrte om heime og som enno ikkje har fått norsk namn, har gitt gode inntekter til sykkylvsamerikanarar. Om lønsemda av kornfarming fortel ein farmar i Minnesota at bruttoinntekta på 120 acres¹ i 1950 kunne vere kring 5000 dollars.

Så seint som i 1910 skreiv red. Grevstad i ei avis heime at det er som farmarar utvandrarane bør prøve seg. Bylivet høver ikkje for dei, meiner han, der vert det berre frå hand til munn. Men han gjer merksam på at dei no må lenger vest for å få land, heilt til Montana, og heller ikkje der får dei det gratis. Men jamvel i siste mannsalder har sykkylvingar teke homestead i USA eller Canada. Olave Hjelle fortel at då dei skulle ta homestead i British Columbia, vart det sett ein dato då jordstykket skulle avhendast. Det vart kø utanfor kontoret, for den som kom fyrst inn, fekk fyrste valet. Olave og mannen kom inn som nr. 7, etter 7 dagar og 7 netter i køen.

¹ 1 acre — ca. 4047 in².

Sume tok homestead som dei hadde ei tid, og så gjekk dei over til andre yrke. Andre reiste heim for godt, og kvitta seg med jordstykket då. Det var vel heller ikkje så lett å sjå alle sjansar jordbruket kunne by, og sjansane var heller ikkje dei same til kvar tid. Den som no driv den fyrste sykkylvsfarmen i Amerika, farmen som Ole Strom dreiv i Kansas frå 1869, har selt krøter og mykje jord, og gjer stor forretning på dyrking av vassmelonar.

Når dei fleste farmarbeidarane gjekk over til andre yrke, kom det av at betalinga var for dårleg. Fram til hundreårsskiftet, ja endå lenger, hende det at ein farmarbeidar i vintermånadene måtte arbeide frå kl. 4 om morgonen til 9 om kvelden for 5—10 dollars for månaden. Elles var vanleg løn om sumaren i den tida frå 15 til 30 dlr. månaden. Vinterarbeidet var mest pløying og stell av krøter. Men dei fleste tok anna arbeid om vinteren, og mange var berre med på trusking og innhaustingsarbeid, då ein kunne tene frå 2 ½ til 3 ½ dlr. for dagen. Det var berre i eit par haustmånader farmarane betalte så godt at dei kunne konkurrere med andre yrke om arbeidskrafta.

Tresking var eit arbeid sykkylvingane likte. Då kom dei gjerne saman med andre skandinavar, og dei fekk reise frå stad til stad. Serleg var mange med på tresking i Dakota, og fleire har fortalt om dette i Amerikabrev. I 1904 skriv ein: «De skjærer ikke med sigd her; men med maskiner med 6—8—10 hester for. Maskinen binder kornet med en tykk tråd og legger nekene på bakken i rader. Så er der 3 mann efter hver maskin, som setter 8 nek sammen i rauk Slik står det til det blir tørt nok til at treskes. De har dampmaskin til at dra treskemaskinen som er omtrent 30 fot lang, 10 fot bred og 12 fot høy og står på 4 hjul. De tresker ute paa åkeren. Naar kornet har gaat gjennom maskinen er det baade tresket, drøftet og renset og lesset paa store vogner ferdig til at kjøre til byen. Halmen brender de.» Ein annan fortel at det var eit selskap som åtte treskjeverket, som reiste frå stad til stad og treska for farmarane, gjerne eit par dagar hos kvar. Dei flytte som regel om natta. Arbeidarane låg då i teltvogn. Det var gjerne 12 mann ved kvart treskjeverk. 4 mann på kvar side kasta med høygaffel kornet inn i treskjeverket, som

hadde automatisk vekt som ringde for kvar 10 bushels.¹ Kornet vart køyrt til næraste jernbanestasjon og sendt til mylne.

Av dei som emigrerte etter fyrste verdskrig, var det få som vart farmarbeidarar, og dei fleste gjekk over til andre yrke etter ei tid.

2. Gullgraving.

Ikkje mange sykkylvingar arbeidde i gruver heile tida, men svært mange var innom dette yrket i kortare eller lenger tid. Alt før Klondike vart gull-landet, var sykkylvingar i gullminer i Nevada City og Delay i California, og Lars Peter Fauske var i Yukon så tidleg som 1892. Etter kvart kom store flokkar av sykkylvingar til Klondike og Fairbanks. I Alaska var der sidan sykkylvingar både i Nome og i Juneau, og i USA i gruvebyane Silverton og Leadville i Colorado og i Butte, Montana. Serleg i Colorado var det sume sykkylvingar som ikkje tolde den tynne lyfta. Dei fekk ei kribling i kroppen, nasebløding, pustevanskar, eller dei gjekk stødt og ville sove. Andre tolde klimaet betre og var der i årevis.

Andreas Solberg var i Klondike-distriktet på gjennomreise i 1895, men tenkte ikkje å prøve etter gull der. Tre månader seinare møtte han ein skotte som var på veg til Klondike. Skotten var gift med ei indianargjente, som kanskje kjende til kvar gull var å finne, og han fann gull. Snart vart det kjent, og gullrushet tok til.

Dei fleste sykkylvingane som fyrst reiste til Klondike, budde anten i California eller i Washington då rykta om gullfunna i Klondike kom dit og fekk dei til å reise den lange vegen for å prøve lukka.

Det skulle ein bra sum pengar til for å kome seg frå California til Klondike. Mange brukte sine siste slantar til den turen. Skildringar av dei eventyrlege og farlege ferdene inn til gull-landet er velkjende. Men turen kunne arte seg så ymse. Det var to hovudruter ein kunne ta til Dawson City, sentret i Klondike-strøket. Det var sjøvegen til munninga av Yukon, og så opp elva med elvebåt. Eller ein kunne ta den no så velkjende ruta over land,

¹ 1 bushel = 27,22 kg.

anten over Skagway og White Pass, eller over Dyea og Chilkoot Pass til sjøane Lindeman og Bennett, og så med småbåt nedover Yukon-elva.

Pete Iversen (Hjorthol) er ein av dei best kjende Klondike-fararar frå Sykkylven. I 1951 vitja eg han i heimen hans i Puyallup, der han fortalde om den fyrste turen sin til Klondike.

Det var i august 1897 han reiste med båt frå San Francisco til Dyea, ein stad nær Skagway. I lag med han var Karl Berntsen Velle, O. B. Nilsen, Kristen Høgset og Karl Hole. Fyrst var det å få proviant og annan bagasje over til Bennett-sjøen. Dei hadde meir enn dei kunne få med seg med ein gong, så dei måtte bere det dei kunne eit stykke og så gå attende etter resten. Slik måtte dei «duble tilbake» heile vegen til Bennett-sjøen, og brukte 5 veker dit. Der fekk dei seg båt, som dei måtte drage mellom to sjør før dei kom til Canyon. Her var fossestryk og svart berg, og dei for nedover med ein fart av ei halv engelsk mil i minuttet. Båten var halvfull av vatn då dei landa. Så kjøpte dei ein annan båt for 20 dollars og brukte den gjennom White Horse. Her stod livet på spel i dei farlege stryka. Men dei kom velberga fram til Lake Bar, Thirty Mile River. Der overnatta dei på ei lita øy, og neste morgon tok dei fatt på turen nedover Yukon-elva. Kvar kveld gjekk dei i land. Sume tider sette dei opp telt, men det hende at dei kutta risved som dei låg på under open himmel. Dei stod opp kvar morgon klokka 6 og kokte havregraut til frukost. Elles gjekk det mykje på skinke. Turen var no makeleg, dei dreiv for det meste, berre av og til måtte dei ro. Ein av desse dagane hadde Pete fødselsdag, og dei skaut ei rype, som Karl Berntsen Velle laga i stand og delte på dei 8 i laget! Det var fødselsdagsselskapet, og einaste ferske kjøtet dei smakte på to månader. Dei kom fram til ein stad dei kalla Louse Town, på den andre sida av Dawson, den 28. september 1897. Tre dagar seinare var det is på elva.

Dette vart ei av dei vanlegaste rutene for sykkylvingane. Før jernbanen frå Scagway til White Horse kom, var det mange som hadde slitsame turar med trekkhundar, muldyr eller gamle øyker og med sledar dei hadde laga sjølve. Andre brukte skikjelkar og seg sjølve som «trekkdyr». Frå 1898 av kunne ein kjøpe mykje utstyr i White Horse, slikt som kolonialvarer, ullteppe, mokka-

sinar, pelsjakker, skinnluer med naseklut, og våpen. — Men frå White Horse måtte ein framleis bruke småbåtar nedover Yukon-elva. Der var mange farlege stryk, serleg «Five Fingers», der 5 fjellspissar stakk opp av vatnet, og det galdt å velje rette kanalen. Men her syntet det seg at sykkyllvingane, som var båtvande alle som ein, var mellom dei som greidde seg best. Mange andre kunne

ikkje handsome ein båt, og drukna. På denne turen lurde elles andre farar. Dei måtte overnatte ute for det meste, då var det snøstorm som var største faren, og så ulven.

Ikkje alle tok denne ruta. I 1898 var såleis Karl Tynes og Karl O. Blindheim med på ein tur opp Yukon-elva til Dawson, dit dei etter mange hindringar kom fram 3 månader etter at dei reiste frå San Francisco.⁵

I 1896—97 var der ingen gruveselkap i Klondikedistriktet. Det var gjerne eit par mann i lag, og metodane var primitive. Fyrst fann dei gullet i elvesanden. Dei laga ein maskin sjølv som dei kalla «rakar», fortalde Andreas Solberg, til å skilje ut gullstøvet. Dei auste sanden opp i eit kar, sette vatn på, og gullet vart liggjande att på eit ullteppe som dei så riste ned i eit trog. Derifrå sank dei gullet ved hjelp av kvikksylv. Så brende dei kvikksylvblandinga på en blikkmole e. likn.; kvikksylvet spratt vekk, og gullet låg att i ein klump. Denne metoden vart kalla «scum digging».

Snart etter måtte meir rasjonelle metodar til. Dei måtte grave djupt etter gullet. For det fann dei serleg på fjellgrunnen, «the bedrock», og denne kunne liggje djupt. Karl O. Blindheim fortalde at han var med på å grave 40 fot ned med handemakt. Dei brukte stige og kjerteljos. Grusen heiste dei opp på jorda. Der måtte dei ta han att med handemakt og ha han opp på eit bord, der andre stod og slo han opp i ei 12 fot lang renne der gullet vart vaska ut.-

Jorda var hardfrosen og måtte tinast opp før dei kunne kome nokon veg. Om dette fortel Karl P. Velle: Før 1898 tina dei jorda på den måten at dei stabla opp store dungar med ved og sette fyr på. Så auste dei vekk jorda som tina, la ned ny ved og sette

⁵ Sjå G. Kjølås: *Gull*, der det og vert fortalt om turen til Pete Iversen og turane til Karl Ramstad.

fyr på. På den måten kom dei 3—4 fot ned i kvar vende. Laga i jorda kunne vere så ymse. Dei kunne t. d. kome ned til grusen etter 10 fot, og etter nye 10 fot kunne dei nå «bedrock», som var målet. Det var der dei venta å finne og sume tider fann gullet. Men ofte låg «bedrock» mykje djupare. Oppe på kanten stod ein mann og sveiva opp grusen. Og etter som våren nærma seg, vart grushaugen større og større. Om våren veita dei så vatn, ofte lange vegar, ned til grusdungen og førde det inn i trerenner med tverliggj ande lister. Så auste dei sanden opp i rennene og sette høveleg med vatn på. Sanden for, og det store spørsmålet var om noko gull låg att eller ikkje.

I staden for brisingar gjekk dei snart over til å bruke dampkjelar. Då leidde dei dampen ned i jorda i ½ toms røyr.

Om gullgravar-arbeidet kring 1902 fortel Knut Hjorthol at dei kunne finne gullet på 9 meters djupn og ikkje trong grave til «bedrock». Dei arbeidde seg så innover til alle kantar i frosen jord. Det var fare for at jorda skulle rase i hop, så dei måtte bruke stytter. Dei heiste jorda opp med damp. På denne tida grov dei heile året, medan dei før grov berre om vinteren og vaska ut om sumaren. Dei brukte magnet til å rense ut jernet med. Men det var om lag reint gull dei fann. Gullet samla dei i sekker på 10000 dollars. Det kunne brukast som pengar etter ein kurs av 17 dollars pr. ounce.¹

I gruvene ved Gold Run var mange sykkylvingar i fyrste desenniet av dette hundreåret. Om gruvearbeidet der fortel Ole O. Grebstad at dei hadde ei mast på 60 fot nede frå gruva, og på denne masta gjekk det heis. Jorda vart tippa av når ho kom opp i dagen. Det vart store pyramidar av jord som måtte tinast opp att. Oppe var ingeniøren som styrde med maskinen, som vart fyrt med ved. Der var nokre mann til, men dei fleste arbeidde under jorda. Der nede var det varmt om formiddagen fordi dei tina med damp, men kaldt om ettermiddagen. Det var svært travelt, og dei arbeidde i 10 timar. Det var ikkje noko for svakhelsa folk. Stadig var det nokre som reiste eller som kom i denne tida. Nokre var snare, dei stod ikkje i det harde arbeidet. Dei var så trøytte om kvelden at dei ikkje orka å vaske seg. Dei fleste sel-

¹ Kring 30 gram.

skapa arbeidde om sundagen og. Då tok sykkylvingane seg ofte fri når dei arbeidde på prosent. I julehelga hadde dei fri i tre dagar. Då gjekk dei frå hytte til hytte på besøk, og sengekantar og tomkasser måtte tene som stolar. Men høgtid kunne det verte ved slike høve.¹

Dei som kom til Klondike dei to fyrste åra, kunne stikke ut sin eigen claim, og sume var heldige. Pete Iversen, O. B. Nilsen og andre var tidleg ute og gjorde det godt. Pete Iversen, som hadde eigen claim, fortel at dei sette ein pinne, ein såkalla «initial stick», midt på claimen, og der stod alt om den. Så måtte ein ha papiret tinglyst. Ville ein ha meir enn ein claim, måtte ein kjøpe. For claimen måtte det betalast lisens kvart år, og ein måtte byggje tømmerhytte.

Nokre andre sykkylvingar slo seg saman og leigde ei gruve og fekk 75 % av utbyttet, og ein og annan åtte part i gruve ei tid. Men det store fleirtalet arbeidde for andre. Dei slo feberen frå seg, som det heitte. Etter kvart som Dawson-byen voks, kunne ein sjølv sagt få seg anna arbeid enn gruve-arbeid og. Sykkylvingar var såleis med på å byggje jernbane frå Dawson, og *ein* tente 1000 dollars med eit halvt års vedhogging.

Fyrst var daglønene svært høge, men dei gjekk ned etter kvart som gullgravartalet voks og gullet minka. Fyrste året kunne ein arbeidar tene 15 dollars dagen, men alt i 1898 var 4—6 dollars og kosten det vanlege. På det nivået heldt lønene seg nokolunde konstant i mange år. Dette var likevel høge løner samanlikna med det ein ulærd arbeidar tente i Statane i den tida. Men så var det dyrt å leve i Klondike, serleg fyrste åra. I 1898 kosta ei stor potet ein dollar, og eit brød 75 cents. Men om alt var dyrt, la dei fleste seg opp pengar. Då Peter Fedt kom til St. Paul's House i Tacoma for å få hotellrom, var der fullt av gullgravarar frå Klondike. «Og de får først og fremst plads, for de er ikke nøie med en daler.» (1904).

Den fyrste tida budde gullgravarane i telt, gjerne fire i kvart. Snart vart det mange som bygde tømmerhytter (cabins). Ei slik hadde Jens Strøm (Fedt). Ho vart kalla «Skandinavian», og der tok han gjerne inn så mange sykkylvingar som det var plass til.

¹ Sjå J. Weiberg Aurdal i Smp. 17/2 1906.

Ved sida av hadde Lars Peter Fauske ei liknande. Dei heldt verste kulden ute, men det hende at sengkleda fraus fast i veggjen om natta. Til lampe brukte dei fyrst kole, med lyse som dei brende av pinnsvin- eller bjørnefeitt. Seinare brukte dei stearinlys. Det måtte i det heile verte eit noko primitivt liv, men det fekk noko av eventyrglansen over seg.

Ein bør vel nemne dei som var med på denne leiken, dei som var med i «The Brotherhood of Men Who Know the North».¹ Dei fleste var der i fyrste 10-året av dette hundreåret. Der kan ha vore fleire, men desse veit ein om som Klondike-fararar:

Andreas A. Aurdal, Ole A. ib., Karl K. ib., Johan P. ib., Nils P. ib., Peter Karl P. ib., Knut A. Aure, Johan P. ib., Ole P. ib., Lars S. Grebstad (Aure), Edvard Nyborg (Aure), Karl O. Blindheim, Lars O. ib., Andreas Solberg (Brudevoll), Syver Drabløs, Peter Langlo (Eidem), Lars Peter Fauske, Jens P. Fedt, Peter K. Gjævenes (Grebstadgjerde), Karl B. Grebstad, Ole B. ib., Jens K. ib., Lars K. ib., Ole O. ib., Ole B. Haugset, Ole L. ib., Kristen M. ib., Ludvig S. Hjelle, Peter B. Hjorthol, Knut I. ib., Peter I. ib., Andreas O. ib., Karl L. Hole, Petter L. ib., Johan O. ib., Martinus O. ib., Karl P. ib., Edvard J. Kjemphol, Johannes J. ib., Jakob S. ib., Hans P. Klokkehaug, Nikolai Nakkegjerde, Ole B. ib. (Nilsen), Karl H. Strømmegjerde, Andreas J. Strømsheim, Johan J. Sætre, Carl E. Tandstad, Johan A. Velle, Oluf B. ib., Lars P. ib., Jens J. Vik, og Klaus O. Vik.

Fleire av desse var og i Fairbanks.

Dessutan var kanskje desse, eller sume av dei, i Klondike:

Karl L. Aure, Johan K. Brunstad, Peter K. Gjævenes (Bøen), Andreas K. Grebstad, Karl T. Stave og Jens P. Velle. Desse var alle gullgravarar ei tid, men det er ikkje heilt sikkert kvar dei var.

Mange sykkyllvingar var med på gullgraving i Fairbanks, serleg var der mange der kring 1908—09. Sume reiste dit frå Klondike eller tok den vanlege vegen Scagway—White Horse—Dawson, direkte til Fairbanks. Andre reiste frå vestkysten av Alaska over land, eller opp Yukon-elva med elvebåtane. Lars O. Vik fortel at han reiste over land i 1909 i lag med nokre strandarar

¹ Sitert etter Carl Soyland: Skrift i sand, s. 98.

som kom rett frå Noreg og hadde god forsyning med spekelår og annan proviant og bagasje. Det gjekk over frosne elvar og vatn. over prærie og høge fjell. Ein slik tur tok oftast 2—3 veker, men dei gjorde turen på 11½ dag- Dei overnatta i små stasjonshytter som låg i ein avstand av ca. 30 miles frå kvarandre, og det vart dyrare di lenger inn dei kom. Ein kveld sette dei frå seg sleden med presenning over. Om morgonen låg spekelåra sådd omkring, og det meste av den andre provianten var vekk. Det var nok ulvar som hadde vore på ferde. — Nikolai og Ole Blindheim hadde ein liknande tur, frå nærleiken av Copper Center til Fairbanks, ein tur på 375 miles. Nikolai hadde laga ski og bindingar, og dei gjorde den skituren på 9½ dag, med overnatting på stasjonshus.

I Fairbanks arbeidde mange sykkylyingar for kompaniet Conrad & Jessen, andre for Berry & Hammel, begge på Esther Creek. Dei arbeidde ofte på akkord, elles var vanleg løn 5 dollars for dagarbeid og 6 dollars for nattarbeid.

Her hadde Nikolai Nakkegjerde ei cabin der nykomarar ofte budde. Lars Vik fortel at han budde i ei gamal gullgravarhytte som likna på eit gammalt kvennahus, av runde stokkar, berre tufta, utan tregolv og med torvtak utan never.

Sume sykkylyingar hadde part i mine her og, såleis Peter O. Hole, Lars Hole (Tynes) og Bastian Klokkehaug.

Desse sykkylyingane var i Fairbanks:

Karl K. Aurdal, Knut A. Aure, Karl E. Blindheim, Karl J. ib., Ole O. ib., Nikolai R. ib., Ole R. ib., Ole Brunstad (Rabben), Jakob Drabløs, Olav K. ib., Syver L. ib., Edvard L. Erstad, Laurits Fedt, Iver P. ib. (Strøm), Peter P. ib., Ole B. Grebstad, Jakob J. ib., Ole S. J. ib., Rikard J. ib., Ole J. Hatlemark, Bastian J. Haugset, Lars Hole (Tynes), Peter O. Hole, Petter Kirkebø, Peter Kjemphol, Bastian Klokkehaug, Lars Peter S. Lyshol, Peter S. ib., Nikolai Nakkegjerde, Karl Ramstad, Karl H. Strømmegjerde, Anton J. ib., Andreas J. Strømsheim, Johan J. Sætre, Lars J. Tusvik, Karl L. Tynes, Amund O. ib., Ole P. ib., Johan A. Velle og Lars O. Vik. Her budde og Jennie Woog (Fedt) eit år, og Anna O. Iversen (Tynes) budde der lenge saman med mannen sin.

I seinare tid har mange sykkylyingar arbeidd for store gruve-

selskap i Alaska, anten med såkalla «placer mining», som i Nome og Fairbanks, eller med «hard rock mining», som i Juneau. Ved «placer mining» kunne ein kome 120 fot ned, ved «hard rock mining» heilt ned til 800 fot under havflata. Her kan eg ikkje gå nærare inn på å skildre arbeidet. Alt er mekanisert, og arbeidet er mindre farleg enn før på mange måtar. Men det såkalla «caving-systemet», der dei bryt ut hundrevis av tonn i gongen, t. d. i det store Alaska Juneau Gold Mining Co., kan vere farleg nok. Denne farlege utmininga går mest for seg som kontraktarbeid, medan dagpengar elles er det vanlege.

Når så mange sykkylvingar vart gullgravarar i Alaska og i Yukon-distriktet i Canada, heng det vel noko saman med at dei fyrste var heldige. Men dette livet høvde vel og med folkelynnnet til sunnmøringane. Eventyrlysta, like mykje som gullfeberen, dreiv dei til Klondike; og dei lét seg ikkje skræme av strabasane, men likte sjansepreget og spaninga i det dei var med på.

3. Skogsarbeid.

Det er vanskeleg å finne noka avgjerande årsak til at skogsarbeid vart det yrket som fanga inn flest sykkylvingar i Amerika. Hadde det endå vore i skogane i Midtvesten dei fleste arbeidde, kunne ein tenkje seg at dei hamna der fordi dei ikkje kom lenger vest, til havet. Men det var nettopp ved Stillehavskysten dei fleste skogsarbeidarane arbeidde. Den største prosenten av utvandarane måtte ta jobbar for ulærd arbeidskraft, og då var skogsarbeid lenge mellom dei best betalte. Og etter at der i skogscampar i Washington etter kvart vart ein liten sykkylvskoloni, då er det ikkje lenger noko problem kvifor fleire og fleire kom dit.

Der var sunnmøringar på tømmerhogst i Washington så tidleg som i 1889, fortel O. Fjelde i Aalesunds Handels- og Sjøfartstidende. Ein og annan sykkylving var og skogsarbeidar i Amerika før hundreårsskiftet. Ein av dei fortel litt om korleis det gjekk for seg i ein skogscamp i Minnesota i 1899:

Der var 50 mann i campen. Når trea var felte, saga dei stokkane av i lengder frå 12 til 24 fot. Andre hogg ut «vegar» inn til kvart tre så dei kunne kome inn med to hestar («skidding team»). Dei feste så eit tog til stokkane og drog dei på lunnar. Så var der

tre mann med to hestar, som rulla stokkane opp i haugar («decks»). På to samanbundne sledar, 24 fot lange og 14 fot breie, leste dei opp til 300 stokkar i kvart lass. Ein mann med 8 hestar køyrde tømmeret til elva, der det vart fløytt til sagbruket når isen gjekk.

Kring hundreårsskiftet tok dei fyrste sykkylvingane til som skogsarbeidarar i Polson-campane ved Hoquiam i Washington. Polson var etternamnet til to brør som dreiv logging der frå 1890-åra. Den eldste av brørne dreiv fyrst i lag med ein Fairchild, som sidan dreiv sagbruk, og som også hadde sykkylvingar i arbeid. Kring hundreårsskiftet hadde Polson-brørne tre campar, med 50—60 mann i kvar. Polson åtte berre litt av skogen dei arbeidde i, men tok elles på seg å hogge og få tømmeret fram til fløytings - elvane (seinare vart det biltransport).

Dei fyrste sykkylvingane i Polson var Karl J. Riksheim (Tørnmesg.) og Peter O. Tandstad, meiner Peter Strøm, som sjølv var ein av dei fyrste. Før den tid var det mest finnar og «dagoer» som arbeidde der. Mellom dei sykkylvingane som kom snart etter, kan nemnast Ole, Peter og Laurits Brudevoll, Johan A. Velle (John Dahl) og Bernt Brunstad.


Så kom år om anna, fram til fyrste verdskrig, flokkar av sykkylvingar til Polson og endå større flokkar i 1920-åra. Det vert fortalt at når nykomarar kom med toget og konduktøren ropte «Hoquiam», var det ingen i «sykkylsvogna» som rørde seg. Då ropte konduktøren: «Papa Polson!», og alle gjekk av. Ein annan fortel at i 1920-åra var der om lag berre sykkylvingar i camp 10, slik at dersom andre enn sykkylvingar kom til å ta arbeid der, måtte dei snart slutte fordi dei ikkje kunne språket!

Når dei tok arbeid i ein camp, hyrte dei seg til ein bestemt jobb. Arbeidet var spesialisert. Nokre dreiv ikkje med annatnn å sage, nokre velte trea, andre saga greinene av dei og kutta stokkane til rett lengd osv. Og kvar av desse jobbane hadde sine eigne amerikanske namn, som etter kvart vart velkjende i Sykkylven, endå om dei fleste høyrde dei utan å vite kva dei tydde. Ein «highclimber» klatra oppover eit tre og kvista det etter kvart, kappa det av i høveleg høgd, der det var eit par fot i diameter. Der sette han fast ei blokk, og med maskinkraft fekk dei opp ei større blokk og ein tjukkare wire. Ei slik mast med blokk og

wire vart brukt når dei skulle dra tømmerstokkane, og kunne vere 200 fot høg, så ein «highclimber» fekk ikkje vere svimmel. Han var då 6g ein av dei best betalte i campen. Fleire sykkyllvingar var flinke «highclimbers.» Dei som velte trea, vart kalla «fallers». «Buckers» saga greinene av og kutta stokkane til rett lengd. «Snipers» hogg kvassaste kanten av stokken så han skulle gli betre i marka. «Chokersetters» feste wiren rundt stokkane. Ein «riggenslinger» hadde kommandoen over tre «chokersetters». Ein «hucktender» var nest basen, og styrde i campen når basen ikkje var der, og tok seg elles av t. d. flytting av maskinar. Det vart snart slutt med lunnar til å drage stokkane over, og dei fekk «skidroad» i staden. Dei som arbeidde på «skidroaden», laga renner som stokkane vart dregne i. Seinare vart «skidroaden» avløyst av jernbane. Maskinen som dei brukte til å dra stokkane med og til å lesse med, vart kalla «donkey». Ein «headloader» med 5—6 mann, «loaders», leste tømmeret på transportvogner. Sykkylvingar har hatt alle desse jobbane og endå fleire, og nokre var camp-formenn eller basar, såleis Peter Brudevoll i camp 6 (seinare camp 14), Bernt Brunstad i camp 8, og Anton Utgard i to andre selskap.

Der var mange andre selskap som konkurrerte om arbeidskrafta til sykkyllvingane. Ein kan nemne Nielsen & Shaw, Grays Harbor Logging Co., Miller, Simpson, Clemens, North West Lumber Co., Jackson, Carlson & Kellow (sidan Wynoche Timber Co.), Donowan & Corkery, og Cherry Valley Logging Co. Alle desse var i Washington, dei fleste rundt Aberdeen, Hoquiam og Tacoma, og alle hadde sykkyllvingar i arbeid. Tilhøva var mykje like i dei ymse selskapa på same tid. Nokre gav betre kost enn andre, nokre betalte litt betre, men dreiv hardare, nokre hadde betre maskinelt utstyr enn andre; og der hende fleire ulukker i eitt selskap enn i andre. Sykkylvingar arbeidde i andre selskap enn dei som er nemde her, men sykkyllvskolonien var i Polson.

I fyrste tida gjekk arbeidarane frå camp til camp for å høyre etter arbeid. Då gjekk dei etter jernbanelina og bar sine eignaluter, m. a. sengkled, i ein skipssekk på ryggen. «Ja no rusla han, millionæren,» sa Martin Hansen Aure ved eit slikt høve. Det kunne vere 10—15 miles mellom campane.



Arheidarbrakker på hjul i ein Polson-camp.

Skogsarbeidet kunne vere farleg. Trea kunne vere kjemper, anten det var sedertre, lerketre, furu, gran, hemlock¹ eller andre bartre. Dei kunne vere 250 fot høge, med stammer på 13 fot i diameter. Det var ikkje lett å handtere slike ruggar. Det kunne vere fatalt å få ei grein over seg, og om ein wire slitna, kunne ein livstråd kuttast av med det same. Edvard Grebstad fortel om fyrste inntrykket han fekk av skogsarbeidet. Fyrste dagen, like etter han kom til campen, kom dei frå skogen med to lik og ein dødeleg såra. Mange sykkylvingar lét livet, og mange fekk alvorleg skade.

Om campene og leirlivet fortel ein sykkylving (frå 1904): «Barakkerne ved jeg ikke at ligne med andet end barakkerne som vi har inde paa Veblungsnes. De er akkurat (som dem) paa ydresiden, men inde er det langt anderledes. Køierne er den ene ovenpaa den andre. Det er 12 køier i hvert rum, plads til 12 mand. Stellet inde er ligt et grisehus i Norge. Ingen maa tro at det er

¹ Amerikansk tre som liknar på gran.

saa fint alle steder her. — I en camp har man ogsaa en kokkebarakke og en spisebarakke som er i samme bygg. Det er forresten nydelig mad vi faar, godt stelt i alle deler. Vi har ogsaa butik som hører kompaniet til, saa vi kan faa hvad vi behøver uden at reise til byen. . . . Men meget af selve sivilisasjonen faar man ikke se, som ligger i en skogscamp hele aaret. Den eneste afveksling dem har er at dem gaar til byen et par ganger i aaret, i julen og den 4. juli. Hvis jeg staar her i skogen en 2—3 aar blir jeg meget gapnere end da jeg kom over til landet. I skogen kan man ikke arbeide for noget andet ideal end penge, og i dem er der sandelig liden tilfredsstillelse for meg, naar jeg ikke har anledning at faa leve paa gode siviliserede pladse og i selskab med det andet kjønn.»

Kring 1910 var der ca. 1000 mann i Polson-campene, av mange nasjonaliteter, opp til 100 mann i ein camp. Ein og-annan sykkylving fann seg ikkje til rette i dette selskapet. Tonen vert gjerne noko grov i slike leirar. «Vi steg ind paa trænet med megen skraal og spetakel som er en skogsbuse egen. Han farer som oftest lidt grovere frem end andre arbeidsklasser her i Amerika.» (Sykkylving 1904). Eg vitja ein av campene ved Hcquiam i 1951, m. a. for å ta opp film av arbeidet der. Det gjekk oppover med ein «speeder» midt på svarte natta (kl. 4 om morgonen), og så vart det å vente nokre timar i ei tømmerkøie i lag med eit par eldre skogsbuser, til det vart lyst nok til å filme. Og om eg ikkje hadde greie på engelsk banning før, fekk eg der eit grundig kurs med ein utruleg variasjon av kraftsatsar. Om nokon sykkylving vart ekspert på dette området, er ukjent.

Det var ikkje mykje fri for skogsarbeidarane. Ein sykkylving fortel at han arbeidde 355 dagar i året; sundager, endå til påskedag, var det arbeid. Men 4. juli måtte alle til byen. Då var det moro, konkurransar, t. d. «falling contest», der det galdt å sage ned eit tre fortast. Alle trea var like tjukke, og eit skot var startsignal. Kring 4. juli var det gjerne ei vike fri, og dei fleste tok seg like lenge fri i jula. Då var Bernt Brunstad sitt hus i Hoquiam samlingsstad for sykkylvingane.

Men det var nok dei som vitja byen flittigare. Der var salonar med brennevin; i 1909 var der 13 i ei gate. Nokre brukte opp

pengane sine der etter kvart, og kunne ikkje kome seg heimatt til Noreg om dei ville. Men at det ikkje var mange sykkylvingar med på den galei, syner dei store pengesummane som vart sende frå Polson-campane til Sykkylven år etter år. Vegen til Hoquiam vart elles lenger og lenger; i 1930 kring 30 miles. Både weekend-rangelen og det saftige skogsbusespråket må ein sjå som ein naturleg reaksjon på det farlege livet i skogen.

Det var gode og dårlege tider for skogsarbeidarane som for andre. Under krisa i 1907 stengde dei fleste tømmercampane for vinteren alt i desember, og det vart stor arbeidsløyse. Deretter var det dårlege tider for tømmerdrift i fem år. Lønene var låge og arbeidstilhøva dårlege. I 1912 prøvde arbeidarane med streik for å få betre vilkår. Dei kravde 8 timars arbeidsdag og 2 ½ dollars i dagløn. Selskapa nekta, og arbeidarane måtte gi seg. I. W. W (Industrial Workers of the World), ein radikal fagforeiningsorganisasjon, fekk mykje å seie for skogsarbeidarane. Det vart streikar på nytt etter krigen, og regjeringa sende folk for a granske tilhøva. Snart fekk arbeidarane betre vilkår, med 8 timars dag og god løn. Lønene var noko ulike for dei ulike jobbane, men gjennomsnittsløn i 1899 var 30 dollars månaden, 10 år seinare 2 dlr. dagen med 11 timars arbeidsdag. I 1913, då dollaren var under fire norske kroner, fekk dei 2,70 dlr. dagen, og i 1927 7 dlr. og 8 timars dag. No er minsteløna 15 dlr. dagen med 40 timars arbeidsveke.

Etter at talet på sykkylvingar i Polson hadde nått maksimum i 1920-åra, gjekk det fort nedover, av mange grunnar. Nokre gjekk over til andre yrke, serleg fiske, som gav betre leveveg, og mange reiste heim for godt. Andre gjorde som sykkylvingane, og fleire Polson-campar vart slegne saman. Etter sisje verdskrig selde Polson til Rainier Logging Co. Men enno er det ein Polson som er superintendent (sjef). Han er son til Alex Polson, som fyrst var vanleg loggar, men som siden vart ein av dei største «timber-barons» på Stillehavskysten.

Enno i dag arbeider nokre sykkylvingar i desse campane, visstnok under 10. Då Martin Melset vart gravlagd i 1951, var der over 100 rundt grava, mellom dei Peter Brudevoll. Louis Aurdal, som og var der, kjende det som om dette var slutten på

ein æra. Det var siste gongen der ville vere så mange samla ved grava til ein sykkylys-loggar. Og snart vil dette kapitlet av saga om sykkylvingane vere berre minne.

4. Fiske.

Det er ikkje rart at sykkylvingane i så stor grad har slege inn på fiske i Amerika. Det rare er vel heller at det gjekk så lang tid før dei gjekk over til det yrket i det heile. For yrket var gamalt kjent for dei. Folketeljinga av 1891 syner at dei fleste gardbrukarar og plassemenn i Sykkylven hadde fiske som binæring, og mange av dei vaksne sønene var fiskarar. Langt ute på havet er det ein fiskeplass som kallast Sykkylvsdjupet.

Til ut i 1920-åra hadde dei fleste sykkylvsutvandrarar arbeid i skogen. Då tok den eine etter den andre til å forlate dette yrket og gå over i eit anna, og då oftast til fiske. Alt då hadde mange delt seg mellom skogen og sjøen, slik at dei arbeidde i skogen i Washington om vinteren, og dreiv fiske (eller arbeidde på cannery) i Alaska om sumaren.

Storparten av fiskarane bur i Washington, dei fleste i Seattle, eller nærare bestemt i Ballard. I Seattle har fiskarane hatt samlingsstader der dei møttest «under landlege», t. d. S & S, ein kafé med leserom på 3. Ave., og «Aurora», populært kalla «The Web-loft», på 6. & Pike Street.

Det fisket som har den største prosenten norske, er kveitefisket, der det seiast at 90 % av fiskarane er nordmenn. Kveiten¹ aten i Seattle kallast av og til for Ballard's Norwegian Navy. Den rustar seg på begge sider av Ballardkanalen. Båtane er for det meste på mellom 50 og 70 fot. Før flåten går ut, vert det halde fiskarfest i Sunnmørslaget.

Sykkylvingane dreiv kveitefiske i Amerika så tidleg i allfall at dei var med lenge før fisket var regulert. Til og med 1923 kunne dei fiske heile året. Dei siste åra før reguleringa kom, var det vanleg med 9 månaders fiske. Den tida var vel kveitefisket eit av dei hardaste yrka. Ein sykkylving fortel at dei måtte tørne ut i 4-tida om morgonen, med oljelykter i belgmyrkret. Dei fiska frå doryar, ein mann i kvar dory. Lyktene kunne blåse ut, og

doryane kom ofte bort frå skonnerten, sume tider ein heil dag. Doryane hadde ikkje motor, så dei måtte bruke segl når dei skulle prøve å finne att skuta, som kanskje leitte på ein annan kant. Sykkylvingar, t. d. Karl Ludvigsen, fekk og prøve korleis det kjendest å liggje på kvelven av doryen. Den gongen gjekk det bra, men mange kom aldri att. —


Den gongen dei fiska frå doryar, var det linefiske. Skonnerten hadde 20 % av fortienesta, og resten vart delt likt mellom mannskapet, stuerten likt med dei andre. Den gongen som no var fisket litt av eit lotteri. Ein gong, fortel Karl Ludvigsen, vart det transportstreik, så dei ikkje fekk selt ein stor last, og det vart 30 dollars til manns for tre veker. Ein annan gong vart dei liggjande i tre veker i storm utan å kunne fiske. Då det stilna, fyrste juledag, tok dei til å fiske og fylte skuta på tre dagar.

No varer kveitesesongen berre eit par månader. På den tida kan ein fiskar tene 5000 dollars, som elles vert rekna for bra i gjennomsnitt for heile årsfisket. I depresjonsåra kunne årsinntekta til ein fisker kome ned i 700 dollars, men endå var det meir enn dei fleste tente på land den tida. I gode år kan fiskaren tene 8000 dollars.


Før dei fleste forlet skogen for å gå heilt over til fiske, var det som nemnt helst laksefiske i Alaska dei dreiv om sumrane, eit fiske mange driv enno. «For mange blir Alaskaturane ein vane — gjeng liksom i blodet. Når våren kjem, so kjem uroa og nordover ber det,» skreiv Jens Riksheim i *Western Viking* i 1936.

I laksefisket er der fleire fiskemetodar. Nokre driv for eiga rekning, andre fiskar for eit «company». Reidskapa kan vere dorg, garn eller laksetrappar. Dei set ut stålnetting som not, og må hogge ned den gamle nettingen kvart år og setje ut ny. Dei jagar fisken inn i visse rom* i stålnota og tek han opp med håv. Når dei fiskar med garn, brukar dei seglbåtar, med to mann i kvar båt. Eit selskap eig gjerne både båten og reidskapen og kjøper fisken, som Union (fagforeininga) bestemmer prisen på. Spesielle båtar tek fisken frå fiskebåten til hermetikkfabrikkane, såkalla «pick-up»-båtar. Desse må få rapport kvar 24. time frå fiskebåten, som berre går inn når det ikkje er lov å fiske. Datoane for dette fisket vert fastsette for eitt år i gongen. På ein sesong

kan ein båt få 20 000 laks av eitt eller fleire slag: spring salmon, silver salmon, dog salmon, humbark eller sockeve (red salmon); den sistnemnde er den beste. I 1951 var prisen på den 40 cents stykket. Ein sesong varer vanleg frå siste halvdel av juni og ut august.




Kveitebåt på veg til Alaska.



Laksefiske i Alaska.



Frå laksefelte i Alaska.



I samband med laksefisket høver det best å nemne eit anna arbeid mange sykkylvingar har vore med på, og det både menn og kvinner, og det er arbeide på hermetikkfabrikkar, serleg i Alaska. Så vanleg har dette arbeidet vore at ordet «cannery» så a seie har gått inn i sykkylvsdialekten (kannjeri, med tostavings tonelag).

Då restriksjonane for kveitefisket kom i 1924 på nordkysten, var det mange sykkylvinger som såg seg om etter andre fiskefelt om vinteren. Dei fann då ut at kveitebåtar kunne brukast til sardiniske, som frå november til april kunne gi like stor fortjeneste som kveitefiske resten av året. Fisken kallast på engelsk vanleg «pilchard» og liknar på ei feit islandssild. Dette fisket, som før vart drive mest av sør-européarar og japanarar, gjeng for seg på kysten av California, men vert òg drive heilt nord til Vancouver Island.

Av andre fiske sykkylvinger har drive, kan nemnast haifiske, tunafiske og sildefiske. Tunafiske har vore drive sidan kring 1940, og har prosentvis færre norske med enn dei andre.

Mange sykkylvingar har eigen kveitebåt, laksebåt eller tunabåt, og mange andre eig part i fiskebåtar.

Louis Aurdal, som har drive dei fleste slag fiske i mange år, skildrar situasjonen i fiskenæringa slik: Der har vore mange blindgater, scena skifter fort, så det som vert skrive i dag, stemmer ikkje i morgon. Dei fleste slag fiske står framfor ei omordning eller nyordning. Grunnane til dette er mange: Sild og «sardines» held på å forsvinne, utanlandske konkurrentar tek marknader frå USA, fiskeprisane går ned og driftsutgifter og skattar stig. Alt ein kan seie er: «Quo vadis»?

Sykkylvingar har gjort ein innsats på andre felt enn dei som her er nemnde. Ein stor flokk av dugande bygningsmenn er vel dei som har sett dei største merke etter seg. Berre ein av dei har bygd 900 hus. I Albion, Calif. og i Anacortes, Wash., arbeidde mange sykkylvingar på sagbruk, og jernbaner har sykkylvingar bygd både i Canada og USA. Arbeid på skipsverft var det vanligaste «tvangsarbeid» under begge verdskrigane.

Det seier seg sjølv at sykkylvinger, med all sin dugleik og energi, ikkje kunne spele noka stor rolle i det amerikanske samfunnet. Men likesom dei sjølve var ein liten, men god ingrediens i «the melting-pot», slik var den innsatsen dei gjorde i arbeidslivet, om den relativt var liten, likevel med å skape eit betre Amerika.

VIII. NAMNEBRUK OG MÅLBRUK

Av ymse grunnar har sykkylvsemigrantane ofte endra namna sine eller bytt dei ut med utanlandske namn når dei kom til Amerika, sume tider visstnok alt på vegen dit. Det var skikk ei tid, eller uskikk, som ein vil. Sume kunne ha grunn til å byte namn, andre fylgde moten. Mange hadde anten fornamn eller etternamn som var så vanskelege for amerikansk tunge at noko måtte endrast. Kanskje gjorde dei amerikanske arbeidskameratane det utan å spørje nykomaren kva han ville kallast. Ein bør derfor ikkje utan vidare fordøme slike namneendringar; mange her heime bytte ut sitt gode gardsnamn med eit namn på -sen, når dei flytte til byen.

Fornamna vart ofte berre avkorta. Edvin og Edvard vart til Ed, Kristian til Chris, og Tomas til Tom. Eller dei vart utbytte med engelske namn som likna meir eller mindre; stundom vart det då same namnet i engelsk form. Andreas vart til Andrew, Bastian til Bob, Bernt til Ben, Jakob til Jack, Jensine til Jessie, Karl til Chas, Klaus til Charley, Lars til Louis, Petter til Pete, Sverre, Severin eller Syver til Sam. Likskapen kunne elles vere liten nok, som når Ivrine vart til Ida.

Dei fleste sykkylvsemigrantane hadde eit gardsnamn som etternamn. I sume av desse var as, ø eller å, som ikkje finst på engelsk. Slike bokstavar vart oftast bytte ut. Gjævenes vart til Gjavenis, Strømme til Strom, og Sætre til Satre.

Stundom vart gardnamnet meir radikalt omforma. Hjelle vart til Hille, Hole til Hale (utt. Heil), og Vik til Wicks. Med amerikansk fonetisk stavemåte fekk ein Idam for Eidem.

Som fornamna vart etternamna ofte avkorta. Drotning for Drotninghaug, Dahl for Flydal, Ness for Gjævenes, Strom eller Strøm for Strømmegjerde, osv.

Så kunne ein ta eit engelsk namn som likna. Heitte ein Kjemp-hol, så vart det gamle engelske slektsnamnet Campbell brukbart.

Før vart farsnamnet ofte brukt som mellomnamn, med -sen etter seg, t. d. Syver Larsen Drabløs. I Amerika vart då ofte gardsnamnet teke bort, samstundes som mellomnamnet vart amerikanisert. På den måten fekk ein etternamn som Benton eller

Benson av mellomnamnet Berntsen, Jackson av Jakobsen, Nelson av Nilsen, Swanson av Svendsen, og Thompson av Thomassen. Dette var elles inga sykkylvsoppfinning. «Den norske emigrasjonens far», Cleng Peerson, gjorde det same (Kleng eller Klein Pedersen Hesthammer).

Som døme på kor lettvint og vilkårlig namneendringa kunne ga for seg, kan nemnast Johan Larsen Grebstad, som i Amerika fyrst skreiv seg for Larson, og i 1890-åra skreiv heim: «Da der er saa mange Larson saa tager jeg Pederson saa ikke det skal blive mistaget med mine brev. Mr. John Pederson.» Endringar av dette slaget har gjort det vanskeleg å identifisere utvandrarane. Det er såleis ikkje lett å slutte seg til at Ole Larsen Haugset og Tom Pedersen er ein og same person, eller at John Olsen er identisk med Knut Pettersen Eidem. Eller kven kunne kjenne att Johan Kristiansen Ekornes i John R. Larsen, Jakob Rasmussen Velle i Jack Sivertsen, eller Karl Syversen Aure i Charlie Carlson? Der er til og med døme på at fornamnet er brukt som etternamn. Men då må ein finne eit nytt fornamn. På den måten vert Bastian Olsen Tu til Louis O. Bastian!

Borna sine har sykkylvseniigrantane gitt norske eller engelske (amerikanske) namn, ofte slike som er sams for begge mål, med ulik uttale. Susanne Grevstad (2. generasjon) fortel at då dei var små, vart namna deira uttala på norsk, sidan med engelsk uttale. Nokon skilnad i namnebruken hos eldre og yngre utvandrarar lét seg ikkje påvise. Der var utvandrarar på 1800-talet som gav eitt barn norsk namn og dei seks andre borna engelske namn. Der er utvandrarar som ein generasjon eller to seinare har gitt alle borna sine gode norske namn. Men noka utvikling mot større bruk av norske namn er der ikkje. Ei teljing gjennom ein større del av materialet syner at i 2. generasjon er der kring 70 norske (eller som vert brukte i Noreg og) mot 100 amerikanske. Dette skulle tyde på at sykkylvingane har halde meir på norske namn enn norsk-amerikanarar flest.

Her hadde sjølv sagt nasjonaliteten til ektemaken noko å seie. Av sykkylvsemigrantane var der kring 225 som gifte seg med norskfødde ikkje-sykkylvingar, 72 fann sin make mellom sykkylvingane (altså 36 par der begge er sykkylvingar), 36 gifte

seg med norskætta, fødde i Amerika, 37 med svenskfødde, 19 med svenskætta, 7 med danske og 4 med danskætta, 6 med tyske og 10 med tyskætta. 3 ektemakar var av fransk ætt, 5 av finsk, 3 av irsk, 1 av austerriksk, 1 av hollandsk, 1 av belgisk, og 1 av skotsk ætt. Ein vart gift med ein hollending, 3 med skotskfødde og 7 med innfødde kanadiarar. Kring 50 gifte seg med amerikanarar og andre engelskætta. I dette talet finn ein vel personar som nærare høyrer heime i andre grupper. Nokre få gifte seg med eskimoar, indianarar og halvindianarar.

Det er eit kjent faktum at det går tilbake med norsken i Amerika. Dette gjeld målbruken mellom sykkylvingar og. Det er berre sjeldne unntak at 2. generasjons sykkylvingar kan norsk. Dette er slik med norske i det heile, eit faktum som må gjere foreldre og born litt framande for kvarandre, noko Arne Kildal kallar «noe av utvandringens indre tragedie.»¹ Ja der finst ein og annan av fyrste generasjon og som helst vil gløyme morskålet sitt. Engelsk vert meir og meir brukt i norske kyrkjer og skular i Amerika, ja jamvel i Sønner av Norge og andre norske lag. Det er då så mykje meir rosverdig at sume likevel ikkje gir opp i kampen for det norske målet i Amerika, som t. d. Lars Fedt i California. Han meiner at det er ein rar måte å praktisere formålsparagraf 2 i S. o. N. på, når dei får over talarar frå Noreg til å tale på møta deira — på engelsk. (§ 2. Å halde ved like og fremje interessa for det norske målet og alt som er godt og edelt i den norske folkekarakteren.) Samtalemålet på møtene burde sjølvstendig og vere norsk. Som det no ser ut, er det små sjansar for at utvandrarfolket i Amerika skal få noka større fornying frå Noreg. Og då vil mange seie at kampen for norsk mål i Amerika er ein tapt kamp. Det kan det vere mykje i, men så må og formålsparagrafane til S. o. N. endrast i samsvar med utviklinga.

Der er ei mengd døme, sanne og oppdikta, på korleis norsk-amerikanarar blandar saman dei to måla. Norsk målbruk i Amerika har i seinare tid vorte vitskapleg granska, serleg av professor Einar Haugen ved University of Wisconsin. Han har funne at

¹ Norsk Kulturhistorie IV, 232.

denne «samanblandinga» går for seg etter visse lover, og har vist at norske forfattarar som har prøvt å etterlikne slik tale i bøkene sine, har skrive mykje som er heilt utenkjeleg etter dei lover han har funne. At sykkylvsemigrantane som andre blandar saman, har eg funne bade av Amerika-brev og i samtalar. Denne målbruken har eg ikkje studert nærare, og kan difor berre gi nokre døme eg har teke frå brev:

Da vi naa har movet til Stillehavskysten (moved — flytt). Han har lost store penger (lost — mist). Vi gaar op paa korthuset (courthouse — rådhuset). Et vedlas som stod paa streten (in the street — på gata). En stridkars blev ledt ud af sporet (streetcar — trikk). Vi var i South Tacoma i et parti (party — selskap).

Samanblanding med større innslag av engelsk finn ein og stundom. Døma nedanfor er alle tekne frå eitt og same brevet.

Der saster (dear sister — kjære syster). Vi er stil leving (we are still living — vi lever enno). Eg var so besi (I was so busy — eg hadde det så travelt). Når du skrev til meg lest (last— sist). Longe gaa (long ago — for lenge sidan). So klast to jul (so close to — så nær). Eg broke men enkel des sammer (I broke my ankle this summer — eg braut ankelen i sumar). Eg er limpen naar eg vaken (I am limping — eg haltar; vaken — walking. D. v. s. I limp when I walk — eg haltar når eg går). Du maa sie loo to (say hallo — helse). Nes teim (next time — neste gong).

Mellom sykkylvs-amerikanarane, som mellom alle bindestreks-amerikanarar, er der stor skilnad når det gjeld måten dei talar engelsk på. Sume talar engelsk utan serleg norskprega «accent», hos andre er den svært tydeleg. Nokre gjer engelskfilologen heimanfrå misunneleg ved den måten dei meistrar engelsken på, andre ville han helst ta i skule. Dei fleste høyrer til ei mellom-gruppe, som meistrar engelsken bra, mykje betre enn ein skulle vente, når ein veit at dei fleste ikkje har lært engelsk på skule. Når det gjeld skriftleg bruk av engelsk, finn ein truleg alle grader, frå red. Grevstad som skreiv engelsk betre enn dei fleste «innfødde», til slike som i det heile ikkje kunne bruke språket skriftleg. At red. Grevstad var noko heilt utanom det vanlege, ikkje berre mellom sykkylvingar, men mellom framandfødde i Amerika i det heile, vil ein sjå av dei mange artiklane og talane hans på

engelsk. Johs. B. Wist skreiv om han i 1914: «Allerede kort tid efter sin ankomst til landet henledet han opmerksomheden paa sig ved den sikkerhed, hvormed han visste at gjøre bruk av det engelske sprogs idiomer. Det hører til sjeldenhederne, at en, der er indvandret som voksen mand, i den grad kan tilegne sig sprogets indre hemmeligheder og gjøre anvendelse av dem til fuldkommenhed, som Grevstad har forstaaet at gjøre.»¹

IX. KONTAKTEN MED HEIMEN [Til INNHOLD](#)

«Hvor lenge en nordmann i et fremmed land skal vedbli å være nordmann i tanke og sinn, kommer for en stor del an på hva som hinder ham til hans fedres land», skreiv Peter Strømsheim ein gong i ei helsing til Nordmannsforbundet, den samskijnaden som meir enn nokon annan har halde kontakten vedlike mellom nordmenn over heile verda. Slike band kan vere av ymse slag, og mange einskildmenn, lag og institusjonar har vore med å knyte dei og styrkje dei.

Ein stor prosent av sykkyllsutvandrarane har vore medlemmer av Sons of Norway, Daughters of Norway, Nordmændenes Sangforening, Sunnmørslag og andre norsk-amerikanske lag. Dette syner at dei gjerne minnest heimen. Mange har vore svært aktive og har hatt høge stillingar i desse organisasjonane. Og dei fleste som høyrer til eit kyrkjesamfunn, er med i ei norsk-luthersk kyrkje. Alle slike lag og kyrkjesamfunn har skapt eit grunnlag for ein betre kontakt med heimland og heimbygd. Norske og norsk-amerikanske blad har gjort godt arbeid i same lei; serleg har Sykkylvsbladet heile tida synt stor interesse for utvandrarane, og har prøvt å få dei til å skrive om seg sjølve i bladet. Nokre få har gjort det. Men mange tenkjer kanskje som sykkyllsutvandrararen som skreiv at dei helst vil trekkje for gardinet, for å få slutt på det som enno måtte vere att av Amerika-feber i Sykkylven. Andre ser ikkje ut til å vere redde for at dei skal få feberen til å stige, om der i det heile er nokon, og lét seg viljug intervjuje når dei er heime på besøk.

Når det gjeld kontakten mellom den einskilte utvandrararen

¹ Norsk-Amerikanernes Festskrift 1914, s. 55.

og heimen, har brevet vore vissaste midlet. Men korrespondansen var ikkje alltid så livleg. «Han har ikkje skrive på 40 år.» «Ho skreiv ikkje før etter 30 år.» «Han får ikkje lov av kona si å skrive.» Kor mange som miste kontakten heilt, er vanskeleg å slå fast. Der er for få opplysningar og mange grensetilfelle. Kring 3 % av alle skulle vere noko nær det rette. Som kjent gjer Frelsesarmeen eit stort arbeid med å finne att slike som heimen har mist kontakten med, eller etterkomarane deira. Dette arbeidet har Sykkylven og fått nytte godt av. Kontakten pr. brev hadde mest å seie den fyrste tida, då andre kontaktmåtar var sjeldnare; då var det ikkje så lett å kome på besøk. Men endå er det viktig å skrive.

Nokre sykkylvingar i Amerika diskuterte brevskrivning, og kom til at alle utvandarane høyrer til ei av desse gruppene: 1. Dei som ikkje *kan* skrive heim. 2. Dei som ikkje *vil* skrive heim. 3. Dei som ikkje *bør* skrive heim!

Desse utvandarane meinte vel, i paradoks-form, å gi uttrykk for noko sant. Andre utvandarar vil sjå annleis på det, og Amerika-breva har visst kome jamt og trutt til dei fleste heimane. Breva kom gjerne titt den fyrste tida etter utvandringa, så vart mellomroma lenger etter kvart, kanskje vart det berre med eit julebrev. Ein faktor som gjer at korrespondansen vel ikkje er så livleg som før, er at der ikkje lenger er så mange heimar som har unge «ubefesta» søner og døtrer ute i det fjerne. Men enno er det gode grunnar til å halde kontakten god og nær, og liten grunn til ikkje å gjere det. Den store majoriteten av utvandarane står seg godt økonomisk, lever som gode lovlydige borgarar, og har ingen ting å gøyme seg vekk for. Og heime er der sume som ikkje veit noko om sine. Difor bør ein vel minne utvandraren om endå eit hjelpeverb og seie: Du *må* skrive heim!

Når ein kjem i kontakt med andre generasjon og seinare generasjonar, syner det seg at dei er interesserte i heimlandet og og ætta til forfedrane, og er glade for at nokon her heime enno har interesse for forfedrane deira og for ætta i det heile.

Den fyrste utvandraren ein kjenner til, var og den fyrste som kom heim på besøk. Tradisjonen fortel at Jacob Strøm kom heim til Sykkylven etter lang tid i Amerika, truleg før 1860. Han gjekk

til systera i Straumgjerde og spurde etter hus for natta, men gav seg ikkje til kjenne. Han skal ha vore ein stor skøyar og hadde kanskje kamuflert seg ein grand og. Systera kjende han ikkje att og sa at det høvde seg ikkje slik at dei kunne hyse han. Jakob gjekk då til ei anna syster, som budde i Larsgarden på Tynes. Ei tenestgjente såg han kome og ropte til matmor si: «Lensmannen kjem!» Systera såg ut, kjende snart att broren og sa: «Å, den lensmannen er eg no ikkje redd(e).»

Det gjekk lang tid før de neste sykkylys-amerikanaren kom heim på besøk. Det var truleg Olaf Svård frå Kjemphol. Men ein kan ikkje tidfeste noko besøk før 1889, då både Rasmus Tynes og Knud Levdal reiste bortatt etter besøk heime, begge med kjæ-rasten. I 1890-åra var desse heime: Jens Davenes, Hans L. Ekornes, Lina Vigelius (Aure), Lars O. Blindheim, Knut P. Eidem, Peter L. Grebstad og Ole P. Grebstad. Men av dei vel 200 utvandrarane i fyrre hundreåret var det 150 som aldri kom heimatt. Den fyrste tida var vel økonomien oftast ei hindring, kommunikasjonane var ikkje dei beste, og så grodde vel utvandrarane for fast etter kvart.

I tida frå hundreårsskiftet til 1920 var der kring 50 besøk. Mange saker og ting hadde desse langframande med seg som bygdefolket bisna på. «Kufferten hans Lars var akkurat som eit stabbur», sa velledalingen då sonen hadde vore heime i 1907. I 1920 hadde Bastian Haugset med noko som både folk og fe sette store augo på. Det var den fyrste Amerika-bilen som kom til bygda. Det var ei så. stor hending at det kom i blada, og Sunnmørsposten kan «berolige» landsluten med at «bygdens heste viste sig meget snare til at blive fortrolig med det nye befordringsmiddel.»

Sidan 1920 har der vore eit jamt sig, med serleg mange besøk i slutten av 1930-åra og i fyrste åra etter krigen. Dei mest minneverdige var vel besøka til Peter Brudevoll og Nikolai Grevstad. Då Peter Brudevoll var heime i 1947, heldt heimattkomne sykkylyingar fest for han, og då var der heile 26 mann som hadde arbeidd for Brudevoll i Polson.

Redaktør Grevstad vitja heimbygda i 1935. Det var ingeniør Bernt Erstad i Oslo som fekk høve til å overtale han til å ta

Sykkylvstur. Erstad sette seg i kontakt med doktor Aurdal i Ålesund, og hos han budde Grevstad under Sunnmørs-opphaldet. Frå byen reiste dei så ein fin sumardag til Sykkylven, og då dei nærma seg land, spurde Grevstad kvifor dei flagga alle stader. Doktor Aurdal svara at dei flagga fordi ein av dei største søner av bygda kom på vitjing. Då vart Grevstad tydeleg gripen. På kaia vart han motteken av ordførar Eidem, lensmann Strømme og klokkar Frøysa. Fyrst fekk Grevstad høve til å sjå att staden der han var fødd og oppvaksen, og om kvelden vart det halde fest for han på Fjellsæter. Der heldt ordførar Eidem ein tale, og hylla Grevstad for den innsatsen han hadde gjort både her i landet og i Amerika. Grevstad fortalde så ymist frå barndomen og frå arbeidet sitt fram gjennom tidene, mellom anna om dei politiske kampane i 1880-åra. Det var då tydeleg at Grevstad, som til vanleg kunne vere noko reservert, kom i godlag og feststemning av den mottakinga bygda hadde gitt han. Det vart siste gongen han såg heimbygda si.

Ofte gjekk det lang tid frå utvandring til fyrste og kanskje einaste besøket. Ein venta i 58 år, ein i 54, og fleire kring 50 år. Av slike som utvandra etter 1900, har 13 kome på besøk etter 40 år eller meir. Slike lengta vel mang ein gong i alle desse åra etter å sjå kjende og kjære folk og stader. Dei fekk ikkje «kommunal» mottaking, men alltid var der slekt som var glade over å sjå dei att, og kontaktbanda vart sterkare.

Sykkylvs-amerikanarar har vore ute for at når dei var heime på besøk og fortalde om amerikanske tilhøve, vart dei nærmast stempla som skrønemakarar. Ein gong var det den eventyrlege biltrafikken i Amerika som var skuld i ein slik «kurre på tråden». Andre gonger svara ikkje heimbygda til det idealbiletet som lang tid i det framande hadde skapt hos utvandrarane. Men bygda var enno kjær.

Serleg store hendingar heime, som 1905 og sist okkupasjonen, synta at kjærleiken til landet og bygda er sterk mellom utvandrarane. I rolegare periodar kjem ikkje slike kjensler så lett til syne, men då må ein ikkje gløyme at dei er der.

X. «KORLEIS DET GJEKK»

«Jau i Fyrsten dæ gjek lidt på skakke
då me lande paa framande jor . . . -»¹

Lønte det seg for sykkylvingane økonomisk a utvandre? Og fann dei seg så godt til rette i det nye landet at eventuell betre økonomi ikkje vart kjøpt for dyrt?

I ei såpass stor gruppe som sykkylvsutvandrarane var og er, vil ein sjølv sagt finne stor skilnad i graden av det ein vanleg kallar suksess. Ein må prøve å finne korleis det har gått med det store fleirtalet.

Det ein kunne spyrje utvandrarane om, er om dei har greidd å finne seg ein betre leveveg ute enn den dei reiste frå, eller kunne ha von om å skaffe seg heime. Her nyttar det lite med rundskriv. Men ein får eit inntrykk av dette når ein reiser rundt i Amerika og treffer utvandrarane, ser heimane deira, og lærer eitt og hitt om tilhøva der dei bur. På ei slik ferd har eg berre funne ei stadfesting av det som er eit velkjent faktum, at levestandarden er høgare i Amerika enn heime.

Ser ein på inntektene i dei ymse tidbolkar, finn ein same utviklinga på begge sider av havet. Kjøpekrafta av krone og dollar minkar, men ikkje alltid i takt. Realinntekta stig likevel svært, serleg i Amerika. Nokre yrke kan vere meir vare for konjunktursvingningar, men sykkylvingane, som sunnmøringar i det heile, tek godt vare på det dei tener, så dei toler eit «magert år» no og då.

Før industrien kom til Sykkylven, var det til kvar tid lettare å leggje seg opp pengar i Amerika enn heime. Dette gjeld altså det meste av tida med utvandring frå bygda. Men enno' i dag har sykkylvsamerikanarane det romslegare enn folk heime med liknande arbeid.

Dei fleste reiste til Amerika for a tene betre. Fortenesta vart det vissaste temaet i Amerikabreve, dalaren var det tankane krinsa om. Dei fleste fann seg etter kvart ein god leveveg, ofte etter hardt slit. For tidlege utvandrarar vart slitet ofte for hardt.

¹ Overskrifta og sitatet er frå ein emigrantsong, notert i Minn. i 1893 av A. Sollid.

«Hvert år kommer her, særlig fra Amerika, mange mænd som ved strengt, årelangt arbeide har erhvervet sig så mange penge at de kan leve sorgfritt hjemme, men de har også erhvervet sig tuberkulose, som i de fleste tilfælde legger dem i graven. . . Størstedelen skylder på syge arbeidskamerater eller for tungt arbeide.»¹ Men dei som kom frå det med helsa og vann seg fram til velstand, kunne vel 6g kjøpe gullet for dyrt?

Ja, for dalaren er ikkje alt. Det må og takast med i rekneskapen korleis dei fann seg til rette i det nye landet.

Oftast var fyrste tida den tyngste. Då var det serleg heimlengten melde seg.

«Eg lengta heimatt so mang ein gong!
Å du, kor gjerne eg vilde
fylgja ein brennande hjartetrong,
syngja ein heilhuga vandrarsong
og pløgja det hav som skilde!»

Slik skreiv Jens Riksheim. Dei fleste angrar den fyrste tida, meinte ei sykkylvsfrue i Seattle i 1951. Når dei fyrste åra er verst, har det gode grunnar. Ofte har tilhøva vorte skildra altfor ljose i Amerikabrev, og utvandrarar venta seg, som Colombus, meir eller noko anna enn han fann. Slik var det med sykkylvs-kvinna som vart «heilt overgitt» då ho kom over og såg det uferdige homesteadet til mannen. Ei anna reiste heimatt då ho såg kva levemåte kjærasten kunne by. Men serleg var det vel språkvanskane og uvande tilhøve på alle område som gjorde at fyrste tida vart verst. Dei fleste, skriv ein sykkylvsamerikanar på Vestkysten, gjer den feil å bruke norsk målestokk på amerikanske tilhøve; dei gjer seg opp meiningar og feller domar for fort, før dei sjølve vert omforma i «the melting pot»². Amerika er ikkje Noreg, serleg ikkje ved juletider, skreiv ein annan sunnmøring heim. Jamvel dei som har vore i Amerika i 30 år, kan skildre heimlengten som «et aabent, ulægelig såar.» Men dette er sikkert svært individuelt. Etter ei tid trivst dei fleste. Ubi bene, ibi patria, der ein har det godt, der er fedrelandet. «Her er det

¹ Medisinalinnberctning 1907. - Smeltedigelen.

land som hugar meg best, og hit hev eg lengta lenge», skreiv en sykkylvsutvandrar kring hundreårsskiftet heim, og visste nok ikkje at han då siterte det som Ivar Aasen la i munnen på ein heimattkomen norsk-amerikanar som song om heimbygda.¹ Sume kunne ikkje trivast i Amerika og kom heimatt. Andre hadde vanskar med valet, og farta noko fram og attende. Men nokon typiske «trekkfuglar» har der ikkje vore mellom sykkylvsutvandrarane. Er dei i tvil kva side av havet dei skal slå seg til på, tek vel dei fleste same avgjerda som sykkylvingen på Vestkysten, som skriv at utvandrarar som veg på dette spørsmålet, «vél å leve og døy der sola skin.»

Om alle utvandrarane kan ein seie at dei fekk ein vidare horisont, fordi dei på alle område kunne samanlikne det heimlege med noko nytt og framandt, som dei måtte venje seg til og leve seg inn i. Dei fekk kvar dag nye inntrykk den fyrste tida. Utvandrararen fekk sjå nye skikkar i mat og klede og arbeidsmetodar. Sume tider fann han det norske ynkeleg mot det framande. Men han kunne lengte etter så mangt likevel. Det kunne vere heimbygda, seterlivet, eller berre flatbrød. Han lærde å kaste klede som dei heime ville ha bøtt, og han kunne fortelje at «i Amerika er grisene for det meste svarte», eller at «vi holder paa at kvesse sager paa høieste juledagen.»

Det som var vanskeleg, var å «realisere seg sjølv» i alt det nye. Utvandrararen hadde inne i seg ei verd av minne, tradisjonar, tankar og kjensler knytte til heimbygda, ei verd han kanskje gøymde med vilje, eller ikkje kunne bere fram i dagen. Han kunne ikkje omsetje «Køldastølen» til engelsk, og om han hadde kunna det, ville det verte eit daudt ord utan assosiasjonar. Men han skyna at arven heimanfrå burde vernast om, like så vel som han skyna at det ikkje lét seg gjere å stengje seg ute frå amerikansk innverknad. Heimearven kunne best vernast om når han søkte saman med dei som var «i same båt», så dei kunne lage eit lite Noreg i Amerika.

Utvandrararen fekk to fedreland i staden for eitt, feira både 17. mai og 4. juli. Han måtte prøve å verte ein god borgar av det nye landet, og samstundes verne om verdiane heimanfrå. Det var

¹ Aamund i Ervingen. 4. sc.

ein situasjon det ikkje alltid var så lett å orientere seg i, og som kunne få emigranten til å gruble over større problem enn dei daglegdagse. «Lad os gjøre skaberen til vor konge, verden til vort land og retfærdighed vor religion,» skriv Louis Lyshol frå California.

Med få unntak arbeidde sykkylvsutvandarane seg fram til gode økonomiske kår. Det nye landet hjelpte dei til ein høgare levestandard enn dei kunne få heime. Alt etter som dei i tillegg til dette fann seg til rette i dei nye tilhøva, kan ein med større eller mindre rett seie: «Det gjekk godt.» Omplantinga førde vel til eit rikare liv for dei fleste, medan lengt og sagn og kjensla av rotløyse kunne verte for sterke for andre.

Men der var andre grunnar til at det ikkje gjekk så godt med sume. Ein ung sykkylvsgut som utvandra i 1906, fekk med seg ein revolver av onkelen sin i Ålesund. Den kunne kome vel med, meinte onkelen. Men farane låg helst på ein annan kant enn han tenkte seg. Det synta seg at største faren låg i sjølve arbeidet. Utvandarane måtte oftast ta det tyngste og farlegaste arbeidet, og dei raudleitte sykkylvsungdomane vart pressa i det harde slitet til dei såg ut som andre turre amerikanarar. Men i denne prosessen hende det ting som var verre. *Ein* miste eit bein, ein annan begge. Ein vart gassforgifta, ein annan fekk malaria. Ein miste eit auge, ein annan ei hand. Ein vart forbrend av elektrisk straum, ein annan fordervaslegen av eit tre. Ein vart sjuk av det harde arbeidet og kom heimatt for å døy. Ein annan låg på sjukehus i Amerika der han fekk dårleg hjelp, eller han låg der til han var økonomisk ruinert. Og så vidare. Og dette er ingen statistikk. Det vart langt i frå berre «ein» i kvar gruppe, som der og var langt fleire av. Dette er berre døme. To var med i den spansk-amerikanske krigen i 1898, kring 15 i den fyrste verdskrigen og nokre få i den andre. Mange vart hardt såra og fekk livsvarige mein.

Når mange miste kontakten med heimen eller «forsvant», var grunnen ofte at det gjekk dårleg på ein eller annan måte. Store nok tragediar kunne vere gøymt bak denne «forsvinning».

Men i tillegg til alt som er nemnt ovanfor, kjem denne syrgjeleg lange rekkja av slike som omkom ved ulukke i Amerika:

I skogen: Ole P. B. Grebstad	ca.	1906
Petter L. Jarnes	»	1907
Gerhard J. Velle	»	1909
Karl K. Eidem	»	1915
Lars J. Lade		1915
Jakob R. Velle		1921
Jens L. Strømmegjerde	ca.	1923
Johan Aaker		1926
Karl O. Brunstad		1929
Hans H. Brudevoll.....		1939
I gruve: Ludvig S. Hjelle	ca.	1889
Peter N. Vik	»	1890
Hans H. Fauske	»	1891
Karl P. Tandstad		1904
Lars J. Tusvik.....		1909
Petter P. Kirkebø.....		1940
På bygg: Oskar Rafteseth		1941
På sjøen: Johan K. Hatlemark		1903
Svein E. Blindheim		1915
Olavius O. Tynes.....		1916
Karl P. Fauske		1929
Jens P. Fedt		1929
Karl H. Aure.....		1946
Martin H. Aure.....		1946
Nils A. Aurdal.....		1955
Paul P. Aure		1955
Martin J. Kurset.....		1955
På elv: Hans P. Tynes		
Ole O. Blindheim		1945
Bilulukke:Johanne P. Rødset (Eidem)		
Tomas K. Stave		1920
Johan P. Brunstad		1935
Karl J. Grebstad.....		1938
Nikoline K. Aure		1947
Lars L. Grebstadgjerde		1948
Jemmi Knudsen		
Tog-ulukke: Anna S. Ullavik		

Andre ulukker: Karoline K. Grebstad.....	
Johan P. Hjorthol	
Trygve Gulbransen	
Karl B. Grebstad	ca. 1927
Karl S. Aure	... 1948
Lars S. Hjelle	ca. 1950

Som ein har sett kan den einskilde utvandraren ha betalt dyrt for den større eller mindre grad av suksess han kan ha vunne. Og ser ein på utvandringa frå Sykkylven under eitt, vil lista ovanfor syne, meir enn noko anna, kor sterkt det tragiske i-slaget stig fram.

XI. VINNING OG TAP FOR BYGDA [Til INNHALD](#)

Utvandring er eit fenomen som er så komplisert både når det gjeld årsaker og fylgjer, at synet på emigrasjon frå eit område kan skifte frå tid til tid. Kring hundreårsskiftet skriv sunnmørsblada ofte om utvandraren som ein svikar av landet, og som ein hjartelaus person som vrakar det yrket foreldra har lagt til rette for han med så mykje strev. Så seint som 1921 karakteriserar Norges Offisielle Statistikk ymse strøk av landet som «de sterkest hjemsøkte» (av utvandringa), ein omtale som gir uttrykk for eit syn på utvandringa som lenge var vanleg: at ho var ei ulukke. I seinare år har ein meir fått syn for positive sider ved utvandringa. Ho førde med seg godt og vondt, men korkje det gagnlege eller det skadelege er det lett å skilje ut og føre opp som postar i ein rekneskap. Heller ikkje er det historieskrivaren si oppgåve å gjere greie for om fylgjene var gode eller dårlege, men han kan prøve å peike på sjølve fylgjene.

Utvandringa måtte få verknad på folketalet i bygda, men var her berre ein faktor ved sida av andre. Folketalet i Sykkylven for desse åra kan ha interesse her:

1891	2346
1900	2420
1910	2447

1920	2535
1930	2426
1951	3816
1954	4213

I 1891 hadde det alt vore utvandring i mange år. Folketalet steig likevel med 12,5 % i tida 1876—1890, fordi innflyttinga og fødselsoverskotet til saman var langt større enn utvandring og utflytting. I ti-året 1901—1910 var auken i folketalet berre 1,1 %, endå fødselsoverskotet var om lag det same, og mange kom heimatt fra Amerika. Denne reduksjonen i folketilveksten kjem serleg av den store utvandringa i dette ti-året. Til samanlikning kan nemnast at auken i folketalet for heile Sunnmøre i denne tida var 9,5 %, og at utvandringsintensiteten, som før nemnt, var dobbelt så stor for Sykkylven som for Sunnmøre i det heile.

I det neste ti-året, 1911—1920, var det mange år utan utvandring. Dette var ein av grunnane til stor auke i folketalet, endå tuberkulosen, og serleg spanskesykja, kravde mange offer.

I 1920-åra var det atter stor utvandring, og folketalet går jamvel attende med bortimot 100. Berre i fem sunnmørsbygder minkar folketalet i denne tida, og ingen har større tilbakegang enn Sykkylven, der folketalet minkar med 4 %. Her som elles må ein rekne med andre faktorar: utflytting til andre stader innanlands, verknad av «tobarnsystemet», og mindre innflytting.

I tida frå 1891 til og med 1930 auka folketalet i Sykkylven berre med 80, men med 400 berre frå 1951 til 1954. Det fyrste talet (80) fortel noko om verknaden av utvandringa, det siste (400) fortel lite om verknaden av at utvandringa har stogga, men meir om stor innflytting til bygda.

Utvandringa vart ofte samanlikna med årelating, utan at ein alltid hadde i tankane den velgjerande verknaden ein meinte årelatinga hadde. Men utvandringa letta eit trykk. Det vart større sjansar og meir råderom for dei som var att.

Meir enn mange andre stader fekk utvandringa for Sykkylven verknad på samansetjinga av folket som var att. Her var det sjeldan at heile huslydar utvandra. Rett nok reiste ofte dei fleste



Parti frå Sykkylven.

av ein huslyd etter kvart, men det var ikkje ofte mann, kone og born utvandra i lag. Dette gjeld elles all norsk utvandring frå den tida utvandringa frå Sykkylven tok til; men før var huslydutvandring vanleg. Om ein gift mann reiste til Amerika, og det hende ikkje sjeldan, vart kona og borna oftast heime i Sykkylven. Stundom kom mannen heimatt for godt, andre tider flytte kona etter til Amerika. Men berre 11,4 % av alle sykkylvsutvandarane var gifte. Av utvandarane før hundreårsskiftet var 10,7 % gifte, i tida 1901—1916 9,8 % og etter 1920 14,7 %. Før 1920 var det langt fleire gifte menn enn gifte kvinner som reiste, som rimeleg kan vere, då det er mannen som er «breadwinner». Etter 1920 er det berre ein knapp majoritet av gifte menn, endå mange «sellar» reiste i 1920-åra. Dette kjem av at konene oftare reiser etter i denne tida, i sume høve til mann som har utvandra i ein tidlegare periode. «Sellane» som reiste i 1920-åra for andre eller tredje gong, er ikkje medrekna her. Men denne utvandringa av gifte fekk ulik verknad for bygda alt etter som dette gjekk for seg. Når mannen reiste åleine, kan ein seie at han berre hadde arbeidsplassen sin i Amerika, og fødde huslyden heime. Når kona

og borna reiste etter, vart det til slutt huslydutvandring. I begge tilfelle fekk slik utvandring lite å seie for folkesamansetjinga, så det ein merkar seg her, er den låge prosenten av slike utvandarar i det heile. For all norsk utvandring har prosenten av gifte gått ned; men så seint som 1901—1910 var bortimot 19,3 % gifte.

Av sykkyllsutvandarane var altså 88,6 % ugifte, og dei var unge. Nokre var så unge at dei vart konfirmerte i Amerika. Elles er gjennomsnittsalderen nokolunde konstant for vaksne menn. 19—20 år er det vanlege. 1905 har minste gjennomsnittsalder med vel 18½ år. Elles er gjennomsnittsalderen under 20 i desse åra: 1898, 1903—1904, 1097, 1910—1911, 1912 og 1914. I det store utvandringsåret 1923 er gjennomsnittsalderen 22 ½. For ugifte kvinner er tala ikkje fullt så jamne. Det kjem av at der er færre av dei, slik at eit einskilt stort avvik får stor innverknad på gjennomsnittsalderen. Berre i 1897—1899 og 1906 var her gjennomsnittet under 20. Serleg etter 1910 er dei ugifte kvinnene eldre enn dei ugifte mennene.

Det er alt nemnt at det var færre kvinner enn menn som utvandra. I tida fram til 1920 var 66 % av utvandarane menn, 30 % kvinner, og 4 % born under 15 år. Etter 1920: 70 % menn, 19 % kvinner og 11 % born under 15 år. Heile tida ligg prosenten for menn noko høgare enn gjennomsnittet for landet elles, med 62,4 % menn frå bygdene i tida 1876—1915.

Majoriteten av dei som reiste var altså unge menn. Det at dei tok avgjerda og reiste, kan og tyde på at det var dei med mest tiltak som for. Til tider kan ein vel derimot seie at det var berre viljelaust å fylgje straumen. Korkje det eine eller det andre kan bevisast. Men den fyrste tanken har mange vore inne på, såleis Vilhelm Moberg i «Utvandrarna», og Anders Hovden skreiv: «Det er dessverre jamnast folk med mest framferd og kraft som reiser fraa oss og vert tappat som hjarteblod fraa fedralandet.»¹

Utvandringa hadde såleis i noko større grad enn for landet elles den verknad for bygda, at prosenten av arbeidsføre vart mindre, og prosenten av dei som måtte syrgjast for, tilsvarende større. Her må ein elles vere merksam på at jamvel frisk ungdom ville kome i gruppa som måtte syrgjast for og som tyngde, der-

¹ Smp. 20/3 1899.

som dei vart gåande arbeidslause heime, eller om det arbeidet dei kunne gjere, ikkje auka produksjonen i samsvar med folketilveksten. Spørsmålet vert då om dette var mogleg. Jordbruket kunne ikkje utvidast eller intensiverast i ein slik grad, heller ikkje fisket. Var det så råd å gå i gang med industri på eit tidlegare tidspunkt? Meir heimeindustri kunne kanskje sykkylvingane ha drive før, medan tida vel ikkje var moden for industri i større målestokk før i siste mannsalder. Det er vel difor tvilsamt om der i det heile var nokon utveg til livberging for alle. Er dette rett, må ein sjå på utvandringa som eit stort gode for bygda. Då kan ein ikkje tale om eksport av arbeidskraft som bygda trong sjølv. Rett nok kosta det å fø alle desse ungdomane fram til arbeidsdyktig alder, og det vart Amerika som fekk billeg arbeidskraft. Det var eit tap for bygda, men eit tap ho måtte ta for å vinne noko større: leveveg for sine unge. Verknaden for bygda vart elles stort sett den same om ungdomen for over havet eller om dei berre flytte til ein annan stad innanlands.

Studerar ein folketeljinga av 1891 med omsyn til kva arbeid folket dreiv, stig det fram eit meir mangfelt bilete enn ein kanskje ventar seg. Ein er van med å skilje skarpt mellom yrka, og trur kanskje at når ein mann er gardbrukar og endåtil eig garden, så skulle det vere nok. Den tida dreiv minst 70 sjølveigande gardbrukarar fiske ved sida av, og elles finn ein kombinasjonar som desse: Gårdbruker, selveier, skreppekar; gårdbruker, selveier, skinnhandler; gårdbruker, selveier, fisker, skredder. Ei mengd slike variasjonar finn ein og for leiglendingar og plassemenn, og dei ugifte sønene driv og gjerne meir enn eitt yrke. I det heile får ein då det inntrykket at alle sjansar er utnytta til det siste. Rett nok finn ein og at mest alle på denne måten greier seg sjølve på det vis som er; berre kring 20 personar lever meir eller mindre på fattighjelp. Men likevel får ein eit like sterkt inntrykk av at her har ein eit samfunn der folket berre så vidt held det gåande ved utnytting av alle småsjansane, og at det må liggje svært nær å gripe den store sjansen som Amerika var. At utvandringa såleis stetta ein sterk trong til nye og betre utvegjar kan knapt vere tvilsamt.

Før er nemnt at utstykinga av gardane var med å hindre ut-

vandring. Utvandringa på si side var med å hindre vidare utstyking; etter som utvandringa fekk større omfang, vart det mindre spurnad etter jord heime. Fleirtalet av gardsbruka hadde stort sett same jordvidd i den tida utvandringa var størst. Sume greidde seg med eiga hjelp, jamvel om fleire søner utvandra. Andre stader trongst det leigd arbeidshjelp, og slik hjelp vart det knapt om då utvandringa auka. «På grund av den tiltagende udvandring er arbeidshjelp vanskelig at opdrive og kostbar, så gårdbrukerens økonomiske stilling er ikke ubetydelig forværret i de senere år.»¹ Likeeins var det med kvinnfolkhelp. «De færreste har råd til at holde tjenestepige, hvis lønninger er for høie for de små brug som her findes.»²

Skorten på arbeidshjelp førde til familiejordbruk, og til meir fart i mekaniseringa. Slåmaskinar, og noko seinare, rakeriver og høyvendarar, vart det fleire og fleire av, ei utvikling som elles kan reknast, ikkje berre som fylgje av, men og som årsak til utvandring: mekaniseringa frigjorde arbeidskraft. Denne utviklinga var og ei fylgje av andre faktorar, t. d. at jordbruk og fiske skilde lag, så kvar av dei måtte gjerast betre for å livnære sin mann. Men jamvel med det maskinelle utstyret vart det knapt med arbeidshjelp til sine tider. Likevel kjenner ein ikkje til at nokon gard vart vanstelt på grunn av utvandring, eller at nokon gard vart nedlagd. Jordagutar utvandra til Amerika, og mange av dei kom ikkje att. Dei selde garden eller plassen, men oftast til slekt. Noko meir nyrydning kunne det vel drivast på sume gardar; men der var gardbrukarar med fleire søner i Amerika, som fekk diplom nettopp for nydyrking. I slike høve var det arbeidskraft som var til overs som var «eksportert», og i det heile var det andre årsaker enn utvandring som gjorde at framgangen i jordbruket lenge var heller liten. Urasjonelt arbeid som utmarkslått vart drive, med leigd hjelp, til eit så seint tidspunkt at utvandringa mest var slutt. Konklusjonen må då verte at utvandringa ikkje hadde stor skadeverknad på hovudnæringsvegen i bygda.

Utvandringa frå Sykkylven var som nemnt stort sett utvandring av einskild-personar. Difor tok dei heller ikkje med seg slike mengder av utstyr, reidskapår og proviant ein kjenner døme

¹ Medisinalinnberetning 1902. - Medisinalinnberetning 1904.

på frå tidleg utvandring frå andre stader. Likevel hadde dei til saman med seg store verdiar. Berre billettane kosta mange pengar. I 1874 kosta billetten for turen Ålesund—New York 25 spesiedalar. I 1896 kosta det 370 kr. å kome frå Ålesund til Seattle. I 1922 kunne ein enno kome frå Ålesund til New York for 450 kr. I alt kan ein rekne med at sykkylvingar har betalt kring ein halv million kroner for Amerika-billettar, svarande til ein mykje høgare sum med noverande kroneverdi.

Så kosta det foreldra mykje å ruste ut gutane og gjentene til ferda, og dei måtte ha med seg større eller mindre kontantsummar omfram billettpengane. Få oppgåver ligg fyre om kva dei hadde med seg av kontantar. I 1875 hadde ein huslyd på seks medlemmer berre 20 spesiedalar med seg, eller ein tredjepart av det som gjennomsnittsutvandrarane over Kristiania i dei dagar hadde med seg. I 1904 hadde sykkylvsutvandrarar med seg frå 30 kr. til 150 kr., dei fleste under 100 kr. Kapitalistar hadde ikkje Sykkylven å sende til Amerika. Når dei kom til New York, måtte utvandrarane ei tid vise fram ein mindre kontantsum for å få lov å reise med toget vestover. Seinare skulle ein ha minst 20 dollars når ein kom fram dit ein skulle. «Udvandringen har berøvet distriktet megen kapital baade i menneskekræfter og i rede penge», skriv distriktlækjaren alt i 1882. Kor mykje desse «rede penge» utgjorde i alt, kan ein berre gjete på; truleg minst 100 000 kr.

Men om det kosta å fa ungdomen over havet, tok snart pengar og gåver til å strøyme attende. Det var klede til mindre sysken, det var pengar som letta kåra til dei gamle og hjelpde yngre til utdanning. Gifte utvandrarar sende pengar til kona heime, og andre sende heim sparepengar som vart sette i bank. Dei fleste som hadde lånt for å kome seg av stad, kunne betale etter kort tid. Det kom pengegaver ved mange høve og til mange formål: til enkjer og farlause etter omkomne fiskarar, til ungdomshus i Velledalen, til gamleheimen og anna. Under og etter siste verdskrig kom det ei mengd med Amerika-pakkar. Arvepengar kom det visst heller lite av til Sykkylven. Mange fekk billettar eller pengar til billettar sende frå Amerika. Men største summene hadde dei med seg som kom heimatt for godt. Eg skal ikkje prøve å gjete

på kor store verdiar som på alle desse måtane har kome til bygda frå utvandrarane. Moglege kjelder er så spreidde og ufullstendige at eg ikkje har funne det bry verdt å studere spørsmålet nærare. No har denne pengeflaumen stort sett turka inn; han trengst ikkje lenger.

Minst 15% av alle utvandrarane fekk billett eller pengar til billett frå Amerika. Dette er ikkje høg prosent samanlikna med det ein kjenner til frå andre stader. Av norske utvandrarar i det heile i tida 1865—1915 reknar ein med at 30—35 % reiste på tilsend billett. Dei som fekk billettane, betalte dei ofte med arbeid, serleg hos farmarar, som på den måten fekk billeg arbeidskraft. For mange utvandrarar var dette einaste måten dei kunne kome seg over på, og dei fleste var vel glade for at dei fekk vere hos slekt eller kjende den fyrste tida.

Før er nemnt at av dei 24 % av utvandrarane som kom heimatt til Noreg for godt, busette dei fleste seg i Sykkylven, nemleg 20.2 % av alle utvandrarane.

Tabell 8	
Tid for utvandring	Heim for godt
Før 1880	6%
1880-1889	18 »
1890-1899	20 »
1900-1909	28 »
1910-1919	26 »
1920-1929	23 »
1930-	0

Samanliknar ein dette med tilbakevandringa til andre stader i Noreg, vil ein sjå at prosenten for Sykkylven er høg, noko som gjeld fylket i det heile. Tilbakevandringsprosenten for heile fylket av utvandrarar før 1920 var 18,8 %; berre Vest-Agder hadde høgare, og Austlandet langt lågare prosenttal. At få av dei tidlegaste utvandrarane kom heimatt for godt, stemmer med norsk utvandring i det heile. Den tida var det vanleg å reise for å bli. Mange tok jord, og vart meir bundne på den måten.

Til Sykkylven kom serleg mange heim for godt like før fyrste

verdskrig. Minst 15 kom heim berre i 1913. Elles kom det nokre kvart år fram til 1923; det året var det visst ingen som våga seg mot straumen. I tida 1925—1930 kom det 9—12 kvart år. Sidan 1934 har berre 10—12 kome heim for godt.

Som ein lett kan tenkje seg, var det langt fleire menn enn kvinner som vende attende. Gutar skulle heim og ta garden, medan gjentene oftast gifte seg i Amerika og fekk sin heim der.

Amerika-«turane» til dei som kom heimatt for godt, varde frå 1 til 46 år, gjennomsnitt 9 år. Dei fleste var der berre *ein* tur, kring 50 to turar, og bortimot 20 tre turar. Til saman hadde desse lagt ned kring 2100 arbeidsår i Amerika, eller lågt rekna 600 000 dagsverk. Så mange dagsverk ville ha sett merke etter seg i Sykkylven og. Men mykje både av det dei tente og det dei lærde i Amerika, kom bygda til gode. Dei som kom heimatt var ikkje slike som det hadde gått dårleg for i Amerika, eller som ikkje treivst der. Det var for det meste slike som alt ved utvandringa hadde bestemt seg for å kome heimatt når dei hadde tent ein sum pengar, og dei kom heimatt når dei hadde fått det dei reiste etter. Eg kjenner til kring 100 som kjøpte gard eller plass, men det er truleg fleire. Av desse var det dei fleste som bygde hus, nokre stove, andre løe, sume alle husa på garden. Slik fekk bygda eit nytt andlet, kanskje med eitt og anna drag som verka framandt og tilgjort; men stort sett vart bygda vakrare. I sume høve vart hus bygde for Amerika-pengar før utvandrarane kom heimatt, og i andre høve hjelpte slike pengar til med fornying av husa utan at utvandrarane kom att i det heile. Mange Amerika-pengar vart og brukte til nydyrking. Verkeleg store midlar var det vel få som hadde med seg frå Amerika. Men der fanst då dei som etter investeringa i hus og heim endå hadde nok pengar å leve av.

Men det var anna enn pengane desse heimattvandarane hadde med seg. Det dei hadde sett og lært, kom bygda til gode. For endå hadde dei fleste ein lang arbeidsdag framfor seg. Gjennomsnittsalderen for dei som kom heim for godt, var 34 år.

Det var og viktig for bygda at desse heimattkomne fann seg til rette heime etter eit langt Amerika-opphald. Sume fann kanskje heimen liten og «forholda» små. Ein sykkylving i Amerika

meiner at korkje den heimattkomne eller den som vert verande ute, kan kjenne seg heilt nøgd. «Vi kjenner oss som ein rund pinne i eit firkanta hol, *dei* (dei heimattkomne) kjenner seg som ein firkanta pinne i eit rundt hol.» Dei støyter mot skikkar og tradisjonar dei ikkje lenger kan greie, om ikkje i same grad som amerikanaren på besøk, meiner han. No trivst vel dei fleste i bygda, som dagleg vert meir «amerikanisert.»

Utvandringa opna eit utsyn mot den store verda for dei som var heime, gjennom det dei heimattkomne og dei som var på besøk fortalde, og gjennom Amerika-breve. Bygdefolket lærde å kjenne andre livsformer og fekk impulsar til nye tiltak. Kor sterkt denne kontakten verka, er det vanskeleg å gjere seg opp ei meining om. Ein veit for lite om kva den heimattkomne fortalde til dei spørjelystne som flokka seg rundt han. Berre av Amerika-breve kan ein sjå kva som kan ha vore til lærdom og impuls. Og altfor mange har «rydda» i kisteleddiken og funne at Amerikabreve kunne brennast. Men dei få eg har fått lese, syner at spreidde opplysningar nok etter kvart kunne gi nyttig og inciterande kunnskap av stort verd.

Vurderinga av vidfemnande og kompliserte fenomen skifter med generasjonane, etter vitskaplege nyvinningar, eller av grunnar som ikkje lett lét seg påvise. Slik har synet på utvandringa endra seg og, vel mest fordi dei ymse sider ved utvandringa vart grundigare granska. Dei som stod midt oppe i denne folkevandringa måtte og sjå på ho med andre augo enn den som ser attende på noko avslutta. Men enno vil meiningane vere ulike, alt etter kva kontakt den einskilde har hatt med utvandringa. Slik og med sykkylvingane heime. For nokre huslydar vart utvandringa berre til ulukke, til andre førde ho vinning og velstand. Djfor vil folk sjå ulikt på spørsmålet om vinning og tap for bygda og. Men ingen vil finne fram til nokon sluttsam, fordi verdiane ikkje lét seg måle mot kvarandre. Utvandringa har verka med i den omskapinga av bygda som har gått for seg den siste mannsalderen, og har dermed vore med å gjere ende på seg sjølv. Sjansane til leveveg heime og ute har jamna seg ut, og utvandring er lite aktuell. Folkestraumen har snudd enno ein gong. Men innflyttinga no er langt større enn den som gjekk for seg for hundre år

sidan. Utvandringa er i dag på eit lågmål. Truleg vil dette halde fram, slik at berre ein og annan heretter flytter over havet for godt.

XII. UTVANDRARBIOGRAFIAR [Til INNHALD](#)

I eit arbeid av dette slaget vil ein alltid treffe på grensetilfelle, der det kan vere tvil om den eller den skal takast med. Her er medtekne

- 1) Alle som er fødde i Sykkylven og har utvandra derifrå eller frå andre stader.
- 2) Alle som har vakse opp i Sykkylven og har utvandra derifrå.
- 3) Innflyttarar som budde i Sykkylven i lenger tid og utvandra derifrå.

Storparten er både fødde og oppvaksne i Sykkylven og har utvandra direkte frå bygda.

Utvandrarane er ordna alfabetisk etter gardnamn, fars- og døypenamn. Utvandrarar med utanbygds namn eller med namn på -sen er førde under den garden dei utvandra frå, og då alltid etter dei andre utvandrarane frå garden. På den måten får ein alle utvandrarane frå ein gard samla. Såleis finn ein t. d. Olaf Svard under Kjemphol. Slike finn ein fram til ved hjelp av registeret bak i boka.

Når det giêld skrivemåten av gardnamna har eg halde meg til dei formene som vart brukte ved utvandringa, t. d. Fedt, Strømmegjerde. Der det har synt seg at det ikkje konsekvent vert skilt mellom dei samansette og dei usamansette gardnamna, t. d. Fauske og Fauskekam, har eg funne det best ikkje å skilje mellom dei under ordninga, slik at personnamna då vert avgjerande for rekkjefylgja.

Forkortingar

G. m. = gift med
g- = garden (Jang. = Jangarden).
B. C. = British Columbia
Cal(if). = California
Col. = Colorado
Minn. = Minnesota

Mpls. = Minneapolis
Wash. = Washington (staten).
D. o. N. = Daughters of Norway (Døtre av Norge).
S. o. N. = Sons of Norway (Sønner av Norge).
utv. = utvandra

Tala etter årstal for besøk: Besøkslengd i månader.

1. *Andestad, Anne Jensd.* (Rasmusg.)
f. 1/2 1879. Var i 5 år på ullvarefabrikk i Samnanger. Der gift med Ole Fosnes frå Nordland, kokk på snøggruta. Han utv. til Amerika i 1903, tok 15 acres' homestead i Gig Harbor, Wash. Anne reiste dit i 1905. Mannen var i Amerika fiskar og kaibbyggjar, og døydd i 1954. Ingen born. — Heime i 1921—22 (9) og 1949 (3).
2. *Andestad, Johan Jensen* (Rasmusg.)
f. 11/3 1884. Var snikkar då han utv. til Tacoma i april 1904. Kjøpte land nær Gig Harbor, Wash. G. m. Oline Gytri frå Nordfjord. Ho døydd i 1938, han i 1940. Born: Lilian, Olga, Leonard og Edna. Olga g. m. Theodor Ramy (ein son, Douglas). Leonard driv farmen.
3. *Andestad, Lauritz Jensen* (Rasmusg.)
f. 1/6 1888. I febr. 1909 til sysken i Gig Harbor, Wash. Skogsarbeidar i Polson og andre campar. Kai- og bruarbeidar i B. C. Ein sesong laksefiske i Alaska. Kom heim for godt juledag 1919.
4. *Andestad, Ludvig Jensen* (Rasmusg.)
f. 31/8 1895. Var fiskar før han utv. til sysken i Wash. i jan. 1923. Har budd i Seattle og Gig Harbor, Wash. som kveitefiskar. G. m. Jenny Hestad frå Ålesund. — Medl. av Sunnmørslaget og S.o.N. Heime i 1937—38 (10), 1947—48 (7) og 1957.
5. *Andestad, Martin Jensen* (Rasmusg.)
f. 23/3 1868. Misjonær. Arbeidde eit år på teglverket på Aure. Gjekk Framnes Ungdomsskule i Hardanger og Misjonssambandets misjonsskule 1910—1914. Vårhalvåret 1915 ved Livingstone College i London. Hausten 1915 vart han send som misjonær til China. 1916—1937 ved Fangshien-stasjonen i Hupeh-provinsen i Sentral-China, der han i 1930 våga livet for å redde ein innfødd. (Sjå Smp. 27/3 1930). 1938—1948 var han stasjonert ved Schwan og Tenghsien stasjonar i Honan-provinsen. Lærar ved evangelistkurs o.l. og var dei siste åra mykje med i administrasjonen. Tre gonger heime på ferie. 1. g. m. misjonær Mathilde Baalsrud, som døydd av tropesjukdom i 1921. Ein son, Sverre, f. 1920 i China. 2. g. m. misjonær Ella Hovda. Dei budde på Reilstad i Finnøy. Han døydd 18/11 1956.

6. *Andestad, Peter Jensen* (Rasmusg.)
f. 12/9 1881. (Pete Larsen). Reiste til slekt i San Francisco i mars 1901. Har vore laksefiskar i Alaska, men lengste tida trearbeider i Cal. Var i San Francisco under jordskjelven, og alt brann der han budde. I 1911 flytte han til Los Angeles, der han har vore byggmeister. Medl. av S. O. N., og av Nordmændenes Sangforening frå starten. Heime i 1947 (2). I 1912 g. m. Svea Bye frå Oslo. Born: 1. Vivian 2. Robert 3. Stanley, lærar for am. okkupasjonsstyrkar i Japan. — 3 barneborn (1951).

7. *Andestad, Andreas Larsen* (Jakobg.)
f. 3/5 1869. Var skinnhandlar i Sykkylven i yngre år. Dreiv isforretning i Ålesund då ryktet kom om gull- og diamantfunn i Sør-Afrika. Reiste dit i 1894 og var der til ca. 1903, mest som bygningssnikkar i Johannesburg. Frå Afrika reiste han som tømmermann på lastebåt til Amerika, der han arbeidde på skipsverft i S. Carolina. Fekk tyfus, rømde frå sjukehuset og tok hyre på engelsk båt til Japan. Var som sjømann i China og India. G. m. Anna Klauseth. Har born og barneborn. Bur i Ålesund.

8. *Andestad, Petter Johan Larsen* (Jakobg.)
f. 19/5 1872. Var lenge slaktar i Ålesund før han utv. til Colorado i 1910. Tok sidan visstnok homestead i B. C, Canada. Dreiv elles i bygningsfaget, som han hadde lært heime. 1. g. m. Anna Wolstad frå Ålesund. 2. g. m. Hel^a Sandvik frå Ålesund. Ho reiste til mannen med 5 born i 1911: Aslaug og Reidar av 1. ekteskap, Arne, Herborg og Einar av 2. ekteskap.

9. *Andestad, Nikoline Pettersd.* (Peg.)
f. 1886 på Abelset i Ørskog. Skriv seg for Nikka Jellen. Kom 5 ½ år gl. til Andestad. Var i Spjelkavik i 7 år før ho utv. til Amerika saman med kjærasten, Bernt Jellen, i 1910. Han hadde vore der i 4 år før; var marmorhoggar. Dei gifte seg, men vart skilde. Born:
1. Ida, g. m. Leonard Boe. 2. Paul, g. m. May Hansen. 3. Elwin, g. m. Elisabeth Snider. — 6 barneborn (1951). Bur i Seattle.

10. *Aaker, Johan Johansen* (Knutg., Andestad)
f. 20/7 1900. Aaker-namnet er frå Trøndelag. Far hans var g. m. Anne Andestad. Johan utv. til Wash. i jan. 1923. Var då alt gift med Lina Barlindhaug og hadde dottera Ingrid; dei vart att heime. Han var utlært snikkar, dreiv snikkarverkstad i Seattle. Sidan skogsarbeidar i Polson camp 10. Den 25/10 1926 fall toppen av eit rote tre ned over nakken hans, og han vart drepen momentant.

11. *Aurdal, Andreas Andreassen* (Larsg.)
f. 22/9 1885. Til Tacoma i febr. 1906. Etter kort tid i Nielsen & Shaws

skogseamp i Wash. arbeidde han i to år på gullgraving i Dawson for dagløn. Sidan 4H år i Seattle og Tacoma på bygningsarbeid, som han hadde lært heime. Heim for godt i 1912. Kjøpte gard på Blakstad og bygde løe.

12. *Aurdal, Edvard Andreassen* (Larsg.)
f. 29/11 1887. Utv. i febr. 1909 til skyldfolk i Tacoma. Fyrst skogsarbeidar, men då det vart arbeidsstans i skogen, vart han snikkar i Tacoma. Halvtanna år seinare gjekk han over til jernbanearbeid, og var brubyggjar i to år. Så bygningssnikkar i Tacoma. Heim for godt i 1914. Kom til Kristiania 17. mai.
13. *Aurdal, Karl Johan Andreassen* (Øvste-Larsg.)
f. 28/3 1894. Til Amerika fyrste gongen i mars 1913. Var maskinist i skogen. 1916—1923 var han gardbrukar i Sykkylven. Deretter i 4 år i Amerika att. Kom heimatt med 20000 kr. og skulle ta garden. Døydde i 1928 av blindtarmsbetennelse. Var gift med Laura L. Aure (Pihlg.)
14. *Aurdal, Lars Karl Andreassen* (Øvste-Larsg.)
f. 29/6 1896. Til Wash. i jan 1923. Arbeidde i 3 år i Polson camp 2. Heim for godt i 1926. Kjøpte gard på Klokkehaug, farsgarden til kona.
15. *Aurdal, Nils Andreassen* (Larsg.)
f. 20/6 1898. Utv. til Pete Hole i Puyallup, Wash. i juni 1923. To ar i Polson, seinare på fiske i Beringhavet og på California-kysten. Budde i Seattle mellom sesongane. Omkom på sjøen i Bristol Bay 28/6 1955. Gravlagd i Egegik, Alaska 8/7 1955.
16. *Aurdal, Ole Andreassen* (Larsg.)
f. 3/7 1883. I febr. 1902 til Tacoma. Skogsarbeidar i Jackson og andre campar. Medan han var i byen 4. juli det året, brann campen, og han miste alt han åtte. Reiste då til Alaska og arbeidde i 2 år i gullmine på Douglas Island. Derifrå til Klondike, der han hadde claim på Dominion i lag med Jens Langlo. Heim til Noreg hausten 1907. Til Tacoma att i 1914. Arbeidde for Chicago -Mihvauke-jernbanen som snikkar, lagermann og reisande inspektør. Heim for godt i 1916. Kjøpte hus og hage på Sjøholt og busette seg der. Var mykje med i offentleg styr og stell. Døydde 7/11 1956. (Sjå Smp. 20/6 1942).
17. *Aurdal, Lars Peter Hansen* (Kjempholsgj.)
f. 6/5 1867. Son til Emmedals-Hans og kone (Rønes-Maria). Til Amerika i mars 1887. Var på sagbruk i Tacoma. Vart sjuk og reiste heim for godt i 1890. Budde på Kaghølen. Døydde av tæring 9/12 1892.

18. *Aurdal, Ole Severin Hansen* (Kjempholsgj.)
f. 14/12 1864. Til Cal. i febr. 1886. Var sidan i Minn., Dakota og Wash. Skogsarbeid, og kortare tid på sagbruk i Tacoma i lag med broren Lars Peter. Heim for godt i 1889. Døydde i 5/5 1941.
19. *Aurdal, Karl Karolussen* (Øvste-Larsg.)
f. 22/9 1876. Til Amerika i 1901. Skogsarbeidar i Wash., sidan lenge i Klondike og Fairbanks som gullgravar. Har ikkje kontakt med heimen. Ugift.
20. *Aurdal, Olivia Larsd.* (Fjordg.)
f. 15/4 1886. Til Minn. i febr. 1903. I Duluth g. m. Hans Regeberg, som vart drepen ved jernbaneulukke i 1910. Ho kom heim for godt i 1911 og vart gift med Karl Røgeberg, bror til Hans. Bur i Eiker. Ein son av 1. ektesk., 3 søner og ei dotter av 2. ektesk.
21. *Aurdal, Ole Andreas Larsen* (Knutg.)
f. 13/4 1909. Til Amerika i mars 1928. Har budd i Seattle og Tacoma som fiskar. Var i Japan som fiske-ekspert.
22. *Aurdal, Inger Olsd.* (Rongane)
f. 11/3 1877. Til Echo, Minn. i juli 1901 i lag med Andrew (Ole Andreas) Sjaastad, som hadde vore heime på besøk og som ho vart gift med i Amerika. Han hadde vore der sidan 1873. Born: 1. Anton. 2. Mabel. 3. Palma. 4. Richard. 5. Berta g. m. Elert Kvistad. Sonen Oscar var fødd i Noreg (43). — 6 barneborn (1951).
23. *Aurdal, Jensine Olsd.* (Rongane)
f. 3/8 1890. I mai 1912 til systera Inger Sjaastad i Echo, Minn. G. m. murar Jan Eriksen frå Haugesunds-kanten. Han døyddde i 1932. Dei budde fyrst 10 år i Echo, sidan i St. Paul. Ei dotter, Elsie, g. m. George Soulis. Deira son, Douane g. m. Margie Coulie.
24. *Aurdal, Karen Olsd.* (Rongane)
f. 21/10 1878. Til Dakota i mars 1902. G. m. Anton Larsen frå Bergens-kanten, farmar i Echo, Minn. Ho døyddde i 1917. Born: 1. Martin (10 born). 2. Ole (2 born). 3. Klara. 4. Jossi (6 born). 5. Christi. 6. Iver.
25. *Aurdal, Lovise Olsd.* (Rongane)
f. 11/4 1888. Til Amerika i febr. 1903 saman med broren Lars. G. m. elektrikar Olaf Worra. Har budd i St. Paul. 5 born.
26. *Aurdal, Nikoline Olsd.* (Andersg.)
f. 1/11 1901. Til Amerika i okt. 1922 til kjærasten, Nils B. Haugset (Nels

Benson), som ho vart gift med i Tacoma i 1925. Heim for godt i 1929. Døydde i 1932.

27. *Aurdal, Oluffa Olsd.* (Rongane)
f. 19/12 1892. Gift i Noreg i 1915 med Oskar Rafteset frå Herøy. Han utv. til Amerika i 1923. Var fiskar og bygningsmann i Wash. Ho reiste til han i nov. 1930 med 5 born, som er nemnde under *Rafteset*; namnet huslyden no brukar er Hendrichs. Mannen fall ned frå eit bygg og vart drepen i 1941. Dei hadde ei tid farm i Olalla, Wash., men selde og flytte til Seattle. Eig hus der, og Oluffa arbeider på skulekjøken. Yngste sonen, Rolf, er fødd i Amerika. Oluffa var heime på besøk sumaren 1956. (Sjå 52—57).
28. *Aurdal, Andreas Olsen* (Rongane)
f. 11/8 1873. Flytte til Haugesund ved nyår 1900. G. m. Gurine Munkejord. Til Amerika ca. 1906. Har vore murar, lengst i St. Paul. Born: John, Ole og Lenora, 4 barneborn, 2 barnebornsbarn (1951).
29. *Aurdal, Jens Peter Olsen* (Rongane)
f. 2/4 1884. Var utlærd snikkar før han reiste til Amerika ca. 1905. G. m. Inga Blindheimsvik frå Vigra. Døydde ca. 1940 i Spokane, Wash. Born: Mabel og Arnold. 5 barneborn (1951). Arnold med huslyd budde i 7 år i Honolulu.
30. *Aurdal, Knut Olsen* (Rongane)
f. 24/11 1880. Til Dakota i mars 1902. Snikkar. Døydde ugift i 1917.
31. *Aurdal, Lars Olsen* (Rongane)
f. 8/5 1886. (Louis Olsen). Utv. i febr. 1903 til Amerika saman med systera Lovise. Var ei tid farmar i Sask., Canada; no i Matsqui, B. C. G. m. Kornelia Larsd. Grebstad.
32. *Aurdal, Olaf Olsen* (Andersg.)
f. 11/5 1908. Til Wash. i 1927. Hadde lært snikkararbeid heime. Arbeidde fyrst i Polson. Har sidan drive fiske i Alaska. Bustad elles Seattle. G. m. Anna K. Sandvik f. Hole. (Sjå 591). Heime på besøk 1946—47.
33. *Aurdal, Petter Olsen* (Andersg.)
f. 12/8 1897. Til Wash. i sept 1923. Skogsarbeid ved Hoquiam eit par år. Lakse- og kveitefiske i Alaska og sardin- og tunafiske ved California. Under krigen på skipsverft i Seattle. Bur no i Puyallup, Wash. og arbeider på skipsbyggjeri. I 1931 g. m. Klara Haram frå Ålesund. Ein adoptivson. Medl. av Sunnmørslaget i Seattle. Heime på besøk i 1927 (4), 1947 (3) og 1950 (6).

34. *Aurdal, Johan Pettersen* (Tormog.)
f. 16/2 1883. Lærde bygningsarbeid av faren og var med han som bygningssmann i fleire år på Austlandet. Til Tacoma i mars 1903. Arbeidde i skogen som smed. Var i 1906 komen til Klondike og var lenge i Alaska, m. a. som maskinist ved mine 1911—1913. G. m. Johanne Sve frå Stranda. Ho døydde i 1908. Han reiste i 1913 heim til Sykkylven, kjøpte Stølen-garden på Kjemphol, farsgarden til Eline, som han gifte seg med. I 1923 til Amerika att. Arbeidde no fyrst i smie, sidan på møbelverkstad i Tacoma. Heim for godt i 1928. Dreiv mykje nydyrking og bygde nye hus. Døydde 17/3 1944. (Sjå Smp. 5/4 1935).
35. *Aurdal, Nils Pettersen* (Tormog.)
f. 9/6 1880. Utv. fyrste gong til Wash. i febr. 1906. Skogsarbeid ved Tacoma, sidan mining i Alaska. Heimatt 1910. G. m. Lisa J. Grebstad (Gammelg.) og overtok ein del av bruket der. Til Amerika andre gongen i 1923. Heim for godt etter 3—4 år. Døydde 17/3 1944.
36. *Aurdal, Petter Johannes Pettersen* (Nilsg.)
f. 15/7 1886. Utv. ca. 1905. Arbeidde heile tida i skogen ved Hoquiam, frårekna eit par turar til Alaska. Døydde av kreft ca. 1949. Gravlagd i Sunset Memorial Park, Hoquiam.
37. *Aurdal, Petter Karl Pettersen* (Tormog.)
f. 16/9 1884. Landbruksskule på Gjermundnes. Til Tacoma i mars 1905, til Jens Grebstad (Erikg.). Var fyrst på sagbruk i Tacoma, så i gullmine i Alaska. Heim til Noreg i 1909. Etter eit halvt ar til Alaska att. Heim for godt i 1911, då han tok garden. Er fremste skogplantaren i bygda og har diplom frå Møre Skogselskap. (Sjå Sykk.bladet 5/3 1948 og Smp. 16/9 1954).
38. *Aurdal, Syver Pettersen* (Nilsg.)
f. 13/6 1891. (Sam Peterson). Til Wash. i febr. 1909. Skogsarbeid ved Hoquiam. Var heime i Noreg to turar. Returnerte etter fyrste opphaldet heime i nov. 1914; og etter andre turen heime (ca. 3 år) i april 1925. Døydde av slag ute i skogen ca. 1949. Gravlagd i Sunset Memorial Park, Hoquiam. Ugift.
39. *Aurdal, Tomas Pettersen* (Nilsg.)
f. 14/10 1888. (Tom Pedersen). Utv. over Trondh./Kra. i febr. 1907. Arbeidde i Polson, mest i campene 6 og 1. Heim for godt i 1915. Flytte til Grebstad i 1916. Døydde 15/3 1954.
40. *Aurdal, Johanne Rasmusd.* (Fjordg.)
f. 4/2 1899. Til Amerika i mai 1928 som sjukesyster. Arbeidde ved det

norske sjukehuset i Seattle. Seinare huspostar, sist hos Friele. Heimatt i 1937. Tente hos Roald Amundsen og omkom ved brann i heimen hans 11/1 1938. Gravlagd i Oslo.

41. *Aurdal, Lars Rasmussen* (Fjordg.)
f. 23/2 1904. (Lous Aurdal.) Til USA over Canada i juni 1923. Eit år i Polson camp 10. Fekk «cedar poison» og måtte slutte i skogen. Kort tid møbelsnikkar i Seattle og vegarbeidar i Calif. I 1928 tilbake til skogen ved Hoquiam, men fekk «cedar poison» att. Reiste så på laksefiske i Alaska og har sidan drive fiske, alle vanlege slag utanom kveitefiske. Var med på vitskapleg ekspedisjon til sjøs. Har drive ættegransking og studiar av andre emne i samband med den. Heime på besøk i 1937 og 1954.
42. *Aurdal, Severin Rasmussen* (Fjordg.)
f. 5/4 1892. Til Duluth, Minn. våren 1910, til halvsystema Olivia Røgeberg (20). Var fyrst skogsarbeidar, sidan fiskar. Har no eigen båt i Alaska. Har drive mykje «trapping» som hobby. Ugift.
43. *Aurdal, Oscar Berger* (Rongane)
f. 18/1 1900. (Oscar B. Sjaastad.) Til Amerika i mars 1902 saman med moster si, Karen Aurdal. Mora Inger var då alt i Minn., der Oscar voks opp. Han tala norsk som gut. Eig farm som stykfaren Andrew Sjaastad kjøpte for 11 dollars pr. acre; no verd 180 dollars pr. acre. Frå 1922 til 1926 bankmann i Chicago. Under depresjonen tilbake til farmen. Sumaren 1935 til Alaska på cannery. Ved kornelevator i Echo, Minn. til 1937, då han gifte seg med Amanda Albu frå Echo. Sidan 1938 har dei budd i Belview, Minn. Dreiv bensinstasjon til 1941. Sidan bankkasserar. 2 born.
44. *Aurdal, Rasmus Tomassen* (Fjordg.)
f. 30/3 1853. Vart utlært smed i Holmoy i Nordfjord. Reiste til Amerika ca. 1886, truleg til slekt frå Nordfjord. Heim og tok garden i 1888 då mor hans døydde. Det seiast at han hadde 5 kr. att då alle rekningane var betalte. Døydde 20/3 1906.
45. *Melset, Anna Pettersd.* (Knutg. Aurdal)
f. 16/8 1900. Var syerske då ho utv. til Tacoma i aug. 1927. G. m. fiskar John Hansen frå Norddalen. Dreiv ei tid norsk kafé i Seattle saman med Emma Uri og Berta Schei. Heime på besøk i 1936 (6). Var lenge sjuk og døydde ca. 1950. 2 born. tvillingar.
46. *Melset, Berte Pettersd.* ((Knutg. Aurdal)
f. 1887. Til Wash. i mars 1913. Har budd i Tacoma og Des Moines. Sonen

Ole var fødd i Sykkylven og reiste til Amerika seinare. Dottera Berenice er fødd i Amerika. Berte var gift med trønderen Gustav Norberg, arbeidar på smelteverk. Son deira, Glen, som var med mora på ein tur i Noreg, døydde snart etter i Amerika.

47. *Mehet, Laura Pettersd.* (Knutg. Aurdal)
f. 1889. Til Amerika over Trondh./Kra. i febr. 1907. G. m. svensken Axel Holmgren og budde i Tacoma. Var handgjerningslærarinne på ein skule. Nokre år kring 1930 var dei i Noreg, og mannen dreiv fabrikk på Åndalsnes. Så til Seattle att. Laura døydde av kreft. 4 døtrer, alle gifte.
48. *Mehet, Martin Pettersen* (Knutg. Aurdal)
f. 17/5 1891. Til Tacoma i mars 1910. Var fyrst på skipsverft, seinare i skogscampene Clemens og Polson. I 1924 g. m. Jenny Haram frå Ålesund. Born: 1. Barbara, g. m. Richard Saty. 2. Stephen. 3. Jerry.— Martin døydde i 1951.
49. *Mehet, Olav Pettersen* (Knutg. Aurdal)
f. 1/5 1899. Til Wash. i juni 1922. Skogsarbeidar, sidan fiskar. Hadde 5 døtrer med fyrstekona Janet. Andrekona, Laura Vegsund, er av sykkylvsætt. Olav bur i Juneau, Alaska.
50. *Mehet, Peter Bastian Pettersen* (Knutg. Aurdal)
f. 1913. Fylgde mor si til Amerika i juni 1923. Bankmann og flyoffiser i Alaska. (Sjå 74).
51. *Mehet, Peter Karl Pettersen* (Knutg. Aurdal)
f. 1886. Til Amerika fyrste gongen i febr. 1905. Skogsarbeidar, sidan fiskar. Heimatt til Noreg. Til Wash. andre gongen i jan. 1923. Var g. m. Anna Aure. Dei budde i Puyallup og Seattle, Peter døydde i Juneau og vart gravlagd i Seattle 13/7 1934. (Sjå 74).
52. *Rafteset, John* (Rongane, Aurdal)
f. 7/2 1921. (John Hendrichs). Til Wash. i nov. 1930. Elektrikar i Seattle. G. m. Doris Carlson, av norsk ætt. 2 born.
53. *Rafteset, Ola* (Rongane, Aurdal)
f. 26/6 1917. (Ola Hendrichs). Til Wash. i nov. 1930. Fiskar og båteigar i Seattle. Heime på besøk i 1949 (5). Ugift.
54. *Rafteset, Olav* (Rongane, Aurdal)
f. 15/4 1916. (Olav Hendrichs). Gjekk for presten kvar dag i 14 dagar og vart konfirmert åleine før Amerikareisa i nov. 1930. Fiskar og båteigar i Seattle. G. m. June Edwards. 1 son.

55. *Rafteset, Oskar* (Rongane, Aurdal)
f. 1890 i Herøy. G. m. Oluffa Aurdal. Til Amerika i jan. 1923. Skreiv seg for Hendrichs seinare. (Sjå elles 27).
56. *Rafteset, Perdy* (Rongane, Aurdal)
f. 14/3 1922. Til Wash. i nov. 1930. G. m. Fred Carlson, svensk ingeniør. Bur i Seattle.
57. *Rafteset, Sigmund* (Rongane, Aurdal)
f. 21/9 1918. (Sigmund Hendrichs). Til Wash. i nov. 1930. Fiskeskipper og medeigar i båt. Er gift og har ein son som lever. Sonen Larry vart drepen ved ulukke i 1949, 8 54 år gl.
58. *Aure, Edvard Ananiassen* (Ananiaspl.)
f. 5/1 1863. Til Amerika 1887. Hadde ikkje kontakt med heimen sidan.
59. *Aure, Jens Ananiassen* (Ananiaspl.)
f. 22/4 1855. Var ei tid i Ålesund frå 1874. Dreiv handel på Aure, gjekk konkurs i 1887 og utv. til Mpls. i april 1889. Var trulova med Anne Johanne Kristensd. Vik. Dei løyste pass same dag og gifte seg i Amerika. Frå 1897 dreiv Jens landhandelfirmaet Simonsen & Aure i Canby, Minn. Var styremedl. i Sunnmørslaget i Minn. Døydde ca. 1939. Born: 1. Clarence. 2. Roy, arkitekt i St.Paul. 3. Gina, lærarinne i Virginia. 4. Nora, g. m. Haakonson, svensk farmar i St. James, Minn.
60. *Aure, Jens Andreassen* (Pihlg.)
f. 24/6 1889. Til Amerika til broren Knut i april 1907. Skogsarbeidar i Polson, i campar ved Tacoma og i B.C. I seinare år har han vore med i ein såkalla «section gang» ved jernbanen (arbeid med skjenelegging o. a.). Ugift.
61. *Aure, Knut Andreassen* (Pihlg.)
f. 12/3 1885. Til Seattle i mars 1903. Skogsarbeidar ved Seattle i 4 år, så i mange år i gullminer i Alaska, både for seg sjølv og for eit kompani. Sidan ymse jobbar i Wash. I 1942 var han i Everett. Har sidan ikkje hatt kontakt med heimen.
62. *Aure, Petter Andreassen* (Pitlg.)
f. 29/10 1891. Til Tacoma i mars 1910. Skogsarbeidar i fleire campar, såleis i 3 år i Polson camp 6. Heim for godt i des. 1915. Har gardsbruk i UHavik.
63. *Aure, Berta Hansd.* (Jakobg.)
f. 3/11 1885. Til Tacoma i april 1911. Huspostar. G. m. svensken Johan

Strøm. Budde i Tokeland, Wash. Skild og oppattgift m. fiskar Sverre Olsen frå Bergen. Ingen born. Dei budde ei tid i Oregon, no i Seattle, der dei eig stort «apartment-house» og leiger ut til 4 huslydar. Heime på besøk ein sumar etter siste verdskrig.

64. *Aure, Hanna Hansd.* (Nymark)
f. 6/2 1888. Budde i Langevåg etter skulealder. Utv. til halvsystera Lina i Seattle i mars 1906. Gjekk på skule i Amerika og vart kontordame. G. m. Herbert Stone i 1911. Han var f. i Canada av skotsk-irsk ætt og døydde i 1943. Hanna var med i presbyteriansk kyrkje så lenge mannen levde, sidan i Stub-kyrkja. Medl. av Eastern Star (kvinnelag av frimurarar). Bur i Seattle.
65. *Aure, Hans Hansen* (Nymark)
f. 20/2 1881. Var snikkar før han utv. til faren i Amerika i mars 1901. Ei tid sjømann på Vestkysten i lag med faren. Har elles ikkje hatt samband med slekta. Vart etterlyst då det skulle greiast ut om arven etter mora, men utan resultat.
66. *Aure, Hans Hansen* (Jakobg.)
f. 13/10 1890. Til Amerika i april 1911. 10 år i Polson, i «Storbataljonen», såkalla fordi der var så mange sykkylvingar. Heime i Noreg eit år 1922—23. Sidan i skogen att. Ei tid arbeidslaus under depresjonen. Frå 1932 budde han i Unga, Alaska, som fiskar til 1950, seinare i skipshandel. Vart sjukleg og flytte til Seattle, der han døydde ugift 1/4 1956.
67. *Aure, Karl Hansen* (Jakobg.)
f. 2/10 1899. Var maskinist då han utv. til Wash. i jan. 1924. Vart skogsarbeidar. Fekk stygg skade på augo og var lenge ikkje arbeidsfør. Omkom visstnok under fiske i 1946. Enkja, Irene f. Berntsen, bur i Anacortes. Born: Julie, Karl Johan og Bernice.
68. *Aure, Martin Hansen* (Jakobg.)
f. 13/2 1884. Til Wash. i febr. 1902. Var ei tid donkey-maskinist i Polson, men lengste tida fiskar. Kjøpte liten laksebåt; dreiv og mykje krabbe-fiske. Budde i Westport og Tokeland, Wash. G. m. Jenny Jones. Ein son, Harald, som er fiskar i Tokeland og har to born. — Ved nyår 1946 tenkte Martin å slutte som fiskar og skulle berre ut til Westport og sjå etter båten, då han gleid og fall i sjøen og drukna.
69. *Aure, Edvard Jensen* (Ullavik)
f. 15/3 1883. Til broren Karl i Dakota i april 1902. Jernbane- og skogsarbeidar. I skogen vart han skadd så han måtte amputere eine foten Låg lenge på sjukehus. Kom heimatt for godt før fyrste verdskrig. Tok namnet Ullavik sidan.

70. *Aure, Karl Johan Jensen* (Ullavik)
f. 3/7 1879. Til Grand Forks, N. Dakota i april 1899 saman med Ole Høirøst, som hadde ein bror der. Jernbanearbeid for Great Northern, seksjonsformann i ymse byar i N. Dakota. På slutten kom han tilbake til Manville, der han fyrst budde, og var dei siste to åra i slaktarforretning. Heim for godt ca. 1907.
71. *Aure, Nils Jensen* (Jang.)
f. 30/3 1885. Til Amerika i mars 1904. Farmarbeidar hos Tom Grebstad i Clarkfield, Minn. og hos ein tyskar i nærleiken. Vart sjuk, reiste heim og døydde av tub. 30/4 1909.
72. *Aure, Peter Johansen* (Bakkane)
f. 14/2 1901. Var fiskar før han utv. til Wash. i jan. 1923. Fyrst i kort tid i skogen, sidan laksefiskar i Alaska. Bur i Seattle. Kona heiter Marta. 4 søner.
73. *Aure, Anna Knudsd.* (Bøen)
f. 7/4 1880. (Anna Knudsen). Til Amerika hausten 1888, nokre månader etter kjærasten, Johan Riksheim, som ho vart gift med. Flytte snart til Martinez, Cal. og har budd der sidan. Born: 1. Klara g. m. Maniel Costa. 2. Konrad. 3. Edna. 4. Norma. 5. Thelma. 6. Mildred. 7. Gladys. Alle gifte. (Sjå 770).
74. *Aure, Anne Knudsd.* (Bøen)
f. 22/10 1887. Vart gift i Noreg med Peter Melset frå Knutg. på Aurdal (51). Då han reiste til Amerika andre gongen, fylgde kona og sonen Peter Bastian snart etter (juni 1923). Dei har budd mest i Seattle og Tacoma. Då sonen var i krigen, fekk Anne nervesjokk og har vore sjukleg sidan.
75. *Aure, Berta Knudsd.* (Bøen)
f. 11/7 1892. Til Puyallup, Wash. i okt. 1925. Straks etter til Hoquiam, der ho var kokke i Polson i 3 år. G.m. Olaf Schei, fiskar og kokk frå Helgeland. Flytte til Seattle. Medl. av Sunnmørslaget, D. o. N.^og First Norwegian Luth. Church. Heime i 1947 (6).
76. *Aure, Ludvig Knudsen* (Bøen)
f. 11/7 1892. Tvillingbror til førnemnde Berta A. Arbeidde på teglverket før han utv. til Wash. i febr. 1909. I fyrste jobben, på sagbruk, kom han i lag med berre australiarar og negrar, og likte seg betre då han kom til Polson camp 1 med 17 sykkyllvingar i same hus. Men han ville og gjerne lære engelsk, og flytte. Laksefiske ved Tacoma og kveitefiske i Alaska. Heim 1916, gifte seg og kjøpte plass. Heime i 3 år. Så til Juneau, Alaska,

på fiske. Var heime att og reiste siste gongen over i jan. 1923. Heim for godt året etter. Døydde 1/9 1956.

77. *Aure, Nikoline Kristiansd.* (Kråkemyrane)
f. 27/9 1872. (Lina Lowell). Til Wash. i mars 1901, til ein onkel i Tacoma. Var syerske i Seattle før ho gifte seg i 1906 med Ole L. Lowell (Løvold). Heimen deira vart samlingsstad for sykkylvingar. Både Lina og mannen vart drepne ved bilulukke i Seattle i 1947. Born: Lilian g. m. Harald Green, Berta g. Daniell, og Herbert g. m. Olga Wagner. — 2 barneborn (1951).
78. *Aure, Karoline Larsd.* (Eliasg.)
f. 3/12 1874. Til Seattle til broren Karl Johan i april 1892. Huspostar. G. m. Louis Vigelius, av tysk ætt. Dei budde ei tid i Canada og i Nome, Alaska. Elles i Seattle, der mannen dreiv bilforretning og røyrleggjarverkstad. Ei dotter, Nelda, f. 1901, g. Elbermann, Seattle.— Karoline var heime på besøk i 1898 og i 1910, siste gongen saman med dottera, som og var i Sykkylven kring 1950. Karoline døydde kort etter siste verdskrig.
79. *Aure, Karl Larsen* (Bøen)
f. 22/10 1905. Jordagut, eldst av 7. Utv. i sept 1927 til Puyallup, Wash. Fyrst eit par år i Polson camp 2, fekk «cedar poison» og måtte slutte. Har sidan vore fiskar, alle vanlege slag; årvisst laksefiske i Alaska. Bur i Seattle. I 1934 g.m. Dimple Long frå Illinois. Ein son, Karl Johan. Karl senior er medl. av Sunnmørslaget.
80. *Aure, Karl Johan Larsen* (Eliasg.)
f. 29/11 1870. Utv. over Bergen til Seattle i april 1889. Sagbruks- og mylnearbeidar. Var og på gullgraving i Alaska. Var politikonstabel i Nome. Ein sprek kar, kasta seg rundt på golvet etter han var 60. Døydde ca. 1940 av lungebetennelse. Gift, men ingen born.
81. *Aure, Hans Peter Nikolaisen* (Nymark)
f. 2/7 1858 på Blindheim (Reitebakken). I 1880 g. m. Ingeborg H. Aure (Blakstad). Bygsla eit stykke på Aure. Til Amerika i 1888; kona vart att med 4 born. Ho flytte sidan til Langevåg. Han reiste fyrst til Calif. til Lars O. Blindheim. Sidan til Alaska. Men lengste tida var han sjømann, på båtar som gjekk mellom Seattle og San Francisco. Døydde i 1913.
82. *Aure, Erling Olsen* (Knutg.)
f. 7/3 1900. I jan. 1923 til broren Martin i Seattle. Var på laksefiske i Squaw Harbor, Alaska. Dreiv »trapping» ei tid. Så til Juneau til broren Feler på kveitefiske. Heim for godt og tok garden i 1925.

83. *Aure, Martin Olsen* (Knutg.)
f. 1/1 1894. (Martin Olsen). Etter framhaldsskule stod han på butikk hos Bastian Aure, for han i mars 1914 reiste til broren Peter i Vancouver B. C. Hadde jobbar av ymse slag der og i Wash. Var elles i mange år formann i «outside»-gjengen (dei som driv sjølve fisket) i Squaw Harbor. Gjekk og noko på skule, og då gikta vart for lei måtte han slutte med laksefisket og vart postmeister i Dillingham, Alaska. G. m. Nora Fossum frå Gudbrandsdalen. Ingen born.
84. *Aure, Petter Olsen* (Knutg.)
f. 19/8 1891. Til Vancouver B. C. til Petter Vad i mars 1911. Sagbruks- og skogsarbeidar. Kjøpte hestar og dreiv tømmerkø\ ring for eiga rekning. Arbeidde for eit kompani som tok ut stokkar i Alaska. Kveitefiske frå Juneau. Arbeid på cannery. Kjøpte seg plass i Ketchikan og sette lakse- nøter for eiga rekning. Var under krigen med å byggje flyplassar i Alaska. Fekk eit streifskot av ein granat. Døydde i Fairbanks 22/11 1945. Kona. Leda, er amerikansk. Born: Oscar, Leonhard og Norman. 2 barneborn.
85. *Aure, Elisa Pettersd.* (Myrane)
f. 17/6 1891. I nov. 1914 til tanta fru Vigland i Seattle. Huspostar der og i San Francisco. Heim for godt etter 4 ½ år.
86. *Aure, Johanne Pettersd.* (Knutg.)
87. f. 26/9 1901 Til Amerika i okt. 1923 til tanta Anne Løken. Har budd i Seattle. Huspostar. 1. g. m. fiskar Henry Starheim, nordlending. Born: Lorraine og Joanne 115. 2. g. m. Petter Riksheim (759). Medl. av D. o. N. og Sunnmørslaget. Heime i 1952 (5).
87. *Aure, Petrine Pettersd.* (Knutg.)
f. 10/7 1877. Til Dakota i 1897. G. m. ein trønder som dreiv farm. Seinare g. m. romsdalingen Frisvold, snikkar. Dei bur i Alberta, Canada. 9 born av fyrste ekteskap.
88. *Aure, Johan Pettersen* (Bakkane)
f. 19/4 1870. Var gift snikkar då han reiste fyrste gong til Amerika i febr. 1902. Gullgraving i Alaska. Heimatt før fyrste verdskrig. I 1923 til Amerika att. Dreiv då mest trearbeid. Budde i Seattle, der han døydde av blindtarmsbet. våren 1928.
89. *Aure, Louis Pettersen* (Knutg.)
f. 5/3 1918. Til syskena i Seattle i 1953. Er skreddar. G. m. Edel Bjørset frå Bergen.
90. *Aure, Nils Pettersen* (Knutg.)
f. 14/9 1904. Til Seattle i jan. 1923. Har budd der og i Dillingham, Alaska. Fiskar og båteigar. Heime på besøk i 1936, G. m. Gladys Mortel, av norsk ætt. Ingen born.

91. *Aure, Ole Pettersen* (Knutg.)
f. 25/12 1868. Var gift gardbrukar med 5 born då han åleine reiste til Seattle i febr. 1903. Fyrst litt i skogen, så på gullgraving i Klondike. Heim for godt i 1910. Kjøpte garden. Døydde i 1925.
92. *Aure, Paul Pettersen* (Knutg.)
f. 9/8 1899. Til Amerika i nov. 1920 i lag med tanta Mrs. Løken. Fiskar og båteigar. Budde i Seattle om vinteren og i Alaska om sumaren. G. m. Lina Rento, av finsk ætt. Han omkom på sjøen utanfor Alaska 3/7 1955. Barn: Pauline, g. m. Meie Groft. Eit barnebarn.
93. *Aure, Edvard Severinsen* (Presthaug)
f. 22/5 1885. I mars 1904 til broren Karl i San Francisco. Kona, Anna, var av norsk ætt. Ein son, John, som fall i krigen. Dottera, May Elisabeth, er gift i Seattle. Edvard døydde av brystsjukdom kring 1930.
94. *Aure, Karl Severinsen* (Presthaug)
f. 21/6 1872. (Charlie Carlson). Skreiv seg for Tynes då han utv. til San Francisco i mars 1892. I 1890-åra arbeidde han i Monte Vista, Calif. Var ei tid i Wash., men mest i Calif. som bygningsmann. Under jord-skjelven i San Francisco budde han utanfor brannområdet, så andre sykkyllvingar som vart huslause, gjekk til han. G. m. Elisabeth Torgersen, av norsk ætt. 5 born. Ein son overkøyrd og drepen 13 år gl. Dottera Ethel, g. Windell, bur i Palo Alto. Ho var med faren på Noregstur i 1914 (6), 4 år gl. — Karl døydde 11/7 1948 etter fall ned i ein brunn.
95. *Aure, Sigvart Severinsen* (Presthaug)
f. 20/12 1881. I febr. 1902 til broren Karl, som då var i Wash. Dei dreiv ei tid bygningsarbeid i lag. Sigvart vart sjuk og kom heim i 1911. Døydde av tub. i 1912. Ugift.
96. *Aure, Emma Sivertsd.* (Bakkane)
f. 9/9 1899. Var syerske då ho utv. til Wash. i mai 1928. I 1931 g. m. Konrad Uri frå Flemsøy, fiskar og båteigar. Born: Konrad, Sonja og Einar. — Medl. av Sunnmørslaget. Døydde 5/5 1948.
97. *Aure, Sigurd Sivertsen* (Bakkane)
f. 19/6 1897. Dreiv bygningsarbeid i Ålesund før han utv. til Wash. i jan. 1923. Ei tid skogsarbeidar, men lengst fiskar. I 1933 heim for godt, tok garden og bygde løe. Har drive mykje skogplanting.

98. *Aure, Sverre Sivertsen* (Bakkane)
f. 24/10 1903. I juli 1923 til Minn. til onkelen Pete Ness
. Dreiv sement-
og jernbanearbeid for trikkeselskap i Minneapolis, så i maskinfirma.
Etter ein jobb hos ein franskmann i nordlege Minn. kom han til Clark-
field, der han var til han i 1931 reiste til Seattle. Sidan der som fiskar.
Har eigen båt, «Kristine». Medl. av S. o. N., Sunnmørslaget og frimurar-
losje. Heime på besøk 1946—47 (6). Ugift.
99. *Andreassen, Einar* (Aure, pl. u. Bakkane)
f. 12/11 1906. Foreldra kom til Sykkylven ca. 1905. Han reiste til Canada
i jan. 1930 til systera Klara i New Westminster B.C. I Noreg var han
skomakar, i Canada fyrst sagbruksarbeidar, sidan fiskar. Kona, Dora,
er av fransk ætt. 3 born.
100. *Flydal, Beret Petersd.* (Aure, Skjerva)
f. 26/5 1901. Til Amerika sumaren 1920 i lag med broren, som hadde
vore heime ein tur. G. m. Ole Larsen frå Flisnes. Dei driv no fruktdyrking
i Cashmere, Wash. Av 4 born lever 3. Heime på besøk i 1948 (2) med
mannen og yngstebarnet.
101. *Flydal, Lars Ingvald Peter sen* (Aure, Skjerva)
f. 8/3 1888. (Louis Ingvald Dahl). Til Minn. ca. 1909. Fyrst jernbane-
arbeid, sidan fruktdyrking i Wash. Heime sumaren 1920 og i 1947 (3).
Ugift.
102. *Flydal, Peder Petersen* (Aure, Skjerva)
f. 9/10 1890. Hadde gått snikkarskule og drive bygningsarbeid då han
utv. til Wash. i mars 1911. Heimen miste kontakten med han i 1913.
103. *Frantzen, Ole Marius* (Aure)
f. 1877. Budde i Pihlg. og var arbeidar på teglverket frå han kom til Sykk-
ylven frå Kristiania ca. 1905 til han utv. til Wash. i aug 1908. Var tru-
lova med sykkylvsgjente. Ein sykkylving skal ha sett han i Canada
104. *Furset, Bjarne Andreassen* (Aure)
f. 6/4 1905. Amtskule og mellomskule. Til Vancouver B. C. i juli 1926.
Etter eit år på sagbruk reiste han til Seattle til onkelen Peder Furset.
Bygningsmann hos Hans Grevstad eit halvt år. Ein sesong sildefiske i
Alaska. Ekspeditør i forretning i Oregon. Har elles mest arbeidd i skred-
darfaget, som han hadde lært heime. No skreddar i stort magasin i Seattle.
Medl. av Sunnmørslaget og Knut Rockne (ungd.lag i S. o. N.) og i fot-
ballklubben Viking. G. m. Sylvia Larsen. Born: Bjarne og Lovise.

105. *Gjersdal, Hjalmar Eliassen* (Aure)
f. 16/5 1900. Til Seattle i juli 1923. Skogsarbeid i Polson om vinteren, sildefiske i Alaska om sumaren. Heim for godt til jul 1931.
106. *Gjersdal, Ivar Eliassen* (Aure)
f. 1/10 1906. Til Amerika til broren Hjalmar i febr. 1929. Var fiskar før han reiste og har drive same yrket sidan. Dei siste åra har han ført tunabåt. Bustad San Pedro, Calif. Heime på besøk sumaren 1956. Ugift.
107. *Grebstad, Lars Sivertsen* (Aure Capralg.)
f. 1877. Til Amerika i 1901, direkte til Dawson. Der var han 2—3 år. Var trulova med Olivia O. Langlo, som døydde av tub. Det gjekk hardt inn på han. Var fiskar ei tid. Arbeidde kring 1910 i sylvminer i Nevada. Frå 1912 hadde han ikkje samband med heimen. Skal ha reist som impressario for ei songarinne. Seinare visstnok entreprenør, og skal ha late etter seg kone og to born i gode kår, då han døydde like etter siste verdskrig.
108. *Grebstad, Sigurd Bernhard Sivertsen* (Aure, Capralg.)
f. 3/5 1887. Mellomskule i Volda. I febr. 1907 over Trondh./Kra. til San Francisco. Skulle tene pengar til å overta garden, då jordaguten Lars ikkje ville bli gardbrukar. Var med på oppattbygging av San Francisco etter jordskjelven. Så i sylvmine i Nevada saman med broren. Seinare fekk han i gang eit selskap som leitte etter olje for private, og hadde ein stab av menn og maskinar til det. Skreiv seg ei tid for S. B. Gravstad, vart teken for tyskar og skreiv sidan Fred Grevstead. G. m. ei skotsk enkje, Anna, som hadde ein son. Sigurd døydde av kreft ca. 1920 i Wyoming.
109. *Guldbransen, Nils* (Aure)
f. 1857 i Lier. Budde i Eliasg. i mange år og arbeidde på teglverket. Utv. med kona og eit barn i juli 1910 til Wisconsin.
110. *Guldbransen, Severine*
f. 1862. G. m. førnemnde Nils G.
111. *Guldbransen, Sigurd*
f. 1895. Son til førnemnde Nils og Severine G. Til Wisconsin saman med foreldra i 1910.
112. *Hellesylt, Andreas Andersen* (Aure, Ullavik)
f. 14/1 1891 i Sunnylvn. Til Amerika fyrste gong i 1913. Farmarbeidar om sumaren, bruarbeidar om vinteren. Under krigen på skipsverft i West Virginia. Heim til Noreg i 1919. Flytte til Sykkylvn. G. m. Jenny

- H. Aure. Til Amerika att i jan. 1924. Donkey-fyrar i Polson til 1928. Heim for godt. Bygde seg hus i Ullavik.
113. *Hjelle, Martinus Bottolfsen* (Aure)
f. 1870. Kom frå Nordfjord til Sykkylven. G. m. Olave J.. Grebstad ca. 1893. Var snikkar, men han og kona dreiv hotell og butikk på Aure. Han reiste til San Francisco i april 1907. Var heime på besøk og reiste bortatt i 1911, denne gongen til Wash. Derifrå til New Westminster B. C, der han tok mot kona og borna som kom året etter. (Sjå 447).
114. *Hjelle, Hansine Martinusd.* (Aure)
f. 20/6 1905. Til New Westminster B. C. i lag med mor og sysken i mars 1912. G. m. ein engelskmann i 1929. Døydde året etter. Ingen born.
115. *Hjelle, Helma Martinusd.* (Aure)
f. 25/5 1896. Til B. C. i 1912. G. m. Syver Jøsok frå Gurskøy. Oppattgift med bror hans, Hans Jøsok. Ein son og ei dotter, begge gifte.
116. *Hjelle, Inga Martinusd.* (Aure)
f. 6/2 1894. Til B. C. i 1912. G. m. Pettersen (sunnmøring), maskinist på sagbruk. Bur i Burnaby B. C. 9 søner og 3 døtrer.
117. *Hjelle, Marie Martinusd.* (Aure)
f. 5/9 1902. Til B. C. i 1912. G. m. Erik Sjøberg. 2 søner.
118. *Hjelle, Johan Martinussen* (Aure)
f. 16/7 1898. Til B. C. i 1912. Skriv seg for Johan Knudsen. Kona, Muriel, er kanadisk. 2 born.
119. *Hjelle, Martinus Martinussen* (Aure)
f. 2/5 1907. Til B. C. i 1912. Kona, Gwendolin. er kanadisk. 2 søner og ei adoptivdotter.
120. *Nilsen, Ivar Trygve* (Aure)
f. 1891. Son til Nils Gulbransen (109). Var ugift smed då'han utv. til Wisconsin i mai 1909. Det var tradisjon i familien å bruke farsnamnet som etternamn; bestefaren heitte Gulbran. Ein sykkylving som reiste i lag med Ivar Trygve, meiner at han vart drepen i Amerika nokre år seinare.
121. *Nilsen, Torleif* (Aure)
f. ca. 1886. Bror til førnemnde Ivar T. N. Budde kortare tid i Sykkylven, flytte til Ålesund og utv. derifrå til Amerika ca. 1923. Var murar i Brooklyn. Døydde ca. 1928. Ein son bur i Sykkylven.

122. *Nyborg, Edvard Andreassen (Aure)*

- f. 1878 på Langlo. Utv. derifrå til Santa Barbara, Calif. i 1898. Etter to år på fruktfarm, til gullgraving for Pete Opsvik i Klondike, sidan for Rasmus Emmedal. Heim til Stranda i 1902. G. m. Karen Emmedal og flytte til Sykkylven. Kjøpte plass av Bernt Kjemphol. I febr. 1908 til Silverton, Col. Arbeidde i fem år i gruve der. Så til gruve i Treadwell, Alaska, der han kveste og herda stå for boremaskinar. Heim våren 1915. Bygde nye hus for 11000 kr. I 1924 spurde han kona si om han kunne få reise til Amerika ein gong til. «Du ska få vite det om ein dag eller to,» svara ho. Reiste til Juneau, der han arbeidde i vaskeriet ved gullmine, Juneau Alaska Gold Mining Co. Vart sidan formann for ei anna avdeling av selskapet. Vart sjuk av steinstøvet og reiste heim for godt i 1929. Tok namnet Nyborg etter plassen. Døydde 28/5 1957.

123. *Overaa, Johanne Martinusd. (Aure)*

- f. 14/7 1891. Foreldra hadde flytt frå Stordalen 4 år før. Var telefondame på Aure før ho utv. til Wash. i mai 1909, til ei tante i Arlington. Seinare huspost og kveldsskule i Seattle. Heim til Noreg i 1914. Kassererske for Hygea i Trondheim i 6 år. Til Amerika att i 1925. G. m. dansken Adolph Nielsen (Nelson). Bur i Burlington, Wash. Born: Carl, Betty og Lloyd.

124. *Reithaug, Ragnvald Johansen (Aure)*

- f. 19/7 1882. Kom til Sykkylven i 1904 etter Ålesundsbrannen, som bakar. Kona og borna vart att heime då han reiste til New York i sept. 1914. Formann i bakeri, omnsmann i Larsens Baking Co. på Henry & Mill St. Heime nokre mnd. i 1921. Formann i Charles Christensens Baking Co., der han var til han kom heim for godt i 1933. Bur i Ørsta.

125. *Reithaug, Johan Ragnvaldsen (Aure)*

- f. 15/2 1908 i Sykkylven. Var fyrbøtar før han utv. til Amerika til faren i mars 1929. Reiste ei tid som fyrbøtar på kystbåt i Amerika. Heim for godt i 1932. Medeigar og avdelingsformann i Møre Lenestolfabrikk, Ørsta.

126. *Relling, Ole Olsen (Aure)*

- f. 20/12 1881 i Norddalen. Derifrå til Alaska på gullgraving i 1903. Arbeidde i lag med mange sykkylvingar. Hjelpar for ingeniør som stakk ut jernbaneliner. Skogsarbeidar i Polson. Heim til Noreg til jul 1911. Flytte til Sykkylven i 1912. G. m. Hanna I. Strømme. Gardbrukar på Aure. I jan. 1923 til Polson camp 10, der han var til han reiste heim for godt i 1926.

127. *Storheim, Olivia Martinusd. (Ullavik, Aure)*

- f. 9/8 1888 i Stordalen. Foreldra Martinus Knudsen og Ella Olsen (frå

Bjørnevik) budde ikkje i Sykkylven. Faren reiste til Amerika før Olivia var fødd og mora tre år seinare. Dei ville ho skulle gå på skule i Noreg, og ho vart att hos moster si, Karen Ullavik. Til foreldra i Los Angeles i april 1904. I 1908 g. m. Johs. Gundersen frå Stavanger. Han arbeidde for Pacific Electric og døydde i 1937. Born: Gustav, Ella, Elmer og Margaret. 6 barneborn (1951). Medl. av Eastern Star.

128. *Stuen, Selvida (Aure)*
f. 28/3 1921 i Ørsta. Voks opp hos Jakob Velle på Aure frå ho var 5 år. Vart sjukesyster. I 1948 g. m. Kristian Utgard. Til Amerika i lag med han i april 1949. Har arbeidd på sjukehus i Minneapolis.
129. *Ullavik, Anna Svendsd.*
f. 3/2 1867. Til Minn. i mai 1885. G. m. ein svenske. To døtrer og ein son, Sven. Ho omkom den 4. juli eit år, då eit tog køyrde ut for ei bru. Ho hadde borna med seg, og den to år gamle Sven sat på fanget hennar då ulukka hende.
130. *Ullavik, Marie Svendsd.*
f. 30/6 1864. Til Minn. i april 1884. Vart gift og hadde 3—4 born.
131. *Ullavik, Abraham Svendsen*
f. 4/4 1857. Flytte til Innvik i Nordfjord i 1876. Til Amerika i 1881. Vart pionérfarmer i Puyallup, Wash. frå 1883. Arbeidde og lenge på jernbane og vart kalla «Railroad-Svendsen». G. m. Lovise N. Vik. Abraham fekk slag to gonger, men vart ein gamal mann. 2 søner, Nels som bur i Seattle og Swan som bur i Portland, Oregon. Swan er gift og har sonen Earl.
132. *Ullavik, Elling Svendsen*
f. 1/3 1859. Hadde lært bygningsarbeid då han utv. til Minneapolis i april 1882. I Amerika dreiv han bygnings- og jernbanearbeid, ei tid i lag med Rasmus Tynes. G. m. Johanne S. Blindheim (191). Fekk tæring og sende kona og dei tre borna heimatt ca. 1891 og kom snart etter sjølv. Døydde 28/1 1893. Dottera Emilie vart fødd etter dei kom hetm; Helene (Lina), Sven og Soffi var fødte i Minneapolis.
133. *Ullavik, Sjur Svendsen*
f. 5/4 1862 i Innvik i Nordfjord. Voks opp i Sykkylven. Til Amerika i april 1882. Budde i Minneapolis. Døydde ugift i 1899.
134. *Vad, Petter Olsen (Aure)*
f. 1871 i Stordalen. Kom til Sykkylven 2—3 år før han reiste til Amerika i april 1907. Kona og eit barn vart heime. Arbeidde ein vinter på sag-

bruk, elles i skogen nær Everett, Wash. Heim for godt etter 5½ år. Døydde 5/7 1954.

135. *Westre, Ole Olsen* (Aure)
f. 31/7 1893 i Ørskog. Utv. derifrå til Amerika og var der i 4 år. Flytte til Sykkylven i 1917. Til Hoquiam i 1923. Arbeidde i skogen. Heim for godt i 1926. Sidan vegvaktar i Sykkylven.
136. *Aursnes, Klara Larsd.* (Tomasg.)
f. 14/10 1892. (Clara S. Johnsen). Til Calif. i sept. 1912. G. m. bygningsmann Johnsen frå Sørlandet. Born: Arthur og Thelma. 2 barneborn. Bur i Oakland, Calif.
137. *Aursnes, Peter Andreas Olsen* (Oleg.)
f. 5/4 1860. (Aurness). Gjekk på skule i Noreg og studerte ei tid medisin i Kristiania, men måtte slutte og utv. til Minneapolis i 1887. Tok doktor-eksamen ved Minnesota Universitet. Var 1891—93 assistent hos den kjende doktoren Knud Høegh. Starta eigen praksis. Frå 1890-åra skreiv han alltid namnet Aurness. Frå 1894 doktor ved Det norske diakonisesjukehuset i Mpls. I 1904 var han stabskirurg ved det norske sjukehuset og ved den norsk-lutherske diakonisseheimen. I 1925 fekk han patent på eit stetoskop. Var litt med i Sunnmørslaget, men meir i den skandinaviske Odin Club, som han var med å stifte i 1898. G. m. Ida Cirkler, fødd i New Ulm, Minn. Ho kom til Mpls. i 1865. Faren og dei to brørne hennar var lækjarar. Far hennar åtte og kornmylner og sat godt i det. Peter Aurness vart eigar av Mt. Rainier Mining Co. i Wash. Han hadde ein Rørosmann som sjef for gruva, som var ein hobby. — Dr. Aurness budde lengste tida i 1937 Park Ave, Mpls. Han vart skadd ved ein bilkollisjon ca. 1925 og døydd av kreft 17/12 1928. Kona døydd i 1930, 72 år. Sonen Rolf C. Aurness, som er apotekar, er gift og har to born.
138. *Aursnes, Anna Sevrine Ottanusd.* (Bruk nr. 4)
f. 21/8 1900. (Sylla Floe). Til Seattle i okt. 1923. G. m. fabrikkformann Floe frå Fløstranda. Sonen Joswald, som var med mora på Noregstur i 1934—35 (15), har teke universitetseksamen med utanrikshandel som hovudfag. Dei bur i Seattle. Ho er medl. av amerikanske lag og Sion Lutheran Church.
139. *Aursnes, Edvin Ottanussen* (Bruk nr. 4)
f. 6/12 1897. (Ed Aursnes). Til Wash. i nov. 1920. G. m. lærarinne Jenny Melset, fødd i Preston, Wash. (systerdotter til Karl Ramstad). Kjøpte farm i White Point, Blaine, og bygde hus. Fekk kreft og døydd på Marinehospitalet i Seattle i jan. 1939. Born: Janet. Ellen og Ellinor.

140. *Aursnes, Ole Ottanussen* (Loypepl.)
f. 22/1 1851. Som 14-åring var han med og fann liket av faren som omkom ved ulukke. Flytte til Ålesund i 1869 og vart sjømann. I 1877 g. m. Nikoline E. Haajem frå Skodje. Budde i Ålesund og hadde skute for havfiske. Kjøpte gard i Vikna og flytte dit, der han og dreiv sildebruk. Gjorde det godt, men selde ut og reiste til Texas. I 1908 flytte dei til Minneapolis, der dei budde i 5200 Camden Ave. N. — Ole døydde fyrst. Nikoline døydde i 1939, 88 år gl. og lét etter seg borna Oluf, Bastianne (g. Ebert) og Anna (g. Mogaard). 12 barneborn og 2 barnebornsborn.
141. *Aursnes, Karen Pettersd.* (Petterg.)
f. 4/8 1878. I april 1899 til Canada, der ho budde heile tida. I 1901 g. m. svensken John Olstad, som hadde ein liten farm i Rosalind. Ho døydde ca. 1942. 7—8 born. Dottera Ellinor er lærarinne.
142. *Aursnes, Marte Pettersd.* (Petterg.)
f. 22/3 1871. 1. g. m. Ole Andestad. 2. g. m. Johan K Eidem, enkjemann som hadde vore i Amerika som ungkar. Dei budde ei tid i Ålesund før dei utv. til Kingsville, Texas i 1906. Heim for godt i 1913. Ho døydde 15/6 1938.
143. *Aursnes, Peter Andreas Pettersen* (Petterg.)
f. 15/1 1869. Reiste til Vikna, der han dreiv fiske. Utv. derifrå over Bergen til Amerika i mars 1892. G. m. Neie O. Grotle frå Bremanger. Budde i Alberta. Canada, der dei hadde farm på 300 acres. På sine gamle dagar dreiv han hønse- og griseal. Heime på besøk 1909—10 (6). Døydde i aug. 1949. Hadde eit barn som vart kvalt i 3-årsalderen.
144. *Aursnes, Jensine Tomasd.* (Tomasg.)
f. 30/11 1870. Til Amerika ca. 1900. G. m. skipskaptein Arnfinsen. Born: Beatrice og Tilden. Jensine døydde for lang tid sidan.
145. *Aursnes, Karolus Tomassen* (Tomasg.)
f. 12/7 1874. Hadde lært bygningsarbeid før han utv. til Calif. i mai 1896 og dreiv same yrket der. Budde i Oakland. Kjøpte halvpart i gullmine i Boulder Creek, Aitken B. C. og reiste dit kvar sumar. Var gift og hadde 5 born. Døydde av tub. i nyrene ca. 1916.
146. *Aursnes, Tomas Tomassen* (Tomasg.)
f. 14/2 1882. Var korporal då han utv. til Minn. i aug. 1906. Flytte snart til Calif., der han dreiv bygningsarbeid i lag med broren, og seinare fruktfarm. Heime på besøk i 1912 og gifte seg då med Astri Svensen frå Volda. Born: Thorvald, Arnold og eit som døydde tidleg. Tomas døydde i 1918. Året etter kom Astri heimatt med sonen Thorvald, som bur i

Spjelkavik. Arnold er i Amerika og er g. m. Palma Vigland (av sykkyllvs-ætt, sjå 668). Astri g. 2. m. ein Hansen, og døydde i Calif. i 1940.

147. *Haram, Henry Karlsen* (Aursnes)
f. 4/9 1903 i Ålesund. Til Amerika over Bergen i 1923. Arbeidde i Hoquiam på sagbruk og i Polson. Til Alaska på fiske for cannery i Hawk Inlet og i 1927 på sildefiske. Sidan på sagbruk i Wash. att, i alt 12 år i det arbeidet. Fekk seder-astma og tok anna arbeid. Arbeidslaus under depresjonen kring 1933. Var komen til Alaska att då han reiste heim for godt i 1946. Driv møbelverkstad. Hadde lært å spele fele av Blinde-Karl og tok musikkundervisning i Hoquiam. Spelte tyskfele ved kappleikar og vann mange premiar.
148. *Haram, Hjalmar Karlsen* (Aursnes)
f. 26/9 1905. (H. Carlson). Var fiskar då han utv. til Wash. i jan. 1930 og har drive same yrket sidan. Bur i Anchorage, Alaska, og har mest drive laksefiske i Beringsjøen.
149. *Haram, Petter Karlsen* (Aursnes)
f. 1901 i Ålesund. Til Wash. i jan. 1923. Var fyrst skogsarbeidar, sidan laksefiskar, og ei tid stuert på kveitebåt. Døydde ugift i 1933.
150. *Haram, Karl Pettersen* (Aursnes)
f. 6/5 1877 i Ålesund. Til New York i 1900. Var sjømann på båt som gjekk mellom Sør- og Nord-Amerika. G. m. Hanna J. Grebstad. Ho treivst ikkje i Amerika, og dei reiste heimatt i 1901. Til Sykkylven i 1904. Året etter reiste han til Tacoma, arbeidde på smelteverk og i skogen. Heim i 1908. Til Amerika att i febr. 1909, til Vestkysten som skogsarbeidar og og sjømann. Heim i 1913. I jan. 1923 til Amerika for fjerde gong. Skogsarbeidar i Grays Harbor, kveite- og sildefiskar. Før han reiste heim for godt i 1935 var han i to år på kvalfangarstasjon i Alaska. Døydde 27/2 1955.
151. *Blakstad, Anna Bastiansd.* (Jog.)
f. 25/5 1879. Var butikkdame i Ålesund før ho utv. til San Francisco i febr. 1907. Tente hos morbroren Lars Blindheim i Concord i 8 mnd., sidan 11 år i huspostar i San Francisco. G. m. George Zazan, latvisk sjømann, som då tok arbeid på land; på skipsverft og bryggjearbeid. Ho vart enkje kring 1939. Ei dotter, June, g. m. J. Turner. 2 barneborn (1951).
152. *Blakstad, Bastianne Eline Bastiansd.* (Jog.)
f. 29/1 1883. (Lina Strom). Til Iowa i aug. 1907, derifrå til Duluth. Huspostar i mange år. Så til Calif. og har budd i San Francisco. G. m. sykkyllvingen Jens Strømmegjerde (Strom). (Sjå 845).

153. *Blakstad, Ole Peter Karlsen* (Jog.)
f. 17/9 1863 på Tandstad. Ved konf. budde han på Sætre, og tente på Haram før han utv. til Stillwater, Minn. i april 1886. Arbeidde ei tid der og i St. Paul. Arbeidde på sagbruk i lag med Skjerva-Knudsen. Heim for godt i 1891. Budde fyrst hos stemora på Fet, kjøpte gard på Blakstad. Bygde løe. Døydde 28/3 1946.
154. *Blakstad, Peter Kristoffersen* (Tollevg.)
f. 6/3 1884. Til Tacoma i april 1906. Hadde lært snikkararbeid og treskjerjing heime og var snikkar og bygningsmann i Seattle, Prince Rupert, Vancouver B. C, Edmonton (Alberta), Anchorage og Los Angeles. Sidan 1926 i Vancouver B. C. Frå 1912 for det meste kontraktør. Er flink treskjerar, har studert stilarter o. a. ved skular i Seattle, men driv det no berre som hobby. I 1920 g.m. Olava Stuestøl frå Lyngdal. Born: Solveig, g. m. Roland Peerson, og Ralph, g. m. Mary Leiterman. Ralph har kunstnargivnad som faren. Peter var heime med familien i 1925—26 (15).
155. *Blakstad, Petter Olsen* (Jog.)
f. 24/3 1892. Til Aberdeen, Wash. i mars 1911. Prøvde både fiske og farmarbeid, men var mest i skogen, m. a. i Clemens camp. Fekk øydelagd eine foten og vart delvis invalid. Døydde av hjartefeil i 1943. Ugift.
156. *Blindheim, Johanne Berntsd.*
f. 1854 i Vågnes. G. m. Karl Jakobsen (Blindheim) som budde i Sykkylven i mange år (på Blindheim og Tynes). Johanne var jordmor i Sykkylven, sidan i Ålesund. Reiste til borna i Amerika og budde hos sonen Jakob i Perth Amboy, N. Y. då ho døydde 21/7 1935.
157. *Blindheim, Marte Eliasd.* (Erikg.)
f. 22/12 1876. Til Seattle i april 1904. Har budd i Seattle heile tida. I 1906 g. m. sunnmøringen Edvard Lystad, lager- og kontormann. Han døydde i 1948. Born: 1. Myrtle, g. m. Mathias Øien. 2. Jennie, g. m. Severin Leite. Eit barnebarn. — Medl. av Sunnmørslaget. Heime på besøk 1912—13 (15) med familien.
158. *Blindheim, Karl Johan Eliassen* (Erikg.)
f. 13/12 1888. Til Wash. i febr. 1907. Var mest i Seattle, men og i Tacoma og i Alaska. Dreiv laksefiske og åtte båt. Var på gullgraving i Fairbanks. I 1914 var han heime i Noreg. Reiste bortatt etter nokre veker, då han trudde Noreg ville kome med i krigen. Kom sidan heim for godt.
159. *Blindheim, Emilie Ellingsd.* (Simeng.)
f. 5/5 1893. (Emilie Swanson). Var i mange år på hotell i Geiranger før ho utv. til Wash. i okt. 1920. Etter kort tid hos systera Soffi reiste ho

vidare til kjærasten Lauritz J. Strømmegjerde (Strøm) i San Francisco. Gifte seg same dagen ho kom dit, den 13. nov. Han var nr. 13 i syskenrekka, men det gjekk bra likevel. (Sjå 847).

160. *Blindheim, Sofie Ellingsd.* (Simeng.)
f. 7/4 1891 i Minneapolis. Kom heim i lag med mora ca. 1891. Til Tacoma att i mai 1911. Skreiv seg for Svendsen. G. m. Gus Thompson frå Stavanger, lokomotivførar. Bur i Tacoma. Medl. av D. o. N. Born: 1. Loren. 2. Glen, g. m. Rosemary Hegberg. 3 barneborn (1951).
161. *Blindheim, Svein Ellingsen* (Simeng.)
f. 1/4 1888 i Minneapolis. (Swan Swanson). Heim i lag med mora ca. 1891. I febr. 1907 til Wash. Vart fiskar og stasjonerte i Stanwood, Anacortes og Juneau. I 1913 vart han skadd i ein fot ombord og gjekk med krykkje sidan. I 1915 var han med på fyrste turen til «Onward Ho», ein fiskebåt på 110 fot, ut frå Vancouver B. C. til havs på fiske. Båten kom ikkje att, og då det var sterk kulde, trur ein at båten vart nedisa. Mange sunnmøringar kom vekk den gongen.
162. *Blindheim, Bastian Jensen* (Hauolag.)
f. 30/8 1887. Før han utv. til Wash. i mars 1910 var han i 3 år i Ørsta og lærde rosemåling, treskjering og snikring. Skogsarbeidar i Polson. Heim for godt ca. 1916. Formann i ungdomslaget i Sykkylven i mange år. Døydde ugift i aug. 1941.
163. *Blindheim, Karl Jensen* (Hauolag.)
f. 4/8 1884. Til Wash. i sept. 1902. Var fyrst på høvleri i Preston i lag med broren Ole. Der miste han to fingrar. Sidan i lag med Karl Ramstad til gruve i Fairbanks. På vegen tilbake, vert det fortalt, vart han «robba» for alt han åtte. Vart nervesvak. Har sidan budd i Everett og andre stader i Wash. Ugift.
164. *Blindheim, Knut Jensen* (Hauolag.)
f. 15/8 1893. Til Aberdeen, Wash. i febr. 1912. Var i Polson camp eit år. Fekk galopperande tæring og døydde i 1913 på veg til Arizona, dit broren Petter Tomas skulle ta han med. Ugift.
165. *Blindheim, Ole Peter Jensen* (Hauolag.)
f. 14/10 1881. Til Preston, Wash. i febr. 1900. Arbeidde på sagbruk, fyrst med materialsortering, sidan i 4 år med høvlemaskin. Det var farleg arbeid. Ein kniv small sund i maskinen, og eit stykke suste forbi augo hans; ei reim kom rundt halsen hans, og formannen fekk stogga maskinta i siste liten. Om kveldane draup det blod av fingrane. Prøvde med votter; dei varde ein dag, skinnhanskar ei veke. I 1905 hadde han tent nok til

å kjøpe garden, og reiste heim for godt. Bygde løe, sel og naust, og har bygt på stova. Har brote opp 33 mål jord.

166. *Blindheim, Petter Tomas Jensen* (Hauolag.)
f. 24/10 1890. Til Hoquiam i sept. 1907. Arbeidde i Polson. Vart send til Frankrike under fyrste verdskrig og arbeidde med brubygging for ingeniorkorps. Fekk spanskesykja. Fekk ikkje lov å reise til Noreg då krigen slutta. Heldt på å stryke med av lungebetennelse på turen over havet. Fekk 4 års gratis skule. Gjekk fyrst jordbruksline, sidan studerte han elektroteknikk og vart ingeniør i Denver, Col. Under arbeid med å stikke ut elektrisitetsliner oppe i fjella fekk han lungebetennelse att og døydd på sjukehus i Calif. ca. 1924. Ugift.
167. *Blindheim, Karen Petrine* (Fredrikg.)
f. 15/1 1911. Til Vancouver B. C. i jan. 1930. G. m. sagbruksarbeidar Ringham, av norsk ætt. Dei bur i New Westminster B. C. 3 born.
168. *Blindheim, Karl Jørgensen* (Dynhaug)
f. 24/7 1849. Flytte til Trondheim i sept. 1867. Gjekk underoffiserskule. Rømde frå skulen. Var visstnok i Amerika. Då brorsonen Peter E. Lyshol var i Sør-Afrika i slutten av 1890-åra og han ein dag sat og skreiv namnet sitt på ei fjøl, kom det ein kar bort og såg på han. Peter trudde dette var farbroren Karl. Elles veit ingen sikkert kvar det vart av han.
169. *Blindheim, Amalie Karlsd.*
f. 27/3 1883 i Sykkylven, dotter til Karl Jakobsen Blindheim og kona Johanne (sjå 156). Utv. til Amerika. G. m. sjømann Peter M. Lied, f. i Ålesund. Dei budde i staten New York. Ho var heime på besøk 1936—38 og i 1946.
170. *Blindheim, Alfred Karlsen* (Fredrikg.)
f. 12/11 1903. Til Wash. i jan. 1923. Jernbanearbeid i Anchorage, men mest fiske i Alaska, bustad Cordova. Ugift.
171. *Blindheim, Amandus Karlsen* (Rabben)
f. 29/9 1898. Til Vancouver B. C. i jan. 1923. Derifrå til Tacoma til Ole Brunstad. Arbeidde i Polson til 1929. Sidan ombord i slepebåt, frå 1939 som kaptein. Bur i Hoquiam. G. m. Marie J. Grebstad (569). Born: Olive, Arnold, Margaret og Johanne. Olive er g. m. Arnold Drogge. 1 barnebarn (1951).
172. *Blindheim, Karl Karlsen* (Rabben)
f. 15/9 1909. I nov. 1928 til Wash., til broren Amandus i Hoquiam. Arbeidde i skogen til 1933. Sidan fiskar, mest i Alaska. Har og budd i Seattle. Ugift.

173. *Blindheim, Bjarne Karolussen* (Karoluspl.)
f. 12/11 1906. I juli 1926 til B. C, Canada, derifrå til morbrørne Hans og Severin Grevstad i Seattle. Bygningsarbeid i 3—4 år. Så fabrikkarbeidar i Sykkylven til ca. 1942. Lurde seg over til England over Ålesund. Kom til Toronto på flyplass. Heime i Noreg att 1945—47. Så til Toronto att. Kona, Violet, er skotsk. Ein son, Karl.
174. *Blindheim, Anne Pernille Olsd.* (Peolapl.)
f. 27/9 1849. Til Amerika over Bergen i sept. 1881. Hadde med seg den to år gl. dottera si, Marie, som var fødd i Ålesund. G. m. ein svensk farmar i Amerika. Ho døydde av hjartefeil. Tre born fødde i Amerika.
175. *Blindheim, Fredrikke Olsd.* (Peolapl.)
f. 5/10 1857. I mai 1874 over Bergen til Amerika, til brørne i Nebraska i lag med systera Karoline. Som smågjente hadde ho sår på leggene som ikkje ville gro. Levde ca. 3 år etter ho kom til Amerika. Ugift.
176. *Blindheim, Jensine Olsd.* (Peolapl.)
f. 3/3 1873. Dotter til nr. 174, halvsyster til Marie som mora tok med seg til Amerika. UtV. dit i okt. 1900 saman med Ole Jørgen Dyrkorn som ho vart gift med. Reiste fyrst til moster si, Karoline, i Kansas. Flytte sidan til Wisconsin. Både ho og mannen døydde tidleg, og dei 4—5 borna vart adopterte og spreidde. Dei skal ha vore uvanleg pene. To døtrer vart g. m. prestar. Ein son bur i Dakota.
177. *Blindheim, Karen Olsd.* (Fredrikg.)
f. 7/5 1874. Til Calif. i 1895, til San Francisco 17. mai. Arbeidde hos Lars Blindheim til 1899. Flytte til Tacoma. G. m. fiskar Jon Jakobsen frå Ørskog. Dei budde i 27 år i Tacoma, no i Hansville, Wash. Born: 1. Nora, g. m. sykkylvingen Chris P. Wicks (1032). 2. Oscar, g. m. Eva Frazer. 3. Hans, g. m. Louise. Begge sønene er fiskarar.
178. *Blindheim, Karoline Olsd.* (Peolapl.)
f. 21/1 1853. Utv. over Bergen til Hebron, Nebraska i mai 1874 i lag med systera Fredrikke. Vart eit par år seinare g. m. August Granstedt, farmar i Kansas. Born: 1. Theodore, f. 1878, fotograf, g. m. Emma Stofer. Ei dotter, eit barnebarn. 2. Irene g. m. Howard Thomas. Ho er film-skodespelarinne i Hollywood under namnet Greta Granstedt. 3. Theodore jr. Ein son. 4. Clara, g. m. Allen Spencer. 5. Anna, døydde som barn. 6. Fredrick, g. m. Louise Belmont, bur i Missouri. To born. 7. Hilda, g. m. Lew Johnson. 4 born, 3 barneborn og 7 barnebornsbarn. 8. Hannah, g. m. Oscar Freed. 5 born, 13 barneborn og 2 barnebornsb. 9. Andrew, veteran frå fyrste verdskrig, døydde i 1920-åra. 10. Frank, g. in. Bertha Johnson. Ei dotter, eitt barnebarn. Frank døydde i 1956.

Då systera Anne Pernille døydde, tok Karoline til seg hennar born og. Sumaren 1898 var ho heime i Noreg og vitja slekt i Sykkylven og i Nordfjord. Ho var metodist, hadde gode evner, dikta songar. Døydde i 80-årsalderen. (Sjå kap. «Frå nybyggjarliv i «grenseland»».)

179. *Blindheim, Olave Olsd.* (Fredrikg.)
f. 16/1 1883. Til Wash. i sept. 1902. Hushjelp hos amerikanar i 4 år. Flytte til Minneapolis og har budd der sidan. I 1906 g. m. sykkylvingen Endre Olsen (frå Ekornes) (330). Ein son, Orville Olsen, g. m. Gayle Janson. Desse bur i Harrisburg, Pennsylvania.
180. *Blindheim, Johan Olsen* (Hauolag.)
f. 18/6 1910. Til New Westminster B. C. i april 1929. Var jordagut. Arbeidde fyrst i skogen i B. C. Kjøpte hus i Vancouver og 40 mål skog på Vancouver Island. Selde begge deler sidan. Eit år sildefiske. Elles mest gullgraving i Dawson. Har 4—5 mann til å hogge tømmer i stats-skogar og til å køyre det til sagbruk. Kjøper 6g tømmer på rot for eiga rekning og sel tømmeret til sagbruk. Kona, Kathleen, er kanadisk. 4 born. Alle var heime i Sykkylven i 1956.
181. *Blindheim, Karl Olsen* (Fredrikg.)
f. 6/7 1871. I mars 1892 til San Francisco. Fyrst eit par mnd. i slåttan hos Lars Blindheim i Concord. Hadde ymse jobbar i Martinez og andre stader, m. a. hausting av vindruer og på vintapping hos amerikanaren Terry, som undra seg over at Karl aldri smakte på vinen. Var med på transport av vin og på høypressing. To sumrar på sagbruk i nordlege Calif.; i alt 7—8 år i Calif. Deretter to år i Yukon på gullgraving. På turen sørover att fekk han tyfus i Tacoma og låg eit halvt år på sjukehus. Heime var mora sjukleg, og han måtte heim og ta garden, som han kjøpte i 1901. Bygde nye hus. Døydde 29/5 1954.
182. *Blindheim, Lars Olsen* (Larsg.)
f. 12/10 1859. Til Belvedere, Nebraska i mai 1883. Derifrå til Calif. Ei tid på gullgraving i Alaska saman med Pete Iversen. Gjorde det bra. Sende teikning av hus til kona i Calif. og dei var ferdige da,han kom dit. Vart farmar i Concord. Pakta ei tid ein stor farm i lag med Bastian L. Velle. Sidan delte dei. Lars fekk etterkvart store jordvidder og vart rekna for millionær. «WeVe got money to burn,» sa kona hans. Han åtte halve Martinez, sa folk. Mange sykkylvingar arbeidde for han. Han var ein streng arbeidsherre, ville at folk skulle slite for pengane, men var flink jordbrukar. Hadde vindmylne på garden, og smie, der han kveste reid-skapen sjølv. Selde part av farmen til eit vinkompani. Var medeigar og styreformann i bank. Heime på besøk i 1898 og 1925. Kona, Elisabeth, var av tysk ætt. Born: Sadie, Annie og Laurence, alle gifte. Dottera

Sadie har teke ein universitetsgrad. Ei av døtrene er gift med Bob Dana og bur i Pleasanton, Calif. Sonen Laurence, som skriv seg for Laurence F. Olsen, overtok farmen etter faren. Han og kona, Eloise, har 4 born. Denne huslyden vart i 1950 heidra som Californias typiske farmarhuslyd. Bladet «The Modesto Bee» for 4/11 1950 fortel om dette og har foto av dei. Farmane ligg i Contra Costa og Salano eounties. Dei dyrkar valneter, mandlar, høy, korn og grønsaker, og har sauer og griser. Laurence og kona har eit privatfly som begge har førarkort til og brukar mykje.

183. *Blindheim, Martinus Olsen* (Larsg.)
f. 29/2 1896. Til Seattle i jan. 1923. Skogsarbeid nær Seattle i lag med Louis Grebstad (Eriksg.). På fiske i Alaska ein sesong. Tre år i Petersburg som oppdrettar av ca. 1000 blårev som gjekk på ei øy. Heim til Sykkylven i 1927 og hadde da med blårev, visstnok med dei fyrste i landet. I 1929 var han ein tur bortatt til Amerika. Var elles heime sidan. Døydde 6/8 1955.
184. *Blindheim, Ole Andr. Olsen* (Peolag.)
f. 6/1 1847 på Grebstad. Vart vanleg kalla Andreas. Til Amerika i 1869. Vart nybyggjar i Hebron, Nebraska, der han tok homestead på 160 acres. Det vert fortalt at han og broren var mykje plaga av indianarar som heldt til i nærleiken. Andreas var og ei tid farmar i Iowa. Han døydde av lungebetennelse knapt 30 år gl. og lét etter seg kone, men ingen born.
185. *Blindheim, Ole Olsen* (Hauolag.)
f. 20/2 1912. I juli 1930 til Melsets i Blaine, Wash. Gardsgut der i to vintrar, laksefiske i Alaska om sumrane. Så på gullgraving i Fairbanks. Under krigen frakta han olje på elvane, til flyplassar. Omkom på ein slik tur siste dagen før freden i 1945. Ugift.
186. *Blindheim, Peter Olsen* (Peolag.)
f. 2/9 1844. Var lærar i Gurskøy. Til Amerika i 1869 i lag med broren Ole Andreas, og vart som han nybyggjar i Nebraska, to år etter at Nebraska vart stat og vel 10 år etter det fyrste norske settlementet der. Fekk jorda gratis, men måtte slite hardt på sine 160 acres. Etter det slektningar fortel, var Peter gift og hadde tre born.
187. *Blindheim, Peter Olsen* (Fredriksg.)
f. 14/8 1885. Til Wash. i april 1903. Fyrst sagbruksarbeidar, sidan på gassverk i Tacoma, ei tid som formann. Deretter reisande kontrollør for gassverket. Bur no visst på sørkysten av Wash., nær Oregon. G. m. amerikansk lærarinne.
188. *Blindheim, Petter Olsen* (Larsg.)
f. 8/6 1901. Hadde lært typograffaget i Ålesund før han utv. til Alaska, i mars 1926. Har dels vore typograf i Seattle, dels fiskar i Alaska. Ugift.

189. *Blindheim, Nikolai Rasmussen* (Reitebakken)
f. 20/9 1888. Hadde lært snikkaryrket og hadde vore på fabrikk i Langevåg før han reiste til Seattle i febr.-mars 1907. Arbeidde på sagbruk, på bygg og i skogen nær Poulsbo. 5 år på gullgraving i Fairbanks. Heldt der ein gong på å stryke med av gassforgift, men vart redda av broren Ole. Arbeidde i 4 år på rad på nattskift. Sende heim pengar, og faren bygde nytt hus i 1910. Heime frå 1912 til 1923. Bygningsarbeid i Seattle (for Olaf Boen) og i San Francisco. Heim for godt i 1926.

190. *Blindheim, Ole Rassmusen* (Reitebakken)
f. 17/4 1891. I juli 1908 til Calif. Fyrst på sagbruk. 1909—1914 i Fairbanks i tømmercampar og gruver. Starta meieriforretning i Seattle i lag med Ole Lowell, som vart utløyst etter 3 år. Hadde fyrst egne kyr: kjøpte sidan mjølk av farmarar og selde i Seattle. Hadde 8 personar i arbeid og 2000 kundar. Disponent for meieri 1943—47. Starta blåbærdyrking utanfor Seattle. Bæra veks på hage busker og er større enn ville bær. — Medl. av norske lag i Seattle. Formann i Norwegian Commercial Club. Medl. av det republikanske parti. Skuleinspektør i sitt distrikt. G. m. Anna Fischer, av tysk ætt. Born: 1. Agneta, g. m. Robert A. Felt-hous. 2. Alvin, g. m. Miriam Mills. 5 barneborn (1951).

191. *Blindheim, Johanne Simensd.* (pl. under Eriksg.)
f. 4/5 1858. Til Minneapolis i sept. 1884. Reiste i lag med Marta Svendsen (Ullavik) og vart gift med bror hennar, Elling. (132).

192. *Schmidt, Heinrich* (Blindheim)
f. 1/4 1899. Sementstøypar hos faren før han utv. til Wash. i nov. 1929.

193. *Schmidt, Johan*
f. 6/12 1906. Sementstøypar. Til Wash. i 1928. Kom heimatt.

194. *Schmidt, Peder*
f. 3/5 1901 i Schleswig-Holstein. Til Wash. i jan. 1923. Var i Poleon camp 10. Sidan fiskar, bustad Seattle og Ketchikan. Gift.

195. *Brudevoll, Karen Hansd.* (Brøvollsgjerdet)
f. 1894. Til brørne i Wash. i febr. 1921. Huspost. G. m. svensken Andrew Anderson i 1924. Han driv forretning i Eima. Ho arbeider på sjukehus. Born: 1. Judith, g. m. Frank McFee. 2. Lilly, g. m. Bernay Adams. 3. Agnes, g. m. Jim Cocks. 4 barneborn (1951).

196. *Brudevoll, Anton Lauriz Hansen* (Brøvollsgjerdet)
f. 25/5 1896. Til Wash. i juni 1914. Var til 1920 i Polson camp 6. På farm i Alberta til 1925. Arbeidde så i Polson att til 1936, sidan i andre campar

og på sagbruk. Arbeider no på finérfabrikk. Bur i Raymond, har 6 acres jord og nokre husdyr. G. m. Madeleine Andrews frå Canada. Born: Anton og Andrea.

197. *Brudevoll, Hans Hansen* (Brøvollsgjerdet)

f. 1890. I mai 1908 over Trondh./Kra. til brørne i Hoquiam. Var 2 år på jernbanearbeid i Alaska kring 1917; budde elles heile tida i Hoquiam som skogsarbeidar. I febr. 1939 skulle han ein dag felle det siste treet for dagen. Fekk treet over seg og vart drepen. G. m. Anna Overvold frå Stranda. Born: 1. Harry, døydde i 18-årsalderen. 2. Peder, hallomann. 3. Stanley, optikar. 4. Aileen, sjukesyster.

198. *Brudevoll, Iver Hansen* (Brøvollsgjerdet)

f. 13/5 1883 på Sve. Til Sykkylven i 3-årsalderen. Til Wash. i febr. 1902. Arbeidde to år i andre skogscampar før han kom til Polson, der han var til 1915. Slo seg i armen, det sette seg kreft i det så armen måtte amputerast. Dreiv tobakksforretning i Hoquiam til 1920. Budde sidan i Everett, der han frå 1929 dreiv tobakksforretning og restaurant, Pennant Lunch Room and Tavern, i mange år vanleg møtestad for fiskarar, Alaskafararar og norske i det heile. I 1945 sette det seg kolbrann i begge beina, som måtte amputerast. — Medl. av S. o. N., Elks, og av Eagles som har sjukehjelp. Døydde i 1952. G. m. Helene Ringstad frå Stranda. Born: 1. Holger, som døydde 15 år gl. etter slag i kneet ((blodforgift). 2. June. g. m. Harry Bentz. June var heime i Noreg i lag med mora i 1928.

199. *Brudevoll, Peter Hansen* (Brøvollsgjerdet)

f. 5/10 1880 på Sve. Gjætte på Lade som smågut. Til Wash. i febr. 1903. Kom snart til Hoquiam og arbeidde i skogen i alt i 34 år, frå 1910 som bas i Polson-campene 6 og 14. Frå 1935 til 1946 dreiv han logging for eiga rekning, mest i Raymond. Kjøpte og noko skog. Selde forretninga i 1946. I 1912 g. m. Sofie Blindheimsnes frå Vegsund. Ingen born. Budde lenge på M og 3. St. i Hoquiam, sidan 1948 i Puyallup. Hadde der 5 acres jord med 15 sauer som slåttekarar. — Var frimurar og medl. av S. o. N. Heime på besøk i 1920 og i 1947. Døydde 25/6 1956. Knap nokon gjorde så mykje for nykomne utvandrarar frå Sykkylven. Han hadde mykje å seie i Polson, og var sterkt på tale som superintendent. Han skaffa nykomarane arbeid i sin eigen camp eller i ein annan. På festen som vart halden for han heime i 1947, fekk mange høve til å takke han for hjelpa. Sjølv svara han m. a.: «Det var de sykkylvingar som sette fjør i hatten min.»

200. *Brudevoll, Oskar Jensen* (Jog.)

f. 21/2 1905. (Oscar Wold). Til Wash. i jan.—febr. 1923. Skogsarbeidar, mest som «high-climber». Fekk brest i beinet fyrste året, låg på sjukehus

i Hoquiam og rømde i lag med Knut Kirkebø for å få betre lækjarhjelp i Tacoma.

201. *Brudevoll, Severin Jensen* (Jog.)
f. 7/2 1898. (Sam Wold). Til Tacoma i juni 1914. Arbeidde i skogen med Anton Utgard som bas til 1916, sidan i 5 år ved Hoquiam. Bilreparasjonsverkstad i Seattle i 6 år. Driv no eigen loggingeamp med 35 mann (1951). 1. g. m. Beatrice Dunn, som døyddde i 1930. Born: Sam, William og Beatrice. 2. g. m. Dorothy Campbell. Born: Larry, Sharon og Barbara. Heime på besøk i 1950 (3).
202. *Brudevoll, Erling Karlsen* (Jetmundg.)
f. 31/1 1912. I okt. 1930 til Clarkfield, Minn. På farm hos Tom Grebstad i 3 år. Sakna sjøen og flytte til Seattle. Sildefiske 1934—39. Ein tur i Alaska. Sidan mjølkebil-sjåfør i Seattle. Heime på besøk 1936—37 (5), 1948 (9) og i 1954. G. m. Borghild Eikanger, fødd i Seattle av norske foreldre. Ho skriv og talar norsk.
203. *Brudevoll, Harald Karlsen* (Jetmundg.)
f. 30/6 1906. I april 1925 over Canada til Seattle. Skogsarbeidar ved Hoquiam i 6 ar. Heim for godt i 1931. Driv garden heime.
204. *Brudevoll, Johan Karlsen* (Jetmundg.)
f. 21/7 1908. Til Hoquiam i mars 1927. Kort tid i skogen, sidan fiskar, m. a. tunafiske ved Calif. G. m. Katarine, svensk. Ei dotter, Diana. Bur i Seattle.
205. *Brudevoll, Daniel Severinsen* (Jog.)
f. 18/1 1891. Eit år mellomskule i Volda. Til Tacoma i april 1907. Skogsarbeid for det meste. Elles på bilverkstad. Bur i Seattle.
206. *Brudevoll, Lauritz Severinsen* (Jog.)
f. 16/9 1886. Til Tacoma i febr. 1903. Sagbruksarbeid, og skogsarbeid, m. a. i Polson. Var med å byggje ein stor demning for Fairchild, kompanjongen til Polson senior. Heim i 1909. Butikkmann på Attre. Til Hoquiam att i 1913. Skogsarbeid der og ved Puyallup, i Fairfax camp med Anton Utgard som bas. Heim i 1916. Til Wash. på nytt i jan. 1923. Skogsarbeid nær Everett og 7 år i Polson. Heim i 1931 då kona vart sjuk. Kom heim tre dagar før ho døyddde. Overtok gard i Nakkegjerde.
207. *Brudevoll, Ole Severinsen* (Jog.)
f. 6/6 1884. Til Selby, S. Dakota i mars 1901. Jernbane- og farmarbeidar. Året etter til skogen i Wash. I 1905 fiske på Sibirkysten. Elles i skogen til 1911, då ein wire slitna og trefte han. Det vart 6 mnd. på sjukehus.

Heime i Noreg som snikkar 1912—1922. I febr. 1922 til skogen ved Hoquiam att. Sidan målar. Kjøpte 5 acres land i Puyallup og har budd der sidan 1928. Driv honseri. Medl. av S. o. N., Eagles og Sunnmørslaget. Heime på besøk i 1955. G. m. Berte L. Fedt (376). Born: Sigmund, Leif og Anne.

208. *Solberg, Andreas Andreassen* (Brudevoll, Jog.)
f. 1872 på Stranda. (Framhus, Fremmerhus). Utv. frå Stranda i 1892 til Calif. Etter to års skogsarbeid til Alaska på gullgraving. Var der 2—3 år før han kom til Klondike. Der var han i 1896—97. Fekk tyfus på båten til San Francisco. Heim til Stranda. I 1900 g. m. Anna Brudevoll frå Jogarden som han kjøpte. Rudde heile bruket og bygde hus. I mars 1913 til Wash. Mekanikar på sagbruk. Kona og 8 born var heime. Heim for godt i 1917. Døydde 20/11 1956. (Sjå Kjølås: *Gull* og Smp. 2/1 1954).
209. *Solberg, Arne Andreassen* (Brudevoll, Jog.)
f. 14/9 1905. Til Amerika i mai 1923. Fiskar i Alaska. Heim i 1928. Til Amerika att i juli 1929. Skogsarbeidar i Polson til han kom heim for godt i 1931. Driv garden heime.
210. *Brunstad, Ludvik Berntsen* (Nakkeberget)
f. 28/12 1900. Til Amerika 6 år gl., til faren i Hoquiam. I 1911 heimatt til Sykkylven for å gå på skule. Budde hos besteforeldra og hadde Johan Brunstad til lærar. Hausten 1914 til Amerika att. G. m. Ventrice Marke. Arbeidde på sagbruk. Den 4. juli 1942 kjende han seg sjuk, gjekk til sjukehus, og døyddde like etter at han var komen i seng. Ingen born.
211. *Brunstad, Hanna Hansd.* (Sølmong.)
f. 14/1 1887. Reiste til Berte Velle i San Francisco i april 1907. Huspostar i 5 år. Kom heimatt og var syerske heime til ho reiste til Calif. att i april 1915. G. m. strandaren Andreas Herdal, bygningsmann som dreiv farm ved sida av. Bur no i Auburn, Calif. Born: Agnes og Robert. 3 barneborn.
212. *Brunstad, Harald Hansen* (Sølmong.)
f. 16/5 1906. Til Auburn, Calif. til systera i april 1922. Gjekk eit halvt år på skule for å lære språket. Arbeidde på skipsbyggjeri i Oakland og i maskinforretning i San Francisco til des. 1923. Har sidan budd i Hoquiam og Quinault, Wash. Dreiv skogsarbeid i 8 år. Arbeidde på bilverkstad og bensinstasjon og hadde ei tid eiga forretning, som han selde i 1951. Driv no som målar o. a. G. m. Ellen Brunstad, dotter til Bernt Brunstad (224.) Born: Betty, Harald og David.
213. *Brunstad, Peter Hansen* (Sølmong.)
f. 7/3 1898. Hadde kone og to born heime då han reiste til Hoquiam i okt. 1923. Arbeidde i Polson camp 10 som «faller». Heim for godt i 1926.

214. *Brunstad, Ole Jensen* (Gunnag.)
f. 20/3 1884. Til San Francisco i mars 1906. Fyrste jobben var å luke ugras på druefarm. Så vanleg farmarbeid, bygningsarbeid og fabrikkarbeid. Ei tid drosjesjåfør. Hadde vertshus i Concord. Heim for godt i 1947. Ugift.
215. *Brunstad, Anton Johansen* (Bøknutg.)
f. 17/2 1900. I jan. 1923 til broren Hans i San Francisco. Vart gassforgifta under tunnelarbeid i Seattle. Heimen har mist kontakten med han.
216. *Brunstad, Hans Johansen* (Bøknutg.)
f. 21/6 1888. I mars 1907 til halvbroren Jens via Wash. til Petaluma, Calif. Ei tid farmar i Manitoba, men har mest vore bygningsarbeidar i Calif. Bur i San Francisco. Heime 1920—1921 (13). Ugift.
217. *Brunstad, Karl Johan Johansen* (Bøknutg.)
f. 2/2 1893. Til Albion, Calif. i mars 1910. Skogs- og sagbruksarbeidar. Vart skadd i ein arm og reiste heimatt kring 1916. Fekk malaria på heimturen og døydde etter 3 veker heime.
218. *Brunstad, Lars Johansen* (Nygarden)
f. 18/7 1898. Til Wash. i mars 1923. For det meste skogsarbeidar i Polson, sist i camp 3. Var tenar for private under depresjonen, for maten og lomme pengar. Døydde i Hoquiam 29/4 1956. Ugift.
219. *Brunstad, Ole Johansen* (Nygarden)
f. 7/2 1900. Til Wash. i febr. 1921. Skal ha vore den yngste «headloader» Polson hadde. Har og budd i Raymond, no visstnok i Seattle.
220. *Brunstad, Jensine Karlsd.* (Jakobg.)
f. 11/8 1875. Over Trondh./Kra. til Echo, Minn. i mars 1903. G. m. Frøland, hjørundfjording som hadde stor farm, som sønene no driv. Heime på besøk i 1913 (4). Døydde etter siste verds krig. 7—8 born.
221. *Brunstad, Karen Marie Karlsd.* (Monsg.)
f. 7/9 1878. I sept. 1903 til San Francisco, der ho var under jordskjelven. Måtte flykte og kom til Wash. I 1913 g. m. Bernhard Berge frå Ørlandet, bygningsarbeidar og sidan farmar i Puyallup. Dei budde ei tid i Tacoma, der sonen Karl no bur. Heime på besøk i 1923 (4). Døydde i nov. 1950.
222. *Brunstad, Oline Karlsd.* (Jakobg.)
f. 6/6 1868. Kjend under namnet *Lina*. Til New York i okt. 1904. G. m. nordlendingen Martin Johnsen. Dei hadde farm ved Wilson Creek, Wash., men flytte seinare til Seattle. Mannen var bror til Nick Sæter g. m. Berte

Jensine Drabløs. Sonen døydde i 20-årsalderen. Både han og mora er gravlagde i Wash. Memorial Park, Seattle.

223.*Brunstad, Bastian Karlsen* (Toreg.)

f. 23/4 1902. (Bob Brunstad). Til Hoquiam i jan.—febr. 1923. Arbeidde i 16 år i Polson camp 4. I 1940 til Raymond på skogsarbeid for Pete Brudevoll. Då sistnemnde selde, var Bastian ein av kjøparane av maskinane. Driv no logging for eiga rekning saman med ein nordlending. Dei hadde 50 mann i arbeid i 1951. Heime i 1950 (6). Medl. av S. o. N. og Eagles. G. m. Martha Gustafson. Born: Robert og Linda.

224.*Brunstad, Bernt Karlsen* (Nakkeberget)

f. 12/7 1881. Til Leadville, Colorado i okt. 1900 til Hans Tandstad, som han hadde vore i lag med i snikkarlære heime. Arbeidde i sylvminer 11000 fot over havet. Året etter til Pueblo, Col. på bygningsarbeid. I 1902 til Polson, som då hadde 3 campar, Vart seinare bas i camp 8, der han tok mot mange nykomarar frå Sykkylven. «Ben var den første jeg hadde truffet da, som ikke skammede sig over en nykommer». (Av dagbok til Peter Fedt i 1903). Var elles mekanikar på sagbruk i over 20 år. Bygningsmann, bygde m. a. huset til Polson i Hoquiam. G. m. Nikoline Pedersen frå Ulstein. Born: 1. Ludvik (210). 2. Ellen, g. m. Harald Brunstad (212). 3. Karl, g. m. Irene. 4. Bernt jr., g. m. Ione Gage. 5. Oscar, g.m. Hattie. — 9 barneborn (1951).

Huset til Bernt på 2503 Pacific Ave. Hoquiam.. vart samlingsstad for sykkylvingar, serleg i dei store høgtidene. Bernt spelte fele, og var levande interessert i heimbygda. Han døydde 30/1 1954.

225.*Brunstad, Jakob Karlsen* (Nakkeberget)

f. 24/12 1886. Budde ei tid på Fet, og var skomakar då han reiste til broren Bernt i Hoquiam i mai 1907. Arbeidde i skogen, vart sjuk og dreiv litt som skomakar. Døydde av strupetæring i 1920. Ugift.

226.*Brunstad, Jens Karlsen* (Bøknutg.)

f. 26/10 1880. Då Jens var eit halvt år, bleiv far hans under havfiske. Lærde snikkaryrket, utv. til San Francisco i juli 1904. Fyrst bygningsmann, sidan farmar i Petaluma, Calif. Dreiv hønseri, og hadde på slutten ein liten butikk. G. m. Ragnhild Lervig, lærardotter. 5 søner. Då Jens døydde kring 1918, gifte ho seg oppatt med ein danske.

227.*Brunstad, Johan Karlsen* (Jakobg.)

f. 10/3 1882. (John B. Carlson). Til Wash. i sept. 1902. Var lenge skogsarbeidar ved Tacoma, m. a. i Jackson camp. Gullgraving i Alaska. Ei tid fiskar, og cannery-arbeidar i Snug Harbor. Døydde i Seldovia, Alaska, i jan. 1952. Ugift.

228. *Brunstad, Karl Karlsen* (Monsg.; Bruapl.)
f. 30/5 1881. Lærde bygningsarbeid heime. Til Calif. i mars 1901. Dreiv bygnings- og gruvearbeid i 12 år, og kom då heim for godt. Døydde 11/8 1937.
229. *Brunstad, Lars Andreas Karlsen* (Jakobg.)
f. 24/8 1865. Gjekk underoffiserskule. Til Amerika kring 1892. Kom med i den spanskamerikanske krigen i 1898, fekk den gule feber og døydde, visstnok i Florida. Mor hans heime fekk pensjon.
230. *Brunstad, Ole Andreas Karlsen* (Jakobg.)
f. 12/1 1885. Var gift og hadde tre born då han utv. til Wash. i juli 1910. Var då fiskar i Ålesund, og huslyden vart heime. Fyrst skogsarbeid, sidan fiske ved Alaska. Var med på eit forlis som tok svært på han. Kom heim for godt kring 1918. Kjøpte plass på Svartebekk og bygde hus. Døydde 15/10 1944.
231. *Brunstad, Ole Karlsen* (Nakkeberget)
f. 6/8 1889. Reiste til broren Bernt i Hoquiam i sept. 1906. Var i skogen som «faller» heile tida. Heim kring 1912. Gifte seg og kjøpte gard på Hole. Til Wash. att i febr. 1913. Heimatt kring 1916. I jan. 1923 til Wash. for tredje gong. Heim for godt kring 1925. Vart sjuk og døydde vinteren 1926 av lever- og miltsjukdom, som doktoren meinte han hadde fått av for hardt arbeid i skogen.
232. *Brunstad, Ole Martinus Karlsen* (Jakobg.)
f. 19/7 1872. Like etter konfirmasjonen reiste han til Nordland på anleggsarbeid. Vart seinare dykkar og installatør ved Oskarsborg. Var sidan på Sørlandet og utv. til Amerika frå Arendal. Kona, Marta Berntsen frå Rise ved Arendal, reiste etter med tre søner kring 1920. Dei har budd på Vestkysten heile tida, no i Seattle. Born: 1. Karl, bur i Alaska og er representant for fiskarane i «fishery board». 2. Arthur, kjemikar og farmar i Columbia Basin, Wash. Holiday Magazine for juni 1949 har foto av huslyden og farmen. To søner. 3. Tom, bur i Othello, Wash. Desse var fødde i Noreg. 4. og 5. Tvillingane Evelyn og Mary, er gifte og har 4 born kvar.
233. *Brunstad, Peter Karolussen* (Monsg.)
f. 19/5 1855. Flytte til Ålesund i 1877. Kontorist hos Sandberg. Utv. over Trondh./Kra. i juli 1887. Reiste med «Rollo» frå Kra. til U. S. A. Var lenge i Amerika, men kom heimatt og dreiv handel på Aure. Reiste sidan til Hitra og gifte seg til ein av Aksnesgardane i Sandstad. Var gardbrukar og agent. Døydde hausten 1944.

234. *Brunstad, Petrine Larsd. (Bøen)*
f. 16/2 1858. Til Amerika i mai 1883 for å gifte seg med ein av Blindheims-
gutane i Hebron, Thayer County, Nebraska. Vart så ille til mote då ho
såg jordhyttene på prærien at ho berre gret og ville heimatt. Det vart
inga gifting, ho kom heimatt og døydde av tæring 10 5 1884.
235. *Brunstad, Petter Severin Larsen (Sølmong.)*
f. 8/1 1896. Til Wash. i april 1914. Tre år i Polson, ei tid på skipsbyggjeri
i Aberdeen, så i Polson att som «riggenslinger» og «hucktender». Heim for
godt i 1921. Løyste gard og har kjøpt mykje attåt. Bur på Hole (Nakken).
236. *Brunstad, Anton Ludviksen (Klausg.)*
f. 25/5 1895. Til Hoquiam i mars 1913. For det meste skogsarbeidar.
Fekk tæring og låg på sanatorium i Oregon. Der vart han kjend med
Edny (fødd i Sverige), som arbeidde på sanatoriet, og vart gift med
henne. Vart frisk att, men fekk tilbakefall seinare. Kjøpte farm i Oreg.
og døydde der i 1930-åra.
237. *Brunstad, Leonhard Ludviksen (Klausg.)*
f. 29/9 1908. I nov. 1928 til broren Anton i Oregon. Kort etter til skogen
i Wash. (Polson). Under krigen 3 års krigsteneste på Filippinane. Fekk
alvorleg magesjukdom, men vart frisk att då han kom til Statane. Bur i
Aberdeen, Wash. Ugift.
238. *Brunstad, Nils Ludviksen (Klausg.)*
f. 18/9 1891. Reiste i mars 1910 til Tacoma. Arbeidde i to ar i Polson.
Gjekk eit år ved Columbia College i Everett. Var trikkefører i Aberdeen,
Hoquiam og andre stader i 6 år. Fyrbøtar og togførar i Montana og
Wash. Heime på besøk 1922/23 (6). Til Hoquiam att i mai 1923. Heim
for godt ca. 1930. Kjøpte gard og bur på Haugset.
239. *Brunstad, Petter Ludviksen (Klausg.)*
f. 11/8 1889. Til San Francisco i mars 1907. Fyrst eit år på farm hos Lars
Blindheim. Deretter til skogen ved Hoquiam. Kom til Alaska og arbeidde
i gullmine i Treadwell, der han var ute for stor eksplosjon. Var heldig
og slapp frå det med små skader. Var og i gruvene i Butte, Montana.
Elles bygningsarbeid av og til. Heim for godt ca. 1913. Døydde 18/6
1945. Kona, Nikoline, bur på Vik.
240. *Brunstad, Sigvard Ludviksen (Klausg.)*
f. 1901. Til Wash. i febr. 1921. Mest skogsarbeid i Polson og andre campai.
Er no bryggjearbeidar og bur i Aberdeen, Wash. G. m. Anny, am. enkje,
som hadde ei dotter. Sidan har dei fått to døtrer til.

241. *Brunstad, Ole Martinussen* (Rabben)
f. 26/8 1868. Var bygningsmann før han utv. til Amerika i mars 1899, og dreiv same yrket i kort tid i Minn. før han drog til Vestkysten. Budde lengste tida i Tacoma. Var i Noreg trulova med Berte Olsd. Velle og vart gift med henne i Amerika. Han var felespelar. Born: Severine, Klara, Lilian, Mabel, Esther, Klara og Leonhard. Ca. 10 barneborn. Dottera Mabel er gift Bavis og bur i huset til foreldra. Ole døydde i 1931.
242. *Brunstad, Olga Olsd.* (Tosteng.)
f. 27/10 1910. Til Amerika i okt. 1923. Huspostar i Seattle. På cannery i Alaska. I 1945 g. m. William Shrake og bur i Yakima, Wash. Heime på besøk i 1939/40 (10).
243. *Brunstad, Susanna Olsd.* (Monsg.)
f. 7/2 1905. Til Amerika i okt. 1923 til tanta Mrs. Berge, som hadde vore heime på besøk og budde i Puyallup, Wash. Arbeidde sidan i Seattle, eit par år i San Francisco, og på hotell og restaurant i Alaska. Bur no i Seattle og er g. m. Thorvald Larsen frå Leikanger i Salten, fiskar og båteigar. Born: Patricia og Corey. Familien var heime på besøk eit år 1946/47.
244. *Brunstad, Karl Olsen* (Monsg.)
f. 13/9 1906. Til Puyallup i lag med systera i okt. 1923. Arbeidde for Peter Brudevoll i Polson. I Alaska på cannery. Tilbake til Polson. Fekk ein stakk over seg og døydde momentant, 14/1 1929. Ugift.
245. *Brunstad, Karl Johan Olsen* (Øyane)
f. 2/10 1879. Til Calif. i mars 1901. Bygningsarbeid i San Francisco. Heimatt for godt ca. 1909. Kjøpte halve Jakobg. Vart sjuk og døydde av tub. ca. 1913. Kona oppattgift med Petter Velle (Brauten).
246. *Brunstad, Knut Olsen* (Øyane)
f. 16/9 1893. I mars 1910 til broren Petter i San Francisco; der dreiv han snikkararbeid eit par år. Har sidan arbeidd for Standard Oil i Bakersfield, i Richmond og andre stader, mest som snikkar. Kona, Peggy, er amerikansk. Ingen born. Heime på besøk i 1926 (3) og i 1952 (2). Bur no i Richmond, Calif. Var med som flygar i Frankrike under fyrste verds- krig.
247. *Brunstad, Konrad Olsen* (Øyane)
f. 5/4 1901. Mellomskule og Treiders handelsskule. I april 1922 til Calif. til broren Knut. Vart bokhaldar i stort manufakturfirma i San Francisco. Døydde ugift (trulova) i 1929.

248. *Brunstad, Lars Olsen (Øyane)*
f. 29/10 1876. Til Duluth. Minn i. april 1899. Arbeidde då i Trondh. som bygningsnikkar. Ville kome seg ut av landet før militærteneste, og tida vart for knapp til å reise om Sykkylven. Møtte broren Karl i Ålesund. Var eit år i Minn. Kom til San Francisco. Vart g. m. Olive Olsd. Uren frå Stranda i 1901. Ho vart skremd av jordskjelven og reiste heimatt i 1907. Lars reiste heim samtidig og dreiv gard på Vanberg i Borgund til han i 1910 reiste til San Francisco att til same arbeidsgjevar. Heim i 1912, dreiv husbygging på Stranda, bygde hotell, meieri o. a. Kjøpte plass på Tynes. Til San Francisco for tredje gong i aug. 1923. Heim for godt i 1926. Døydde 23/5 1934.
249. *Brunstad, Olaf Olsen (Tosteng.)*
f. 4/8 1894. Til Wash. i mars 1913. Fyrst i Polson i 3 ar som «choker-setter» og «riggenslinger». Kort tid i minene i Butte, Montana. Dei to siste åra var han fyrar på lokomotiv. Heim for godt i 1920. Kjøpte garden.
250. *Brunstad, Ole Olsen (Øyane)*
f. 25/10 1889. I mars 1907 til brørne i San Francisco, der han budde heile tida. Dreiv mest snikkararbeid. Var med som flygar i Frankrike under fyrste verdskrig. Kona, Judith, er amerikansk. Ingen born. Fekk i 1939 S. o. N'a 25-års merke. Døydde 14/10 1939, gravlagd i National Cemetery, Presidio. Enkja vart oppattgift med ein Rutherford.
251. *Brunstad, Peter ./. Olsen (Øyane)*
f. 24/11 1882. Hadde to brør i Amerika då han reiste til Calif. i sept. 1902. Dreiv bygningsarbeid heile tida, mest i San Francisco, der han var under jordskjelven. Måtte slå ut døra med øks for å kome ut av huset. Drog ut på landet, men var innatt og berga mykje av eignlutane sine. Fekk seg snart husrom i San Francisco att. Var og på bygningsarbeid i San Diego, der han fekk malaria. Vart tilrådd å skifte klima og reiste heim i 1912. Hadde tenkt seg bortatt, men så kom verdskrigen. Tok over bruket og kjøpte halve Jakobg. Bygde hus i 1913. Døydde i okt. 1952.
252. *Brunstad, Alfred Pettersen (Jorng.)*
f. 27/12 1903. Til Wash. i jan. — febr. 1923. Fyrst 3—4 år i Polson. Etter den tid var han lenge på cannery i Alaska om sumaren og i Polson om vinteren. Budde ei tid hos broren Martin i Hoquiam: bur no visstnok i Seattle.
253. *Brunstad, Godin Pettersen (Gunnag.)*
f. 1901. Til Wash. i febr. 1921. Arbeidde i Polson som «high-climber». Ein gong vart maskinen stoppa for brått, så Godin vart slengd 20 fot frå toppen av eit tre. Fekk ein «sleng» i nakken og vart ikkje frisk sidan. Døydde av brystsjukdom på Lake View Hospital i Tacoma før jul 1924.

254. *Brunstad, Johan Pettersen* (Jørn.)
f. 17/12 1900. Til Wash. i febr. 1921. Skogsarbeidar i Polson i 4 år. Sidan bygningsmann i Seattle. I des. 1934 vart han overkøyrd av bil og døydde tre veker seinare, i jan. 1935. Er gravlagd på Pacific Lutheran gravlund i Seattle.
255. *Brunstad, Martin Pettersen* (Jørng.)
f. 11/4 1906. Til Wash. i mars 1924 til brørne i Hoquiam. Var i 12 år i Polson camp 8. Frå 1936 på finérfabrikk i Hoquiam. Under krigen var han med å byggje flyplassar i Egypt og Italia. Heime på besøk i 1950 (2). Medl. av S. o. N., Eagles og Vets. G. m. Anna Eriksen, fødd i Hoquiam av svensk-tysk ætt. Ho var enkje med ein son, William.
256. *Brunstad, Ole Pettersen* (Jørng.)
f. 16/4 1897. Til Wash. i april 1914. Arbeidde i Polson som donkey-styrar. Heim for godt i 1922. Tok garden og bygde nye stovehus.
257. *Brunstad, Jens Severinsen* (Bøen)
f. 2/8 1882. Framhaldsskule i Sykkylven og hagebruksskule på -Nordmøre. Vikar i folkeskulen. Til San Francisco i 1905. Etter eit år på farm flytte han til byen på bygningsarbeid etter jordskjelven, og dreiv det yrket til 1929. Sidan mest fruktdyrkning. Kjøpte 20 acres ved Modesto for 25 000 dollar», sidan 20 acres til, alt ferskenhage. Vart medeigar i hermetikkfabrikken som tok mot frukta, og åtte fleire av dei beste tomtene i Modesto. I 1951 hadde han kring 30 mann i arbeid. Døydde av slag sumaren 1952. Ugift.
258. *Brunstad, Severin Severinsen* (Bøen)
f. 3/11 1904. Til Calif. i febr. 1928, til broren Jens, som da budde i San Francisco. Var maskinist i Noreg, men hadde skrive i søknaden at han skulle arbeide på farm i Amerika. Dei fortalde han at der ikkje var farmar i San Francisco, men han kom igjennom likevel, og farming vart det fyrst. Sidan arbeid på traktorfabrikk i Stockton. Frå 1940 f maskinforretning i Modesto. Tok seg av fruktfarmane då broren døydde. Ugift.
259. *Davenes, Anna Hansd.*
f. 6/2 1869. Til Mpls. i april 1892. Gift to gonger. Eine mannen var kommunearbeidar Johan Abelset (John Larsen). 4 born. Døydde i 1942.
260. *Davenes, Jens Hansen*
f. 20/8 1853. Til Amerika i 1891. Var bygningsmann i Mpls. G. m. Berte Oline O. Ekornes. Jens var heime på besøk i 1892 og 1905—06. Døydde i 1925. Ingen born.

261. *Davenes, Berta Pettersd.*
f. 8/4 1884. Over Trondh./Kra. til Mpls. i sept. 1907. G. m. ein svenske, Janson. Born: Bernice, Harry og Ruth.
262. *Davenes, Hanna Pettersd.*
f. 15/6 1889. Over Trondh./Kra. i sept. 1907 til Mpls. i lag med systera Berta. G. m. ein svenske, Petterson, farmar nær Mpls. Born: Harriet, Danel, Stanley, Norman, Ruth, Paul og Jimmy.
263. *Davenes, Laura Pettersd.*
f. 8/4 1884. Gift i Noreg med Hans P. Jarnes. Budde fyrst i Sykkylven, sidan kort tid i Borgund. Til Amerika i okt. 1927 med 7 born. Mannen og ein son var alt i Amerika.
264. *Davenes, Martin Pettersen*
f. 5/10 1892. I april 1910 til systrene i Mpls. Fyrst bygningsarbeid i lag med onkelen Jens Davenes. Har seinare vore mekanikar på fabrikkar. Kona, Dagny, er frå Trondheim. Dei bur i Millwaukee, Wis. Born: Adela og Perline, begge gifte. — Heime på besøk vinteren 1938—39.
265. *Drabløs, Jakob Karolussen (Jakobg.)*
f. 21/10 1903. I mars 1922 til N. Dakota til brørne i Parshall. Gjekk 3 år på high school i Minn. og eit år på college. Reiste til Vestkysten og arbeidde kort tid i skogen, på eannery i Alaska og i gruve i Idaho. Studerte eit halvt år ved universitetet i Wash. og 1 år på gruveskule i Fairbanks. Arbeidde 6 år i gruver i Alaska. Starta eiga gullmine i lag med Jens L. Riksheim. I 1942 måtte alle gullminer stengjast, og han arbeidde ei tid for Boeing flyfabrikk i Seattle. Tok gruveingeniøreksamen ved Wash. universitet. Var 1945—50 ved gassverk i Richmond, Calif. Starta då eiga forretning i bilutstyr. Selde etter 2—3 år og driv no vaskeri i Concord, Calif. G. m. Lois Parkhurst, av engelsk ætt. Born: Dean, Caroline og Lina. Medl. av S. o. N.
266. *Drabløs, Karl Karolussen (Jakobg.)*
f. 10/2 1901. I juli 1920 til broren i Parshall, N. Dakota. Bur i landsbyen Roseglen. Har drive farming heile tida. Har no farm på 960 acres og dyrkar kveite, bygg og lin. Kona, Mary, er fødd i Indiana. Ho var med mannen på Noregstur vinteren 1947. Sonen Carroll var i Sykkylven i 1955 på perm fra militærtjeneste i Tyskland. Han er g. m. Arlene, av norsk ætt.
267. *Drabløs, Olav Karolussen (Jakobg.)*
f. 17/12 1905. Til N. Dakota i april 1926. Treivst ikkje godt og reiste til Wash., der han arbeidde i skogen i 3 år, m. a. to år i Polson. Kortare tid i Oregon og Fairbanks. Måtte heimatt i 1932 då faren vart sjuk. Er no på garden.

268. *Drabløs, Petter Karolussen* (Jakobg.)
f. 4/3 1888. Til N. Dakota i april 1906. Budde mest der. Døydde i Minot ca. 1908.
269. *Drabløs, Sivert Karolussen* (Jakobg.)
f. 8/3 1890. (Sam Drabløs). Var butikkmann i Ålesund før han utv. til Minn. i april 1910. Bur i Parshall. N, Dakota. Har drive forretning og farming. Kona. Mildred, er av svensk ætt. To born og fleire barneborn.
270. *Drabløs, Berte Jensine Larsd.* (Toreg.)
f. 27/7 1866. Til Amerika over Bergen i april 1887. G. m. nordlendingen -Nikolai Sæter som var enkjemann med born. Han var bygningsformann for Northern Pacific-jernbanen. Dei budde mest i Tacoma, Wash. Berte Jensine døydde 3/10 1938 og mannen 11/6 1939. Born: 1. Lila, g. m. bilrckvisitagrossisten Russel Chamberlain i Portland, Oregon. To dotrer (Barbara, g. m. doktor i Coos Bay, Oreg. og Nancy, g. m. sakfører i Eugen, Oreg.). 2. Normann, arbeider i same selskap som faren. G. m. Grace Dodge. 1 son.
271. *Drabløs, Ivrine Larsd.* (Toreg.)
f. 29/5 1859. Til Minneapolis i april 1886. Kalla seg for Inga i Amerika. G. m. Nels Hole frå Sunnylvn. Dei budde 50 miles frå Minneapolis. To soner og ei dotter. Ivrine døydde i 1946.
272. *Drabløs, Karoline Larsd.* (Toreg.)
f. 23/8 1856. Til Minneapolis i april 1882. G. m. Isaak Anderson (1859—1936) frå Oslo. Born: 1. Anton, som har ein son og ei dotter og 3 barneborn. 2. Oscar, som bur i Mpls. og hadde ein son som var flygar og fall i krigen, og ei dotter som er gift og har to born. 3. Willie. Karoline døydde i 1945.
273. *Drabløs, Peter Larsen* (Toreg.)
f. 16/4 1862. Over Bergen til Minneapolis i okt. 1886. Derifrå til Calif. og sidan til Wash. Budde lengst i Eatonville og på J St., Tacoma. Var formann for bruarbeid i Northern Pacific-jernbanen og formann for kloakkstellet i Tacoma. G. m. Dorothea Thompson frå Arendals-kanten. Born: 1. Olga, g. m. O. N. Ackley, jernbanefunksjonær i Tacoma. 2. Theodore, formann for Todd Shipyard Co., Seattle; svensk kone. 3. Lawry. gift og hadde ein son då han døydde i spanskesykja i 1918. 4. Georgina. g. m. E. A. Conroy, sjef for Puget Sound Power & Light Co., Seattle. 5. Phoebe. g. m. Marvin Webster i Tacoma. — I alt 5 barneborn då Peter døydde 1/9 1943.
274. *Drabløs, Syver Larsen* (Toreg.)
f. 10.5 1871. (S. I arsen). Faren døydde då Syver var 5 år, mora da han var

10. Til Minneapolis i april 1892. Etter knapt eit år til Tacoma, derifrå til broren Peter i Eatonville. Arbeidde på homestead med tømmerhytte til 1897. Var i 3 år postberar over fjellet frå Eatonville til Elby; brukte liten ponni. Arbeidde i 4 år for Pete Iversen i gullmine i Klondike etter kortare tid i Fairbanks. Frå 1901 har han budd i Tacoma. Kjøpte eit apotek, laga seg arbeidsrom i kjellaren og tok til å studere faget. Greidde ikkje kjemien på eiga hand og gjekk på Puget Sound College eit år. Etter 3 år var han ferdig til å ta apotekareksamen. Den 12/2 1904 kl. 8 om kvelden kom ein røvar inn i butikken for å få tak i pengar. Syver vart skoten i magen. Vart operert og var frisk att etter 2 mnd. på sjukehus. 21 år seinare fekk han betennelse i tarmene, med komplikasjonar så han vart heilt lam. Måtte matast i 5 år. Tok to nye operasjonar og vart bra etter lang tid. — Apoteket, Trommald's Pharmacy, låg på Tacoma Ave. og 17 St. då overfallet hende. Frå 1916 på 1105 So. K St. Han selde det i 1937. Selde og snart det skoglandet med kolfelt som han hadde kjøpt for 10 000 dollars i 1908. — Medl. av Vikings, eit lag som vart stifta i bakromet til apoteket hans. I 1907 g. m. Martha Bergh, av norsk ætt. Sonen Stanley er oberstløytnant i marinen, er g. m. Olive Fordham frå New Zealand og har 3 born.

275. *Drabløs, Sigurd Nilsen* (Ellingg.)

f. 7/8 1898. Til Amerika i mars 1924. Var litt i Statane, men mest i Vancouver B.C. Arbeidde på cannery. Heim for godt etter 7 år. Døydde 10/12 1942.

276. *Drabløs, Jens Olsen* (Samundg.)

f 25/9 1879. Til Colorado i okt. 1900. Kom snart til Silverton og arbeidde i steinmylne i samband med gruve i to år. Lengta heim og reiste heimatt i febr. 1903. I 1922 hadde han lagt seg til ein byggjeggjeld. Beiste då til Polson-camp, der han arbeidde med vedkløyving, pass av omnar, og som bademeister. Passa og 30 griser som dei heldt til mat. Heim att til kone og born i 1925.

277. *Drabløs, Ole Severin Olsen* (Samundg.)

f. 21/5 1886. I mars 1907 til Jens Brunstad i Calif. Var fyrst på druefarm. Seinare 3 år i gullmine i Nevada City. Deretter snikkararbeid i San Francisco. Sette opp bygning i Alaska for Alaska Packing Co. Heim til Noreg i 1913. Kjøpte gard og bygde loe. I mars 1923 til Los Angeles og dreiv bygningsarbeid hos Lars Fedt. Siste året i Polson camp 14. Heim for godt i 1926.

278. *Drabløs, Oskar Olsen* (Samundg.)

f. 1902. Til Vancouver B. C. i okt. 1922. Kom inn i Statane og arbeidde heile tida i Polson, bortsett frå ein tur i Alaska. Heim for godt i 1926.

279. *Brunstad, Ole Knudsen* (Drabløs, Nystova)
f. 24/12 1872. Fødd på Brunstad der mora tente, oppfostra hos bestefaren i Ramstaddalen til 6-årsalderen, deretter hos faren på Drabløs. Tente i Jetmundgarden på Lade. Utv. ca. 1894 til Santa Barbara, Calif. Vart gift med ei frå Ørskog, etternamn Skarbø, og hadde to søner. Er nemnd i «Norsk-Amerikanaren» for 1916. Medl. av S. o. N.
280. *Erdal, Sivert Samuelsen* (Drabløs)
f. 31/12 1879. G. m. Johanne J. Drabløs. Budde lenge i Stryn. Utv. frå Sykkylven til Vancouver B. C. i april 1925. Inn i Statene. Arbeidde ei tid i Polson camp 10. Kom heimatt for godt etter nokre år.
281. *Drotninghaug, Jensine (Sina) Ellingsd.* (Larsg.)
f. 28/4 1877. Til Wash. i mars 1901 til kjærasten Louis Melset frå Ørskog. Som nygifte budde dei i Seattle. Kjøpte 40 acres land ved Whitehorn, Whatcom county, Wash. og var mellom dei fyrste som slo seg ned der. Heime på besøk i 1937 (6). Born: 1. Selma, g. m. Alfred Horn frå Helgeland. Dei har teke over farmen. 2. Egil.
282. *Drotninghaug, Hans Ellingsen* (Larsg.)
f. 28/12 1880. (Hans Drotning). Var snikkar i Ålesund før han utv. til Wash. sumaren 1902. Har drive bygningsarbeid heile tida, lenge som entreprenør. Har og tildels vore sin eigen arkitekt. — Han var i San Francisco under jordskjelven og brannen i 1906. Hadde der bygt over 20 hus som meir eller mindre ramla ned ved jordskjelven. Miste sine personlege eignalutar. Reiste attende til Seattle. Heim til Noreg i 1909. Brukte mykje pengar på nydyrking, og bygde løe. I 1921 g. m. Eli Frøysa. Til Amerika att i mars 1924. Året etter selde han garden heime til slekt, og same året kom kona etter til Amerika med dei tre borna. (Sjå 283 ff.). Var heime på besøk i 1947 (6) og 1950 (6). Medl. av Sunnmørslaget og S. o. N. Har skrive i norske aviser og i Washingtonposten.
283. *Drotning(haug), Eli* (Larsg.)
f. 1897 på Frøysa i Sunnylvn. G. m. førnemnde Hans D. Til Amerika i 1925 med tre born. Sonen Harald er fødd i Seattle. Heime på besøk i lag med mannen i 1950.
284. *Drotning(haug), Selma*
f. 10/4 1922. Dotter til førnemnde Eli D. Til Amerika i 1925. Driv frisør-salong i Seattle.
285. *Drotning(haug), Nelly Palma*
f. 18/8 1923. Sister til førnemnde Selma D. Til Amerika i 1925. G. m. pastor Jack Mitchell og har dottera Janelle.

286. *Drotning(haug), Erling Norman*
f. 10/10 1924 i Sunnylvn. Bror til førnemnde Nelly D. Til Amerika i 1925. Har teke sosialøkonomisk eksamen og er bankmann. Heime i lag med faren i 1947. Er gift.
287. *Drotninghaug, Peter Jetmundsen* (Gjærepl.)
f. 11/8 1868. (Peter Haugen). Til Mpls. i april 1892. Arbeidde på jernbaneverkstad. Var ei tid kokk. G. m. Emma Svendsen, svensk. Born: 1. Emte, g. m. Nils Langsten frå Ålesund. Musikkforretning i St. Paul. Born: Barbara og Curt. Sonen Richard døydde av hjartefeil 10 år gl. 2. Emil. 3. Oscar, g. m. Marie Haraldson, svensk. 2 born. 4. Clarence. Døydde 7 år gl. — Peter var heime på besøk i 1900. Han døydde i 1908. Kona levde enno i 1951 i Brainard, Minn.
288. *Drotninghaug, Johanne Olsd.* (Bødag.)
f. 29/7 1883. Til Seattle i sept. 1904, til eit syskenbarn frå Løset. Hadde huspost, men vart sjuk. Hadde slege seg i ryggen heime, det sette seg tuberklar i det, og ho døydde ugift 3 år etter at ho kom til Amerika.
289. *Hole, Sigmund Hansen* (Drotninghaug, Bødag.)
f. 12/2 1930. Var treskjerar før han utv. til Tacoma i febr. 1949 til farbroren Johan Hole. Har drive trearbeid for skipsbyggjeri, og bygningsarbeid. Bur hos Johan Lade og er i Alaska om sumaren. Heime i Noreg til Vinterolympiaden i 1952 og vinteren 1955-56.
290. *Eidem, Dora Johansd.* (Jenshaugg.)
f. 10/10 1905 i Ålesund, der foreldra budde til dei utv. til Kingsville, Texas i 1906. Dora var med, likeeins då dei kom heim for godt i 1913. Er sjukesyster.
291. *Eidem, Jan Johansen* (Jenshaugg.)
f. 19/10 1908 i Kingsville, Texas. Heim til Noreg i lag med foreldra i 1913. Til Seattle i aug. 1927. Fyrst i skogen i Wash., sidan laksefiskar og maskinist (på land) i Hawk Inlet, Alaska. Om vinteren på båtbyggjeri i Seattle. Kona, Ann, er frå Texas. Heime på besøk i 1951.
292. *Eidem, Karl Johansen* (Jenshaugg.)
f. 3/3 1907 i Kingsville, Texas. Heim i 1913. Til Seattle i des. 1926. Bur i lag med broren Jan, dels i Seattle, dels i Hawk Inlet. Laksefiskar. Heime på besøk i 1936/37 (6), 1946/49 (2½ år) og 1951—52. Ugift.
293. *Eidem, Johan Karlsen* (Jenshaugg.)
f. 7/4 1870. Utv. i april 1893 til Canada til sykkyllvsfamilien Levdal. Arbeidde på jernbane. Heimatt til Noreg og gifte seg med Dorte J. Aure.

Dreiv handel på Aure i lag med Severin Eidem. To år etter døydde Dorte. Han gifte seg oppatt med Marte Aursnes, og arbeidde i Ålesund før han utv. med familien til Kingsville, Texas i 1906. Bygde og selde hus. Men sumarvarmen og oppfarande meksikanarar plaga han. Flytte heimatt med familien i 1913. Deydde 27/11 1922.

294. *Eidem, Karl Johan Karlsen* (Jenshaugg.)
f. 25/7 1887. Arbeidde på teglverket før han utv. til Amerika i febr. 1909. Skogsarbeidar i Polson. Kring 1. april 1912 fekk han eit tre over seg og vart drepen. Ugift.
295. *Eidem, Lars Karlsen* (Trulsg.)
f. 1/1 1898. Var utlærd bygningsmann og hadde vore to turar på fiske ved Island før han utv. til Tacoma i jan. 1923. Bygningsarbeid i Camp Louis nær Tacoma. Bygde hospital, kyrkje, teater o. a. for soldatane. Frå 1924 kveite- og sardinfiske. I 1926 fekk han ein angel i auga. Dei var 4 kvartmil frå doktor, og ein fiskar skar ut angelen med barberkniv. Kom sidan til doktor i Cordova, men miste auga. Heim for godt i nov. 1933. Driv garden.
296. *Eidem, Lovise Karolusd.* (Bergeg.)
f. 17/10 1878. Til Amerika i mars 1901. G. m. Rikard Grebstad (450). Dei budde i Olalla, Wash. og dreiv hønsefarm. 3 søner og ei dotter.
297. *Eidem, Edvard Karolussen* (Bergeg.)
f. 7/2 1888. Til Wash. i sept. 1905., til systera Lovise. Budde lenge i Calif. Var drosjesjåfør, sagbruksarbeidar og dreiv ei lita forretning. Kona er irsk. Fleire born.
298. *Eidem, Anne Johanne Olsd.* (Tormog.)
f. 10/4 1879. Til Mpls. i nov. 1897, til systera Fredrikke. Etter eit år til Seattle, i 1906 til Los Angeles, der ho budde i 42 år. Sidan i Santa Ana, Calif. I 1909 g. m. August Swanson (svensk). Boriy 1. Andrew, gift far-mar i Missouri. 3 born og 3 barneborn. 2. Minnie, gift og bur i San Diego. To born. 3. Stanley, gift kontormann. 4. Frances, gift. To born. 5. William, tvill. med Frances; gift doktor. To born. — Anne Johanne var adventist. Døydde i 1952.
299. *Eidem, Fredrikke Olsd.* (Tormog.)
f. 6/3 1870. Til Mpls. i april 1889. Gift tre gonger. Fyrst med ein Olsen frå Trondh. Andre mannen heitte J. Johansen. No g. m. Andrew Stixrud i Everett, Wash. Ingen born. Heime på besøk ca. 1905.

300. *Eidem, Mane Olsd.* (Tormog.)
f. 17/7 1874. Var skredderske då ho utv. til Wash. i april 1893. G. m. ein danske. Døydde ca. 1909. 2 søner.
301. *Eidem, Regina (Gina) Olsd.* (Tormog.)
f. 28/6 1872. Til Wash. i april 1893 i lag med systera Marta. G. m. jernbanemannen Ole Ramstad frå Ramstaddalen. Dei bur i Montebello, Calif. Eitt barn, visstnok fleire barneborn.
302. *Eidem, Johanne Pettersd.* («Sjersantg.»)
f. 28/6 1878. Var gift med Hans Rødset, som døydde tidleg, så ho var enkje då ho fylgde broren Peter til Minn. i mai 1912. Ho vart overkøyrd og drepen av bil. To søner i Amerika. (315, 316).
303. *Eidem, Andreas Pettersen* (Åmundg.)
f. 9/1 1893. Til Wash. i mars 1913. Skogsarbeidar i Polson-campane 1 og 6 til han reiste heim i 1917. I jan. 1923 til Polson på nytt, til campane 10 og 2. Heim for godt til jul 1925.
304. *Eidem, Johan Pettersen* (Jenshaugg.)
f. 29/7 1893. Til Wash. i nov 1911 til onkelen Karl Johan K. Eidem i Hoquiam. Passa maskin i skogen i 3 år. Fekk eit tre over venstre herda og vart lam i armen. Låg lenge på sjukehus, fyrst i Amerika, så i Oslo, der armen vart amputert. Tok garden i 1934. Døydde 5/2 1943.
305. *Eidem, Knut Pettersen* (Pålg.)
f. 16/4 1867. (John Olsen). Til Calif. over Bergen i april 1889. Vart farmar og budde lengst i Concord. Heime på besøk i 1898 og i 1907. Døydde ugift 16/2 1923.
306. *Eidem, Peter Johan Pettersen* (Strandag.)
f. 10/4 1861. Var gift med Karen S. Aure. Då ho døydde, gifte han seg oppatt med Lovise J. Tu. Reiste til Wash. i febr. 1902. Dreiv jernbanearbeid og kom bort i elektrisk straum. Vart forbrend og var nervøs sidan. Heim for godt etter to år.
307. *Eidem, Peter Karolus Pettersen* («Sjersantg.»)
f. 20/1 1882. Til Echo, Minn. i mars 1901. Var farmararbeidar der i 5 år. Jernbanearbeid i Iowa. I maskinfirma og på jernbanearbeid i Moline, 111. Den 11/4 1906 kom han om natta til stasjonen, skulle krysse eit spor og vart overkøyrd. Begge beina måtte amputerast midt på låret. Låg i 6 mnd. på sjukehus. Tilbake til Echo, der han arbeidde for ein tyskar, fyrst med å passe ein baby; oppvask, køyring til byen. Sidan utearbeid, til og med pløying. Låg i sak med jernbaneselskapet i 5 år. Det enda med

at han fekk 17000 dollars i vederlag. Av det gjekk 40 % til sakfører. Kjøpte land i Clarkfield og dreiv som farmar til 1947. Eig i alt 400 acres som han no leiger bort. — Då sønene til Haakon Vik vart morlause og faren var sjuk, tok Peter dei til seg. Dei var hos han i 12 år. Når ein veit at han forutan å gå med kunstige bein, er plaga av astma og bronkitt, og ser kva han har greidd å gjennomføre, er det med vyrdnad ein står overfor så sjeldsynt heroisme i ein tung lagnad. — Peter var heime i 1911—12. I 1947 gav han 500 kr. til gamleheim i Sykkylven.

308. *Eidem, Petter Olaus Pettersen* (Pålg.)
f. 20/3 1870. I 1888 g. m. Thea Strand. Utv. frå Ørskog våren 1892, til Lars Blindheim i Calif. Kom heimatt, visstnok i 1895 og vart gardbrukar på Giskemo.
309. *Eidem, Sverre Pettersen* (Strandag.)
f. 28/9 1902. (Sam Idam). Var utlærd snikkar då han utv. til Wash. i febr. 1923. Fyrst i Polsoncampane 8 og 12. Ei tid revepassar i Alaska. Sidan lakse- og kveitefiske med eigen båt, «Miss Norma». G. m. Marie Tenfjord, fødd i Arkansas. Ho var enkje og hadde ei dotter. Bur i Petersburg, Alaska.
310. *Eidem, Tomas Pettersen* (Strandag.)
f. 17/2 1869. Til Amerika over Bergen i april 1889. Var visst for det meste på Vestkysten. Var på sagbruk nær Seattle kring 1895. Var då skadd i ein fot. Har ikkje hatt kontakt med heimen.
311. *Langlo, Ole Andreas Larsen* (Eidem, Strandag.)
f. 13/7 1852 på Stranda. G. m. Inger P. Eidem og utv. frå Sykkylven over Bergen til Canada i april 1883. Farmarbeid i Canada og bruarbeid i Wash. Heim etter 6—7 år. Flytte til Grebstad i 1900. Døydde 8/12 1939.
312. *Langlo, Anna Olsd.* (Eidem, Strandag.)
f. 12/4 1879. Til Tacoma i sept. 1899. G. m. Peter Larsen Hole (601). Heime 1901—02 og fekk sonen Leif der. Budde sidan i Puyallup, Wash. (Sjå 497).
313. *Langlo, Olivia Olsd.* (Eidem, Strandag.)
f. 7/10 1883. Til Wash. i sept. 1902 i lag med Peter Hole og kone. Tente hos dei i Puyallup. Var trulova med Lars S. Grebstad (107). Døydde i 1904 av brystsjukdom etter nervefeber.
314. *Langlo, Peter Olsen* (Eidem, Strandag.)
f. 30/1 1882. I febr. 1902 til Wash. Skogsarbeidar ved Hoquiam. Deretter var han i Klondike ei tid, m. a. som vakt i gullmina til Pete Iversen.

Vart gassforgifta og vart send heim. Ingen trudde han skulle kome seg att, men han vart nokolunde bra etter eit par år. Døydde 12/6 1934.

315. *Rødset, Ole Hansen* (Eidem, «Sjersantg.»)
f. 11/2 1899. Budde ei tid på Eidem som gut. Besteforeldra ville han skulle konfirmerast i Noreg, så han var ikkje med mora (302) til Amerika i 1912, men reiste i mars 1914. Farmarbeider i 7 år hos Peter Eidem i Clarkfield. Arbeidde på trikken og i bygningsfaget i Minneapolis. Har sidan budd i Chicago. Fyrst bygningsmann, så lastebilsjåfør for byggmeister. Seinare kjøpte han lastebilar og starta transportforretning. Har spesialisert seg på transport av tungt maskineri, med vogner som kvar kostar 15000 dollars. Medl. av S. o. N. og Union (fagforeining). G. m. Lilian Maurstad, fødd i Minn. av Nordfjord-ætt. Born: Evian og Richard.
316. *Rødset, Peter Hansen* (Eidem, «Sjersantg.»)
f. 24/6 1901. Til Amerika i lag med mora (302) i mai 1912. Budde mest på Eidem før. Farmararbeid hos Tom Grebstad i Clarkfield. Bygningsarbeid i Chicago og fabrikkarbeid i Mpls. Pakta farm i Clarkfield og kjøpte i 1941 240 acres som han no driv. G. m. Helen Hallison, av sv.-norsk ætt. Ingen born. Heime på besøk i 1947 2).
317. *Ekornes, Kline Eliasd.*
f. 4/12 1857. (Ellen Johnson). Dotter til Elias Johnsen Ekornes og kone Oline Olsd. Faren døydd før ho var fødd, og mora 7 år seinare. Eline vart sidan oppfostra hos Ole Petersen Ekornes (Myren). Utv. til Natal i juli 1882, i lag med broren Jan. Utvandrarane hadde fått jordlottar i Natal av den engelske regjeringa. Eline reiste til lott nr. 43 i lag med P. Trandal og Haakon Hjelle. Frå Ålesund 14/7, til Natal 29/8 1882. Kort tid etter gifte ho seg med svensken Anders Johan Johnson. Dei kjøpte ein farm på 340 acres i Batstone ved Umzimkulu. Mannen vart styrar for Umzimkulu kalkverk, og Eline måtte slite hardt åleine med gardsdrifta. Born: 1. George, transportsjef i stort sukkerfirma i Natal, g. m. Gwendolene Wadman. Døydde i 1952. To dotrer. 2. John, styrar av sukkerplantasje i Maidstone. Bur no i Hillary, Durban. G. m. Mary Harte. To døtrer, og ein son som fall i siste verdskrig (i Italia). 3. Lena g. m. Noralf Nero (Nærø). 3 søner og 3 døtrer. 4. Jenny, g. m. stasjonsmeister Oswald Powdrell. 3 born. 5. Hannah, g. 1. m. Alfred Christison. Då han døydd, oppattgift med ein Joseland. Bur i Rhodesia. 2 born. 6. Gertie, lærarinne, g. m. Clifford S. Neve. Bur i Transvaal. 7. Alice, ugift, bur hos broren John. 8. Ella, g. m. doktor S. Herber, budde før i Rhodesia, no i Pietermaritzburg, Natal. Born: Erik, lærar og Eleanor, lærarinne.

Alle borna til Eline gjekk på engelsk skule, då den norske skulen i

sunnmørs-kolonien Marburg låg for langt borte. Men dei lærde litt norsk i heimen.

Eline døydde i 1920, mannen i 1938.

318. *Ekornes, Ingeborg Eliasd.*

f. 20/5 1855. Sister til førnemnde Eline E. Vart farlaus då ho var 2 år og morlaus i 9-årsalderen. Voks sidan opp hos ein slektning. Jetmund Ottesen i lensmannsgarden på Fauske. Utv. over Bergen til Amerika i sept. 1882 og hadde med seg sonen Ole som enno ikkje var årsgamal. Ho kom til eit syskenbarn i Madelia, Minn. og styrde huset til ein engelsk mann som hadde homestead. Vart gift 14/3 1886 med Amund A. Sletta (1850 - 1923) frå Romsdalen. Dei kjøpte' land og vart farmarfolk i Riverdale Township. Born: Ole (321), Alfred, Ida g. Larson, John, George og Anton. 13 barneborn og 13 barnebornsborn. — Ingeborg var aktivt med i norsk-luthersk kyrkje og misjonsforeining, Ho døydde 21/10 1911.

319. *Ekornes, Elling Hansen (Sevring.)*

f. 10/2 1868. Over Bergen til Canada i april 1889. Seksjonsformann ved jernbanen i 18 år. Kjøpte gard på Sætre etter 3 år. Heime i 1908 (6). Siste gongen var han i Amerika eit års tid, selde alt han åtte og reiste heim for godt. Døydde 16/3 1951.

320. *Ekornes, Hans Karl Hansen (Sevring.)*

f. 13/10 1870. I juli 1892 over Bergen til Canada til broren. Dreiv fyrst trearbeid, sidan brubygging, og ei tid dreiv han og kona hotell i ein småby. Flytte til B. C. der han døydde. Kona var enkje med to døtrer då ho gifte seg med Hans, som ikkje hadde born i Amerika.

321. *Ekornes, Ole Kristensen*

f. 19/11 1881. Fylgde mora Ingeborg til Amerika i sept. 1882. Faren var frå Skjåk. Vart styrar av «the stockyard» (innngjerda område for krøter i samband med slakteri, jernbane o. a.) i La Salle, Minn. G. m. Thora Blackstad, av norsk ætt. Born: Theodore, Ivan, Orval, Lester og Conrad. 7 barneborn (1957). Sjå (318).

322. *Ekornes, Anna Kristiansd. (Larsg.)*

f. 14/4 1880. G. m. Johan K. Grebstad, som hadde vore i Amerika nokre år. I 1909 reiste han over att, og Anna fylgde etter i mai 1910 med to born, til Olalla, Wash., der dei budde sidan. Heime i 1914 med familien. Ho døydde hausten 1955. (Sjå 448, 449, 456).

323. *Ekornes, Johan Kristiansen (Larsg.)*

f. 11/5 1886. (John R. Larsen). Var snikkar før han utv. til Denver, Col. i april 1906. Har vore bygningsmann og byggmeister. 1. g. m. Kristine.

Ville. Born: Bergljot. 2. Johan, bergingeniør. Kristine døydde i 1937. 2. g. m. Eunice Thomson. Ei dotter, Karen Regine, f. 1946. Heime på besøk med familien i 1915 og 1917, åleine i 1919 og kring 1948.

324. Ekornes, Oluf Kristiansen (Larsg.)
f. 26/8 1883. (O. Larsen). Til Dakota i mars 1900. Var lenge bygningsmann i Denver, Col., dit han vende tilbake i april 1914 etter besøk heime. Er no byggmeister i Melbourne, Florida.
325. Ekornes, Hans Larsen (Larsg.)
f. 10/1 1866. (Hans Larsen). Til Col. i april 1887. Metallarbeidar. I april 1897 reiste han tilbake etter besøk heime, og hadde då med seg kona, Karoline, f. Molnes (frå Vigra). Då dei kom att frå Amerika for godt, busette dei seg på Vigra, der han døydde 6/5 1911. Ingen born.
326. Ekornes, Lars Rasmus Larsen (Larsg.)
f. 22/9 1860. (Lars Larsen). Over Bergen til Amerika i april 1884. Vart pionérfarmer i Selby, S. Dakota. G. m. Hanna Thorstensd. Ekrem (1865 —1954). Born: Martin, Richard, Marie, August, Louis, Regina, John, Edwin, Theodor og Helmer. Ei av døtrene fekk som barn foten avkutta av slåmaskin. Ho kom seg til att og spelte orgel i kyrkja seinare. I 1908 selde Lars farmen og starta møbelforretning i Mobridge. Var heime ein tur etter at borna var vaksne. Døydde i 1916.
327. Ekornes, Rasmus Larsen (Larsg.)
f. 1862. Utv. til Denver, Col. G. m. Berte Molnes. Døydde i 1945. Born: Robert Louis og Bert Oscar.
328. Ekornes, Berte Oline Olsd. (Myrane)
f. 12/7 1872. (Lina Ness). Til Mpls. i april 1892. 1 g. m. Jens Davenes (Ness). Ei pleiedotter, Julie, døydde i 1922. 2. g. m. Frank Hadler i 1927. Døydde 27/3 1930.
329. Ekornes, Karoline Olsd. (Kjerane)
f. 21/11 1856. Til Mpls. i april 1882. G. m. Peter Habostad. Dei budde lenge nær Seattle. 4 søner.
330. Ekornes, Ole Andreas Olsen (Myrane)
f. 26/1 1869. (Endre Olsen). Var fiskar før han utv. til Mpls. i mai 1892. Budde der heile tida, dreiv trearbeid, og vegarbeid for kommunen. Heime i 1901—1902. G. m. Olave O. Blindheim i 1906. Ein son, Orville, og ei fosterdotter, Anna. — Døydde i 1952.
331. Habostad, Bernt Karlsen (Ekornes, Bøen)
f. 5/5 1886. Reiste til sjøs og hadde visstnok fast bustad i Amerika ei

tid. Den 21/9 1916 reiste han som førar av D/S «Curamalan» frå England med kurs for Sør-Georgia. Dit kom dei ikkje, og ingen høyrde meir til dei.

332. Habostad, Lars Karlsen (Ekornes, Bøen)

f. 1/2 1884. (L. Boen). Var i Kristiania i målarlære hos Ole Ekornes og var utlærd målar da han utv. frå Ålesund til Wash. i april 1903. Var fyrst på sagbruk i kort tid. På verkstad for utstopping av dyr. På møbelforretning i 5 år. Eigedomshandel. Dreiv liten fruktfarm. Var reisande for ein skipshandel i Tacoma i over 20 år. Kjøpte forretninga sidan og hadde den til like etter siste verdskrig. Gift i 1912. Kona, Anna, er frå Stavanger. Born: 1. jorine, g. m. ein forretningsmann Persing. 2. Margaret, g. m. ein flygar (lærer ved flyskule). 3. Louis, drukna i 10-årsalderen. Heime i 1926 på songarferd med «Nordmændenes», og to gonger etter siste verdskrig, siste gong i 1956. Bur i Tacoma. Hobbyar: Jakt og sportsfiske.

333. Habostad, Olaf Karlsen (Ekornes, Bøen)

f. 28/11 1881. (Olaf Boen). Gjekk i snikkarlære hos Johan Erstad. Utv. til Hans Ekornes i S. Dakota i mars 1900. Året etter på snikkararbeid i Denver, Col. Flytte snart til Seattle, der han vart byggmeister. Har m. a. ført opp Norway Center. Har no ca. 250 mann i arbeid og bygg serleg mykje i Alaska, både hus, bruer og vegar. Kona, Emma, er fødd i Amerika. Ved sylvbryllaupet i 1932 tona med eitt «Brudeferden» frå altanen hans. Det var «Nordmændenes» som hadde lurt seg dit opp. Han har vore med i det songkoret i lang tid. Er frimurar, medl. av Nordmannsforbundet og form. i Norwegian Commercial Club i Seattle. Var heime på tur med songkoret i 1926, dessutan i 1950 (2) og i 1956 i lag med kona. Dei har to døtrer: Mrs. Finn Hom og Mrs. Harold Beaman.

334. Kipperberg, Jan Eliassen (Ekornes)

f. 30/9 1850 på Kipperberg i Borgund. Bror til nr. 317 og 318. Konfirmert i Sykkylven i 1866. G. m. Gurine Bjerkevaag, og budde ei tid i Ålesund som fiskar. Utv. derifrå til Natal i juli 1882. Fekk jordlott nr. 8, men fann jorda vanskeleg å drive, slutta med farming og tok til med bygningsarbeid. Budde nær Port Shepstone. Var med i fyrste heimevernkorps H. T. Brudevold (Bru-de-Wold) skipa til av sunnmøringar. I «Nordmænd verden rundt» skriv Ludv. Saxe: «En tildragelse i sjøfartens historie fortjener i sandhet at mindes», og fortel om skuta «Nordmand» som Ole Haajem hadde bygt: «Over dæk hadde den mast og seil, og under dæk stod en søndmøring John Kipperberg og sveivet paa et stort træhjul for at faa skibet fortere frem.» (Kra. 1914, s. 100). Var aktivt med i den norske kyrkja i Marburg, las i mange år inngangsbøna. «Han er respektert for sitt stille bramfrie liv.» (Norsk Nybyggerliv i Natal, 1932.) Kona døydd i 1912. og han etter lang sjukdom i 1936.

Born: 1. Hanna, g. m. John Kvalsvik. Ho døydde i 1918. 2. Olga, g. m. Alfred Andersen. Dei har stor farm på Izimgolweni, og driv pensjonat. (Born: 1. Cliff, gift og har 3 born. 2. Iris, kontordame.) 3. Jenny, sjukesyster, g. m. J. Boswell, apotekar i Port Elisabeth. Eitt barn. 4. Dorothy. sjukesyster, g. m. G. Webber, bur i Maritzburg. To born. 5. John, ugift, bokhaldar for jernbanen i Durban.

335. Riksheim, Ingvald Karlsen (Ekornes, Myrane)
f. 21/4 1904. (Ingv. Carlson). Til Vancouver B. C. i aug. 1923. Kom seg inn i Statane og arbeidde i Polson-campene 10 og 8 i tre år. Så i 22 år på sagbruk i Hoquiam. Frå 1945 har han drive kafé der. G. m. Evelyn Ferrar, av fransk ætt. Ingen born.
336. Erstad, Severin Bastiansen (Larsg.)
f. 1/1 1902. Til Canada i 1922. Kom seg inn i Statane og var visst skogsarbeidar der i mange år. Bur i Sykkylven no.
337. Erstad, Karl Johan Jensen (Instebakken)
f. 19/6 1879. Til Wash. i mars 1903. Hadde lært snikkaryrket heime. Skogsarbeidar i Polson i 5 år. Var så heime i Noreg eit års tid. I okt. 1909 til skogen i Wash. att og var der i 3 54 år. Var plaga av gikt og reiste heimatt. Seinhaustes 1922 til Amerika for 3. gong, no til Vancouver B. C. Kom seg inn i Statane i lag med ein annan sykkylving. Arbeidde i Polson-campene 1, 6 og 10, og i Kellow & Carlson, Grays Harbor. Heim for godt i 1927. Døydde 20/9 1956.
338. Erstad, Ole Johansen (Olag.)
f. 30/7 1886. Gjekk framhaldsskule. Var skomakar og trearbeidar før han utv. til N. Dakota i juli 1907, i lag med Simon Sætre som hadde vore heime på besøk. Var eit år på Vestkysten, har elles budd i N. Dakota, fyrst i Casselton som formann for ein farm. Gifte seg, kjøpte hus i Argus-ville og flytte dit. Der er flatt prærieland, og Ole vart styrar av kornsilo nær Argusville og hadde 60 mann i arbeid. Gjekk over i statens teneste som vaktmeister ved militær flyplass, Hector Airport i Fargo, der han bur no. G. m. Lovise Onstad, f. i Amerika av norske foreldre. Ei dotter, Sylvia, som er gift. Mannen hennar, som er mekanikar og eig farm, heiter Edvard, og sonen Roger.
339. Erstad, Jenny Karlsd. (Instebakken)
f. 31/12 1898. Var sydame før ho i okt. 1923 utv. til Seattle, der ho har budd sidan. Huspostar hos Osterhaug og andre. I 1925 g. m. Sigurd Lindahl frå Fredrikstad, trelastinspektør. Ein son, Stanley, seljar, g. m. Violet Rogenes. Medl. av Sunnmørslaget. Heime på besøk i lag med mannen i 1948 (3).

310. Erstad, Oskar Karlsen (Instebakken)
f. 6/2 1903. Var fiskar før han utv. til Wash. i jan. 1923, til faren i Polson. Var der i 6—7 år. Ei tid båtbyggjar, sidan fiskar. G. m. Johanne Andersen frå Haugesundskanten. Ingen born.
341. Erstad, Jensine Larsd. (Ytstekbakken)
f. 4/7 1879. G. m. Andreas Knutsen Frøland frå Hjørundfjord. Til Amerika i 1921 til mannen, som var reist før. Budde i 8 år i Juneau, Alaska. Sidan mest i Seattle. Born: Lovise og Arthur. (Sjå 346—348).
342. Erstad, Edvard Larsen (Ytstekbakken)
f. 10/12 1881. Var snikkar før han utv. til onkelen Edward Ricksham i Mpls. i mai 1901. Derifrå til Ole Erstad i N. Dakota. Farmarbeid i 2 år. Så til Alaska, der han var mest sidan på arbeid i gullminer. Hadde tenkt seg heim for å overta plassen, men vart sjuk og døydde i Fairbanks av lungebetennelse 1938.
343. Erstad, Hans Larsen (Peg.)
f. 26/7 1900. Til Wash. i jan. 1923. Arbeidde i Polson, mest som «headloader» i campene 2 og 5. Heim for godt i 1929. Tok garden.
344. Erstad, Martin Larsen (Ytstekbakken)
f. 10/10 1889. Til Mpls. i okt. 1909. Sidan skogsarbeidar i Polson, men lengste tida kveite- og laksefiskar. Budde mest i Juneau. Under fyrste verdskrig var han med i flåten. Var gift i kort tid. I 1936 kom han til Seattle for å søkje doktor. Døydde av lungekreft 24/5 1937 på Marine-hospitalet i Seattle.
345. Erstad, Gjertrud Pettersd. (Peg.)
f. 11/2 1891. Utv. til Tacoma i mai 1911, til kjærasten frå Sykkylven. Dei vart ikkje gifte. Ho vart g. m. Torger Thorsen frå Stavanger, sjømann og småbrukar. Dei budde i Poalsbo, Wash. Gjertrud (Gertrude) døydde i 1945. Born: 1. Edvard, gift. 2. Robert, g. m. Nella Dean. 3. Arthur, g. m. Jean. — 8 barneborn (1951).
r
346. Frøland, Lovise Andreasd. (Ytstekbakken, Erstad)
f. 31/12 1909. Til Juneau i 1921 i lag med mora og broren. 8 år seinare til Seattle. G. m. Andrew Lind frå Trondenes. Han driv kolonialforr. i Everett. Born: 1. Andrew Norman, g. m. Shirley Marken. 2. Gerald. 3. Jeanette. — Medl. av D. o. N. og Central Lutheran Church.
347. Frøland, Arthur Andreassen (Ytstekbakken, Erstad)
f. 1908. Til Juneau i 1921. Vart att i Alaska då familien flytte til Seattle,

- men kom sørover seinare og er no farmar på Shaw Island, Wash. G. m. Lillian Blake. Ein son, Arthur, g. m. Axi May.
348. Frøland, Andreas Knutsen (Ytstebakken, Erstad)
f. 1884 i Hjørundfjord. G. m. Jensine L. Erstad og flytte til Sykkylven ca. 1908. Budde ei tid på Blindheim og arbeidde hos Schmidt. Til Dakota i april 1912. Budde i Juneau, Alaska, då han sende billetter til kone og born. Til Seattle i 1929. Han er skipper.
349. Sandvik, Bernhard Johansen (Hansg. Erstad)
f. 20/12 1906. Til Seattle i des. 1926. Skogsarbeid i Polson. Laksefiske i Alaska. Heime i 1932. I 1936 g. m. Anna K. Hole. Begge heime ein tur i 1939 (6). Han var maskinist på sardinbåt då han fekk kjakebeinet knust av maskinen. Fekk sidan berre flytande føde. Likevel fekk han magesår og døydde av det i okt. 1943. Ingen born.
350. Fauskehagen, Anna Annaniasd. (Annaniasg.)
f. 21/3 1872. G. m. ein trønder Veraas og flytte til Trøndelag. Utv. derifrå i 1900 til Natal. Budde i Durban. Dei vart skilde og ho g. 2. m. Christian Peder Nielsen Rahbek, dansk ingeniør. Namnet hans var vanskeleg for engelsktalande, og han kalla seg for Nielsen. Eit barn, Constancia Maude, f. 1912. Ho vart g. m. Leslie Clifford Wade i 1934 og har borna Patricia, f. 1934 og Beryl Lorraine f. 1936. Wade døydde og Maude g. 2. m. Douglas Hillary, som arbeider i sukkerbransjen. Det samme gjer Patricia, medan Beryl er sjukesyster. — Anna døydde i sept. 1954.
351. Fauske, Hans Petter Hansen (Hansg.)
f. 3/2 1889. Til Canada i mars 1910. Budde i Vancouver B. C. Gruvearbeidar og på jernbane. Knapt to år etter at han kom til Amerika fekk han ein stein over seg og vart drepen.
352. Fauske, Lars Peter Jensen (Jensg.)
f. 30/3 1851. (Louis Pete Johnson). Dreiv landhandel på eit loft på Fauske. Til Amerika i 1886. Til Yukon 1892. Var i Circle City og Forty Mile før Dawson var «oppfunne». Gullgraving, vedhandel o. a. Gjorde det bra, men miste det han hadde tent. Var til mykje moro fordi han blanda saman engelsk og norsk. Heim for godt i 1911. Døydde ugift på gamleheimen i Sykkylven.
353. Fauskekam, Ole Severin Jetmundsen (Jetmundpl.)
f. 25/2 1864. Dotterson til Ryggja-Ole. Utv. til Amerika ein gong før 1889. Budde i Nebraska, var gift og hadde mange born.
354. Fauskehagen, Annanias Johansen
f. 31/5 1887. Gjekkk mellomskeule. Var snikkar. Utv. til N. Dakota i april

1907 til grannegutar frå lensmannsgarden. Fyrst i Grand Forks, så i Helena, Montana. Snikkararbeid. Heim for godt i 1913, kjøpte gard på Hatlemark og flytte dit. Døydde 27/12 1949.

355. Fauskehagen, Petter Kristiansen (Jørgeng.)
f. 1/3 1859. Tente på Furnes frå han var 10 år. Til Amerika i april 1888. Hadde lært skomakaryrket heime. Budde visst i Seattle. Døydde ca. 1912. Kona, Lina, var frå Trondheim. Ingen born .
356. Fauskekam, Anna Helene Larsd. (Skotenpl.)
f. 5/1 1889. Arbeidde på fabrikk før ho utv. til Amerika i mars 1910. Var gift to gonger, skild. Ein av mennene var dansken Jørgen Scott, farmar, og dei budde i Fairfield, Wash. Ho døydde ca. 1925. Begge sønene, Arthur og Leo, ein av kvart ekteskap, er lækjarar.
357. Fauske, Anna Larsd. (Syverg.)
f. 13/7 1893. Tente frå ho var 11 år, sist på Berdal. Reiste til Manitoba i okt. 1912, heilt aleine utan å kunne eit ord engelsk. I Quebec vart dei stua inn i vognene «som forvildede faar uden hyrde, de dager og netter glemmer jeg aldri.» Huspostar i Winnipeg etc. I 1921 g. m. Hjalmar Nelson frå Umeå. Born: 1. Edith, g. m. Davidsen. 2. Bertha, g. m. Homen-uke. 3. Louis. 4. Cecilia, g. m. Chipka. 5. Mildred. — 5 barneborn. — Medl. av baptistkyrkje før, no med pinsevenene. Heime i 1955.
358. Fauske, Jenny Larsd. (Syverg.)
f. 17/2 1905. Til Manitoba i april 1927. G. m. svensken Gottfred Johnson, murussarbeidar. Dei bur i Vancouver B. C. 3 døtrer, 1 son.
359. Fauske, Lisa Larsd. (Skotenpl.)
f. 1/10 1891. Arbeidde på fabrikk før ho utv. til Seattle i juli 1911. Like etter til Tacoma, der ho budde sidan. I 1912 g. m. Reinert Pedersen. Born: 1. Henry. 2. Leif, g. m. Grayce Barley. 3. Lilian, g. m. Hubert Meeks. 4. Norwald, g. m. Doris Lindstrøm. — 4 barneborn (1951). Heime ein tur i 1937. Høyrde til pinsevenene. Døydde i 1956.
360. Fauske, Nils Larsen (Syverg.)
f. 19/12 1906. Til Manitoba i april 1927 i lag med systera Jenny. Arbeidde ei tid i gullminer i Kenora, seinare jernbanearbeid. Var med i siste verdskrig. Fekk nervøst samanbrot. Ugift.
361. Fauskehagen, Ole Larsen (Syverg.)
f. 28/7 1897. Til Manitoba i sept. 1920 til systera Anna. Har vore i gull-mine og i skogen, men mest på snikkararbeid. G. m. Marie Sæter (Halvor-sæter), som bur i Noreg. Ei dotter heime, ein son i Amerika. Heime på besøk i 1926 og i 1950.

362. Fauskehagen, Tomas Larsen (Syverg.)
f. 2/7 1895. Til Clarkfield, Minn. i okt. 1913. Maisplukking på farmar i og rundt Clarkfield. I 1933 tok han eit kurs ved Dunwoody-instituttet i Mpls. og slo seg ned som målar i Clarkfield. Veteran frå fyrste verdskrig. Døydde av slag 9/4 1947. Militær gravferd. Ugift.
363. Fauske, Berte Pettersd. (Lensmannsg.)
f. 15/9 1883. Til USA i mai 1905. G. m. trønderen Ingvald Holk, sporvegs-konduktør som døydde ung. Dei budde fyrst nær Portland, no i Bend, Oregon, der ho arbeider på trevarefabrikk. Born: Palmer, Berniee og Lilian. Heime på besøk i 1939 (3).
364. Fauske, Hans Nikolai Pettersen (Lensmannsg.)
f. 2/2 1888. Til Amerika ca. 1906. Arbeidde på jernbane og fekk øydelagd foten. La iit 20000 dollars til operasjonar. Døydde av slag ca. 1932. Kona heitte Catherine. 2 born, 3 barneborn.
365. Fauske, Karl Johan Pettersen (Lensmannsg.)
f. 9/8 1879. G. m. Karen B. Hjellegjerde. Ho var ikkje med då han utv. til Dakota i juni 1906. Flytte snart til Seattle. Budde og i Petersburg, Alaska. Omkom på sjøen 16/9 1922.
366. Fauske, Nils Pettersen (Lensmannsg.)
f. 14/3 1886. Til Amerika i april 1905. Var i lag med broren Karl Johan i Dakota og Oregon. Har i over 20 år budd i Alaska, der han eig cannery i Seward. G. m. Margit Bråten, som kom frå Noreg 2 år gl. Sonen Palmer drukna 16 år gl. Dottera Lenette er gift og har 3 døtrer.
367. Eidem, Carl Severinsen (Fauske)
f. 25/3 1902. Reiste til sjøs 15 år gl. Styrmannsskule. Var i Sør-Amerika og på Cuba som sjømann i 1919. Utv. etter nokre mnd. opphald i Noreg i jan. 1923 til Seattle. Har vore der sidan, bortsett frå eit år i San Francisco som bygningsmann. Hadde kol-, ved- og trelastforretning i Seattle i 15 år og var bygningsmann på same tid. Nokre sumrar på fiske i Alaska. Seinare berre byggjeverksemd. Lnder siste krig var han styrmann på armétransportskip. Heime på besøk i 1948 (7). G. m. Mildred June Wells, av norsk-tysk ætt. Ingen born.
368. Eidem, Iver Severinsen (Fauske)
f. 17/3 1906. Til Calif. i mars 1927. Bygningsmann, formann for bygnings-firma i Seattle. Fiske i Alaska om sumrane. Heime på besøk i 1953. Fyrste kona heitte Ruth. Han er no g. m. Ragna Køld frå Nordmøre. To born i kvart ekteskap.

369. Eidem, Johnny Severinsen (Fauske)
f. 22/1 1923. Dreiv lenestolfabrikk på Fauske. Utv. til Seattle, dit han kom
nyårsdag 1951. Er salmakar om vinteren, cannery-arbeidar i Alaska om
sumaren. Heime på besøk 1952—53 (6). Ugift.
370. Eidem, Nils Severinsen (Fauske)
f. 25/2 1909. Snikkarkurs i Noreg og murararbeid. Til brørne i Seattle i i nov.
1928. Delvis arbeidslaus dei fyrste vintrane, om sumrane laksefiske i Alaska.
Heime 1932—33 (6). Våren 1933 til New York til ein onkel. Fyrst i bakeri, no
snikkararbeid i dokkene i Brooklyn. Kona, Anna, er amerikansk. 1 dotter.
371. Lilleds, Anna Eliasd. (Fauske indre)
f. 29/1 1892 i Sykkylven. Begge foreldra var frå Norddalen. Utv. til Seattle i
april 1910. G. m. byggmeister Olaf Olsen frå Oslo. Dei budde lenge i Des
Moines, no i Seattle. Medl. av D. o. N., Sunnmørslaget og Nordmannsforbundet.
Heime på besøk 1924—25 (6). Born: Joy og Erling. Guten døydde av
blindtarmsbetennelse 9 år gl. i 1927.
372. Lilleås, Ellen Eliasd. (Fauske indre)
f. 7/1 1887. Til Seattle i april 1910 i lag med systera Anna. Budde i Butte,
Montana, i Alaska o. a. Gift med John Olsen frå Oslo, maskinist i fabrikk.
Ellen er død. Born: Tomas, tunafiskar i Tacoma, g. m. Louise, og Marie,
g. m. bygn.snikkar Hjalmar Frøland i Seattle. — 4 barneborn (1951).
373. Fedt, Jensine Fredriksd. (Hansg.)
f. 5/1 1878. Var syerske. Utv. over Trondh./Kra. til Amerika i aug. 1903. Budde
i Echo, Minn. Heime på besøk i 1913 (8). Heim for godt ca. 1924. Døydde av
gulsott 29/8 1927. Ugift.
374. Fedt, Karl Johan Karlsen (Jog.)
f. 20/10 1877. (Strøm). Utv. til Amerika, truleg i april 1897 til Colorado. Snart
etter til Alaska på gullgraving, fyrst i Klondike, sidan i Fairbanks. Arbeidde for
dagløn. Var seinare båteigar og fiskar i Alaska,. Døydde ca. 1945. Ugift.
375. Fedt, Severin Karlsen (Jog.)
f. 31/1 1869. (Strøm). Til Stillwater, Minn. i april 1891. Farm- og skogsarbeidar.
Prøvde seg utan hell med prospekting. Døydde ugift i ung alder.
376. Fedt, Berte Larsd. (Nilsg.)
f. 12/10 1891. Meierske i Sykkylven og på Stranda. Til Wash. i febr. 1927. G.
m. Ole S. Brudevoll i Puyallup. Døydde 1/3 1942. (Sjå 207).

377. Fedt, Lauritz Larsen (Nilsg.)
f. 15/11 1897. (Louis Fet). Var trearbeidar i Bergen. Reiste til sjøs i 1920 og gjekk i land i Amerika ca. 1924. Sagbruksarbeidar i Oregon, skogsarbeidar ved Hoquiam, trearbeidar i San Francisco. Seinare lenge tømmermann ombord i båtar. Var og lenge i Fairbanks. Frå 1952 i San Francisco. Ugift.
378. Fedt, Ole Martinussen (tun under Pålg.)
f. 5/9 1891. Til Oakland, Calif. i mai 1911 til Jørngutane. Husbygging i to år. 4 sesongar laksefiske i Alaska og bygging av cannery. Om vintrane på skipsverft i Alameda, Calif. Heim for godt i 1918. Kjøpte garden, bygde alle hus, etter utskifting.
379. Fedt, Anton Nikolaisen (Jørng.)
f. 10/8 1890. Framhaldsskule. Var fiskar. Utv. til Calif. i mai 1911 til broren Ole Johan. Bygningsarbeid i Oakland. Formann for stort byggjekompani. Under krigen avdelingsformann for skipsbyggjeri. Vart sjuk og reiste til Arizona, sidan til katolsk hospital i Oakland, der han døydd 22/6 1922. Kremert i Rosedale Cemetery. Ugift.
380. Fedt, Konrad Nikolaisen (Jørng.)
f. 21/7 1897. I mars 1923 til Oakland, Calif. Bygningsarbeid der eit år, sidan same yrket i Los Angeles. Heime på besøk 1938/39 (3). Medl. av S. o. N. og Nordmannsforbundet. Ugift.
381. Fedt, Lars Nikolaisen (Jørng.)
f. 21/3 1888. Var på teglverket på Aure og på snikkar- og treskjerarkurs i Ørsta før han utv. til Oakland, Calif. i juli 1907. Dreiv snikkararbeid for kontraktørar. Starta som kontraktør i lag med broren Ole Johan. Under fyrste verdskrig vart han sett til å passe niilitærbygningane ved Fort Louis ved Tacoma og vart sersjant. Attende til Oakland. Frå 1920 budde han mest heile tida i Los Angeles, til han for nokre år sidan flytte til La Canada, Calif. Bygningsarbeid heile tida, mest som kontraktør. G. m. Inga Skulstad frå Solør i 1927. Ho døydd året etter. Gift 1933 med Hennie Mehus frå Kvæfjord. Ingen born.
Eit norsk-am. blad kallar Lars for «norskhetskjæmpen». Er vel kjend på Vestkysten for sitt arbeid for norskdomen i Amerika. Medl. av S. o. N. frå 1915 og distrikts-embetsmann i mange år. Medl. av norsk goodtemplarlosje i Oakland 1908—1920. Var med å starte norsk songkor i Oakland i 1921. President for norske songkor i Los Angeles. Medl. og visepresident i Nordmannsforbundet i Los Angeles. Medl. i Our Savior's Lutheran Church. Korrespondent for Washingtonposten, der han har skrive artiklar m. a. for bevaring av norsk mål i Amerika, t. d. 18/1 1924 og 19/8 1938.

382. *Fedt, Ole Johan Nikolaisen* (Jørng.)
f. 23/5 1885. Framhaldsskule. Var snikkar før han utv. til Tacoma. Wash. i febr. 1906. Arbeidde eit halvt år for Southern Pacific Railroad Co. Til Oakland like etter jordskjelven. På snikkarverkstad der og i San Francisco. Kontraktør i lag med broren Lars. Hadde gått teikneskule i Amerika og teikna sjølv husa. Var og bygningsformann for andre kontraktørar, bygde såleis tysk metodistkyrkje med berre 3 arbeidarar. Då faren vart sjuk måtte han reise heim (1913) og Lars måtte greie med byggjeverksemda. Miste mykje pengar i Ålesundsbank, men kjøpte garden og bygde løe.
383. *Fedt, Petra Olsd.* (Åragjerde)
f. 23/1 1914. I 1937 g. m. Sigurd Kvisvik, møbelsnikkar frå Straumsnes i Tingvoll. Begge til Amerika i juni 1947. Har budd i Silverdale, Central Valley, og i Seattle. Heime vinteren 1953—54. Medl. av D. o. Jf., Silverdale Ladies' Aid og Silverdale Lutheran Church.
384. *Fedt, Iver Olsen* (Jog.)
f. 9/5 1900. Til Tacoma i okt. 1920. I Polson til 1929. Kom seg etter sjukdom og operasjon. Arbeider på lite gardsbruk i Montesano. Ugift.
385. *Fedt, Petter Olsen* (Jog.)
f. 24/9 1903. (P. Olsen). Til Wash. jan./febr. 1923. Fyrst på bilverkstad, sidan skogsarbeidar i Polson og andre campar, m. a. som «highclimber». Har no lenge budd i Montesano, Wash. I 1929 g. in. Silvia Jurva, av finsk ætt. Andrekona, Mabel Fletcher, av amerikansk ætt. Ein son av fyrste ekteskap, Norman, var med i Koreakrigen. — Medl. av Eagles og S. o. N. Heime sumaren 1954.
386. *Fedt, Johanne Pettersd.* (Jog.)
f. 1/1 1884. (Jennie Woog). Til Wash. i nov. 1903. Vart trulova ombord i «Cedric» og gift tre år etter med kjelesmed Konrad Olsen frå Bø i Vesterålen. I 1908 var ho i Fairbanks som kokke for 135 personar. Mannen døydde i 1925. Ingen born, tok til seg ei gjente. G. 2. m. Jack Woog frå Bjerkevågen i 1927. Han er fiskar og båteigar. Dei budde i Tacoma til 1939, så 10 år i Seattle, no i Edmonds, Wash. Medl. av Ladies' Aid, president for D. o. N. i Tacoma og Seattle, medl. av Sunnmørslaget. Mykje med i humanitært arbeid, t. d. Raudekrossen og «Community Chest» (innsamling til sosiale formål). Heime eit år 1911—1912.
387. *Fedt, Ingebrigt Pettersen* (Aragjerde)
f. 3/6 1883. Til Wash. i febr. 1903. Vart sjuk same året, fyrst brystsjukdom. så tyfus, og vart innlagd på sjukehus i Tacoma: hadde hatt nattarbeid

på sagbruk. Fekk hjelp til å kome seg til Calif. og vart frisk att. Tilbake til Tacoma. På sjukehus att i okt. 1904 for revmatisme. Døydde 29/10 1904 av hjernebetennelse.

388. *Fedt, Iver Pettersen (Jog.)*

f. 30/10 1887. (Strøm). Var snikkar då han utv. til Tacoma i febr. 1906. Var lenge på gullgraving i Fairbanks. Både før og etter det dreiv han snikkararbeid i Tacoma. Vart sjuk og kom heim for godt. Hadde truleg øydelagt helsa si i gruvene i Alaska. Døydde på Haukås pleieheim i mai 1916.

389. *Fedt, Jens Pettersen (Jog.)*

f. 3/1 1865. (Jens Strøm). Var bygningsarbeidar før han utv. til Minn., der han dreiv brubygging. Var i Minneapolis i 1899. Reiste til Alaska og arbeidde for dagløn i gullminer. I Dawson åtte han i ei lita cabin der mange sykkyllvingar og strandarar heldt **til**. Daydde i Alaska (før 1910) og er gravlagd i Fairbanks. Ugift.

390. *Fedt, Jens Pettersen (Jog.)*

f. 24/8 1894. (Jens Strøm). Var fiskar før han utv. til Amerika i 1923. Arbeidde i skogen nær Vancouver B. C. Derifrå utan pass, tok hyre på lastebåt til Sør-Amerika og tilbake til Tacoma. Var elles mest fiskar og sjømann. Var maskinist ombord i ein båt som kom vekk i nov. 1928.

391. *Fedt, Karl Pettersen (Jog.)*

f. 14/5 1890. I mai 1911 til Tacoma til broren Iver og systera Johanne. Dreiv reparasjon av jernbanevogner i to år. Skogsarbeidar ved Tacoma og Aberdeen. Fiskar i Beringhavet. Tilbake til jernbanereparasjon for Chicago-Milwaukeeeselskapet. Heim til Noreg i 1916. Bygde hus. Det vart dyrt, og i 1923 reiste han til Tacoma att som gift mann. Dreiv bygningsarbeid, og skogsarbeid ved Aterdeen. Eeim for godt i 1925.

392. *Fedt, Lars A. Pettersen (Nilsg.)*

f. 22/12 1886. Var ikkje av Fet-slekt, men vart oppfostra i Nilsg. Var lagermann i Ålesund då han utv. til Wash. i mars 1907. Kom til Tacoma og budde der sidan. Arbeidde for Milwaukeebanen. Kona heitte Carrie og dei budde i 2521 So K street då han døydde i april 1937. Medl. av Central Lutheran Church. Born: Erling, Odian, Leonhard og Norman. Dei tre fyrste budde i 1937 i Tacoma, og Norman i Longview.

393. *Fedt, Peter Pettersen (Jog.)*

f. 25/6 1880. (Peter Strøm). Til St. Paul, Minn. i mars 1900. Derifrå til S. Dakota til Lars Ekornes. Arbeidde fyrst på jernbane, så to vintrar i skogen, og eit år i steingruve i Mpls. Derifrå til skogscampene i Wash. Var ein av dei fyrste sykkyllvingane i Polson. Gjekk snart over til verkstad-

arbeid for Northern Pacific i South Tacoma. Gjekk i tre år i lære som kjelesmed. Etter ei tid på gullgraving i Fairbanks (1908-09) kom han tilbake til same arbeidet i Tacoma. Gift i 1905 med Sanna Eliasd. Viken, fødd i Mpls. av foreldre frå Sunnmøre. To born fødde i Amerika. Heim for godt i 1910. Overtok farsgarden til kona i Fjora, der dei driv gardsbruk og fruktdyrking.

394. *Fedt, Peter Pettersen* (Nilsg.)

f. 10/3 1900. Til Hoquiam i jan./febr. 1923. Bygningsarbeid i Aberdeen og i Hoquiam i lag med Bernt Brunstad. Var berre i kort tid læregut. hadde lært heime. Var jordagut og reiste heim for godt etter 6½ år. Kjøpte garden og bygde hus.

395. *Fedt, Peter Pettersen* (Åragjerde)

f. 15/9 1880. Reiste frå Fet 13. sept. 1903, til Tacoma. Hadde lært snikkararbeid heime og hadde fyrst småjobbar i det yrket. Deretter i kort tid i skogen (Miller's camp). Trearbeid i Seattle i lag med Olaf Boen. Frå 1906 bygningsarbeid heile tida, fyrst i Yakima, Wash., sidan i Seattle, og lengste tida i Central Valley, Wash. Fyrst i 10 år for kontraktørar, sidan for eiga rekning. Bygde forretningsbygg, sjukehus, rådhus, kinoar o. a. — I 1907 g. m. Embjørg Fosberg, norsk lærarinne. Born: 1. Ingvald, lærar ved Stillwater High School, døydde 25 år gl. i 1933. 2. Theodore, kontraktør, g. m. Nadine Carroll. 3. Peter, medeigar i tømmersekskap, g. m. Gertrude Hauschell. 4. Gustav, kontormann, g. m. Margaret Hanson. — 4 barneborn (1951). — Medl. av Sunnmørslaget i Seattle. Heime på besøk i 1949 (1). Døydde i Bremerton 2/7 1953.

396. *Gjævenes, Johan Jensen*

f. 12/2 1882. Jordagut. Til Minn. i okt. 1899. Skogsarbeid i Minn., tømmerfløyting på Mississippi, gruvearbeid i Hibbing. Var ute med boremaskin på leiting etter jernårar. På tremassefabrikk i Grand Rapids. Elektr. reparatør for kommunen i Hibbing. Kjøpte 220 acres land og bygde hus nær byen. Starta eiga forretning for elektrisk utstyr og installasjon i Coleraine, Minn. Var ute for overfall, vart visst teken *fyr* postmann, fekk stygge knivstikk i ryggen og vart veik av blodtapet. Fekk lungebetennelse, sidan tæring. Døydde 16/10 1909. Kona, Sylvia f. Rossing, var fødd i Amerika; norsk far, tysk mor. Ein son, Ralph Gjavenis, som er tilsett ved papirfabrikk i International Falls, Minn., er gift og har 7 born.

397. *Gjævenes, Laurits Jensen*

f. 17/11 1886. Tente i Kroken på Søre Sunnmøre og skreiv heim på papir med påtrykk: Hilsen fra det Fjerne! Året etter var han i Amerika. Utv. i mai 1905 til broren Johan i Hibbing, Minn. Fekk vegarbeid, braut

foten, og fekk 2 dollars dag så lenge han ikkje var arbeidsfør, fordi dei hadde sett han til arbeid han etter lova var for ung for. Flytte i 1906 til Vestkysten. Sagbruksarbeid og på møbelfabrikk i Oregon. Vart kontraktør i Portland og i Spokane, Wash. 22 år gl. hadde han 11 mann i arbeid. Ein orkan bles ned eit hus for han som hadde kosta 12000 dollars. Vart sjuk og flytte til San Bernardino, Calif., der han døydd av strupetæring 13/1 1911. Ugift.

398. *Gjcevenes, Ole Jensen*
f. 4/7 1884. Til Echo, Minn. i des. 1904. Farmarbeidar. Arbeidde for jerngruve og budde i camp med hus «nesten lik sela i Megardsdalen.» I 1906 til Vestkysten. Skogsarbeid i Oregon. På møbelfabrikk i lag med broren Laurits. På sagbruk i North Bend, Oreg. Sidan mest skogsarbeid, m. a. kort tid i Polson. Frå 1911 miste heimen kontakten med han. Skal sist ha vore sett i Spokane ca. 1925. Var då alvorleg sjuk og døydde truleg snart etter.
399. *Gjævenes, Peter Karolussen*
f. 3/10 1874. (Pete Ness). Var bygningsmann og g. m. Thomasine L. Grebstadgjerde og hadde 3 born då han åleine reiste til Tacoma i sept. 1902. Sidan til Alaska på gullgraving for dagløn i 3 år. Til Mpls. i 1911. Har budd der sidan. Kona og borna kom året etter. — Heime på besøk i 1950 (2). (Sjå 464, 480).
400. *Gjcevenes, Karl Kristiansen (Bøen)*
f. 15/2 1885. Var fiskar før han utv. over Trondhjem/Kra. i mars 1904 til Echo, Minn. Arbeid på farm der og skogsarbeid i nordlege Minn. og Wisconsin. Heim for godt til jul 1908. Kjøpte plassen.
401. *Gjævenes, Petter Kristiansen (Bøen)*
f. 18/10 1887. Til Minn. i febr. 1907. Farmarbeid hos Edvard Trandal. I nov. 1907 til Vestkysten. Sagbruksarbeidar til 1910. Sidan i alt 33 år i skogen, i Oregon, Calif. og Wash. Var og på gullgraving i Alaska. Frå 1943 nokre år bartender i Seattle, der han bur enno. Driv vegarbeid o. a.
402. *Grebstad, Jakobine Marie Andreasd. (Plassen; Myren)*
f. 10/12 1887. Til Calif. i febr. 1906. G. m. Hans Christensen frå Nøtterøy, entreprenør for jernbruer. Bur i Oakland, Calif. Born: Mabel, g. m. eigar av drugstore (apotek). 2. Howard, g. m. entreprenør. 4 barneborn. Heime i Noreg to gonger, såleis i 1939.
403. *Grebstad, Karen Andreasd. (Bårdspl. u. Sevring.)*
f. 14/1 1876. Til Canada i mai 1907. Fekk billett send, truleg frå systera Sofie. Vart gift med ein svenske.

404. *Grebstad, Olivia Sofie Andreasd.* (Bårdspl. u. Severing.)
f. 13/6 1873. Knut Levdal sende billett til henne, og ho reiste til dei i april 1893. Vart trulova med ein trønder fyrste året, men sidan visstnok gift med ein svenske. Ho brukte fornamnet Sofie.
405. *Grebstad, Anton Andreassen* (Plassen; Myren)
f. 11/7 1897. Til Wash. i juni 1922, til onkelen i Olalla, Wash. Etter kort tid i Seattle flytte han til Oakland, Calif. og har budd der sidan som snikkar og bygningsmann, dels som formann. I same firmaet sidan 1927. G. m. Lilly Mikkelsen, av dansk-norsk ætt. Born: Karoline og Gary. Er frimurar, medl. av S.o.N. og luthersk kyrkje. Heime på besøk i 1934 (3) og i 1950 (5%) med kone og born.
406. *Grebstad, Johan Andreassen* (Plassen; Myren)
f. 21/8 1895. Til Amerika til broren Anton i febr. 1924. Fyrst snikkar, seinare bruarbeidar. Heim til Sykkylven til jul 1928. Hadde tenkt seg bortatt, men Bastiang. vart til sals, han kjøpte den og vart heime.
407. *Grebstad, Petter Andreassen* (Bårdspl.)
f. 23/5 1884. Til Amerika i mars 1904. Hadde ei syster der, ei anna kom seinare. Budde i Minn., dreiv visst farming. Gift; etterkomarar.
408. *Grebstad, Hans Bastiansen* (Bastiang.)
f. 30/8 1882. (Grevstad). Til Wash. i sept. 1902, til broren Severin i Seattle. Hadde lært bygningsarbeid av faren, og har drive det mest heile tida, sidan 1915 som byggmeister. Har bygt over 900 hus i Seattle. Var ei tid kontraktør, men har sidan mest bygt og selt. Før 1930 laga han teikningane sjølv, og var i 2 år teiknar for arkitektfirma. G. m. Josephine Aarflot. Born: 1. Hildur, lærarinne på high school, g. m. Roy Amundsen i Portland, Oreg. 2. Barney, arkitekt, har undervist ved universitetet i Seattle, g. m. Alma Reddekop. — 4 barneborn (1951). Hans slutta å arbeide i 1949, men måtte ta til att for å kjenne seg frisk. Er musikalsk og har felebygging som hobby. Heime på besøk i 1921-22 (4). Hans ville gjerne at tyskaren Sam Gross skulle nemnast her. Det var han som hjelpa han i gang med bygningsarbeid i ei vanskeleg tid.
409. *Grebstad, Jakob Bastiansen* (pl. u. Ellingg.)
f. 10/5 1855. Halvbror til red. N. Grevstad. I Ålesund g. m. Emte Lovise Lied frå Tusvik. Dreiv handel i Sykkylven før han utv. til Mpls. med kona og dottera Laura i juli 1884. Fyrste vinteren i Amerika vart svært kald, og det var vanskeleg å få arbeid. Vart modalaus og lengta heimatt, men fekk små jobbar til han i 1891 vart pedell ved ein skule. Frå 1893 pedell ved Statskapitolet i St. Paul, der han var til han døydde 27/5 1919. Medl. av norsk-luth. kyrkje. Republikanar. Interesserte seg, som faren. for mineralogi og dreiv litt med oppfinningar. (Sjå 927 og 435).

410. *Grevstad, Jens Bastiansen* (pl. u. Ellingg.)

f. 30/6 1859. Bror til førnemnde Jakob B. G. og halvbror til redaktør N. G. Gjekk på Maribogadens latinskole i Kra. 1875-1879. Skal ha studert i kort tid ved universitetet, og var privatlærer i Ørskog prestegjeld før han utv. til Amerika i 1881. Tok fyrst jernbanearbeid i Iowa. Var typograf i Decorahposten, sparde pengar og studerte teologi i Madison 1882/83 og på Concordia presteskule i St. Louis 1883/84. Teologisk eksamen 1885. Var hjelpeprest eit år for pastor K. Bjørge i Lake Park, Iowa. Her fekk han giktfeber med fylgjande hjarteskjukdom, som seinare vart årsak til hans tidlege død. Her fann han og kona si, Mathilde Berg. I 1886/87 var han medredaktør i «Nordvesten» i St. Paul. Frå 1888 til jan. 1896 var han heimemisjonsprest med bustad i Detroit, Michigan, og arbeidde den tida m. a. i Cleveland, Ohio, i Buffalo, New York og i Canada, I to år var han så prest i Merrill, Wis., og frå 1897 til han døydde var han prest i Deerfield, Wis. Skreiv seg for Grevstad i Amerika.

Kring hundreårsskiftet var der mykje sjukdom i prestegarden. I 1900 fekk alle borna skarlagensfeber, og den 10-årige Olaf døydde. Dette tok hardt på faren, og i 1902 fekk han eit halvt års permisjon for å reise til Noreg og samle krefter. Men reisa tok på han, og di han kom til Kristiania, vart han lagd inn på Diakonissehjemmet, der han døydde 12/8 1902. Han fekk ikkje sjå att heimbygda, men liket vart ført dit, Han vart gravlagd i Sykkylven 21/8 1902. Den seinare sykkylvspresten Wulfsberg var hjelpeprest på Diakonissehjemmet da, og det var han som skreiv til fru Grevstad i Amerika og fortalde om dødsfallet. Det vart stor sorg i heile kyrkjelyden. Den 24. aug. vart det halde minnefest i kyrkja, der eit stort bilete av presten, med blomar og grønt rundt, stod ved sida av den tome stolen til presten. Red. Grevstad var der, likeeins prof. R. B. Anderson og mange prestar. Dei var dicke tom plads eller tørt øye». Folk frå Deerfield sa at «en slig nidkjær, dyktig og brav præst faar vi ikke mere.»

Det var i 1887 han vart gift. Kona var av norsk ætt. Ho døydde 90 år gl. i 1952. Born: 1. Agnes, g. m. P. A. G. Lee av den kjende Reque-ætta frå Voss. Dei bur i Deerfield. Born: a. Olaf, f. 1915. Er gift og har 4 born. b. Gerhard. Professor ved Wisconsin Universitet. Er gift og har 4 born. c. Elisabeth. G. m. Franklin Anderson, forretningsmann på Filippinane. Tre søner. d. Eunice. Bur i Calif., er gift og har ei dotter, e. Sigurd. Er styrar av Christian Day School i Los Angeles, f. Roald. Var 3 år i Japan under og etter Koreakrigen. Held no på å fullføre arkitektstudiar ved Minnesota universitet. Er gift og har ein son. 2. Olaf, døydde 10 år gl. i 1900. 3. Marguerite. Var lærarinne før ho gifte seg med pastor Peter M. Troen i 1923. Han var prest i Minnesota og S.Dakota til 1948, sidan styrar av gamleheim i Minot, N. Dakota. To born, begge gifte. 4. Arne. Bokhaldar i Detroit, Mich. Tre born, alle gifte. 5. Erling. Er prest i eit gamalt norsk settlement nær Milwaukee, Wis. 4 born. 6.

Dagmar. Var musikk lærarinne før ho gifte seg med ein farmar i nordlege Wisconsin. Tre døtrer.

Agnes, Mrs. Lee, som var lærarinne før ho gifte seg, fortel at dei tala norsk i heimen då ho voks opp, og at all religionsundervisning var på norsk i skulen der ho var lærarinne. Ho talar og les norsk enno.

411. *Grebstad, Severin Bastiansen* (Bastiangarden)
f. 17/6 1873. (Sam Grebstad). Til Amerika i febr. 1893. Hadde billett til San Francisco, men stoppa i Seattle. Var trulova med sykkylvsgjente, men det vart slutt, og han gifte seg med Mathilde Olsen (frå Arendal) som kom til Amerika i 3-årsalderen. Born: George, Gordon og Bert. Sistnemnde døydde ung, dei to andre er gifte og bur i Seattle. Gordon har ein son (1951). — Dei fyrste 6 åra var Severin laksefiskar og sagbruksarbeidar. Men far til kona var bygningsmann, og Severin slo inn på det same i 1897 og vart seinare byggmeister. Budde i Leckie Park nær Seattle, sidan i Ballard. Døydde av hjartefeil ca. 1947.
412. *Grebstad, Anna Berntsd.* (Myrane)
f. 10/6 1901. Til Seattle i nov. 1925. Fem år etter g. m. John B. Lyng frå Trondh. Budde lenge i Seattle, no i Poulslo, Wash. Ein son, Melvin.
413. *Grebstad, Hanna Berntsd.* (Myrane)
f. 20/8 1880. Utv. til Tacoma i juni 1901. I 1904 var ho heimattkomen og vart gift med Hans Overaa (frå Liabygda) som var heime på kort besøk. Ho reiste ikkje tilbake før i 1910. Har sidan budd i Tacoma. Mannen dreiv kjøtforretning i 20 år, arbeider no på mylne (flour mill). — Medl. av D. o. N. — Ei dotter, Lilly, som er gift med dansken Peter Finson i Tacoma og har to born.
414. *Grebstad, Karen Berntsd.* (Myrane)
f. 4/3 1898. Var skredderske i Ålesund før ho reiste til systera Hanna i Tacoma i febr. 1925. Har budd der sidan. I 1927 g. m. Bill Blucher frå Dale i Bruvik (av tysk ætt). Han var før arbeidar på dørfabrikk, men er no blind. Ein son, Bill g. m. Betty Barratt. Medl. av D. o. N. og Bethlehem Lutheran Church.
415. *Grebstad, Laura Berntsd.* (Myrane)
f. 8/9 1903. Til New Zealand i juli 1951. Arbeider på trikotasjefabrikk i Christchurch. Sjå Kleiven (499—501).
416. *Grebstad, Thomasine Berntsd.* (Ellingg.)
f. 13/7 1886. Til Amerika i mai 1912 i lag med Peter Eidem som var heime på besøk. 1. g. m. sagbruksarbeidar Schmidt. Ei dotter. 2. g. m. Krist Torstad og bur i Dakota.

417. *Grebstad, Arthur Berntsen* (Myrane)
f. 21/4 1902. Til Wash. i nov. 1920, Fyrst i skogen, m. a. i Hoquiam, sidan fiske, mest laksefiske i Alaska. Ugift.
418. *Grebstad, Gunder Berntsen* (Ellingg.)
f. 18/2 1881. Til Minn. i mars 1901. For det meste skogsarbeid på Vestkysten. Heim for godt i 1913. Døydde 14/12 1939.
419. *Grebstad, Ingvald Berntsen* (Ellingg.)
f. 9/10 1893. Til Wash. i mars 1910 i lag med ein flokk som hadde gamle Langeland som leiar. Til broren Gunder i Seattle. Skogsarbeid i Wash. til 1916. Farmarbeid i N. Dakota eit par år. 18 mnd. i Frankrike som kokk under fyrste verdskrig. Kokk i skogscamp i Wash. til 1930. I depresjonsåra på cannery i Alaska om sumrane, elles arbeidslaus i Seattle. I 1937 kjøpte han ein restaurant i Seattle og dreiv den til 1946, då han kjøpte eit vertshus som han hadde til 1951. — Heime på besøk i 1927 (4) og i 1946 (4). G. m. Cathrine Anderson (svensk). Ein son, Bernhard.
420. *Grebstad, Karl Berntsen* (Myrane)
f. 20/9 1890. Til Wash. i mars 1905. Donkeystyrar i Polson. 1 >1/2 år gullgraving i Klondike, sidan til Hoquiam att. Fall ut for ei jernbanebru, slo seg i svime og drukna (ca. 1927). Gravlagd i Sunset Memorial Park, Hoquiam. Ugift.
421. *Grebstad, Bernhard Kornelius Berntsen* (Ellingg.)
f. 14/12 1894. (Ben Grebstad). Til Wash. i febr. 1923. Skogsarbeid i Wash., sidan fiske i Alaska. Kona er svensk. Ingen born. Døydde i Seattle av tæring i nov. 1944.
422. *Grebstad, Ole Berntsen* (Myrane)
f. 18/10 1882. Til Wash. i mars 1901. Kort tid på sagbruk og i Jacksons camp. Ein sumar i gullmina til Karolus Aursnes i B. C. Til Klondike året etter i lag med Ole J. Grebstad og Ed Campbell. Arbeidde på dagløn, losjerte i hytta til Jens Strøm (Fet). Leigde gruve i lag med Ludvig Furset og Ed Campbell, men tente ikkje stort. 4 år etter til Fairbanks, fekk gode akkordar der i tre år og gjorde det bra. Heim for godt i 1912.
423. *Grebstad, Ole Petter Berntsen* (Ellingg.)
f. 26/2 1879. Til Wash. i febr. 1902. Skogsarbeid. Etter 3—4 år fekk han eit tre over seg, fekk foten avkutta og levde berre nokre timar etterpå. Ugift.
424. *Grebstad, Anne Marie Carlsd.* (Klokkeberg.)
f. 12/12 1874. Til Minn. i juli 1901. G. m. Peder Iversen frå Sørøyane,

gråsteinsmurar. Etter mange år i Amerika kom dei heim til Sykkylven for godt og bygde seg hus på Fauske. Anna døydd ca. 1935.

425. *Grevstad, Nikolai Carlsen* (pl. u. Ellingg.)

f. 2/6 1851. (N. Grevstad.) Han vart fødd i Marta-stova, kårstova til Tore Haagensen Grevstad i Ellingg. Plassen høyrer no til Pegarden. Mor hans var jordmor Bergitte Andersd. Skjetlein frå Melhus i Trøndelag. Ho vart gift med Bastian Aure i 1853. Etter kyrkjeboka var far til Nikolai skreddar Carl Nikolai Simensen frå Trondheim. Men tradisjonen vil ha det til at faren var ein kjend embetsmann i Møre. — Nikolai stod på butikk i Ålesund etter konfirmasjonen. Gjekk på Stord Seminar. Kom i 1872 inn på Heltsbergs studentfabrikk og tok examen artium med laud året etter. I studentboka for 1873 står det at han vart rekna for å vere «et av de lyseste hodene» mellom studentane i Kristiania.



I 1878 tok han jurdisk embetseksamen. Deretter eksamen ved krigsskulen som bestemann. Kunne alle fag perfekt og vart ofte nytta av

læraren til å forklare serleg vanskelege emne for kameratane. — Medan han var i Kra. måtte han tene pengar i fritida ved å ta privatelevar og ved undervisning på Maribogadens Skole. Var eit par år i Justisdepartementet, var advokatfullmektig, og starta eiga sakførarforretning. Då hadde han alt lenge levert avisartiklar som gjorde han kjend, og i 1880 vart han redaktør av Dagbladet. I 1883 var det ein flokk i venstre som under valkampen stelte seg mot Sverdrup i visse spørsmål. Denne flokken fekk makta i Dagbladet, og N. Grevstad, som stod på Sverdrups side, måtte gå av som redaktør. Dette var vel ein av grunnane til at han utvandra i 1883. Hadde sidan 1878 vore gift med Karen Marie Berger, dotter til gardbrukar Ole Engebretsen Berger på Eidsvoll, og hadde dottera Dagny, som sidan vart gift med van Marth.

N. Grevstad budde fyrst i Mpls., og heldt mange foredrag i Midtvesten om den nasjonale reisinga heime. Vart medredaktør av «Nordvesten» i St. Paul. Hausten 1886 bad statsminister Sverdrup telegrafisk G. om å kome heimatt og overta Dagbladet att. Han kom, og hadde med seg ei avhandling som vart trykt som stortingsdokument. Den var om det amerikanske jurysystemet og vart mykje brukt under debatten om jurylova. Generalforsamlinga for Dagbladet sette slike vilkår at han ikkje kunne gå med på dei. Han kom heller ikkje heilt overeins med Sverdrup, som spurde om han hadde vorte høgremann på dei tre åra i Amerika. Etter eit halvt år vende G. tilbake til Amerika og vart knytt til «Minneapolis Journal» og «Minneapolis Daily Tribune». I 1890 brann «Tribune»-

bygninga, og i lag med andre kjøpte G. eit lite dagblad, «Minneapolis Times», som dei dreiv med G. som hovudredaktør. Demokratar fekk aksjemajoriteten i bladet, og G., som var republikanar, måtte slutte. I 1891 skreiv han ein artikkel i «Atlantic Monthly». Den førde til at forlikskommisjonar vart innførde i N. Dakota etter norsk monster.

I 1892 overtok han redaksjonen av «Skandinaven» i Chicago. Dette bladet redigerte han i to periodar, fyrst til 1911. Han la om kursen til bladet, meir mot venstre, og skreiv mange artiklar på engelsk, så bladet nådde vidare og gjekk sterkt fram.

I den tida då så mange sykkylvingar grov etter gull i Alaska, var G. litt i same bransjen på ein annen kant. Vart i 1903 president for eit Chicago-selskap. «The Brazilian Diamond, Gold and Development Company», scm skulle drive gullgraving 700 miles nordvest for Rio de Janeiro.

I 1905 var G. til stor nytte for Noreg ved å halde fram det norske synet i unionsstriden, og i 1906 vart han Riddar av St. Olaf.

I aug. 1911 slutta G. som red. av «Skandinaven». President Taft hadde utnemnt han til minister for USA i Uruguay og Paraguay. G. er den einaste framandfødde som har fått ei slik stilling. I Montevideo viste han seg å vere ein framifrå diplomat. Under revolusjonen i Paraguay fekk han ros av utanriksdepartementet for fast og taktfull framferd. I 1913 heldt han ein festmiddag for det diplomatiske corps og den uruguayiske regjeringa med president Jose Brattle y Ordonez i spissen. Bladet «Herald» omtala festen som «ei brilliant affære», utan å nemne at det var ein husmannsgut frå Sykkylven som tala for presidenten. At G. var ein dugande diplomat, syner best det faktum at han heldt fram som minister under den demokratiske president Wilson og.

I 1916 starta han ei forretning i Wis. i lag med svigersonen. Han hadde dessutan kjøpt seg farm i Clarkfield, men pakta han bort og dreiv han aldri sjølv.

Seinare vart han sjef for avdelinga for framande språk i den republikanske nasjonalkomiteen. Her skulle han levere orienterende artiklar til 400 aviser i tolv språkgrupper, med ein assistent i kvar gruppe. N. G. skreiv artiklane, og assistentane sette dei om til kvar sitt språk. N. G. skulle på denne måten gjere framandfødde borgarar i USA kjende med det som gjekk for seg i det offentlege livet, og frå republikansk synsstad tolke dei dagsaktuelle politiske spørsmåla. Denne stillinga hadde han til 1926. Deretter var han eit par år på reise i Uruguay og andre sør-am. statar, eller på reise mellom Montevideo og Chicago som representant for ei gruppe av dei største bankane i Chicago, som var interesserte i statslånet til dei søram. republikkane.

I 1930 tok han så over redaksjonen av «Skandinaven» att. Avislokala hans i North Peoria Street låg midt i eit gammalt norsk strøk i Chicago. Denne gongen og vart bladet mykje omdana i utstyr, innhald og politisk kurs. — N. G. er visstnok den einaste norske journalisten som har redi-

gert større aviser både i Noreg og i Amerika og både på norsk og engelsk.

I 1932 kom N. G. til Noreg til Bjørnson-jubiléet, og i 1935 var han i Noreg att og kom denne gongen til Sykkylven og, der han ikkje hadde vore sidan 1882. Der møtte han kameratar frå gutedagane, t. d. Bastian Myhre og Peter Amundsen Aure. Då var det og at han og Andreas P. Velle vart samde om å verte 100 år. Slik gjekk det no ikkje. N. G. døydde av hjartelaming i 1939. Same året hadde han hatt den æra å få ein timelang audiens hos kronprins Olav, som då vitja Chicago.

Arne Kildal, som kjende N. G. personleg, skriv at denne husmannsguten frå Sykkylven hadde eit drag av adel i sitt vesen. N. G. vart med rette kalla den norsk-am. pressas «grand old man». Hans syn på nordmannen i Amerika kan ein gi slik: Han må verne om den kulturarven han har med frå heimlandet, elles vert han rotlaus og med det ein dårleg borgar i det nye fedrelandet sitt. Og N. G. såg det som si oppgåve å nære heimstadkjensla hos innvandrarane gjennom pressa. Den andre viktige oppgåva han såg for seg, hadde same målet: å opplyse norsk-amerikanaren om det nye samfunnet, så han kunne verte ein betre amerikansk borgar. Ein gong sa han i ein tale: «Hvis vort norske hjerte tørker op og dør, da dør ogsaa alt liv i os, og vi kan ikke blive hvad vi bør være her i landet: gode amerikanske borgere».

Sjølv var G. det beste døme på at ein på same tid kan vere god amerikanar og god nordmann. *Ein* har kalla han den store brubyggjaren mellom Noreg og Amerika. (Sjå kap.: Kontakten med heimen).

426. *Grebstad, Johanne Gundersd.* (Kagholen)
f. 17/1 1867. Til Mpls. ca. 1885. Har budd der sidan. Tente nokre år på West Hotel. G. m. Tom Rønneberg (Tom Olsen), son til ein hestehandlar frå Norddalen. Han var leiar for ein arbeidsstokk på 20 mann som reiste rundt og reparerte og pussa opp hus. Etter ho vart enkje styrde ho huset for ein ungar. Det vert fortalt at ho enno i 1951 var sprek som ein ungdom. Av borna lever 3 døtrer, og der er 3 barneborn.
427. *Grebstad, Oline Gundersd.* (Kagholen)
f. 27/3 1871. Til Canada over Bergen i lag med kjærasten Knud Didriksen Levdal i april 1889. Gifte seg 8 dagar etter dei kom til Mafitoba. Oline hadde arbeidsfolk i kosten. Bytte varer med indianarane som det var mange av der. Dei hadde jaktrett og leverte serleg fisk og kjøt. Engelsk lærde Oline av den fyrste kvite kvinna som kom til Winnipeg, ei kone frå Irland som var 72 år i 1889. (Sjå elles 502—504).
428. *Grebstad, Hans Gundersen* (Kagholen)
f. 21/3 1869. I april 1893 til systera i Kenora, Manitoba. Arbeidde på jernbane, treivst ikkje og reiste heim for godt året etter. Budde sidan på Kagholen og døydde ugift 5/1 1952.

429. *Grebstad, Anna Hansd.* (Jørng.)
f. 22/10 1883 på Løset. Faren, som var frå Skjerva (Aure), budde ei tid i Larsg. på Fauske. Han kom vekk på sjøen under fiske. Anna voks opp på Grebstad. Til Minn. i nov. 1903. Vart visst gift sidan. Mora, Nysæter-Marte, reiste over til henne seinare.
430. *Grebstad, Dortha Hansd.* (Jørng.)
f. 31/1 1885. Syster til førnemnde Anna H. Gr.. Til Minn. i juli 1901. Vart g. m. ein trønder. Ho eller systera Anna bur visst i So. Tacoma under namnet Mrs. Wiek.
431. *Grebstad, Elisa Hansd.* («Buvik», pl. u. Gammelg.)
f. 28/9 1884. Utv. til Hoquiam i 1905 i lag med broren Lars. G. m. Frank Harris. Han døydde og ho gifte seg oppatt. 3 born av 1. ekteskap: Hjalmar. Harris og Klara.
432. *Grebstad, Henriette Hansd.* (pl.)
f. 7/10 1887 (Olsen). Til Amerika i aug. 1905. Var syerske. Hadde tenkt å vere i 5 år, men vart så sjøsjuk på Atlantaren at ho lovde ho aldri skulle kome på sjøen meir. Var fyrst i to år på farmen til onkelen Christ Olsen i Calif. Budde sidan i San Francisco. G. m. entreprenør Anderson frå Porsgrunnskanten. Born: 1. Kristine, g. m. Sherwood McGill. 2. Harald, g. m. Edy. 5 barneborn. — Medl. av D. o. N. Døydde 29/6 1956.
433. *Grebstad, Herman Hansen* («Buvik», pl. u. Gammelg.)
f. 19/3 1893. (Herman Hansen). Til Hoquiam i jan. 1924 til systera Elisa. Hadde lært målaryrket av faren. Skogsarbeidar i Polson, sidan sagbruksarbeidar i Hoquiam. Ugift.
434. *Grebstad, Lars Hansen* («Buvik», pl. u. Gammelg.)
f. 5/2 1889. Til Wash. i mars 1905. Har budd i Hoquiam og omland heile tida. Har mest vore med og lasta båtar. Ugift.
435. *Grebstad, Laura Jakobsd.* (pl. u. Ellingg.)
f. 8/4 1882. Til Minneapolis i juli 1884 i lag med foreldra (409, 927). I 1906 g. m. Gustave A. Vangsness, f. i N. Dakota, oppvaksten i Wisconsin. Dei budde i tømmerbyen Ruby, Wis. og sidan i New Richmond. Wis. Mannen arbeidde i tømmerbransjen i Wis., St. Paul og til slutt i Chicago, der han hadde eige firma. Dei budde lenge i forstaden Villa Park, no i ein annan forstad, Berwin, 111. Laura arbeidde i mange år som sekretær for mannen. Var aktivt med i kyrkjesamfunn og medl. av Literary Club i Villa Park. Born: 1. Gordon, f. 1911, g. m. Jane Moore. 2. Dorothy, f. 1913, g. m. Paul Negley. (Negleys har to søner: Neil Lied og Denis Alan).

436. *Grebstad, Anna Jensd.* (Eliasg.)
f. 29/9 1889. Var syerske då ho utv. til Clarkfield, Minn. i mars 1910. Tente hos ein farmar der i to år. Flytte til Granite Falls der ho treivst betre. Hadde tenkt å slå seg til der, men då ho var heime på besøk i 1916, vart ho verande heime og gifte seg året etter med Karl J. Ullavik.
437. *Grebstad, Hanna Jensd.* (Dynhaug)
f. 1879. Var g. m. Karl Haram. Til Amerika frå Ålesund i 1900, men treivst ikkje og kom heimatt i lag med mannen året etter. Ho døydde etter siste verdskrig.
438. *Grebstad, Klara Jensd.* (Eliasg.)
f. 4/8 1892. I aug. 1910 fylgde ho onkelen Hans T. Grebstad til Amerika. Huspostar, lengst hos sheriffen i Granite Falls. G. m. farmaren Henry Seim. Sonen Jerome er lærar og farmakolog i Nevada og g. m. Helen. (Ein son, David). — Heime på besøk i 1916.
439. *Grebstad, Jakob Jensen* (Dynhaug)
f. 26/1 1882. Som smågut vart han kasta av ein unghest på Løvoll og slo hol i hovudet. Doktoren på Ørskog redda livet hans, men sa at han venteleg kom til å vante noko på åndsevnene. Det slo til, men han reiste likevel til Amerika i juni 1902. Vert kalla «kjører» i emigrantprotokollen. Var mykje i Fairbanks i lag med broren Ole, men «forsvant». Broren meinte han kom i kontakt med han ved spiritisme, og at Jakob fortalde at han fraus i hel.
440. *Grebstad, Karl Jensen* (Erikg.)
f. 1900. Til Amerika i lag med foreldra (sjå 455) i 1905. Kom heimatt og vart arkitekt. Var leiar for utbygging av Rikshospitalet i Oslo. Er no professor i bygningslære ved N. T. H.
441. *Grebstad, Karl Jensen* (Dynhaug)
f. 30/11 1890. Utv. til Wash. i april 1910. Var skogsarbeidar saman med Jens Velle. Døydde av tub. under fyrste verdskrig.
442. *Grebstad, Nikolai Jensen* (Dynhaug)
f. 20/12 1884. Til Minn. i april 1905. Arbeidde på farm. Kom sidan til Vestkysten. Var lenge skogsarbeidar. Har no eigen laksebåt og bur i Juneau, Alaska. Ugift.
443. *Grebstad, Ole Sverin Jensen* (Dynhaug)
f. 30/8 1876. (O. S. Jensen). Til Dakota i febr. 1893. I 1899 var han i Mpls. Reiste ei tid rundt som hjelpar for eit sirkus. Til Alaska i 1903. Der g. m. Inga Kjølås frå Stranda. Gullgraving i Fairbanks. Driv no snikkararbeid i Kirkland, Wash. Born: Inga, Olga og Oscar.

444. *Grebstadgjerde, Anne Helene Johannesd.*
f. 11/7 1834 på Tu. I 1863 g.m. Lars Bernt Pedersen Grebstad frå Pegarden. Då fleire av borna hadde utv. til Amerika, reiste ho og mannen til Iowa i febr. 1899 for å slå seg til der. Men dei treivst ikkje. Mannen vart der i 3 år, ho 8 mnd. lenger. Heim for godt. Døydde i Sykkylven.
445. *Grebstad, Hanna Johansd.* (u. Peg.)
f. 18/2 1878. Til Calif. i aug. 1898. Ein sykkylving som var heime på besøk, tok med seg henne og Anna Aure (Bøen), og hadde lovt å ta seg av dei, men forlet dei på eit hotell i San Francisco. Dei gret, men dei greidde seg sjølve. Hanna fekk seg post i byen. G. m. snikkar Maswick, som arbeidde i lag med Martinus Hjelle. Heim ca. 1903 i lag med mannen og to små born, Henry og Nora. Mannen returnerte fyrst, og ho fylgde etter med borna hausten 1905. Var gift to gonger. Døydde i Amerika før siste verdskrig.
446. *Grebstad, Louise Johansd.* (Gammelg)
f. 1/6 1895. Då Tom Grebstad (472) frå Clarkfield var heime i Noreg i 1927, vart ho gift med han i Ålesund i okt., og i des. reiste dei til Clarkfield, der dei har budd sidan. Heime på besøk i 1956.
447. *Grebstad, Olave Johansd.* (u. Peg.)
f. 8/9 1872. G. m. Martinus Hjelle frå Nordfjord. Dei budde på Aure og dreiv hotell og butikk. Mannen hadde vore i Amerika og reiste over att andre gongen i 1911. Ho reiste etter med dei 6 borna i april 1912. Skulle ha reist med «Titanic», men kom over med ein annan båt i svært uver. Dei budde fyrst i New Westminster B. C., der mannen var snikkar. Men dei likte seg ikkje i byen og tok homestead i Ocean Park, B. C. (Sjå 113—119).
448. *Grebstad, Karl Johansen* (Erikg.)
f. 9/9 1909. Fylgde mor si til Amerika i mai 1910. Voks opp i Olalla, Wash. Omkom ved bilulukke i 1938. (Sjå 322, 456).
449. *Grebstad, Lars Johansen* (Erikg.)
f. 22/6 1908. Til Olalla, Wash. i mai 1910. Bur der som fiskar og båteigar. Brørne hans. Kristian og John, bur i Port Orchard, Wash. (Sjå 322, 456).
450. *Grebstad, Rikard Johansen* (u. Peg.)
f. 5/6 1880. Til Calif. i mars 1901. Trulova med Lovise K. Eidem. Dei gifte seg i Amerika og budde i Olalla, Wash., der han dreiv farm. Var og i Fairbanks og Klondike. Heime på besøk i 1921 med sonen, som då var i 10-årsalderen og no er fiskar og båteigar i Olalla. Ei dotter, Hazel. Lovise lever enno, men Rikard fekk ei brå død for mange år sidan.

451. *Grebstad, Marie Jørgensd.* (Jørnpl., Sjurhaugen)
f. 6/1 1869. Til Amerika over Bergen i april 1887. G. m. Gregorius Langdal og budde mest i San Francisco. Vart enkje og kom heimatt. 2. g. m. Hans Johan Ekornes. Vart enkje att og g. 3. m. Lars Langdal, bror til fyrstemannen. Dreiv handel på Ekornes. Dottera Nilla var fødd i Amerika. — Døydde 30/8 1950.
452. *Grebstad, Johan Jørgensen* (Jørnpl., Sjurhaugen)
f. 28/3 1866. Tunet er vekk no. Det stod på Sjurhaugen, plass under Klokkerg. Johan utv. til Mpls. i april 1886. Var skomakar. Budde i San Francisco, var gift og hadde 4—5 døtrer. Sist ein høyrde frå han var kring 1912.
453. *Grebstad, Karoline Karlsd.* (Erikg.)
f. 10/7 1869. Til Mpls. i april 1889, i lag med tanta, Marie S. Grebstad. Reiste til ein strandar ho var trulova med. Tok huspost i San Francisco. Etter få år skulle ho ein dag tenne i omnen, brukte parafin, og det tok fyr i kleda hennar. Ho bykste ut gjennom vindauga og brann opp. Ho var kjend for å vere uvanleg pen.
454. *Grebstad, Andreas Karlsen* (Erikg.)
f. 16/5 1883. (Andrew Gr.) Utv. til Amerika og kom til Alaska på gullgraving. Vart skadd i brystet og det sette seg tub. i det. Låg lenge på sjukehus, men kom seg. Døydde ugift i Olalla 30/10 1952.
455. *Grebstad, Jens Karlsen* (Erikg.)
f. 8/8 1875. Var snikkar då han reiste til Wash. i april 1901. Han var g. in. Berit Ingebrigtsd. Bud frå Oslo og tok med seg kona og sonen Karl (440) då han reiste over andre gongen i febr. 1905, til Tacoma. Var ei tid i Klondike, truleg på fyrste turen. Han kom heimatt for godt og døydde på Gjøvik.
456. *Grebstad, Johan Karlsen* (Erikg.)
f. 11/10 1879. Utv. til Olalla, Wash. i febr. 1902. Var i Klondike i 1906. Kom heimatt og gifte seg med Anna K. Ekornes (322). Arbeidde på teglverket. Til Amerika att åleine i 1909. Kona og sønene fylgde etter i 1910. I 1914 var han heime på besøk med heile huslyden. Budde i Olalla heile tida som farmar, skogs- og vegarbeidar. Døydde i 1951.
457. *Grebstad, Lars Karlsen* (Erikg.)
f. 21 9 1877. (Louis Gr.) Var bygningsmann. Utv. til Wash. i april 1899. Gullgraving i Alaska, skogsarbeid i Wash. På sine gamle dagar kjøpte han farm i Olalla. Ugift.

458. *Grebstad, Severin Karlsen* (Eriksg.)
f. 31/3 1871. Til Natal i aug. 1895. Var bygningsmann. Fekk malaria, og var ikkje «sin fulle mann» sidan. Kom heimatt etter 3—4 år. Døydde 30/7 1946.
459. *Grebstad, Johanne Kristensd.* (plass).
f. 6/4 1882. Faren, skomakar Kristen Olsen, var frå Skjåk, og morfaren frå Lesja. Utv. til Amerika i mars 1901. G. m. svensken Harry Swanson og bur i San Francisco. Mannen er verkstadarbeidar. Av dei to sønene lever ein.
460. *Grebstad, Anna Larsd.* (Grebstadgjerde)
f. 11/11 1868. Reiste like etter konfirmasjonen til morbroren H. C. Thu. som var lærar på Stord. Eit halvt år etter kom broren Tore og foreldra dit på besøk. I april 1884 utv. ho og Tore til slekt i Scandia, Kansas, og Anna tok huspost i byen for å lære språket. I 1887 g. m. John Carl Betzold. sjefskokk på eit hotell i Joplen, Missouri. Mannen reiste frå henne. Ho fekk greie på at han var i Lincoln, Nebraska, og tok med seg dei tre borna og reiste dit. Like etter reiste mannen frå henne på nytt, og no såg ho han ikkje att på 28 år. Ho reiste til broren Tore i Chicago, fekk seg arbeid og måtte sende borna på barneheim. Sidan tok Tore seg av borna til han flytte til Iowa. Ei tid etter flytte Anna 6g dit med borna, som no kom i eit katolsk kloster i Dubuque. Ho arbeidde i tre år som barnepleierske. Fekk skilsmisse frå mannen. Kjøpte tomt og bygde seg hus i New Hampton, Iowa. Vart snart sjuk av for hardt arbeid og vart send til Mayo Clinic i Rochester. Kom seg så pass at ho i 1908 tok til a gå frå hus til hus og selje såpe, ekstraktar o. a. Det dreiv ho med i 5 år. Sidan barnepleie att til ho var 72. Bur no i Mpls. Born: 1. Leona, f. i Colby, Kansas. Var sjukeleg. Døydde av slag i 1931. 2. Louise, f. i Joplen, Missouri. Gift, eit barn og to barneborn. Døydde av tub. i 1914. 3. Frederick, f. i Joplen. Gjekk inn i flåten. Gift, 5 born, 12 barneborn. 4. Victor f. i Chicago. Vart flygar og omkom på fyrste turen i 1931. 2 born, 2 barneborn.
461. *Grebstad, Johanne Larsd.* (Dirikpl.)
f. 18/10 1891. Til Tacoma ca. 1911. Huspostar i 2—3 år. G. m. Johan Groven, gruvearbeidar frå Romsdalen. Dei bygde seg hus, men då det brann, flytte dei heimatt til Noreg for godt og busette seg på Valderøy. Johanne var i Amerika 5—6 år. Ho døydde ca. 1935. 3 born fødde i Amerika, eitt i Noreg.
462. *Grebstad, Kornelia Larsd.* (Sjurg.)
f. 25/2 1888. I aug. 1910 til broren Tom i Clarkfield. Minn. Huspost hos systera, fru Petersen. Hotellpike i Granite Falls og Montevideo, Minn.

G. m. Lars Olsen Aurdal. Dei tok fyrst homestead i Alberta. Det var for turt, så dei selde og kjøpte land i Saskatchewan. Flytte sidan til Matsqui, B. C. Born: Spencer, Omer, Myrtle og Helma. Spencer var med i heile verdskrigen og vart alvorleg såra to gonger. Fekk sidan ein traktor over seg og vart drepen, 24 år gl. Omer driv farmen i Sask., og reiser til B. C. kvar haust. Døtrene bur i B. C.

463. *Grebstad, Marie Larsd.* (Sjurg.)
f. 2/5 1884. Til Echo, Minn. i juli 1901 til onkelen Syver Thompson (490). Året etter til Clarkfield. Var hos broren Tom i 2 år. G. m. farmar Amund Apalvik frå Sunnhordland. Born: 1. Melvin, farmar i Clarkfield, g. m. Anna Sabe. Ein son. 2. Helmer, farmar i Clarkfield, g. m. Myrtle Anderson. To born. 3. Josephine, g. m. Alvin Anderson. Ho døydde i 1932. To born. 4. Minnie, g. m. Arthur Anderson. Ingen born. — Marie vart oppattgift med Chr. Petersen, fødd i lova av norske foreldre. Ei dotter, Cecilie, g. Berg, bur i Mpls. — Heime på besøk i 1920 (8) med dotrene Josephine og Minnie, då 12 og 8 år. — Medl. av Sunnmørslag. Døydde 10/4 1957.
464. *Grebstadgjerde, Thomasine Larsd.*
f. 29/5 1876. Gift i Sykkylven med Peter Gjøvenes og reiste til Minn. til han i mars 1912 med sønene Lars og Karl. Dottera Helma var reist året før. I Amerika vart borna Jenny og Theodore fødde. Jenny er g. m. Alf Janson og bur i Lawler, Minn. Theodore var berre to veker gl. då mora døydde i mars 1915. Han er g. m. Miriam Goodwin og bur i Winnipeg. (Ei dotter). — (Sjå 399, 483, 484).
465. *Grebstad, Johan Larsen* (Jørng.)
f. 29/2 1889. Mor hans var frå Klokkergarden. Til Minn. i april 1907. Skal vere gift og er fiskar i Copper River, Alaska.
466. *Grebstad, Johan Larsen* (Dirikpl.)
f. 25/2 1889. Var snikkar før han utv. til S. Dakota i mars 1909. Farm- og bygningsarbeid i S. Dakota. Tolde ikkje vatnet der og vart fabrikkarbeidar i Mpls. i lag med Karl Gjerde. Tre år etter til Chicago til firma som sette opp kornelevatorar for private. Reiste rundt i mange statar og budde i brakker. Fekk 2 ½ år seinare jobb i staten New York, i same selskapet. Tenkte då å ta ein tur heim med det same. Det gjorde han og, men det vart for godt (1916). Kjøpte farsgarden. Driv treskjerjing.
467. *Grebstad, Johan Larsen* (Gammelg.)
f. 12/4 1874. Var skomakar før han reiste til San Francisco i febr. 1893. Var på jernbanearbeid, og på farm i Monte Vista og andre stader i Calif. Heim for godt etter 4—5 år. Gift til Nilsg. Aurdal og tok garden. Døydde 28/1 1946.

468. *Grebstad, Lars Larsen* (Grebstadgjerde)
f. 8/7 1880. (Louis A. Larsen). Til Iowa i april 1898 til broren Peter. Budde lengst i Mpls. som snikkar. Bygde stort hus der og leigde bort til 5 huslydar. Fann opp ein termostat, og dreiv i mange år med fabriksjon av den. Sidan over til snikkaryrket att. Hadde oppfinningar som hobby sidan. Heime i 1911 (3) saman med broren Tore. G. m. Berta Enger. Born: 1. Stella, g. Falk, bur i Calif. 2. Edwin, døydde tidleg. Omfram desse tok dei til seg ein gut, Lester. I 1948 var Lars på fisketur saman med kona og barnebarnet Ronnie. Dei vart påkøyrde av ein råkøyrar i Duluth. og Lars vart drepen, 9/7 1948. — 3 barneborn, 6 barnebornsborn.
469. *Grebstad, Lars Larsen* (Dirikpl.)
f. 22/6 1881. Til Ontario i mars 1898. Budde mest i Vancouver B. C. Tok noko skogland nær byen og sette opp ei hytte der. Hadde og ei gullmine i lag med to andre, og arbeidde der av og til. Det vert fortalt at dei kunne få 70 000 dollars for mina, men partnarane ville ikkje selje. Då Lars vart sjuk tok partnarane over hans lott. På skoglandet hans var svære sedrar, men alt brann opp. Dreiv sidan litt jakt som «trappar». Døydde ugift 28/2 1931 i Vancouver B. C.
470. *Grebstad, Petter Larsen* (Grebstadgjerde)
f. 12/7 1863. Til Belvedere, Nebraska i mai 1883. Reiste til slekt fra Peolaplassen, Blindheim. Vart farmar i Iowa i lag med troren Tore. Heime på besøk i 1899. Gifte seg sidan. Kona heitte Inga. 3 sener, 4 døtrer. Petter døydde i juni 1942.
471. *Grebstad, Sigvart Larsen* (Sjurg.)
f. 24/7 1890. Gjeikk for presten i Noreg, men vart konfirmert i Amerika, dit han reiste i mars 1905, til broren Tom i Clarkfield. Farmarbeid i Echo og for broren. Frå 1921 har han drive ein farm på 160 acres, mest maisdyrking. G. m. Pearl Gundersen frå Echo, av ålesundsætt. Born: Sonja og Darlin. — Heime i 1919 (8) og 1930 (3).
472. *Grebstad, Tomas Larsen* (Sjurg.)
f. 7/8 1881. (Tom Gr.). Tente på Austrem for ei krone dag og eigen kost. Utv. til Minn. i febr. 1899. Arbeidde i 3 år på farm i Echo. Kjøpte farm i Clarkfield, eit settlement som då var 15 år gammalt (i Yellow Medecine County). Hadde då berre 45 dlr., og prisen var 4000, så han måtte låne. m. a. 1200 dlr. av onkelen Syver Thompson. Måtte og byggje og kjøpe maskinar på borg. No eig han to store farmar med fine hus. — Heime 1913—14 (4) og 1926—27 (18), då han gifte seg med Lovise J. Grebstad. (446). — Mange sykkylvsemigrantar har reist til Tom Grebstad fyrst, og mange av desse har arbeidd på farmen hans ei tid.

473. *Grebstad, Thore Larsen* (Grebstadgjerde)
f. 25/9 1865. (Andrew B. Larsen). Reiste til onkelen på Stord (sjå 460), og derifrå over Bergen til Amerika i april 1884. Var ei tid i lag med broren Lars nær Colby, Kansas. Hadde farm i lag med broren Peter i Little Turkey, Iowa i mange år. Der var ingen andre sykkylvingar, men mange norske, mest sogningar. Dreiv mykje med heste-al. Var elles bygnings-snikkar av fag. Var gift to gonger. Ingen born med fyrstekona Catherine. To gutar og to jenter med andrekona (av irsk ætt). Ein av sønene drukna i 10-årsalderen i 1922. Då flytte Tore og fam. til Chicago. Den andre sonen døydde 5 år gl. i Mpls., der dei budde lengst. Dottera Olava døydde kort tid etter, 22 år gl. Den yngste dottera heitte Dorothy, og dei adopterte ei gjente, Thelma, som vart gift Gruby, og hos henne budde Tore 1 Alaska då han døydde av slag 11/5 1949.
474. *Grebstad, Marte Oline Lassesd.* (Jerng.)
f. 1854 på Nysæter. I 1884 g. m. Hans Johan Christensen Grebstad, bror til Lars Gr. i Syvdsbotn. Han var skomakar, døydde tidleg. Dei to døtrene Anne og Dorte reiste til Amerika, og våren 1906 utv. ho til Minn. «Reiser til sine børn for at forsørges av dem». Vart oppattgift i Amerika og budde i Duluth.
475. *Grebstad, Edvard Olsen* (Peg.)
f. 18/8 1891. Fekk 40 øre timen som murarhandlangar i Noreg i 1913. Utv. i mars det året til Wash. og arbeidde i skogen ved Hoquiam for 2 dlr. 70 pr. dag, altså vel 10 kr. etter kursen då. Var i skogen (Polson) til 1921, fyrst skogsarbeid, sidan som overkokk. Så heim for godt, kjøpte plassen til Johs. Kjemphol.
476. *Grebstad, Johan Olsen* (Peg.)
f. 21/1 1889. Var utlærd smed då han utv. til Wash. i mars 1910. Arbeidde ei tid på mekanisk verkstad, har elles lenge drive fiske, både som kokk, maskinist og skipper. Var i åra 1911—1917 i Klondike og kjøpte opp (for eit selskap) grunn som var utvaska før. Budde over 20 år ved Renton, Wash. Heime på besøk i 1924—26 (18), 1947—48 (18) og frå sumaren 1956.
477. *Grebstad, Karl Olsen* (Peg.)
f. 27/3 1874. Til Amerika i febr. 1893. Hadde billett til San Francisco, men stoppa i Seattle. Gjekk arbeidslaus i mange veker før han fekk ein jobb som to mann hadde hatt saman før, ved ei kolmine nær Puyallup. Etter tre mnd. vart han sagbruksarbeidar i Seattle, og to år seinare reiste han til Calif., og kom derifrå som jernbanearbeidar til Denver, Col. Sidan jobbar på farmar og drueplantasjar til hausten 1897. Då kom det rykte om gullfunn i Klondike, og han kjøpte billett til Alaska, 200 dollars, men i

siste liten lét han ein annan få overta billetten. Reiste til Wash. att på sagbruksarbeid, og var ei tid med ein ingeniør som stakk ut jernbane. Så til gullmine nær Juneau, Alaska. Men han tolde ikkje klimaet, og kom heim for godt julaftan 1898. Var ei tid portier på turisthotella i Geiranger og Grotli om sumrane. Dreiv elles garden. Døydde 25/12 1955.

478. *Grebstad, Ole Olsen (Peg.)*
f. 14/1 1877. Til Tacoma i sept. 1902. Var på skogsarbeid i Wash. i lag med Edvard og Johannes Kjernphol. Sagbruksarbeidar i Anacortes til våren 1904, då han reiste til Klondike i lag med Ole Bastian Haugset og Johan Sætre. Dei fekk fylgje på turen av ein neger som hadde vore der før. Arbeidde i Gold Run på prosent og dagløn. Var der i 2 ½ år i lag med Kjemphol-gutane, Johan Aurdal og Ole B. Grebstad. Desse budde i same cabin. — Kom heimatt for godt, gifte seg i 1913, kjøpte gard på Blakstad i 1923 og bygde nye hus.
479. *Grebstadgjerde, Lars Bernt Pedersen*
f. 6/1 1838. I 1863 g. m. Anne Helene J. Tu (444). Reiste til born i Iowa i febr. 1899 i lag med kona. Heim for godt etter 3 år.
480. *Grebstadgjerde, Helma Petersd.*
f. 2/2 1899. (Helma Haugen). Dotter til Pete Ness frå Gjøvenes (399) og kone (464). Til Amerika til faren i 1911. I 1928 g. m. Sander Haugen, av norsk ætt. Dei har budd i Mpls. heile tida. Born: Norman og Barbara. Heime i lag med dottera i 1955 (3).
481. *Grebstad, Klara Pettersd. (Klokkerg.)*
f. 1/2 1899. Til Amerika i mai 1923. Har budd i Calif. (San Pedro og Los Angeles). G. m. sjøkaptein Schopp frå Kristiansand. Skild. 2 søner, John og Reidar. John er gift og har to born.
482. *Grebstad, Johan Pettersen (Sevring.)*
f. 30/12 1888. Den eldste av 9 sysken og den einaste som utvandra. Til Wash. i april 1906. Skogsarbeid i Poulsbo. Til Alaska i 1909. Har budd i Petersburg sidan 1912 og skal vere den fyrste fastbuande sykkylving der. I 1923 g. m. Anna Eiken frå Hadeland. Born: Olaf og Aileen. To barneborn. Heime hausten 1946. Bur no i Seattle. Er frimurar og medl. av S. o. N.
483. *Grebstadgjerde, Karl Petersen*
f. 25/5 1901. (Carl J. Ness). Fylgde mor si (464) til Minn. i mai 1912. til faren Pete Ness (399). Bur i Mpls. 1. g. m. Florence Eiker. Born: Robert og Richard. 2. g. m. Sylinda Danly. Born: Gerrald og Carol.

484. *Grebstadgjerde, Lars Petersen*
f. 31/8 1897. (Louis C. Ness). Til Minn, i mai 1912. Ugift kontormann ved jernbanekontor i Philadelphia.
485. *Grebstad, Ole Elias Petersen* (Litlepetterg., Bastiang.)
f. 11/8 1853. Til Amerika i 1881. Arbeidde for jernbaneselskap i Mpls. Vart i 1903 flytt til Tacoma, der han budde sidan og arbeidde for Northern-Pacific-jernbanen. I bankkrise miste han pengane han hadde spart. Men han vart sidan ein velhalden mann. Kona hans Marie (1858—1929) var frå Drammen. Ho var syster til fru Jakob Campbell i Tacoma og fru Mikael Knudsen (Skjerva). Ole var heime med kone og dotter i 1899. Døydde 28/9 1924. Dottera, Anna Mathilda, f. 1885 i Mpls. er gift Reaume, bur i Tacoma og har ein son og to døtrer, alle gifte.
486. *Grebstad, Ole Selmer Petersen* (Eliasg.)
f. 6/9 1907. Skreddar hos Lied. I des. 1927 til onklane i St. Paul. Til skogen i Wash. Då Polson-campar vart nedlagde, passa han bygningar der. Fekk plass på fiskebåt som stuert. Under krigen var han 3 år på Filippinane. Bur i Seattle, fiskar i Alaska. Ugift.
487. *Grebstad, Petter Pettersen* (Klokkerg.)
f. 12/12 1892. Til Canada i april 1910. Farm-, skogs-, veg-, telefon- og jernbanearbeid. Melde seg friviljug til den kanadiske armeen i 1916. Var med i krigen i Frankrike, vart såra og gassforgifta, låg på sjukehus i Frankrike og England. Vart send tilbake til Canada. Var ikkje heilt arbeidsfør etter skadane, som fekk varig verknad på kropp og sinn. Prøvde seg som lossearbeidar og sagbruksarbeidar i B. C. Hadde ei tid arbeid for hus og mat og måtte tigge på gata for å få litt kontantar. Kom heim for godt då han ikkje fekk den invalidepensjonen han hadde søkt om.
488. *Grebstad, Marie Severinsd.* (Erikg.)
f. 10/6 1864. Til Mpls. i april 1889 i lag med brordotter si, Berte Karoline Gr. Kom til Vestkysten. G. m. Klaus Nilsen Vik. Dei kjøpte 20—30 acres' farm i Olalla, Wash. Dreiv hagebruk og hønseri? Ho døydde før mannen. 5 døtrer og mange barneborn. Farmen vart seld, men ei av døtrene kjøpte han att.
489. *Grebstad, Petter Severinsen* (Erikg.)
f. 1/1 1902. Reiste i 1921 til sjøs på norske båtar på langfart i Europa og Amerika. Gjekk i land i Everett, Wash. i 1923. Dreiv fiske i Alaska og Beringsjøen. Om vinteren skogsarbeidar i Polson og ånder campar. Frå 1928 til 1950 sjømann på langfart med amerikanske båtar med San Francisco som stasjon, og på kystbåtar i Amerika. Under krigen reiste

han med liberty skip, lastebåtar som frakta soldatar til Ny-Guinea. Har og vore i China, og feira ei jul i Shanghai. Heim for godt i 1950. Ugift.

490. *Grebstad, Syver Thomassen* (Sjurg.)
f. 8/7 1863. (S. Thompson.) Utv. over Bergen til Echo, Minn. i mai 1883. Var då trulova med ei frå Sjøstad i Hjørundfjord, (dotter til Rasmus Sj. og syster til han som vart gift med Inger O. Aurdal). Vart gift med henne i Amerika. Dreiv fyrst jernbane-arbeid, sidan heste-al.
491. *Grebstad, Hans Thoresen* (Eliasg.)
f. 25/7 1866. Til Amerika over Bergen i april 1887. Kjøpte jord i Echo, Minn. Selde den og kjøpte farm i Clarkfield i 1902. Heime ein tur i 1910 då faren døydde. Hadde med seg kona Anna f. Helgesen, fødd i Amerika i 1878 av hardingætt. I 1918 selde dei farmen og flytte til St. Paul, der han dreiv snikkararbeid. Då han døydde (ca. 1935) flytte kona til Willmar, Minn. og døydde der ca. 1949. Begge er gravlagde i Clarkfield. Hans vert karakterisert som «a generous man».
192. *Grebstad, Ole Thoresen* (Eliasg.)
f. 10/7 1869. Over Bergen til Faribault, Minn. i april 1889. Vart farmar nær farmen til Ole Aasen. Kona heitte Siri og var fødd i Amerika, men mor hennar var fødd «neunde Jostedalsbreen». Ingen born, tok til seg ein gut. Døydde ca. 1930.
493. *Aure, Berte Jensine Fredriksd.* (Vikejopl. u. Eliasg. Grebstad)
f. 12/10 1867. (Jessie Fredriksen). Dotter til Fredrik Ottesen Klock og k. Eli f. Aure. Fekk «udmerket» til konfirmasjonen og stod som nr. 2 på kyrkjegolv, endå både faren og mora gjekk på arbeid på gardane. Utv. til Calif. i april 1893. G. m. tyskaren Intemann og budde i San Francisco og i San Rafael. Ein veit at ho levde i 1904, men ho vart ikkje gamal. To søner, ei dotter. Ein av sønene er doktor.
494. *Aure, Oline (Lina) Fredriksd.* (Vikejopl.)
f. 19/6 1876. Til Calif. i aug. 1901. G. m. svensken Søderlin. Budde i Turlock nær San Francisco. Døydde ung om lag på same tid som systera Jensine. 2 søner.
495. *Ellefsen, Arne Selmer* (Grebstad)
f. 1/12 1935. son til Ole Ellefsen frå Ålesund og kona Jenny K. Levdal. Til Seattle i mai 1952. Gjekk mekanikk-skule og vart maskinist på fraktebåt.
496. *Fausa, Sigurd Pettersen* (Grebstad)
f. 12/10 1906, son til Petter Karlsen Fausa som var to turar i Amerika før han kom til Sykkylven i 1904. Til Petersburg, Alaska i mai 1927.

Fekk jobb som handlangar på statsbygg i Juneau, sidan stod han på forretning der. Kjøpte hus i Seattle og flytte dit. Kona, Marvel, er amerikansk. Ingen born.

497. *Hole, Leif Petersen* (Grebstad)
f. 3/10 1901 på Grebstad, son til Peter Larsen Hole og kone Anna, f. Langlo ((Eidem)). Fylgde mor si til Amerika i sept. 1902. Skriv seg for Leif Hale. G. m. Jean Phillips. Bur i Ballard, Seattle. (Sjå 601, 312).
498. *Johansen, Berger* («Buvik»)
f. 14/6 1906. Var steinarbeidar då han utv. til Wash. i aug. 1923. I skogen som donkey-styrar og signalmann. No på sagbruk nær Hoquiam. Gift med ei av polsk ætt. 2 born.
199. *Kleiven, Leif* (Grebstad)
f. 24/12 1913 i Ørskog. G. m. Laura Grebstad (Myrane) og budde i Sykkylven som møbeltapetserar og gardbrukar. Til New Zealand med kone og born i juli 1951. Ein av kameratane hans hadde vore der før. Bur i byen Christchurch, der han er snikkar.
500. *Kleiven, Dagny*
f. 13/1 1943. Dotter til førnemnde Leif K.
501. *Kleiven, Harald*
f. 4/6 1939. Son til førnemnde Leif K.
502. *Levdal, Knut Didriksen* (Grebstad)
f. 2/1 1854 i Eid. Kom som smågut til Sykkylven i lag med foreldra. Utv. over Bergen til Amerika i sept. 1882. Det vert fortalt at han reiste med seglskip og brukte 6 veker over havet. Vart seksjonsformann for Canadian-Pacificbanen. Kom heimatt og reiste på nytt over Bergen til Canada i april 1889, denne gongen i lag med kjærasten, Oline Gundersd. Grebstad og 5 andre sykkylvingar. Gifte seg med Oline like etter og busette seg i Kenora, nær Winnipeg. Jernbanearbeid no og, for 50 dlr. mnd. I 1895 kom dei heim for godt og kjøpte plass på Grebstad. Knut døydde 26/3 1922.
503. *Levdal, Dina Knutsd.* (Grebstad)
f. 23/11 1891 i Winnipeg. Til Sykkylven i lag med foreldra i 1895. Var sydame då ho utv. til Minn. i mars 1910, til moster si, Jenny Olsen. To år etter til Seattle, der ho stod på butikk i 15 år. I 1921 g. m. urmakar Custer Franklin Brown frå Oklahoma. Ingen born. Budde nær Renton i 15 år, no i Seattle. Heime i 1921 (4), 1939 (7) og 1947 (12). Mannen, som òg har vore i Sykkylven, døydde i 1955.

504. *Levdal, Gustav Knudsen* (Grebstad)
f. 20/2 1890 i Winnipeg. Til Sykkylven i lag med foreldra i 1895. Utv. til Mpls. i mars 1911. I 7 år på reparasjonsverkstad for jernbanen. Var kanadisk borgar, men ville ikkje i krig, så han reiste til Noreg for godt i mai 1917.
505. *Solnes, Peder Nilsen* (Grebstad)
f. 1/3 1891. Til Sykkylven i 1917, g. m. Josefine A. Grebstad (Myrane). Var elektrikar før han utv. til Seattle i mai 1923. Eit år i Polson, der han vart skadd av eit tre som fall over han. Til Alaska på fiske, bygde seg hus i Petersburg og budde der året rundt i mange år. Fekk gikt og flytte til Seattle, men heldt fram som Alaskafiskar i sesongane. Har kjøpt plass på Grebstad.
506. *Solnes, Johan Pedersen* (Grebstad)
f. 1/8 1921 i Sykkylven. Utlærd skreddar. Måtte røme til Sverige under krigen og var der i tre år. Til Amerika i juli 1952. Fyrst skreddar i Seattle, sidan fiskar i Alaska. Ugift.
507. *Hatlemark, Karl Johan Gulliksen*
f. 26/2 1869. Var gift og hadde to born då han åleine reiste til Wash. i okt. 1906. Budde i Tacoma og laga forretningsmøblar (diskar o. a.). Heim for godt i 1910. Var byggmeister, hadde trevarefabrikk i Tusvik. Fekk Møre Landbruksselskaps diplom for oppfinningar (landbruksreidskap). Var kordirigent. Døydde 3/1 1955.
508. *Hatlemark, Johan Karlsen*
f. 22/6 1858. Til Winnipeg, Manitoba i aug. 1893. Var snikkar både heime og i Amerika. Hadde vore heime på besøk og reiste att i 1903. Kom vekk på reisa, truleg i Irskesjøen. Lét etter seg noko pengar, og arvingar vart etterlyste i Smp. 21/12 1905. Ugift.
509. *Haugset, Anna Bastiansd.* (Bakken)
f. 21/4 1888 på Løset. Til San Francisco i okt. 1906. Huspostar i eit par år. G. m. Julius Simonsen, av belgisk ætt. Dreiv lenge stor hønsefarm nær Petaluma, Calif. Born: 1. Lilian, g. m. Robert W. Larsen, bur i Salinas. 2. Alice, g. m. redaktør Belcher Kellogg, bur i Palo Alto. 3. Janette, g. m. J. C. Arfsten, bur i Petaluma. — 7 barneborn.
510. *Haugset, Anna Berntsd.* (Bakken)
f. 25/5 1883. I april 1904 til systera Lisa i Tacoma. Har budd der sidan. Huspost til 1908, då g. m. sykkylvingen Louis Larsen (705).

511. *Haugset, Elisa Berntsd.* (Bakken)
f. 19/9 1885. Til Tacoma i febr. 1903. Huspost. Året etter g. m. Jens Carlsen frå Giske. Born: 1. Kalam, g. m. Alfred Holt. 2. Clenora, g. m. Andrew McBeth. 3. Jenny g. m., Forest West. 4. Berta, g. m. Arehie Doolittle. 5. Irene, g. Andersen. 6. Gladys, gift. 7. James, gift. 8. Lorraine. 9. Dorothy. 10. Ronald. — 19 barneborn (1951).
512. *Haugset, Severine Berntsd.* (Reiteg.)
f. 5/8 1881. Til San Francisco i sept. 1906. Sidan til Alaska til broren Ole, der ho var til han døydde. Snart etter tilbake til Noreg (1911). Var sjuk då, hadde tenkt seg bortatt, men krigen kom og ho vart heime til juli 1920. Reiste til kjærasten, sagbruksarbeidar Peter Kongsgard frå Solør, gifte seg med han og budde i Everett, Wash. Fekk ein vokster i ryggen, vart operert og vart lam nedanfor beltet. Sat i rullestol i 12 år. Døydde 20/12 1949. Sonen, Tomas Ingvald, er sakførar i Palo Alto, Calif.. og har to born.
513. *Haugset, Karl Berntsen* (Bakken)
f. 12/10 1890. (Carl Benson). Til Calif. til Christ Olsen (523) i 1905. Farmarbeidar der, sidan for det meste skogsarbeidar i Wash. 1. g. m. Rose. Born: 1. Bernice, g. Smith, 2. Evelyn, g. Carnocke. — G. 2. m. Josephine. Born: 1. Charles, gift og bur i Port Angeles. 2. Beulah, g. m. Bob Bell. bur i Anacortes. — 4 barneborn. Karl døydde i 1944.
514. *Haugset, Nils Berntsen* (Bakken)
f. 16/3 1893. I mars 1914 til Louis Larsen i Tacoma. Var utlærd smed og dreiv det same i Amerika. Arbeidde ei tid for jernbaneselskap, og lengst for hermetikkfabrikk på Kodiak Island. Der var han i 10 år, og var mest åleine kvit mellom indianarar om vinteren. Dreiv bytehandel med dei for hermetikkselskapet. Heim i 1920 og kjøpte plassen på Haugset. I jan. 1922 til same selskapet på Kodiak Island. Heim for godt i 1929.
515. *Haugset, Ole Andreas Berntsen* (Reiteg.)
f. 13/11 1884. Til Tacoma i febr. 1903. Fyrst sagbruksarbeidar, sidan vel 4 år på akkordarbeid ved gullmine i Alaska. Var formarm for mine i Klondike, kom derifrå til Fairbanks, og hadde tenkt seg heim sumaren 1909. Fekk blindtarmsbetennelse og døydde etter to operasjonar, 4/2 1909. Gravlagd i Fairbanks i same grava som Lars J. Tusvik. I nekrolog vart Ole karakterisert som ein mann med «karakter, vilje og begavelse, en av de mest respektable unge mænd der enda er kommet ind i Yukon territorium.»
516. *Haugset, Petter Berntsen* (Bakken)
f. 4/9 1895. Reiste til Utsira på fiske og vart att der som dreng om sumaren.

Vart gift og budde der då han åleine reiste til Tacoma kring 1925. Var skogsarbeidar, men lengst fiskar i Alaska. Heim til Utsira for godt kring 1933.

517. *Haugset, Bastian Johansen* (Åmundg.)
f. 11/5 1884. Til Wash. i febr. 1902. Var i Alaska på gullgraving, fyrst i Nome, sidan i Iditarod og Fairbanks. Kjøpte mine og gjorde det godt. Heim sumaren 1920 og hadde med den fyrste Amerika-bilen som kom til bygda. I aug. 1922 til Amerika att og tok no til med laksefiske fra Seattle. Fekk eigen laksebåt. Vart sjuk og kom på sjukehus i Rochester. Døydde i Seattle 3/3 1915. Ugift.
518. *Haugset, Lars Andreas Larsen* (Pålg.)
f. 4/6 1867. Utv. fyrste gong til Calif. i febr. 1888. Arbeidde på vinpresse og på farm, in. a. hos Lars O. Blindheim. Fekk seinare sin eigen frukt-farm nær San Francisco. Kom heim og budde i Ålesund, der han bygde «Høgsethuset» ved parken. Til Amerika andre gongen i des. 1907. Døydde ugift etter siste verdskrig.
519. *Haugset, Ole Bastian Larsen* (Bøkkane u. Åmundg.)
f. 28/5 1873. (Tom Pedersen). Var snikkar då han utv. til San Francisco i febr. 1893. Arbeidde lenge i skogen, m. a. i Polson, og tok seg mykje av nykomarar. Var sidan lenge i Klondike og Fairbanks. Døydde ugift i Seattle ca. 1950.
520. *Haugset, Anne Marie Martinusd.* (Bøen u. Åmundg.)
f. 23/12 1864. (Mary Wilhelms). Budde i Borgund då ho utv. til Amerika i juni 1886, etter tradisjonen med seglskip. G. m. ein tysk sjøkaptein, Wilhelms. Dei budde i 1906 i Santa Rosa, Calif. Ho levde enno i 1950. Sonen Johan er ingeniør, er gift og bur i Chicago.
521. *Haugset, Johanne Marie Martinusd.* (Bøen u. Åmundg.)
f. 24/10 1873. Utv. til Amerika, år ukjent. G. m. Pete Nelson frå Alstad i Norddalen. Dei budde fyrst nokre år i Canada, sidan i Calif. Dreiv eplefarm i Petaluma. Born: Melvin og Irene og to til (gut og gjente). Fleire barneborn.
522. *Haugset, Lovise Martinusd.* (Bøen u. Åmundg.)
f. 7/7 1867. Skreiv seg for Lovise Martinussen då ho **utv.** til Amerika over Trondh./Kra. i jan 1889. Hadde fyrst huspost, og ein gong ho gjekk gjennom ein sal i mørkret, forslo ho seg slik at ho gjekk med krykkje sidan. Var då trulova med Lars P. Velle, men ville ikkje gifte seg då ho var vanfør. Han fekk overtala henne, og dei gifte seg og budde i Calif. Da ho døydde ca. 1912, flytte mannen nordover til Tacoma. Ingen born.

523. *Haugset, Kristian Martinussen* (Bøen u. Åmundg.)
f. 10/1 1870. (Christ Olsen). Til San Francisco i april 1890. Var i yngre år mykje i Klondike, dit han reiste i 1897. Fekk seinare stor farm i Calif. Dreiv ein mindre farm då han vart eldre. I 1905 heime eit halvt år, løyste garden for foreldra og har elles sendt heim pengar. Levde enno i 1952 og budde då i Sebastopol, Calif. Ugift.
524. *Haugset, Johan Pettersen* (Åmundg.)
f. 16/3 1909. I febr. 1927 til Wash. Derifrå til Petersburg, Alaska og arbeidde på lakse-cannery om sumaren. I to år arbeidde han i skogen i Wash. om vinteren og var i Alaska om sumaren. Sidan har han drive fiske for det meste, med bustad i Seattle. G. m. Esther Engen frå S. Dakota. Born: Sandra og Barbara.
525. *Haugset, Lars Petter Pettersen* (Palg.)
f. 4/12 1889. Til Seattle i mars 1910 til Rikard Grebstad. Var skogsarbeidar ved Tacoma og i Polson i 6 år. Reiste så heim og gifte seg med Inger P. Aurdal og overtok garden på Haugset. I 1923 til Amerika att og var »chokersetter» og «hucktender» i Polson. På fiske i 1924 ved Kodiak Island i lag med Ivar Hjellegjerde. Ein sumar fiska han for staten kveite som var merkt. Heim for godt i 1929. Bygde stort hus. Døydde 15/2 1957.
526. *Haugset, Tomas Pettersen* (Myren)
f. 14/11 1886. Skreiv seg for Aurdal seinare. Var son til Petter Johs. Aurdal, som ei tid hadde plass på Haugset og brukte det namnet. Tomas vart gift med Inga Sæther frå Trondheim og utv. derifrå til Minneapolis ca. 1904. Døydde ca. 1950. Born: Edvard, Paul Thomas, Caroline, Dorothy og Laverne. Paul er ugift. Alle bur i Mpls. — 13 barneborn.
527. *Haugset, Petter Johannes Thomassen* (Myren)
f. 24/5 1856 på Aurdal (Fjordg.). Var skreppekar i 1891. Vart gift med Pauline Andreasd. frå Ytterøen, Trøndelag. Han budde då i Trondheim og var underoffiser og skreddar. Tok plassen Myren på Haugset. Både han og kona reiste til Natal ca. 1893, og kom heimatt ca. 1900. Eit års tid etter reiste han ut på nytt åleine, visstnok til Afrika. Ingen veit kvar det vart av han. Sume meiner han var i Amerika og. Born: 1. Antonie, g. Melland. 2. Anne Marie, g. m. Johan Marken. 3. Thomas (526).
528. *Muldal, Ole Karlsen* (Haugset, Bakken)
f. 14/4 1888. Kom til Sykkylven i 1919 og gifte seg det året med Emma B. Haugset. Til Iowa i jan. 1924. Dreiv bygningsarbeid, hadde lært det heime. Tente godt som utlærd handverkar, hadde tenkt å slå seg til der og averterte garden heime til sals. Men kona hadde ikkje lyst å utvandre, og han slo det frå seg. Heim for godt i 1929.

529. *Hjelle, Anna Larsd.* («Welten») f. 19/1 1873. Dotter til Lars L. Hjelle (533). Utv. til Wisconsin i lag med foreldra i mai 1875. G. m. Andrew Larson frå Hornindal. Dei budde i La Crosse, Wis., der mannen var sagbruksarbeidar. Ei tid hadde dei farm i Welch Coolee, men då sonen Konrad overtok den, flytte dei attende til La Crosse. 4 søner og ei dotter. Dottera er g. m. Hjalmar Wul og bur på farm nær Sparta. Dei to sønene som lever, har forretningar i St. Louis, Missouri.
530. *Hjelle, Johanne Larsd.* (Jellebru) f. 12/4 1904. Til Seattle i okt. 1923. Etter to år g. m. Lars Sunde frå Sulalandet. Han var maskinist på «Von» heime, i Amerika på tunabåt. Dei budde 7—8 år i Seattle, eit halvt år i Alaska, der Johanne arbeidde på cannery, og har sidan budd i San Diego, Calif. Ein son, Lloyd, er gift. — Heime i 1946 (5) med familien.
531. *Hjelle, Lovise Larsd.* («Welten») f. 11/10 1867. Dotter til Lars L. Hjelle (533). Til Wisconsin i 1875. G. m. Peder Bakken. Dei budde fyrst i 9 år i La Crosse. Så kjøpte han farsfarmen nær Stoddard ved Mississippi. Av dei 8 borna lever 5. 4 av dei bur nær La Crosse, den femte, Luther, er sjef for Minneapolis Transit Co. — Lovise lever enno, men er blind og dauv. Ho er den eldste nolevande sykkyllvutvandrar. — Eit barnebarn, Mrs. Donald Bronson, var i Noreg ca. 1954, då mannen hennar fekk Noregstipend.
532. *Hjelle, Olave Larsd.* («Welten») f. 5/1 1865. Sister til førnemnde Lovise Hj. Utv. 1875. G. m. Ole Ringdal frå Sunnylvn. Dei tok homestead i N. Dakota, nær Fargo og budde der heile tida. Ho døydde i 1938 eller 1939, og mannen døydde 90 år gl. i 1955. Av dei 11 borna lever 5. Familien eig ein seksjon land (640 acres). — Olave var heime i Sykkylven i 1929, etter 54 år i Amerika, i lag med ei dotter og hennar mann. Både ho og dottera snakka godt norsk.
533. *Hjelle, Lars Annanias Larsen* («Welten») f. 24/8 1839 i Larsg. på Fauske. Var i 1865 plassemann på Hjelle på ein plass som då vart kalla «Welten». Huset, stove og løe i eitt, står der den dag i dag. Han var gift med Anne Pedersd. frå Sunnylvn. I mai 1875 tok han med seg kona og dei fire borna og sine 20 spesiedalar og utvandra over Bergen til Amerika. Dei brukte 3 veker over havet. Då dei landa reiste dei vestover i lag med fleire andre huslydar, og kvinner og born vart sette opp i ei stor vogn med hestar for, medan karane gjekk attmed. Dei reiste til bror til kona, Ole Pederson, som hadde utvandra to år før og budde i landsbyen De Soto ved Mississippi. Då Lars og fylgjet



Heimen Hjelleshuslyden forlet i 1875.

hans kom fram dit, viste det seg at Ole Pederson budde i ei jordhytte, og kona hans kokte ei svær grautgryte ute på tunet til alle nykomarane.

— Snart tok Lars og kona det siste homesteadet som var å få der i nærleiken, 40 acres skogland. Han måtte låne dei 10 dollars han måtte ha for å registrere «claimen». Tente så ca. 40 dollars på innhaustingsarbeid, og bygde med hjelp frå grannane ei 22 X 16 fots tømmerhytte som dei kunne flytte inn i juledag. Der på staden hadde nyleg vore indianarar med hovdingen Black Hawk (Svarte Hauk), men dei hadde flytt, og Lars hadde ikkje noko bry med indianarar. Men enno finn ein pilespissar i åkrane hans. — Landet måtte ryddast for skog, og den fyrste avlinga var kveite. Til pløying brukte han uksar, og kornet vart skore med eit instrument dei kalla «cradle» (eit slag sigd med eit lett rammeverk som legg kornet). Denne metoden brukte dei i 8 år, og borna Anne og Peter batt kornet. Lars sjølv fekk ikkje oppleve at dei fekk sjølvbindar (i 1895[^]). Dei sådde og mais med hand og grov det ned i jorda med handreidskap. Ein av dei kostelegaste eignlutane til familien dei fyrste åra var ein symaskin. Den var så dyrebar at dei lét seg fotografere rundt maskinen ute på tunet.

— Lars døydde den 7. juli 1893. Sonen Lewis vart fødd i Amerika. Han er gift farmar, og 7 av dei 11 borna hans lever. Eldste barnebarnet, Richard, er sakfører i Washington D. C. (Sjå elles 529, 531, 532, 534, 537).

534. *Hjelle, Petter Larsen («Welten»)*

f. 27/7 1870. (Fauske). Son til førnemnde Lars Hj. Til Wis. 1875. Vart

farmar i Victory, Vernon county, Wisconsin. I 1901 g. m. Mary Ringdahl Vold. Budde på farsfarmen, som voks til 330 acres. Born: Oscar, Henry, Alice, Olive og Lena. Dei to gutane delte farmen mellom seg. Far til Petter må ha gått over til å bruke namnet Fauske då han utvandra; namnet Hjelle har ikkje vore brukt der. Begge sønene til Petter skriv seg for Fauske. Olive er sjukesyster i Chicago, Alice og Lena er gifte med farmarar i Wis. Fleire barneborn, m. a. Rodney, som er i armeen i Korea, og Charles, som er i okkupasjonsstyrkane i Tyskland (1956).

535. *Hjellegjerde, Olivia Olsd.* (Ivapl.)
f. 20/12 1891. Var syerske då ho utv. til Minn. i mars 1910. G. m. styrmann Sæter frå Søvde. Ei dotter, Marion, som bur i Seattle. Olivia med dottera var heime på besøk i 1922 (6). Døydde i 1949.
536. *Hjellegjerde, Bernt Olsen* (Ivapl.)
f. 4/9 1900. (Ben Gjerde). Var sjømann i utanriksfart før han utv. til Amerika i 1923. Har for det meste vore sjømann der og. Fiskar i Alaska i sesongane. Medeigar i fiskebåt. Bur i Seattle. Kona, Marie, er av tysk ætt. Eit adoptivbarn. Heime på besøk i 1954.
537. *Hjelle, Anne Pedersd.* («Welten»)
f. 5/12 1833 i Sunnylvn prestegjeld. G. m. Lars Larsen Hjelle (533). Til Wisconsin i 1875. Ho hadde desse syskena i Amerika: Siri, Ole, Pernelle og Helga. — Anne døydd i 1923.
538. *Hjelle, Petra Petersd.*
f. 29/2 1892. Til Oregon i april 1910. Er gift og har to born. ..
539. *Hjelle, Karen Marie Severinsd.*
f. 5/1 1891. I sept. 1911 til systera Marta i Seattle. Huspost. G. m. Ludvig Akslen frå Emblem, fiskar og medeigar i båt. Bur i Seattle. Ei dotter. Gladys, som er gift og har 4—5 born. — Heime på besøk i lag med dottera i 1925.
540. *Hjelle, Marta Severinsd.*
f. 5/6 1887. Var syerske då ho utv. til Wash. i aug. 1907. Har budd i Seattle. 1. g. m. Alf Ødegaard frå Oslo. Born: 1. Marie, g. Olsen og har to born. 2. Harald, ugift. 2. g. m. Aksel Larsen frå Oslo. Han har båtbyggjeri og ein farm nær Seattle. Har og drive handel med hus. Det var mykje Marta som styrde farmen, der dei hadde 9 kyr. — Heime i 1948 (4).
541. *Hjelle, Ragna Severinsd.*
f. 4/10 1895. Til Seattle i nov. 1925 til systera Karen, som hadde vore heime på besøk. Hadde huspostar og arbeidde på cannery i Alaska. I

- 1933 g. m. Fridtjof (Fred) Holmgren, f. i Hammerfest. Han har vore båteigar, driv fiske. — Medl. av D. o. N. og Sunnmørslaget. Heime i 1948 (4).
542. *Hjelle, Ivar Severinsen*
f. 13/2 1900. (Ivar Hille). Var fiskar før han utv. til Seattle i jan. 1924. Same yrket der, mest kveite- og tunafiske. G. m. Isabel, av norsk ætt. — Heime 1936/37 (3).
543. *Hjelle, Karen Sivertsd.*
f. 15/8 1875. Reiste til sjøs 18 år gamal og vart gift med ein hollandsk styrmann i 1901. Dei busette seg i Holland, der han døydde frå kona og ei dotter i 1903. Karen reiste då ut til sjøs att. I 1907 gifte ho seg med ein annan hollending, Montens. Han døydde i 1946. 4 born. — Heime på besøk i 1947, då ho ikkje hadde sett syster si på 40 år. — Lengste tida har ho budd i Rotterdam, der nokre av borna bur. Sjølv bur ho i Laren N. H. Alle fem borna er gifte. Minst 8 barneborn.
544. *Hjelle, Karl Johan Sivertsen*
f. 4/8 1857. Reiste tidleg ut som sjømann, slo seg ned i England og gifte seg der. Døydde ca. 1930. Dottera Gertie er gift med ein engelskmann.
545. *Hjelle, Lars Peter Sivertsen*
f. 18/1 1873. Var sjømann på kystbåtar i Noreg og budde ikkje i Sykkylven etter at han vart gift med Marie Mange frå Romsdalen. Andrekona, Hilma, var frå Hammerfest. Ei dotter av siste ekteskap. Då han vart enkjemann andre gongen, reiste han ut som sjømann og gjekk i land i New Orleans ca. 1910. Han omkom ved ulukke på ei ferje ved Seattle ca. 1950.
546. *Hjelle, Ludvig Sivertsen*
f. 18/9 1864. Var bakarsvein hos Frøland i Ålesund før han utv. over Bergen til Amerika i april 1887. Var i Dawson-distriktet på gullgraving. Vart drepen i ei gruve i Gold Run av jord som fall over han.
547. *Overaa, Torkjell Knutsen (Hjelle)*
f. 27/5 1920. Kom under krigen til Little Norway, Canada, som flygar. Kom heimatt og gifte seg etter krigen med ei engelsk jente, Marjorie, som han vart kjend med i Canada. I sept. 1946 reiste dei til Toronto, der dei budde til dei flytte til Seattle i 1951. Han driv bygningsarbeid, og i sesongen sildefiske i Alaska. Born: Karsten og Susanne.
548. *Hjorthol, Bastian Bastiansen (Jørng.)*
f. 27/1 1890 på Riksheim, der faren hadde kjøpt plass (Kjerepl.). Voks opp på Hjorthol, der faren kjøpte gard. I aug. 1910 til Wash. til halvbroren

Peter. Skogsarbeidar i Polson og Clemens. Dreiv hotell i Seattle i lag med broren. Har budd lengst i Alaska, men har ikkje drive fiske. Er no vaktmann for cannery i Ketchikan. Heime i 2 ½ år og returnerte i okt. 1922. Heime på besøk sumaren 1956. Ugift. Skriv seg for *Bob Dahl*.

549. *Hjorthol, Johan Bastiansen* (Jørng.)
f. 1/7 1882 på Riksheim. (John B. Dahl). Halvbror til førnemnde Bastian H. Voks opp på Hjorthol. Var snikkar då han utv. til Wash. i febr. 1902. Var ei tid i skogen, m. a. i Jackson camp. Var og i Alaska. Har drive hotell i Seattle, såleis i 1920-åra. Har vore gift. Har visst to søner og ei pleiedotter.
550. *Hjorthol, Martin Bastiansen* (Jerng.)
f. 12/8 1884 på Riksheim. (M. Dahl). Til Wash. i febr. 1903. Var sjømann og fiskar. Ei tid 3.-styrmann ombord på rutebåt mellom Alaska og Seattle. Dreiv hønseri utanfor Seattle. Hadde hotell i Seattle. Døydde ugift i 1953.
551. *Hjorthol, Peter Bastiansen* (Jørng.)
f. 15/6 1875. Halvbror til førnemnde Martin Hj. Mor hans var Severine Nilsd. Brunstad. Ho døydd då han var 4 år. Han budde på Brunstad ved konfirmasjonen i 1890. Utv. til Wash. i april 1900. Kom snart til Dawson på gullgraving i lag med Peter Fausa. Heimatt ca. 1903, løyste gard og bygde hus. Gifte seg med Bastiane Eidem. Til Amerika att i mars 1910 og arbeidde i skogen i Wash. (Jackson camp og litt i Polson). Dreiv brubygging i B. C. Heim for godt i 1912. Døydde 3/10 1941.
552. *Hjorthol, Knut Iversen* (Larsg.)
f. 5/1 1874. Hadde vore tømmermann i Oslo i to år då han reiste til broren Pete Iversen i Alaska i april 1900. Var i Klondike heile tida i minene til broren, som i 1901 var heime i Noreg med familien. Knut styrde då minene. Heim for godt i 1903. Tok garden.
553. *Hjorthol, Peter Iversen* (Larsg.)
f. 19/9 1868. (Pete Iversen). Nest eldst av 9. Var snikkar då han utv. til Tacoma i mars 1891. Reiste til Knut og Louis Langlo. Kom til Tacoma med 10 dollars i lomma. Dårlege tider. Gjeikk rundt i gatene, fekk små-jobbar av ymse slag. var m. a. skorteinsfeiar. Tre mnd. seinare til San Francisco, dit han kom med ein kapital på 2 dollars. Arbeidde på farm hos Bastian Velle og Lars Blindheim om sumaren og hos ein skotte om vinteren (køyring, mjølking etc.) I fire sumrar arbeidde han med høypressing. Det var det hardaste arbeidet han nokon gong var med på. I 1895 g. m. Regine Langlo, syster til Langlo-brørne han reiste til. Leigde ein liten farm, men arbeidde med høypresse samtidig. Hadde farmen i

2 ½ år, med ein tenar. I aug. 1897 til Dawson. Kom fram 29. sept. Arbeidde for Langlo-karane som hadde claim på Eldorado. Hausten 1898 reiste dei heim, og Peter skulle då styre arbeidet og få halvparten av utbyttet. Det vart 60 000 dollars brutto. Av dei 30 000 måtte han betale alle utgifter. så det vart omlag 5000 dollars netto på han. Fekk seg no eigen claim, nr. 14 på Gold Run, og kjøpte part i ein annan. Kona og dei to borna budde i Calif. Om sumaren reiste han dit og tok dei med til Tacoma då han reiste nordover att. I sept. reiste han med familien til Scagway. Hadde kjøpt dampkjel til prospekting og mykje proviant. Måtte betale 800 dollars i toll for det han hadde med seg. Ein gong han ikkje var med sjølv, miste han alle varene då ein båt velte. Kona og borna måtte reise 50 miles i gummibåt. Dei var i Klondike vinteren over. Flytte så til Tacoma, der han starta lakse-cannery i lag med 3 andre sunnmøringar. Sette 15 000 dollars i det. Åtte og i cannery i Alaska. Reiste til Noreg med familien i febr. 1901. Eit år etter fekk han brev frå Alaska om at det gjekk dårleg. Reiste då tilbake. Miste mykje av det han åtte. Familien kom over att i 1903. I 1906 reiste han frå Klondike for godt. Selde to gruver for 40 000 dollars for kvar. Kom til Puyallup, Wash., bygde landhandleri som han dreiv til 1920. Leigde det bort og kjøpte farm. Planta bringebær og dreiv med dyrking av det sidan. Dei siste åra også blomster. Farmen er på 13 acres. Bygde nytt hus i 1950. — Born: Anne, Ingvald, Ester og Rudolf (571), den siste f. i Sykkylven.

Pete Iversen er vel ein av dei sykkylvingane som har hatt den mest dramatiske karrieren i Amerika, med mange strabaser, med mykje vinning og mykje tap. (Sjå: Kjolås: Gull).

554. *Hjorthol, Hans Johan Jensen* (Peg.)

f. 21/4 1895. (John Dahl). Til Wash. i mars 1914, til broren Ole i Polson. der han var i tre år. Så til Butte, Montana i koparmine. Var der i vel to år i lag med Hans Lade og Oskar og Hans Henningsen (Hole). Tilbake til Hoquiam, 4 år i skogen. Er no kjelesmed for Northern Pacific-jernbanen og bur i Tacoma. Medl. av S. o. N. og Eagles. G. m. Margaret Madden. Born: 1. John, lærar, g. m. Violet Holderman. (Ei dotter). 2. William, maskinist på jernbane, g. in. Patricia Kepper.

555. *Hjorthol, Ole Jensen* (Peg.)

f. 12/1 1888. Til Wash. i mars 1909. Var donkey-styrar i Polson. Heim for godt julaftan 1914.

556. *Hjorthol, Ingvald Knutsen* (Larsg.)

f. 19/4 1907. Til Wash. i sept. 1926. Var i Polson eit par år. Deretter på cannery i Alaska om sumrane og trearbeid i Seattle om vintrane. Har og drive silde- og kveitefiske. Under krigen 4 år i marinen, i Stille-

havet, Japan osv. Etter krigen har han budd i Renton, Wash. Reiser rundt som oppkjøpar av fisk for cannery. Kona, Cora, er av svensk ætt. Ei dotter, Karen Gunhild.

557. *Hjorthol, Anna Larsd.* (Pålg.)
f. 19/12 1887. Til Everett, Wash. til systera Lovise i mars 1907. G. m. Karl Hegg frå Hommelvik. Heim for godt ca. 1912. Anna er longe død.
558. *Hjorthol, Lovise Larsd.* (Pålg.)
f. 1/3 1882. Til Tacoma ca. 1899. Budde i Everett nokre år. G. m. sjøkaptein Gustav Nelson (svensk). Han reiste på kysten med seglskute. Dei hadde fast bustad på liten farm nær Aberdeen, Wash; men familien fylgde han til sjøs i mange år før borna var skulepliktige. Mannen slutta sjøen og vart jernbanearbeidar. Han vart overkøyrd i bilen sin av toget. 2 døtrer. Eit barnebarn og eit barnebarnsbarn.
559. *Hjorthol, Ingvald Larsen* (Pålg.)
f. 8/7 1894. (Ingvald Larsen). Var skomakar ute på Øyane før han utv. til Hoquiam i mars 1913. Prøvde skogsarbeid, men treivst ikkje med det. Var med svogeren på seglskuta hans til Sør-Amerika. Fekk malaria og var dårleg i magen i mange år til han vart kurert av ein China-doktor. Var skomakar i San Pedro og Los Angeles. Heime på besøk i 1936/37 (6) og reiste no til Seattle, der han er skomakar. Kona heiter Carie.
560. *Hjorthol, Lars Larsen* (Pålg.)
f. 5/8 1891. (Louis Dahl). Til Everett, Wash. til syskena i mars 1907. Ei tid i skogen. Gjekk styrmannsskule. Tok am. borgarskap og var med i marinen i fyrste verdskrig ((i Frankrike). Vart såra og operert i lungene. Fekk invalidepensjon. Bur no nær Seattle og driv hønseri. Kona, Eleonora, er fødd i Bergen. 3 born. Barneborn. Heime i 1931 (6).
561. *Hjorthol, Olivia Martinusd.* (Jørg.)
f. 22/4 1898. Til Seattle i okt. 1923. Huspostar. Skreiv seg for Olivie Dahl då ho vart gift med sagbruksarbeidar Karl Kirkwold frå Tønsbergkanten. Bur i Tacoma. Born: Kenneth, Bernhard og Edward. Eit barneborn (1951).
562. *Hjorthol, Andreas Olsen* (Plassen)
f. 25/5 1876. (Andrew Dahl). Var snikkarlærning då han utv. til Amerika i mai 1900. Var i skogscamp i Preston eit år, deretter 11 år på gullgraving i Alaska. Har drive jernbane- og bygningsarbeid i Wash. og B. C. Sidan ca. 1935 har han budd i Calif. Sjøfør, farmarbeidar osv. Bur no i Los Angeles, der han har vore gartnar sidan 1942. Medl. av S. o. N. Ugift.

563. *Hjorthol, Birger Pettersen (Jørng.)*
f. 8/10 1908. (Berger Dahl). Til Seattle i mars 1927. Fekk arbeid på slepebåtar. Dreiv ei tid sardiniske. Under krigen på skipsbyggjeri. Budde i Calif. i 8 vintrar. Pa laksefiske i Alaska i 17 sumrar. Etter krigen mest skogsarbeid om vinteren. Bur no i Anchorage, Alaska.
564. *Hjorthol, Johan Pettersen (Hjortalsgjerde)*
f. 27/2 1891. Var skomakar då han utv. til Wash. i mars 1910. Skogsarbeid ved Hoquiam. Sidan fiskar. Fekk eigen fiskebåt. Omkom ved ein eksplosjon ombord. Ugift.
565. *Hjorthol, Petter Pettersen (Plassen)*
f. 5/10 1905. Til Seattle i mars 1924. Arbeidde i 23 år i skogen i Clemens, Polson og andre campar i Wash. og Oregon. Var fyrbøtar på steamdonkey og styrde «power shovel» for vegarbeid i campen. Etter krigen kjøpte han bilverkstad i Pacific Beach, Wash., der han no bur. Har aksjar i finérfabrikk og tenkjer på å gå over til det. G. m. Aileen Pearce, av engelsk ætt. Ingen born. Er frimurar og medl. av Eagles. Heime i 1947 (3).
566. *Hjorthol, Anne Marie Syversd. (Jørng.)*
f. 30/7 1872. Til Concord, Calif. i april 1891 til Bastian Velle. Derifrå til San Francisco. G. m. Frank Williams, som var sjef i eit hotell. Heimen deira vart samlingsstad for norske, eit «little Norway». Ho tok seg mykje av nykomarar, fylgde dei ut i byen og fekk dei plass, og i heimen trakterte ho og mannen med god mat (mannen var utlærd kokk). Dei tok seg 6g av norske som vart sjuke. Ho døydde 1/9 1950. Born: 1. Rose, g. Nelson. 2. Marie, g. Jaeger. 3. Alice, g. Casty. 4. Alvena, g. Stamper. 7 barneborn og 2 barnebornsborn (1951).
567. *Hjorthol, Karen Jensine Syversd. (Jørng.)*
f. 28/6 1870. (Jenny Sundquist). I mars 1896 til systera Anne Marie i San Francisco, der ho budde sidan. G. m. snikkar Sundquist (svensk). Born: 1. Karl, g. m. Louise. 2. Alfred, g. m. Marie. 3. Selma, gift. — Dei som kjende Karen Jensine, karakteriserar henne som «a wonderful person». Ho døydde i 1926.
568. *Hjorthol, Lovise Syversd. (Jørng.)*
f. 18/2 1879. Både ho og systera Karen løyste pass til Calif. 17/3 1896 og reiste i lag dit. Budde i San Francisco sidan. G. m. snikkar Joachim Olsen frå Lilleås i Norddalen. Born: Lester og Ernest. Lester er gift og har ein son. Lovise døydde om lag på same tid som systera Karen.
569. *Grebstad, Marie Johansd. (Hjorthol)*
f. 1905. Til Wash. i okt. 1923. Var ei tid i camp 10 i Polson som kokke. G. m. Amandus Blindheim (171) og bur i Hoquiam.

570. *Grebstad, Inghard, Johansen* (Hjorthol)
f. 2/10 1900. (Ed Gr.). Halvbror til førnemnde Marie Gr. Stod på butikk hos faren før han utv. til Seattle i febr. 1924. Var i skogen som kokk og ei tid på verkstad. Sidan fiskar og kokk ombord. Bur i San Pedro. Calif. og har lenge vore med båten til Ivar Gjersdal. Kona heiter Ethel. Born: Ruth og Eileen, begge gifte. 3 barneborn.
571. *Iversen, Rudolf* (Hjorthol)
f. 3/11 1902 på Grebstad. Son til Pete Iversen (Hjorthol) og kona Gina. Fylgde mor si til Amerika i april 1903. (Sjå 553).
572. *Hole, Johan Amundsen* (Haugen)
f. 5/9 1885. Til Calif. i mars 1904. Arbeidde i vinhage. Snikkararbeid i San Francisco i lag med Lars Hole, som han og fylgde til gruvearbeid i Silverton, Colorado. Heim for godt i 1909. Kjøpte garden. Døydde av tub. 10/10 1916.
573. *Hole, Berte Ellingsd.* (Olag.)
f. 1/6 1882. Til Tacoma i sept. 1904. I 1905 g. m. Karl L. Hole (frå Knutg.).
Budde i Puyallup, der mannen dreiv farm. Fekk dottera Borghild der. Heim for godt i 1908. Dottera Anna, f. 1909, reiste sidan til Amerika. (591).
574. *Hole, Petter Ellingsen* (Olag.)
f. 30/1 1890. Landbruksskule. Til Wash. i mars 1907. Mest i skogen ved Hoquiam og i New Westminster B. C. Heim for godt ca. 1913. Tok garden.
Døydde ugift av spanskesykja i 1918.
575. *Hole, Anna Jensd.* (Holen)
f. 1/2 1887. Til Calif. i mars 1904 til tanta, Mrs. Williams, i San Francisco. Var der til etter jordskjelven, då ho flytte til Wash. (Tacoma, sidan Seattle). Frå 1937 i San Francisco att. G. m. skreddar August Froderberg (svensk), som døyddde ca. 1936. Born: 1. Oscar, g. m. Karoline Miller. 2. Arthur, g. m. Doris Odmund. Begge sønene bur i Seattle. Oscar er i poststellet, og Arthur er førar av Greyhound-buss. 3 barneborn (1951). Medl. av D. o. N. Heime i 1923 (6) og 1947 (7).
576. *Hole, Cornelia Jensd.* (Jog.)
f. 14/5 1900. I 1950 til Tacoma til systera Inga. Arbeider hos ein Ford-forhandlar. Heime på besøk sumaren 1955. Ugift.
577. *Hole, Inga Jensd.* (Jog.)
f. 18/10 1892. Til Wash. i april 1912. Skulle ha reist med «Titanic» når den kom att, men den kom ikkje att. Har budd i Tacoma sidan. G. m.

Olaf Andersen frå Langevag. Born: 1. Arnold, g. m. Ray Case. 2. Astrid, g. m. Elmer Mobraaten. 6 barneborn (1951). Medl. av D. o. N. og luthersk frikyrkje. President i Ladies' Aid.

578. *Hole, Lovise Jensd.* (Holen)
f. 9/8 1889. Til Tacoma i mars 1907. Etter kort tid i Puyallup og Tacoma kom ho til Seattle og har budd der heile tida. bortsett frå 9. mnd. i San Francisco og 6 mnd. i Alaska. Hadde huspostar før ho gifte seg i 1924 med Johan Sellereite frå Hjørundfjord. Born: John, Loraine og Irvin. John er fiskar, Loraine er gift med sakfører David Webber, og Irvin er ingeniør. — Medl. av Sunnmørslaget. Heime på besøk i 1951 (3).
579. *Hole, Olivia Jensd.* (Holen)
f. 1/12 1905. Nest yngst av 10. Til Seattle i okt. 1923. G. m. bygningsmann Hans Åstad frå Nordmør. Ingen born. Medl. av D. o.N. og Sunnmørslaget. Heime på besøk i 1938.
580. *Hole, Kristian Jensen* (Holen)
f. 7/8 1885. Utv. over Trondh. Kra. i mai 1906. til Des Moines, Iowa. I emigr.prot. står: «Skal bli fabrikarbeider.» Fekk sidan ein brå død (ca. 1920) i Nevada og er gravlagd der.
581. *Hole, Lars Jensen* (Jog.)
f. 6/2 1903. Yngst av 6. I mars 1922 til systera Inga i Tacoma, der han har budd sidan. 5 år på sagbruk, 2 år på jernbane, 1 år på kokosnøtt-raffineri, sidan på støyper i over 20 år. I 1927 g. m. Henny Johnsen, norsk. Born: 1. Phillis g. m. Herman Mc Dowell (to born). 2. Anita. Medl. av songkor og S. o. N.
582. *Hole, Peter Jensen* (Holen)
f. 25/5 1903. Skulle reise til Amerika i mars 1922, men hadde sti på auga og vart heimattsend frå Bergen, då dei var redde for ein russisk auge-sjukdom. I april kom han av stad, til sysken i Seattle. Skogsarbeid nær byen. I Alaska på cannery og køyrde donkey som dei brukte ved bygging av laksetrappar. Heim for godt til jul 1930. Kjøpte sidan gard og bygde stovehus.
383. *Hole, Sivert Jensen* (Holen)
f. 3/2 1892. Til systera Mrs. Froderberg i Seattle i mars 1911. Var mange år i skogen ved Hoquiam og i Pacific State Logging Co. ved Tacoma. På cannery i Alaska (Hawk Inlet o. a.) Farmarbeidar under depresjonen. Frå 1932 i Tacoma. Er fyrbøtar for Defiance Lumber Co. G. m. Anna Evans, av austerriksk ætt. Ho er katolikk. Ingen born. Medl. av «Balder» i Seattle og av Sunnmørslaget. Heime i 1928 (9).

584. *Hole, Margit Johansd.* (Haugen)
f. 21/5 1914. G. m. Arne Framhus. Dei utv. til Amerika i 1951. Heime på besøk i 1953 (3).
585. *Hole, Klaus Johansen* (eller Strømme)
f. 18/7 1893. (Charley Johnson). Til Wash. i april 1912. Skogsarbeidar på Vestkysten. Har vore gift og har to born. Bur no i Alderwood Manors, Wash.
586. *Hole, Olav Johansen* (Nakken)
f. 7/4 1914. Var småbrukar på Hole og formann for møbelfabrikk i Sykkylven før han utv. i mai 1949 med kone og son, til ein onkel som var farmar i N. Dakota. Arbeidde på farm om sumaren, så til Seattle, der han er møbeltapetserar. Medl. av S. o. N. Ei dotter Laila f. 1951 i Seattle.
587. *Hole, Nelly* (Nakken)
f. 23/12 1915 på Helstad (Stranda). G. m. førnemnde Olav J. H.
588. *Hole, Jan Norman* (Nakken)
f. 17/9 1944 i Sykkylven. Son til dei to førnemnde, Olav og Nelly H.
589. *Hole, Peter Johansen* (Nakken)
f. 22/7 1900. Elektrisk montør. I mars 1922 til Wash. I 1937 var han heime i Noreg og gifte seg med Marie J. Tusvik. Reiste over att åleine. Kona skulle kome etter, men det gjekk ikkje slik. 1 ½ år seinare fall han ned frå ein telefonstolpe og vart lam nedanfor beltet. Fekk invalidepensjon. Gjekk på skule for å lære å gå att. Det sette seg kolbrann i ein fot, og han døydde i Seattle i 27/3 1952. Urna kom heim til Sykkylven.
590. *Hole, Aasmund Johansen* (Haugen)
f. 22/6 1911. Kona, Hjørdis, er fra Ørskog og bur der. Han reiste til Tacoma i jan. 1953.
591. *Hole, Anna Karlsd.* (Olag.)
f. 10/4 1909. Til farbroren Peter Hole i Puyallup i okt. 1930. Begge foreldra hadde vore i Amerika. Huspostar i Seattle. I 1936 g. m. Bernhard Sandvik frå Erstad. Ingen born. G. 2. m. Olav Aurdal. Bur i Seattle. Born: Oddvar og Phillip. — Medl. av D. o. N. Heime i 1939 (6) og 1946-47 (8).
592. *Hole, Olave Kristiansd.* (Holen)
f. 29/9 1861. I april 1888 til Mpls. Arbeidde på hotell der og døydde tidleg. Ugift.

593. *Hole, Anna Larsd. (Jørng.)*
f. 8/3 1885. Arbeidde på fabrikk før ho utv. til Wash. i april 1911. Reiste med «Olympic» som vart påkøyrd av kryssar. Skipet flaut på vanntette skot og kom seg inn att til England. Mykje bagasje vart vannskadd, men symaskinen til Anne var like god. Arbeidde på hotell. Var gift i kort tid. Mannen tok bryllaupspresangane og reiste frå henne. Ho døydde i Seattle i 1920.
594. *Hole, Hans Larsen (Jørng.)*
f. 25/4 1889. (Hans Henningsen). Til San Francisco i febr. 1906. Arbeidde i vinhage nær byen og på høypresse eit år. Gullgraving i nordlege Calif. I blymine i Silverton, Colorado, 12000 fot over havet. Tolde ikkje klimaet og reiste til Polson, der han var i 3 år. I 1909—1910 på gullmining i Juneau. Der var ikkje tømra i mina. Hans og ein annan oppdaga ein brest i fjellet, sa frå til basen og gjekk sin veg. Dagen etter vart 59 mann drepne der. Reiste til Butte, Montana, der han arbeidde i koparmine i 3 år. Styrde elektrisk motor og tente godt, men det var ein fæl varme i mina. Frå 1919 var han eit par år i skogen att. Har sidan budd i New Westminster B. C. som bygningsmann og kontraktør. G. m. Annie Åland frå Jemtland. Born: 1. Jean, lærarinne og misjonær på Cuba. 2. Harald, kontraktør, g. m. Kathleen Hughes. 3. Eileen, g. m. Robert Drummond. 4. Donald, kontraktør i kompani med faren. 5. Raymond, g. m. Merle Nickelsen. — 2 barneborn (1951). Heime på besøk i 1949 (6).
595. *Hole, Karl Larsen (Knutg.)*
f. 28/7 1871. Var bygningsmann då han reiste til broren Peter i San Francisco i april 1892. Vart oppvaskar på kafé og lærde språket. Så jernbanearbeid. Til Alaska på minearbeid i lag med Pete Iversen i 1897. Heime i Noreg 1900—1902. Så farmar i Puyallup. Heim for godt i 1908. Kjøpte fyrst Nygarden på Hole. Då bror til kona døydde, kjøpte han Olagarden. Døydde 3/12 1945. (Sjå G. Kjølås: Gull).
596. *Hole, Lars Larsen (Jørng.)*
f. 27/3 1887. Til San Francisco i mars 1904. Eit par ar i vinhager og på farm. Etter jordskjelven til San Francisco på bygningsarbeid. Tre år etter til gruve i Silverton, Colorado. Heime i Noreg 1909—12. Hadde tinga plass på «Titanic», men kom ikkje med. Bygningsarbeid i New Westminster B. C. Minearbeid for dagløn i Fairbanks. Hadde part i mine som han selde til Bastian Klokkehaug. Heim for godt i 1916. Kjøpte urudt stykke og 20 mål utmark på Tynes. Bygde begge husa.
597. *Hole, Ludvig Larsen (Jerng.)*
f. 17/5 1900. (Lud Henningsen). Var elektrikar då han utv. til Seattle over Canada i mai 1923. Venta på «kvote» i 14 dagar i Vancouver før han

kom inn i Statane, til skogscamp i Grays Harbor, Wash. Sidan kaiarbeid og jernbanearbeid. Dei siste 3 åra skogsarbeid i Polson camp 14. Heim for godt i 1928.

598. *Hole, Ole Peter Larsen (Jørng.)*

f. 30 10 1880. Til Iowa i febr. 1899 til Peter og Tore Grebstadgjerde i Little Turkey. Arbeidde på farmar i Iowa i tre år. Reiste gjennom Texas til Calif. i lag med broren Peter. Ein sumar høypressing på akkord for ein tyskar i Contra Costa. Var sidan på tunnelarbeid, i gullmine og på druefarm, alt i Calif. Heim for godt hausten 1905. Døydde 19/8 1957.

599. *Hole, Oskar Larsen (Jørng.)*

f. 23/8 1896. Var stor etter alderen då han som 15-åring fylgde broren Lars til Amerika i april 1912. Vart hjelpegut ved bygningsarbeid i New Westminster B. C. Skogsarbeidar i Polson-campane 6 og 2, m. a. som «hucktender». I koparmine i Butte i lag med broren Hans. Heime i Noreg 1921—1923. I mai over til Wash. att, til Polson. Heim for godt i 1926. Kjøpte garden på Brudevoll der kona er frå. Flytte ut etter utskifting og bygde alle husa.

600. *Hole, Peter Larsen (Jørng.)*

f. 22/5 1883. Til Iowa i mars 1901 til broren Ole, som han 9 mnd. seinare fylgde til Calif. Farmarbeidar m. a. hos Lars Blindheim. Var gartnar for eit vinkompani. Skogs- og sagbruksarbeidar. I alt 4 år i Calif. Heim i 1905. I mars 1907 til Calif. att. Fyrst høypressing. Snart etter i gullmine i Nevada City, derifrå til sylv- og koparmine i Colorado. Var plaga av nasebløding og pustevansker fordi det var så høgt over havet. Heim til Noreg i 1908. I 1912 på gullgraving i Finnmark. Kjøpte Bøtelg. på Drabløs i 1915 og gifte seg med Berte Drablos. Måtte flytte ut etter utskifting; og bygde nye hus. I mars 1924 til Amerika for tredje gong. Arbeidde i skogen i Wash., m. a. i Polson-campane 1 og 10. Heim for godt til jul 1925.

601. *Hole, Peter Larsen (Knutg.)*

f. 10/5 1868. Over Bergen til Minneapolis i april 1888. Hadde ingen a reise til. Dreiv jernbanearbeid for Northern Pacific i Mpls og i Helena, Montana. Etter eit år til Tacoma på sagbruk. Sumaren 1891 på vinfarm i Calif. I 1890-åra til Alaska på gullgraving, m. a. i Klondike. Til Wash. att i 1900, gifte seg med Anna Langlo (312). Kjøpte farm i Puyallup, 20 acres for 100 dlr. pr. acre. Forfattaren Knut Takla vitja han der i 1906 og fortel at Peter då dreiv rasjonell farming med høy, humle og bær, og at han kunne få 10 000 dlr. for farmen eller 500 dlr. pr. acre, men at han ikkje ville selje. «Nok så pen profit paa 5 år», skriv Takla. Heime i Noreg 1901—1902 (9). Eldste sonen, Leif, vart fødd på Grebstad.

Sidan 1902 har Peter budd i Puyallup. Har i seinare tid drive blomsterdyrking, t. d. påskeliljer. For nokre år sidan leigde han bort farmen. Born: Leif, Odwin og Alice. Odwin er g. m. Evelyn Hammersmith. (Sjå elles 497).

602. *Hole, Anna Olsd. (Øyen)*
f. 6/9 1884. Til Iowa i mars 1899 i fag med broren Hans, til morbroren Tore L. Grebstadgjerde i Little Turkey. Var då 14 ½ og vart konfirmert tre veker seinare. Huspost hos framande i New Hampton. Etter 2—3 år til St. Paul, der ho har budd sidan. 1. g. m. Andie Heidecker, av svensk-norsk-tysk ætt. Han var jernbanemann og døydde i 1925. Ei dotter. Marjorie. I 1927 g. 2. m. Victor Strand frå Michigan, av svensk ætt, tilsett ved Union Depot. I 1916—17 var ho og dottera heime i Noreg eit år.
603. *Hole, Hans Olsen (Øyen)*
f. 2/9 1881. Til Iowa i mars 1899. Farmarbeidar i lag med Peter L. Hole (Jørng.) og Ole Peter L. Hole. Heim etter nokre år og arbeidde som snikkar. I mars 1907 til Calif. På farm hos Lars O. Blindheim og på mining i Silverton, Col. Heim i 1908. Hadde tenkt å løyse farsgarden, men kjøpte i 1911 Bodagarden på Drotninghaug. I mars 1924 til Amerika for tredje gong, no til skogen ved Hoquiam. Var denne turen heimanfrå i 3 år 3 mnd. og 3 dagar. Bygde stove, løy og sel. Døydde 17/12 1951.
604. *Hole, Hans Johan Olsen (Øyen)*
f. 4/3 1890. Til San Francisco i mars 1907. Fylgde broren Hans som reiste andre gongen. På vinfarm, sagbruk og i gullmine i Calif; i gullmine i Alaska; snikkararbeid i Vancouver B. C. og i Mpls. (for onkelen Louis Larsen (468)). Skogsarbeid i Polson. Sidan 1928 har han budd i Tacoma. I 1914 g. m. Anna Skaden frå Gudbrandsdalen. Born: 1. Arnold, jernbanemann, og 2. Lloyd. Begge gifte. — Medl. av Human Brothers-losjen og S. o. N. Heime i 1948 (6).
605. *Hole, Lars Olsen (Øyen)*
f. 4/1 1893. Til brørne i B. C. i mars 1911. Har drive snikkararbeid, ei tid i Los Angeles, men mest i Chicago, der han no bur. Fyrstekona. Nanna, var frå Nord-Noreg. Ei dotter, Norma, f. 1921. Ho var med faren heim i 1927 medan han var enkjemann. Andrekona er Anna, f. Solheim, frå Hafslo i Sogn. Dei var heime på besøk i 1951 (3).
606. *Hole, Martinus Olsen (Knutg.)*
f. 3/12 1878. (Matt Olsen). Gjeikk på lærarskulen, men slutta og reiste til Amerika, truleg i 1898. Har vore mykje i Alaska. Var ei tid i lag med Edvard Kjemphol. Har ikkje hatt kontakt med heimbygda på lang tid. Siste kjende adressa hans skal vere High Bluff, Manitoba. Ei dotter bur i Tacoma.

607. *Hole, Oluf Olsen (Øyen)*
f. 13/9 1897. (Olaf Hale). Dreiv fiske far han utv. til Mpls. i okt. 1920. Var murar eit par år, sidan snikkar der og i Los Angeles i kortare tid. Så bygningsarbeid i Chicago, der han bur no. I 1932 g. m. Anna Sørensen. Born: Joanne og Gordon. — Medl av S. o. N. Heime i 1927 (3) og i 1950 (2).
608. *Hole, Peter Olsen (Øyen)*
f. 17/6 1887. Utv. vel 15 år gl. til onkelen Tore L. Grebstadgjerde i Minn. i jan. 1903. Derifrå til Calif. i lag med broren Hans. To år på fruktfarm i Contra Costa. Kjørde døtrene til farmaren til skule og fekk gå på skule sjølv med det same. Ymse jobbar i San Francisco, m. a. hos ein fotograf, og på Union Iron Works for å bli skipsbyggjar. Reiste frå byen 14 dagar før jordskjelven, til minene i Nevada City, Calif. i lag med Peter L. Utgaard og Johan Riksheim. Etter 2—3 år der var han kort tid i Silverton, Colorado hos Bastian Tu. Vart sjuk av den tynne lufta og reiste til Vancouver B. C. i 1907. Fyrst på fryseri. Sidan som einaste sykkylving i skogscamp på Vancouver Island. Der var mest kinesarar. Peter var der eit år som donkey-styrar. Kom heimatt og reiste i 1915 til Alaska til gullmine nær Fairbanks. Derifrå til eit anna gullfelt der han dreiv mine i lag med Peter og Lars Hole, Ben Petersen (677) og ein bergensar. Selde sin part og reiste til Calif. Heim for godt i 1917. Kjøpte garden og bygde nye stovehus.
609. *Hole, Berte Petersd. (Reitepl.)*
f. 12/2 1888. Til Tacoma i mai 1911, til morbroren Ole Grebstad (485). To år etter til Seattle. G. m. Anton Strom (842).
610. *Hole, Anton Edvard Petersen (Reitepl.)*
f. 9/9 1891. (Ed Peterson). Var bakarlærling då han utv. til Tacoma i mai 1909. Arbeidde i skogen til 1914. Var i det militære i to år, men ikkje i Europa. I 15 år maskinist på slepebåt. Sidan arbeidar på finérfabrikk. G. 1. m. Martha Steeley, som døyddde i 1944. Born: Karl, Doris, Evelyn og Ed. Alle gifte. 8 barneborn (1951). I 1948 g. 2. m. Dora Mason, enkje med ei dotter. — Bur i Hoquiam, Wash.
611. *Hole, Karl Petersen (Nakken)*
f. 9/9 1875. Teneste på Helsem, sjobudarbeid i Ålesund, og i smedlære på Sjøholt. Til Seattle våren 1896 til syskenbarnet Severin Grebstad. Kunne betale billetten etter eit år i skogscamp i Preston. Etter nyår 1898 til Dawson i lag med Andreas O. Hjorthol. Arbeidde på claimen til Pete Iversen. Hausten 1905 heim til Sykkylven. Gifte seg til Velle, der han har budd sidan som gardbrukar og smed. Bygde nye hus. I febr. 1923 til Amerika att. Var smed på lakse-cannery i Ketchikan. Heim for godt etter 3—4 år.

612. *Lødøen, Ole Knutsen* (Hole, Bøen)
f. 1872. Kom til Sykkylven i 1903 og kjøpte plass på Hole. Var gift då han reiste til Wash. i mars 1910. Kom snart til Vancouver B. C., der han var i tre år som snikkar og bygningsmann i lag med Martinus Hjelle. Vart sjuk og kom heim for godt i 1913. Døydde av kreft 1/11 1913.
613. *Lødøen, Knut Olsen* (Hole, Bøen)
f. 31/12 1901. (Knut Lodeen). Son til førnemnde Ole L. Var vegarbeidar før han utv. til B. C. i mai 1924. To år etter til Hoquiam og var i mange år i Polson. Sidan til Seattle som fiskar. Har vore med i kappleik på fele i Sunnmørslaget. G. m. Junice Nye, av norsk ætt. Ingen born.
614. *Lødøen, Olaf Olsen* (Hole, Bøen)
f. 15/3 1907. Til Wash. i sept. 1926. Skogsarbeid ved Hoquiam i to år. Eit år på elektroteknisk skule i Chicago. Tilbake til skogsarbeid, sidan vegbygging. Bur i Hoquiam. G. m. Leonora Jensen, av norsk ætt. Born: Olaf og Albertine. Medl. av S. o. N.
615. *Hovden, Bernt Jensen* (Grønhaug)
f. 26/1 1871. Gjekk underoffiserskule i Trondh. Til Mpls. i april 1892 til Jens Davenes. Året etter flytte han til St. James, Minn. Var fyrst farmarbeidar, fekk sidan eigen farm. G. m. Emilia Olsen, som døydde i 1935. Ho var fødd i Amerika av foreldre frå Sunnfjord. Dei kom til Amerika i 1867, tok homestead og budde i jordhytte. Born: 1. Carl, g. m. Gladys Ness. 2. Emma, g. m. Notto Madsen. 3. George, g. m. Loretta Cender. 4. Alfred, g. m. Etsher Barstad, dotter til presten. 5. Arthur, g. m. Cora Nechturn. 6. Erbin, g. m. Alma Larsen. — 12 barneborn (1951). — Heime på besøk 1919—1920. Døydde 5/2 1939.
616. *Hovden, Hans Jensen* (Grønhaug)
f. 7/12 1865. Var skreddar i Bergen og utv. derifrå til Minn. ca. 1900. Var då gift. Budde i St. James til 1923, budde sidan i North Hollywood, Calif., der han hadde ein liten farm. Døydde ca. 1946. To søner og ei dotter.
617. *Hovden, Knut Jensen* (Grønhaug)
f. 18/1 1874. (Steina-Knut). Dreiv fiske før han reiste til Minn. i april 1893. Stelte krøtera til broren Bernt i St. James om vinteren, farmarbeid om sumaren. Heim for godt etter 5 år. Kjøpte Steina-plassen. Døydde 19/11 1927.
618. *Hovden, Andreas Olsen* (Br. nr. 1)
f. 8/10 1872. Var fiskar før han utv. til Dakota i april 1893. til morbroren Iver Hovden. Døydde ung av hjernebetennelse. Ugift.

619. *Hovden, Iver Pettersen* (Br. nr. 1)
f. 10/7 1858. Lærde trearbeid heime. Utv. til Dakota ca. 1888. Hadde visst vore gift i kort tid då han døydde.
620. *Hovland, Olianna Lovise*
f. 14/11 1875. Budde lenge i Sykkylven og var fleire turar i Amerika. Returnerte såleis etter kort besøk heime i okt. 1928 og i jan. 1930 til Seattle. Døydde på gamleheimen i Sykkylven i 1955.
621. *Høirøst, Ingeborg Karlsd.*
i. 21/1 1874. (Inga Odland). I sept. 1905 til Amerika. G. in. farmar Martin Odland frå Stavanger. Dei hadde farm i Minn., har no selt han. Ein son, Karl Johan. — I 1926 var ho heime, skulle sjå att mora, men var ikkje komen lenger enn til Bergen då mora døydde. Tilbake til Minn. i aug. 1926.
622. *Høirøst, Karl Karlsen*
f. 6/1 1872. Over Bergen til Minn. i mai 1894. Var jernbanearbeidar i Grand Forks, og farm- og skogsarbeidar. Fall ned frå eit tre og braut herdabladet, ein annan gong foten. Heimatt til Sykkylven i 1899, arbeidde på teglverket. Til Amerika att i april 1905. Flytte til B. C., der broren Ole hadde farm, og overtok farmen då Ole døydde. Er mest invalid av gikt. Ugift.
623. *Høyrøst, Ole Karlsen*
f. 25/1 1878. Til Minn. i 1899 til broren Karl, som kom heim snart etter. Tok seg land i Montana, sidan arbeidde han opp eit homestead på 160 acres han tok i B. C. Døydde ugift i 1916.
624. *Jarnes, Petra Ragna*
f. 18/4 1909. Arbeidde på fabrikk i Langevåg. Utv. derifrå i juli 1951 til onkelen Ole Hatlemark i Wash. G. m. sunnfjordingen Olav Christoffersen, handverkar i Seattle.
625. *Jarnes, Aslaug (Alice) Hansd.* (Brauten)
f. 8/5 1918. Fylgde mor og sysken til Minn. i okt. 1927. G. m. bilmekanikar Ellstrøm og bur i Hopkins, Minn. 4 søner og 2 døtrer. (Sjå 643).
626. *Jarnes, Bjørg (Betty) Hansd.* (Brauten)
f. 1926. Til Minn. i okt. 1927. Bur i Lima, Peru, der mannen Holbrock er misjonær. 2 søner.
627. *Jarnes, Laura Hansd.* (Brauten)
f. 16/1 1921. Til Amerika i okt. 1927. G. m. lærar Torchelsen og bur i Keen, Texas. Ein son og ei dotter.

628. *James, Carl Hansen* (Brauten)
f. 6/5 1923. Til Minn. i okt. 1927. Arbeider på bensinstasjon. Har vore gift. Ein son.
629. *Jarnes, Haakon Hansen* (Brauten)
f. 4/4 1915. Til Minn. i okt. 1927. Er adventistprest og bur i Brooklyn. Er gift og har to søner.
630. *James, Norman Hansen* (Brauten)
f. 2/3 1911. Utv. i okt. 1927. I forretning i Minneapolis. Er gift og har to søner og ei dotter.
631. *Jarnes, Peter Hansen* (Brauten)
f. 12/2 1909. Voks opp i Sykkylven, men hadde budd eit par år i Spjelkavik og hadde drive fiske og selfangst før han utv. til Minn. i april 1927. Gjekk på skule og vart adventistprest og inspektør for adventistskular. G. m. Lauretta Wilcox frå Texas. Born: Norman og Ann.
632. *James, Sverre (Svenj) Hansen* (Brauten)
f. 11/5 1913. Til Minn. i okt. 1927. Er i forretning i Minneapolis, er gift og har ei dotter.
633. *Jarnes, Lars Bastian Joachimsen* (Rongane)
f. 16/8 1885. Har vore med i Frelsesarmeen sidan han var 15 år. Vart i 1913 tilsett som misjonær i Sør-Afrika, og reiste frå Noreg ved juletider det året. Var 11 år i Zulu og 4 år i Nord Rhodesia. Deretter i 2 år i Transvaal og portugisisk Aust-Afrika. Heim til Noreg i 1930. Vart major med bustad i Trondheim. Seinare fleire høge ombod i Armeen. I nov. 1950 reiste han og kona som representantar for det internasjonale hovudkvarteret for å inspisere misjonsarbeidet i Sør-Afrika. Var der eit år. Hadde før vore på kortare besøk i fleire europeiske land. Var såleis med å organisere Arméens arbeid på Island. Er no pensjonert og bur i Bergen.
634. *Jarnes, Karl Johansen* (Gravapl.)
f. 4/1 1881. (Karl Gjerde). Arbeidde på fabrikk i Langevåg. Gjekk snikkar-skule hos Johan Erstad. Til Mpls. i mai 1906. Då reiste 20 sykkylvingar i lag. Fekk arbeid på snikkarverkstad. Tok snart til med husbygging. G. m. Karen Møll frå Geiranger. Sonen Joseph er fødd i Amerika. Han og mora reiste heim til Noreg hausten 1914, og Karl kom heim to år etter. — I jan. 1924 reiste han til Wash. for å drive fiske. Fekk ikkje plass på fiskebåt og arbeidde i Polson camp 2 i staden. Der i to år. I febr. 1926 til Juneau på kveitefiske. Heim for godt til jul 1928. Døydde 11/4 1956.

635. *Jarnes, Knut Karlsen* (Myrane)
f. 23/11 1890. Var matros ombord i «Aure» og «Romsdal». Til Wash. i april 1914. Var i Polson 1½ år. Sidan sjømann på dei store innsjøane. Var rormann på lastebåtar, med Milwaukee som fast bustad. Dei siste åra har han vore arbeidsudyktig av leddgift. LTgift.
636. *Jarnes, Johan Larsen* (Lillebakken)
f. 1/10 1889. Til Wash. i mai 1910. I Polson campene 1, 6 og 8 i 4 år, m. a. som signalmann. Heim for godt i 1914. Kjøpte garden året etter og bygde nye hus.
637. *Jarnes, Karl Larsen* (Lillebakken)
f. 28/5 1893. Var snikkar då han utv. til Wash. i mars 1914. Skogsarbeidar i Polson. Var heime i Noreg som fiskar frå 1919 til juni 1922. På nytt til Polson og var der no til bortimot 1940. Har sidan arbeidd ved fabrikkar, serleg finérfabrikkar. Bur i Hoquiam. Ugift.
638. *Jarnes, Petter Larsen* (Lillebakken)
f. 21/12 1886. Til Minn. i april 1906. Reiste snart til Vestkysten og vart skogsarbeidar, fyrst i Polson, sidan i Clemens, dit han flytte i lag med Karl Stave. Hadde vore i Amerika berre eit år då han vart alvorleg skadd under skogsarbeid. Levde berre nokre dagar etter ulukka. Gravlagd i Sunset Memorial Park, Hoquiam. Ugift.
639. *Jarnes, Peter Martinussen* (Gjerdet)
f. 24/6 1874. Flytte til Kjemphol. Var gift og hadde tre born då han åleine reiste til Amerika i febr. 1903. Kom til Wash. og dreiv fiske og litt handel med fast eigedom («real estate»). Var ei tid i Fairbanks, men var plaga av gikt og måtte slutte der. Var heime i 1949 (6). Døydde i 1952.
640. *Jarnes, Severine Olsd.* (Legene)
f. 25/12 1859. Til Minneapolis i april 1888. Derifrå til lova. G. m. ein sogning, Lekva, som hadde stor farm. 9 søner, som kom seg opp til gode stillingar. Ein er sakfører. — Severine døyddes ra. 1935.
641. *Jarnes, Karl Olsen* (Legene)
f. 30/10 1863. Lærarskule. Utv. til Skandia. Kansas i mai 1885. Var ei tid politikonstabel i Minneapolis. Var og i Denver, Colorado. Heimen miste kontakten med han etter nokre år. Var visst mormonprest sidan.
642. *Jarnes, Marte Pedersd.* (Legene)
f. 16/10 1881. Var sypike då ho utv. til Marmette, Wisconsin i mai 1899 i lag med kjærasten Elias Leine frå Leinoya. Han skreiv seg for Ellisen. Dei gifte seg og budde sidan i Marinette. Han arbeidde på sagbruk og

var aktivt medl. av luthersk kyrkjesamfunn, sunndagskulelærer i 24 år. Marte er einaste sykkylving i Marinette. Ho vart enkje i 1948. Born: 1. Anna, g. Tessmar. 2. Olive g. m. John Arness. 3. Edvard. 4. Margaret, g. m. Kenneth Barron. 5. Mandor. 6. Lloyd. Olive og Margaret er sjuke-systerer. Mandor og Lloyd driv kvar sin minkfarm. Edward er fiskar. 4 barneborn.

643. *Jarnes, Hans Pelersen* (Brauten)
f. 15/4 1881. Til Minn. fyrste gong i juni 1898. Farmarbeider i Echo. Minn. Heime i Noreg som fiskar 1902—04. Farmarbeidar i Minn. i 3 år. Heime i Noreg 1907—1926. Har sidan budd i Minn. Bur no i Minneapolis og har for det meste arbeidd ved vegmaskinfabrikk. G. m. Laura Pettersd. Davenes. (Sjå 263 og 625—632).
644. *Jarnes, Jakob Pelersen* (Brauten)
f. 20/2 1884. Var i 6 år skreddar i Oslo før han reiste til Minneapolis i 1907. Var fyrst skreddar der, men vart brystsvak og flytte til Los Angeles. Kona, Ester, var frå Toten. Ingen born. Jakob døydde i 1928. Han hadde då eigen skreddarverkstad som enkja no driv. Ho er oppattgift.
645. *Jarnes, Johan Petersen* (Brauten)
f. 1/12 1871. (John S. Peterson). Til Minn. i lag med Jens Davenes i april 1892. Sagbruksarbeidar i Mpls. Fekk så plassen til Hans P. Tynes på ein farm, som styrar for ei enkje. Han kjøpte farmen, og kjøpte etter kvart to farmar til i Echo, Minn. G. m. Kristine J. Riksheimgjerd (750). Born: 1. Klara, gift i S. Dakota. 2. Hjalmar, gift og bur i Cottonwood. 3. Lester, bur i Echo. — Johan fekk slag og fall ned frå sjølvbindaren og døydde, kring 1948.
646. *Jarnes, Karl Petersen* (Legene)
f. 25/3 1887. Til Marinette, Wis. i mai 1906. Var skogsarbeidar nær Canada-grensa, og på tresking i Minn. og N. Dakota. I 1913 vart det streik i skogen, og han reiste heim for godt. Hadde kjøpt plassen før. og bygde hus.
647. *Jarnes, Peter Thomas Petersen* (Legene)
f. 13 1895. Til Wash. i jan. 1923, til broren Tomas i Hoquiam. Bortsett frå litt laksefiske i Alaska var han i Polson heile tida, til han kom heim for godt i 1954. Ugift.
648. *Jarnes, Tomas Petersen* (Legene)
f. 2/2 1899. Var fiskar for han utv. til Wis. i febr. 1908, til halvsystema Mrs. Ellisen. Arbeidde i 2 år på sagbruk og var i 4 år hjelpar for ingeniør. Etter ein tur heime i 1913—1914 (14), reiste han til Wash. til Polson camp 6. Var med i fyrste verdskrig, i Frankrike i 28. divisjon. Vart såra, fekk granatsplint i herdabladet. Ein ståltallerk redda kanskje livet hans. Arbeidde sidan for det meste i skogen i Wash. Døydde av lungekreft hausten 1952.

649. *Gjerde, Joseph Karlsen* (James, Gravapl.)

f. 5/3 1910 i Mpls. Heim til Noreg i lag med mor si i 1914. Til Mpls. att i juli 1926. Gjekk i 4 år i modellsnikkarlære og dreiv det yrket for det meste. Budde hos Edvard Riksheim. Heim for godt til jul 1933.

650. *Kjemphol, Lars Berntsen* (Stølen)

f. 29/9 1887. (L. Campbell). Til Tacoma i febr. 1905. I skogen heile tida, lenge i Polson. Døydde av tæring ca. 1918. Lgift.

651. *Kjemphol, Martin Berntsen* (Stølen)

f. 18/2 1884. (M. Campbell). Reiste til Jacob Campbell i Tacoma i jan. 1901. Tok styrmannseksamen i Amerika og vart sjømann med stasjon i Tacoma og (lengst) i San Francisco. Døydde ugift i San Pedro av spanske-sykja ca. 1919.

652. *Kjemphol, Johanne Johannesd.* (Fløten)

f. 2/5 1889. Utv. til Amerika. G. m. Ingolf Pedersen og budde lenge i Farmington, Minn. 1 okt. 1925 reiste ho til Minn. etter besøk heime med borna: Carrie f. 1914, Albin f. 1916, Edvard f. 1919 og Norman f. 1923. — Flytte til Seattle ca. 1951.

653. *Kjemphol, Martin Edvard Johannessen* (Fløten)

f. 4/1 1879 på Heggebakk. (Ed Campbell). Var snikkar før han utv. til Wash. i mars 1901. Frå 1903 var han lenge i Alaska. Leigde ei mine i Klondike i lag med nokre andre sykkylvingar. Var sidan mest i Fairbanks til han reiste heim til jul 1922 for å ta garden. Den 8. jan. 1923 hadde han og fire andre vore på vitjing i Glomsetbygda. Litt etter kl. 14 kom ei svær stormbye og velte båten om lag mefjords bort av Heggebakken. Alle omkom.

654. *Kjemphol, Johannes Johannessen* (Fløten)

f. 9/8 1881. Til Tacoma i sept. 1902 til Jacob Campbell. Var i kort tid skogsarbeidar før han drog til Alaska på gullgraving. Dreiv på ein stad eit halvt år utan å finne noko. For tilbake til Fairbanks. Hadde tent kring 20 000 kr. då han reiste heim for godt i 1914. Gifte seg med dotter til spelemannen Bernt Haugset og flytte dit i 1915. Omkom ved drukning i 1923. Vart ikkje attfunnen. (Sjå førnemnde Martin Edvard K.)

655. *Kjemphol, Gerda Martinusd.* (Myra)
f. 19/9 1918. Til Tacoma i lag med foreldra i mars **1928. (Sjå 663).**
656. *Kjemphol, Nikoline Martinusd.* (Myra)
f. 29/4 1923. Syster til førnemnde Gerda K.
657. *Kjemphol, Arne Martinussen* (Myra)
f. 19/2 1920. Bror til førnemnde Gerda K.
658. *Kjemphol, Petter Martinussen* (Myra)
f. 3/7 1916. Bror til førnemnde Gerda K.
659. *Kjemphol, Susanna Nilsd.* (Ingarsg.)
f. 24/8 1890. Til Minn. til kjærasten Ole **J. Myrset i mare 1910. Gifte seg**
der. Heim for godt i 1913.
660. *Kjemphol, Oluf Olafsen* (plass u. Ingarsg.)
f. 15/6 1876 i Trondheim, son til Olaf Svard (666). Då Oluf utv. til Minn.
i april 1892, budde faren i Mpls. Oluf arbeidde på jernbaneverkstad og
vart utlærd kjelesmed og byggjar av jernskip. I 1900 g. m. Amanda
Stay, fødd i Mpls. av norske foreldre. Ho døydde i 1918. Born: Clifford,
Mrs. Nellie Roberts, Mrs. Ruby Baumann og Mrs. Thelma Sousa. 4
barneborn. Oluf skriv seg for Thompson og bur i Atascadero i nordlege
Calif.
661. *Kjemphol, Oskar Olsen* (Dalebøen)
f. 5/2 1904. Var fiskar før han utv. til Hoquiam i jan. 1923 til Martin
Melset. Arbeidde i Polson i 8 år. Sidan på cellulosefabrikk i Hoquiam.
Under krigen var han i 11 mnd. i Alaska og på Aleutene. I 1943 g. m.
Hildur Nygren (svensk). Ingen born. Medl. av S. o. N., Eagles, Vets
og svensk losje Order of Vasa.
662. *Kjemphol, Hilmar Pettersen* (Myra u. Stølen)
f. 22/11 1901. (Elmer Campbell). Var smed før han reiste til Amerika
til faren i febr. 1922. Laksefiskar i Wash. og Alaska. Er gift.
663. *Kjemphol, Martinus Pettersen* (Myra)
f. 21/7 1893. (Campbell). Var smed før han reiste til Tacoma som gift
mann i juni 1923. I 1928 kom han heim og henta kona Marie Petrine
og borna Petter, Gerda, Arne og Nikoline. Selde huset sitt på Aure til
sjåfør Velle før dei reiste bortatt. Ein son, Melvin, er fødd i Amerika.
— Martinus dreiv møbeltapetsering og fiske. Flytte ca. 1948 til Cordova,
Alaska, og driv laksefiske. Kona døydde, og han gifte seg oppatt med ei
svenskfødd.

664. *Kjemphol, Marie Petrine Severinsd.* (Myra)
f. 11/6 1894. Mor hennar var frå Aure, faren frå Mauseidvåg. Ho vart gift med fønemnde Martinus. Til Amerika i mars 1928. Døydde ca. 1946.
665. *Kjemphol, Jakob Syversen* (pl. u. Stølen)
f. 4/10 1854. (Jacob Campbell). Til Amerika i 1881. Var på gullgraving i Alaska. Fekk part i hotellet St. Paul House på 32. & Jeffers Ave. i Tacoma. I 1900 åtte han hotellet åleine. Der var og bar. Mange sykkyllvingar tok inn der. Kona var frå Drammen (Sjå 485). 5 born, av dei lever 3. Ein son heiter Arthur, ei dotter heiter Pernille. — Jacob døydde i 1904.
666. *Sværd, Olaf Thorsen* (Kjemphol, pl. u. Ingarsg.)
f. 1841 i Jemtland, son til Thore Johnsen Sv. i Feviken. Flytte til Sykkylven i 1868 og var då «bjergarbeider». Året etter g. m. Tomasine P. Grebstad (Bastiang.). Dei budde ei tid i Trondheim og kom derifrå til Sykkylven att i 1877. Sværd var to turar i Amerika. I 1891—1892 var han på jernbaneverkstad i Minneapolis. Han var flink smed. Born: Caroline, f. 1869, Olivia, f. 1874, Oluf, f. 1876, Lars, f. 1879, Anna, f. 1881, Anna Kristine, f. 1885, og Oluffa, f. 1889. (Sjå 660).
667. *Klokkerhaug, Jakobine Bastiansd.* (Kapteing.)
f. 9/12 1890. Til Seattle i mars 1910 til systera Karen. Heime på besøk i 1914 (10). I 1917 g. m. fiskar Henrik Kvalheim (Qualheim) frå Vågsøy i Nordfjord. Budde i Sykkylven 1919—1927. Sidan heile tida i Seattle, der mannen driv fiske. Born: 1. Erling, g. m. Pearl Cornell. Han arbeider på flyfabrikk, og dei har ein son, Erling, f. 1942. 2. Bastian, g. m. Beverly Lawson.
668. *Klokkerhaug, Karen Bastiansd.* (Kapteing.)
f. 16/4 1886. Til Tacoma til Karl Aure i mai 1907. Hushjelp i Seattle i mange år. G. m. Konrad Vigland, norskfødd i Amerika. Dei har no ei tid budd i Memphis, Tennessee. Ei dotter, Palma, som er g. m. 2. generasjons sykkyllving (sjå 146). Karen og dottera var heime på besøk i 1925—26 (5).
669. *Klokkerhaug, Petrine Bastiansd.* (Kapteing.)
f. 16/7 1859, dotter til Bastian og Mads Kl. Vart i 1882 g. m. Bernt Elias Larsen Skjortnes. Dei budde i Kapteing. til dei utv. over Trondh. med borna Edvard og Emilie til Amerika i mai 1884. Vart buande i Berwick, N. Dakota og skal ha hatt 16 born. Av dei lever 10. 10 barneborn. Petrine datt ned gjennom ei luke og slo seg i brystet. Fekk snart etter tub. og døydde i 1898. I Amerika skreiv familien seg for Larsen.

670. *Klokkehaug, Lars Bastiansen* (Kapteing.)
f. 11/8 1888. (L. Myhre). Til Seattle i febr. 1905. På sagbruk og cannery. I mange år med redningsbåten «Snohomish». Var heime ein sumar, reiste bortatt og kom heim for godt i 1919. Døydde 13/7 1948.
671. *Klokkehaug, Karoline Hansd.* (Myren)
f. 16/7 1869. Mora var frå Klokkehaug, faren frå Furstrand og budde ei tid på Tynes, ei tid på Blakstad. Karoline tente på Aure då ho utv. over Kra. til Portland, Oreg. i mars 1897. G. m. Tennander (svensk). Ho døydde for lenge sidan, visstnok barnlaus.
672. *Klokkehaug, Karl Karolussen*
f. 20/1 1868, son til emissær og skreddar Karolus Knudsen Klokkehaug (Nakkegjerde) og kone Ingelev Knudsd. Aasen. Karl var og skreddar. Han var ei tid i Amerika, men kom heimatt og døydde av tæring kort etter, 20/8 1893, i Fauskehagen. Skreiv seg for Charles Knudsen.
673. *Klokkehaug, Petrine Knudsd.* (Myren)
f. 18/10 1856. Faren var frå Vik, mora frå Langlo. Utv. til Bridgeport, Pennsylvania i april 1884. Vart gift i Amerika og døydde der.
674. *Klokkehaug, Joakim Knudsen* (Myren)
f. 28/4 1867. Er kalla Tomas i kyrkjeboka. (Jim Knudsen). Utv. over Bergen til Amerika i april 1887 i lag med Ludvig Hjelle. Budde i Manistee, Michigan, der han løyste «fyrste papiret» i 1889. Dette dokumentet er no hos Lars Aurdal på Klokkehaug. Var murar. G. m. Petrine Hansd. Ramstad. Heim for godt i 1890-åra. Sønene Arthur og Jemmi var fødte i Amerika og utv. dit etter ei tid heime. Petrine døydde 8/5 1923 og Joakim 19/11 1929. (Sjå 678, 679).
675. *Klokkehaug, Johan Larsen* (Myren)
f. 24/10 1863. Til Amerika ca. 1882. Han skulle ha eit barn med ei jente som syster hans ikkje ville han skulle gifte seg med, og ho fekk smugla han til Bergen og over til Amerika. Men systera tok gjenta i teneste hos seg, og barnet voks opp der og på Andestad, reiste sidan til sjøss og omkom. Johan Larsen var mest i Colorado og døydde ugift.
676. *Klokkehaug, Anne Pettersd.* (Karolusg.)
f. 8/1 1887. Til San Francisco til broren Ben i sept. 1906. Flytte til Seattle som barnepike i 1909. I 1918 g. m. Elias S. Løken, fiskar og båteigar. Heime eit år kring 1920 då dottera Agnes vart fødd. Dei andre borna er: 2. Elliot, g. m. Sara del Urge og har sonen Eric. 3. Sherman. — Anne døydde 1/12 1937 etter lang sjukdom og er gravlagd på Acacia gravlund i Seattle. (Sjå 680).

677. *Klokkehaug, Bastian Pettersen* (Karolusg.)
f. 1/11 1883. (Ben Peterson). Til Wash. i febr. 1902. Var gruvearbeidar i Calif. og i Alaska. Kjøpte sidan båt og dreiv fiske. G. m. Torvalda Sten (norsk). Born: Marion, g. Shearer (to born), og Patricia, bur i Los Angeles, ugift. — Bastian budde lengste tida i Seattle. Døydde ca. 1951.
678. *Knudsen, Arthur*
f. 15/8 1890 i Amerika, son til Joakim Knudsen (Klokkehaug). Kom heim til Sykkylven før skulealder og vart konf. i 1905. Til Amerika att i lag med broren Jemmi ca. 1908. Var kaptein på båt som gjekk på dei store innsjøane og budde i Duluth. Var gift og hadde ein son. Sidan siste krig har heimen ikkje hatt kontakt med han.
679. *Knudsen, Jemmi*
f. 8/7 1892 i Amerika. Bror til førnemnde Arthur K. Til Noreg 1890-åra i lag med foreldra og broren. Til Amerika att ca. 1908. Var med i fyrste verdskrig i Frankrike. Var sidan i Amerika som murar. Omkom ved bilulukke. Gift, men ingen born. (Sjå 674).
680. *Løken, Agnes Eliasd.* (Karolusg.)
f. 13/5 1920 i Sykkylven. Til Wash. i nov. same året i lag med mor si. I 1940 g. m. Ole Benson frå Giske. Born: Bernhard og Norman. Bur i Seattle. (Sjå 676).
681. *Myhre, Lars Larsen* (Klokkehaug)
f. 22/8 1933. Til Seattle i nov. 1952. Om sumaren på cannery i Seattle. Arbeider som møbeltapetserar og bur hos tanta Mrs. Qualheim.
682. *Qualheim, Bastian* (Klokkehaug)
f. 22/4 1923 i Sykkylven. Fylgde mor si til Amerika i jan. 1927. I 1951 g. m. Beverly Lawson. (Sjå 667).
683. *Skjortnes, Emilie Eliasd.* (Klokkehaug)
f. 16/10 1883. Fylgde foreldra til Amerika i mai 1884. (Sjå 669).
684. *Skjortnes, Edvard Larsen* (Klokkehaug)
f. 5/5 1880. Halvbror til førnemnde Emilie S. Til Amerka i lag med mor si i 1884.
685. *Skjortnes, Bernt Elias Larsen* (Klokkehaug)
f. 1857 på Stranda. Vart gift til Klokkehaug i 1882 og budde der til han utv. til Amerika over Trondh. i mai 1884. Var skomakar. Kona

var Bastiane Petrine Bastiansd. Kl.haug. Då ho døydde gifte han seg oppatt. 3 born i andre ekteskap. Heime på besøk som enkjemann. (Sjå 669).

686. *Kursetgjerde, Jensine Berntsd.*
f. 20/4 1872 på Klokkehaug. Til Amerika i april 1900. Huspostar, lengst hos ein rikmannsfamilie i Milwaukee. I 1903 reiste ho heim for å gifte seg med Rypdal i Ålesund, der dei budde sidan.
687. *Kurset, Anna Jakobsd. (Nedre)*
f. 4/5 1886. Til Wash. i mars 1910 i lag med 23 andre frå Sykkylven. Til broren Jens i Seattle. Var i Alaska 1919—1921, elles i staten Wash. I 1913 g. m. Elias Lowell (Løvold), sagbruksarbeidar. Han døydde i 1947. Born: 1. Leslie, forretningsmann i Los Altos, Calif., g. m. Elisabeth Wilson. 2. Omar, bygningsmann i Marisville, Wash., g. m. Edith Powell. — 4 barneborn (1951). Medl. D. o. N. Heime i 1948 (5).
688. *Kurset, Jens Jakobsen (Nedre).*
f. 1/4 1889. (J. B. Jackson). Til San Francisco i mars 1907, til broren Lars som arbeidde i gruve. Lars ville broren skulle ta anna arbeid, og han fekk arbeid på farm. Jens reiste sidan til Seattle og vart fiskar. Reiste og ei tid med Puget Sound-ferjer. Kona heitte Ina. Born: 1. Roy, ingeniør i New Westminster B. C. 2. Howard. 3. Richard, ingeniør i Sør-Amerika. — Døydde i Juneau i 1927 av lungebetennelse.
689. *Kurset, Lars Jakobsen (Nedre)*
f. 22/3 1879. Over Trondh./Kra. til Oakland Calif. i mars 1902. Farmarb. hos Lars Blindheim. Gruve- og sagbruksarbeidar. Heim for godt i 1908. Døydde på Langevåg sjukehus 24/6 1945.
690. *Kurset, Martin Jensen (Øvre)*
f. 12/1 1905. Til Montana til tanta Laura i febr. 1927. Så til Everett, Wash. på sagbruk i 3 år, i gullmine i Juneau i 12 år. Frå'1941 fiskar i Seattle. G. m. Pearl Palo, av finsk ætt. Ingen born. Omkom under laksefiske i Bristol Bay 28/6 1955. Vart funnen 6/8 og gravlagd 20/8 på Evergreen ved Seattle, på den delen som høyrer til Elks, som han var medl. av.
691. *Kurset, Petter Jensen (Øvre)*
f. 16/7 1896. Til Wash. i jan. 1923. Var i Seattle og dreiv kveitefiske. Heim for godt etter 3 år. Omkom på kysten Kristiansund—Trøndelag i sept. 1926, 4 mnd. etter han kom heim frå Amerika.

692. *Kursetgjerde, Hansine (Sina) Karlsd.* (Gjerdsplass)
f. 26/1 1877. Til Wisconsin i mars 1904. Vart adventist, gjekk misjons-
skule i Nebraska. Dreiv misjon i Brooklyn. G. m. Christ Hansen (dansk).
Flytte til Bellingham, Wash. Ein son, Joseph, g. m. Nadin Toler. Han
er prest i Oregon. 2 barneborn. — Hansine bur no som enkje i Everett
og har pensjon. Heime på besøk i 1915.
693. *Kursetgjerde, Hans Karlsen* (Gjerdsplass)
f. 16/8 1884. (H. Carlson). Til Amerika i mars 1905. Var sjømann på dei
store sjøane til 1910. Bygningsmann sidan, til 1918 i Milwaukee, elles
i Seattle, bortsett frå eit par år i Alaska. Medl. av S. o. N. og av Sunn-
mørslaget (i Seattle) som han var med å stifte i 1923. Starta kappleikar
på fele i 1927. Heime på besøk i 1913—14 då han selde plassen. G. m.
Inga Knudsen frå Eidsvoll. Ein son, Edwin, som var med i krigen og
vart hardt såra, Edwin er flink violinist. Han er g. m. Rose Murphy
og har to born. (Sjå Smp. 10/4 1935)
694. *Kursetgjerde, Karl Johan Karlsen* (Gjerdsplass)
f. 26/3 1874. Var fyrbøtar ved Langevåg fabrikkar. Utv. til broren Hans
i Amerika i 1909. Var lengst skogsarbeidar i Polson, elles ei tid på skips-
verft, og ein sesong på laksefiske.
695. *Kursetgjerde, Peter Larsen* (Steinapl.)
f. 24/12 1877. (Pete Ness). Utv. over Trondh.- Kra. i mars 1902 til Amerika.
Har for det meste halde til i Wash. Gift 4 gonger. Ei av konene heitte
Polly og var frå Kristiansund. Ho hadde ein liten farm aust for Tacoma.
Siste kona hadde og ein liten farm. Kring 1950 budde han i Seattle.
696. *Kursetgjerde, Dina Olsd.* (Hagen)
f. 4/10 1896. Var syerske då ho utv. til Seattle i nov. 1924. Huspostar,
G. m. murar Sigvald Olsen frå Haugesundskanten. Under depresjonen
kjopte dei ein plass på landet (Alderwood Manors) og leigde bort huset
i byen. Bur no i Seattle. Born: 1. Marilyne, g. m. Richard Bill. 2. Shirley.
3. Alice May, som døydde som barn.
697. *Kursetgjerde, Jensine Olsd.* (Hagen)
f. 29/7 1890. Til Seattle i mai 1911 til kjærasten frå Sykkylven, men
det vart slutt. Huspostar. G. m. Peder Toft frå Fjørtoft, fiskar. Dei bur
i Seattle. Born: 1. Margarete, g. in. Harve Rogge. 2. Jane, g. 1. m. James
Meller og g. 2. m. Edgar Bakke. 3. Harald, g. m. Elene Knedler. 4.
Kathryn, g. 1. m. Donald Spencer, g. 2. m. Donald Lawson. — 8 barne-
born (1951), Medl. av Sunnmørslaget og norsk kvinneforening. Heime i
1948 (1½).

698. *Kurset, Olivia Olsd.* (Bernpl.)
f. 2/12 1887. Var syerske då ho utv. til Seattle over Canada i nov. 1924. G. m. fiskar Petter Toft frå Fjørtoft. Sonen Peter er med faren, som eig båten «Doris». Olivia var lenge invalid av leddgikt, men vart kureret. Heime på besøk i 1955.
699. *Kursetgjerde, Petrine Olsd.* (Hagen)
f. 20/4 1882. Budde i Langevåg og vart gift med fiskar Daniel Molvær som i 1909 reiste til Amerika. I mars 1914 reiste ho etter med dei tre borna, til Petersburg, Alaska, der dei har budd sidan. Born: 1. Ole, g. m. Pearl. Han omkom i Lake Washington. 2. Konrad, som vart gassforgifta ombord i ein motorbåt. 3. Dagny, g. m. Harold Tucker. — 3 barneborn (1951).
700. *Kurset, Karl Johan Pettersen* (Øvre)
f. 8/3 1872. Var fiskar då han utv. til Minn. i april 1893. Dreiv jernbanearbeid, har no småbruk i St. James, Minn. Heime i 1899—1900 (6) og 1902 (6). Siste gongen tok han med seg kjærasten, Regine (Gina) Klubbenes. Dei gifte seg og fekk 6 born. Alle borna er gifte. Minst 5 barneborn.
701. *Kurset, Petter Pettersen* (Øvre)
f. 12/1 1868. Til Minn. i nov. 1902. Var i Amerika i 12 år, mest som farmarbeider og som krøterpassar. Hadde ein plass heime sidan og døydde ugift 18/4 1939.
702. *Lade, Albert Andreassen* (Hauknutg.)
f. 11/2 1925. Var snikkar før han utv. til Tacoma i jan, 1949. Møbeltapetserar og snikkar. Arbeider for broren Johan, mest i Alaska. Var heime i 1952 (5) og i 1955 til gullbryllaupet til foreldra. Ugift.
703. *Lade, Johan Andreassen* (Hauknutg.)
f. 14/9 1906. Til Seattle til Hans Grevstad i mars 1924. Lærde snikkararbeid av han og har drive det sidan. Bygningsmann i Alaska, frå 1940 for staten. Ei kontrakt han skreiv under på for staten var på 3½ mill. dollars. Har elles vore i Alaska som formann for ein kontraktør i Tacoma, der familien bur. Kona, Helen, er av finsk ætt. Born: John og Julie. Heime med familien i 1947 (3) og 1955.
704. *Lade, Edvard Eliassen* (Sølmonhaugen)
f. 2/5 1880. Til S. Dakota i mars 1901. Skogsarbeidar. Heim for godt ca. 1911. Kjøpte plassen av broren. Bygde stovehus. Døydde i 1932.
705. *Lade, Lars Eliassen* (Sølmonhaugen)
f. 20/4 1875. (Louis Larsen). Til S. Dakota i mars 1900, til Lars Ekornes. Farmarbeidar der til 1902, då han reiste til Wash. Farmarbeid i 2 år i

Valla Valla. Skogsarbeid ved Tacoma og i Polson i 8—9 år. Sidan mest bryggearbeid i Tacoma. Heime på besøk i 1906—07. G. m. Anna Benson frå Haugset (510). Born: Elmer og Klara. Eitt barnebarn (1951). Medl. av S. o. N. i over 40 år, og av Our Savior's Lutheran Church i Tacoma sidan den vart bygd.

706. *Lade, Peter Eliassen* (Sølmonhaugen)
f. 3/5 1883. Til broren i Valla Valla, Wash. i mars 1904. Skogsarbeid i 9 år. Ved Northern Pacific-jernbanen i 38 år. Er no pensjonert. G. m. Anne A. Velle (983). Sonen Erling bur i Tacoma og er g. m. Rhoda, f. Lien (av norsk ætt). 3 barneborn (1951). Medl. av Eagles, S. o. N. og luthersk frikyrkje.
707. *Lade, Knut Jensen* (Jetmundg.)
f. 5/1 1885. Til Calif. i mars 1903. Arbeidde ei tid på sagbruk i Anacortes. Vart sjuk og kom heim for godt ca. 1910.
708. *Lade, Lars Jensen* (Jetmundg.)
f. 14/2 1888. Til Wash. i mars 1910. Dreiv visst fiske ei tid. Men på slutten var han i skogen ved Hoquiam. Torsdag den 26. aug. 1915 fekk han eit tre over seg og vart med ein gong teken til sjukehus. Levde eit døger etterpå, men snakka ikkje meir. Er gravlagd i Sunset Memorial Park. Ugift.
709. *Lade, Emil Larsen* (Jog.)
f. 7/8 1905. Til Wash. i mars 1924. Har vore mest i Polson, men driv fiske i Alaska kvar sumar og er vaktmann ved laksenøtene. Bur elles i Hoquiam. Ugift.
710. *Lade, Hans Larsen* (Jog.)
f. 22/2 1893. Var jordagut, men utv. til Wash. i mars 1913. Til Hoquiam og Polson camp 6. For det meste i skogen sidan. Bur i Hoquiam. Kona, Lina, er finsk. Ingen born. Har vore medl. av S. o. N.
711. *Lade, Knut Larsen* (Jog.)
f. 17/3 1898. Var anleggsarbeidar då han utv. til Wash. i febr. 1921. Fyrst skogsarbeidar i Polson, men fekk «cedar poison» og måtte slutte etter nokre år. Var sidan i gullmine i Alaska. Døydde 10/5 1934 i Juneau. Ugift.
712. *Lade, Lauritz Larsen* (Jog.)
f. 20/9 1903. (Louis Lade). Til Wash. i jan./febr. 1923. Bur i Hoquiam og har arbeidd i skogen for det meste. Om sumrane i Alaska på laksefiske og som vaktmann. Heime i 1947/48 (4). Ugift.

713. *Lade, Tomasine (Sina) Olsd.* (Rimepl.)
f. 2/8 1892. Var kokke i Ålesund før ho utv. til Mpls. i aug. 1915. Hadde huspostar. G. m. Edvard Nilsson frå Skåne. Flytte til St. Paul. så til Springfield, Mass. Eig to hus som dei leiger bort. Born: Ivan, Olav og Edith.
714. *Lade, Karl Johan Olsen* (Rimepl.)
f. 3/2 1890. Var fabrikkarbeidar då han utv. til Calif. i mai 1909. Skogsarbeidar i lag med broren Olaf. Sidan i gullmine i Silverton, Col. Døydde av spanskesykja i nov. 1918.
715. *Lade, Knut Olsen* (Rimepl.)
f. 8/2 1885. Var sjømann før han utv. til Calif. i mai 1909. Arbeidde eit år i lag med brørne i Silverton, som maskinist. Elles sjømann. Kona heime hadde ikkje lyst å utv., så han kom heim for godt i 1913. Var maskinist på fiskebåtar og vart drepen ved flyåtakket på Laksevig 4/10 1944. (Foto i Smp. 31/10 1945).
716. *Lade, Olaf Olsen* (Rimepl.)
f. 26/9 1887. Til Silverton, Col. i mars 1907. Arbeidde i gullmine. Heime ein tur i 1911. Døydde av spanskesykja i nov. 1918.
717. *Lyshol, Erling Andreassen*
f. 22/4 1909. Son til lærar A. Lyshol. Til Sask., Canada i april 1929. Farm- og vegarbeidar og snikkar. Derifrå til B. C. på jernbanearbeid. Var i Calgary, Alberta då han reiste heim til jul 1930. Dreiv så snikkarverkstad på Vik. Reiste sidan ut til sjøs og er no skipstømmermann på kystbåt Canada—Golfen.
718. *Lyshol, Peter Edvardsen* (Øvsthus)
f. 5/2 1872. Utv. til Natal i 1896. Var utlærd snikkar og dreiv det yrket til Boerkrigen tok til i okt. 1899. Kom heimatt og var heime til han i april 1909 reiste til Seattle. Same yrket der til han kom heim i 1913. I 1923 på nytt til Seattle som snikkar. Heim for godt ca. 1929. Budde på Grebstad. Døydde på Tromsø Sykehus 5/8 1950.
719. *Lyshol, Nils Karlsen* (Rasmusg.)
f. 22/4 1910. Snikkarkurs i Noreg. Til Minn. i juni 1930. Reiste snart til Seattle. Under depresjonen var han ei tid skogsarbeidar. Sidan 1936 har han drive sildefiske i Alaska og bygningsarbeid i Wash. Bur i Botell. Kona, Klara, er av svensk ætt. Born: Norman, Sonja og Gerry.
720. *Lyshol, Marte Knudsd.* (Fjordg.)
f. 31/5 1871. G. m. Lauritz Furnes frå Mauseidvåg. Utv. derifrå til Minn. Mannen vart snikkar i Mpls. Heim til Mauseidvåg for godt kring 1912. Marte døydde kring 1928.

721. *Lyshol, Johannes Knudsen* (Fjordg.)
f. 6/1 1869. (John Lysholm). Til Mpls. i mai 1889. Var uvanleg sterk, og fekk jobb som utkastar på salonane. Ei tid før og under fyrste verdskrig dreiv han murararbeid nær Clarkfield, og bygsla ein liten farm, dreiv maisdyrking og griseal. Kona var frå Haugesundskanten. Ho døydd av tæring 32 år gl. Born: Anna, Johanne, Martin, Lilian, Joseph, Eleonora, og eitt til. Alle dei namngjevne er gifte og bur nær Madison. Minn,
722. *Lyshol, Anna Olsd.* (Peg.)
f. 29/3 1881. Til Tacoma i april 1904 og har budd der for det meste sidan. G. m. dansken Emil Poulsen. Born: Mabel, Arthur og Louis. Arthur er sakførar. 4 barneborn (1951). Medl. av den danske luth. kyrkja og Ladies' Aid. Heime i 1947 (2).
723. *Lyshol, Ole Johan Olsen* (Fjordg.)
f. 18/2 1890 i Norddalen. (John Eide). Flytte til Sykkylven i lag med foreldra i 1902. Til Amerika i 1906. Arbeidde i Polson og andre campar til 1911. Då vart han skadd og var sjuk sidan. Døydd ugift i 1913.
724. *Lyshol, Karl Pettersen* (Øvsthus)
f. 15/11 1903 på Grebstad. Var fyrbøtar før han utv. til Seattle i jan. — febr. 1923 i lag med faren. Skogsarbeidar ved Hoquiam, sidan fiskar og båteigar i Seattle. I 1930 g. m. Asta Thompson frå Tromsø. Born: Norman og Walter.
725. *Lyshol, Olav Pettersen* (Øvsthus)
f. 29/5 1905. Var skomakar før han utv. til Wash. i febr. 1924. Fyrst i skogen, men vart snart maskinist på fiskebåtar og ferjer. G. m. Gyda Stave. Vart sjuk og kom heim i aug. 1952 og døydd 10/3 1953. Sonen Arnold var med i krigen i Korea.
726. *Lyshol, Kornelius Sivertsen* (Øren)
f. 14/8 1898. Var skomakar før han utv. til Seattle i aug. 1923 til broren Peter. Var bakar i 3 år. Så laksefiskar i Alaska, båteigar sidan 1944. Har og drive kveitefiske o. a. I 1948 g. m. Frieda Will frå Chicago. Ingen born. Heime i 1938/39 (2).
727. *Lyshol, Lars Peter Sivertsen* (Øren)
f. 13/1 1878. (Louis Lyshol). Var tenar i Stordalen. Reiste 18 år gl. til Vesterålen i lag med onkelen Bernt Kjemphol, som dreiv fiskeforretning der. Arbeidde i garveri i Sigerfjord. G. m. Hilda Hansen. Leigde eit garveri i Melbo. Utv. til Tacoma i 1907 i lag med broren Peter. Kona og borna vart att heime. I 1908 til Juneau i gullmine og i 1912 på pro-

spekting i Fairbanks. Under fyrste verdskrig arbeidde han i garveri i Seattle. Det arbeidet var ikkje bra for lungene, og han flytte til Calif. Bur i Lucerne Valley. Er frimurar, vegetarianer, og litt av ein filosof.

728. *Lyshol, Peter Johan Sivertsen* (Øren)
f. 14/10 1887. Til Nord-Noreg 16 år gl. Til Tacoma i 1907. Til Juneau i 1908, arbeidde i Treadwell gullmine. Gullgraving i Fairbanks i 1913. Kom inn i hæren under fyrste verdskrig og var komen til N. Y på veg til Frankrike då freden kom. Var ei tid på logging i Colorado. Vel eit år før siste verdskrig var han komen heim på besøk. Vart gift med iNikoline Lyshol. Så kom krigen og han måtte vere heime til krigen var slutt. Då vart han sjuk og døydde av levkemi på Ålesunds sjukehus 19/10 1946.
729. *Barlindhaug, Peter Kristensen* (Lyshol)
f. 18/8 1864 i Ørskog. Utv. derifrå til Amerika i 1886. Kom heimatt i 1894. I 1900 g. m. Inger Larsd. Haugset og overtok gard på Lyshol. Til Amerika att i 1908. Var denne gongen i Michigan heile tida. Skogs- og sagbruksarbeidar. Heim for godt etter nokre år. Døydde 26/2 1933.
730. *Kirkebø, Peter Knudsen* (Fjordg., Lyshol)
f. 1869 i Stordalen. **Utv.** derifrå til S. Dakota. Heim ca. 1896, til Sykkylven ca. 1899. G. m. Johanne K. Lyshol. Til Amerika på nytt i 1908. Arbeidde i Mpls. og St. Paul som bygningsmann. Heim for godt i 1911. Selde garden på Lyshol og kjøpte småbruk på Haugset. Døydde i 1944.
731. *Kirkebø, Knut Petersen* (Fjordg., Lyshol)
f. 3/3 1901 på Lyshol. Til Hoquiam i jan. 1923. Arbeidde i Polson camp 10. Den 1. april 1923 vart han overkøyrd av ein «speeden», vart stygt skadd og låg 4 mnd. på sjukehus i Hoquiam. Forstod at han fekk dårleg lækjarhjelp og remde ei natt i lag med Oskar Brudevoll. Tom Pedersen (519) hjalp dei. Fekk ein flink doktor i Tacoma, Det synt seg at foten var feil ihopsett, kneet var stivt og måtte opererast. Låg i alt eit år på sjukehus. Hadde lett arbeid i skogen sidan. Heim 1928. Driv plass mellom Kjemphol og Haugset.
732. *Kirkebø, Konrad Petersen* (Fjordg., Lyshol)
f. 24/10 1906 på Lyshol. Dreiv sjøen før han utv. til Wash. i febr. 1926. Arbeidde i Polson camp 10 i 4 år. Så til Petersburg på cannery ein sumar. Kjøpte liten båt og fiska laks eit pår ar. Arbeidde i gullmine i Juneau 1933—35. og for gullgravingskompani i Nome til hausten 1937. Heime på besøk 1937,38 (3). Under krigen arbeidde han for staten som smed. Sidan i Nome til 1946. I des. 1946 heim for godt.

733. *Kirkebø, Petter Petersen* (Fjordg., Lyshol)
f. 14/5 1909 på Lyshol. Til Hoquiam i sept. 1927. Skogsarbeidar til 1930. Så fiske i Alaska og deretter bygningsarbeid. Kom til gruver i Juneau og Fairbanks. Omkom ved ulukke i gullmine i Juneau 25/3 1940. Kona. Lillian, er av norsk ætt. Inge* i born.
734. *Midtgård, Jens Jensen* (Hansg.)
f. 5/1 1890. Til Clarkfield, Minn. til onkelen Syver B. Thompson i febr. 1907. Var fyrst farmarbeidar, tok sidan homestead (320 acres) i Karluk. nær Frontier, Sask., Canada. Selde farsgarden i 1922. Døydde ugift i 1939.
735. *Midtgård, Johan Jensen* (Hansg.)
f. 5/6 1893. I febr. 1913 til broren i Sask., Canada. Arbeidde på farm og tok sidan homestead nær New Battleford. Vart gift og hadde ei dotter. Fekk svoll på hjerna og døydde i 1942.
736. *Midtgård, Ole Jensen* (Hansg.)
f. 21/1 1886. Til Minn. i febr. 1903. Farmarbeidar for Tom Grebstad i Clarkfield. Flytte i 1909 til Somere, Montana og arbeidde for Somere Lumber Co. I 1917 til Whitefish, Montana, der han bur enno. Var formann for Great Northern Railway der til 1940, då han måtte slutte. Vart 100 % invalid av gikt. — G. m. Agnes Rover frå N. Dakota, av norsk ætt. Ingen born.
737. *Midtgård, Peter Jensen* (Hansg.)
f. 2/10 1891. Til Clarkfield, Minn. i febr. 1911. Farmarbeidar hos Tom Grebstad og hos Marie Petersen. Heim for godt ca. 1925. G. m. Kristine Hundeide. Drukna på Flisfjorden 11/10 1929 samtidig med hennar far Bastian.
738. *Midtgård, Andreas Olsen* (Johanpl.)
f. 15/2 1905. Til Sask., Canada i mars 1927 til Johan Midtgård. Farmarbeid i Sask. i 3 år. Jernbanearbeid i B. C. i lag med Erling Lyshol. Heim for godt i 1930.
739. *Midtgård, Jens Olsen* (Johanpl.)
f. 19/2 1894. Dreiv fiske før han utv. til Sask., Canada i febr./mars 1914. Farmarbeid. Skogsarbeid to sumrar i Sask. og ein vinter i B. C. Heim for godt i 1918 då faren døydde. Hadde kjøpt plassen før han reiste. Har bygt nye hus.
740. *Midtgård, Hans Paulsen* (Pålpl.)
f. 31/12 1860. Gift med ei frå Sogn. Arbeidde ved Smebys hotell i Bergen.

Utv. med kone og ein son til Amerika, truleg i 1890-åra. Dreiv liten farm i Minn. Ein son fødd i Amerika. Begge sønene reiste til Klondike seinare. — Døydde ca. 1945.

741. *Dypdal, Karl Kristiansen* (Toreg., Midtgård)
f. 4/11 1882 i Borgund. Kom som smågut til Midtgård saman med mor si og voks opp der. Til Echo, Minn. i febr. 1907. Farm- og skogsarbeid. Heim for godt til jul 1908. Døydde 4/10 1941.
742. *Myrset, Ole Jørgensen* (Lien)
f. 24/7 1884. Til Clarkfield, Minn. i april 1907. Farmarbeid hos Tom Grebstad ein sumar. Sidan i Echo på bygningsarbeid om sumaren og på skyss-stasjon dei to siste vintrane. Sende billett til kjærasten, Susanne Kjemphol. Dei gifte seg i 1910 og budde i Echo. Heim for godt i 1913. Hadde tenkt seg bortatt, men så kom krigen. Kjøpte plass på Gjøvtnes og har budd der sidan.
743. *Nakkegerde, Nikolai Nilsen*
f. 16/12 1866. G. m. Karen Aase frå Borgund i 1889. I april 1900 reiste han åleine til Wash. Jernbanearbeid i Tacoma i 3 år. Med hundespann til Fairbanks. Bygde hytte (cabin) der nykomarar budde. Var og i Klondike. Var gullgravar i 5 år. Heim for godt i 1909. Var gardbrukar på Aase til han døydde i 1952.
744. *Nakkegerde, Ole Bastian Nilsen*
f. 31/1 1870. (O. B. Nilsen). Til San Franscico i mars 1892. På farm hos Lars Blindheim nær Concord. Høypressing i mange år saman med nokre skottar. Om hausten på vinfarm. Eit år ved sagbruk nord for San Francisco. Var mellom dei fyrste i gullrushet i Klondike. Reiste i sjølvлага båt ned over elva til Dawson. Ein gong datt han i elva, men vart berga. Var heime på besøk i 1900. Reiste bortatt og selde alt han åtte. Hadde part i mine i lag med Pete Iversen som løyste han ut for 10 000 doUars. Heim for godt i 1902. G. m. Nikoline B. Haugset. Bygde eigen heim på Blindheim. Døydde brått 14/10 1947. (Sjå G. Kjølås: Gull).
745. *Nilsen, Ole*
f. 23/10 1910. Yngste son til førnemnde Ole B. N. Til New Westminster B. C. i april 1929. Sagbruksarbeidar. Seinare i Alaska, dreiv gullvasking i lag med nokre amerikanarar. Heim for godt i 1939. Hadde tenkt seg bortatt, men vart hindra av okkupasjonen. Har drive forretning og husbygging i Ratvik.
746. *Riksheim, Edvard Eliassen* (Løken)
f. 16/6 1862. Krambusvein i Ålesund, var og på postkontoret. 7 år i det militære. Gjekk politiskulen og var i 3 år i politiet i Bergen. Utv. til

Amerika i april 1892. Bar med seg alle sine eignalutar og gjekk rundt og spurde etter jobb. Var trearbeidar i 2 år, sidan vegarbeidar i Minneapolis. 9 år seinare kom han inn i politiet der ved Eastside-stasjonen, og steig i gradane etter kvart. Frå 1907 var han i det ridande politiet, og frå 1909 var han sersjant. I 1911 vann han 1. premie i revolverskyting mellom konstablane i Minneapolis. Avisene der fortel om fleire høve då han synte stort mot i kritiske situasjonar. Frå 1913 hadde han berre kontorarbeid på politistasjon. G. m. Ingeborg Helset frå Sunnylvn. Budde i 1406 Jefferson St. NE., Mpls. Han var medl. av S. o. N. der han hadde mange ombod. Medhjelpar i norsk kyrkje. Heime på besøk i 1939 (1 y-i), like etter at han hadde gått av med pensjon. Born: Oskar, Edwin. Roy og Esther. 4 barneborn.

747. *Riksheim, Berte Jensd. (Stølen)*

f. 8/3 1871. Til Minneapolis i mars 1893. Budde der sidan. G. m. ingeniør Christ Hansen frå Trondheim. Born: Josephine, g. Smith; Burney, Roy og Lloyd. 7 barneborn. Berte døydde i 1930. Mannen oppattgift med syster hennar.

748. *Riksheimgjerd, Johanne Jensd. (Stølen)*

f. 13/2 1878. Til Amerika i april 1899. Arbeidde på West hotell i Minneapolis i 3 år. G. m. jernstøypar Gus Draheim, fødd i Tyskland. Born: Cora, g. Griffin, og Russel. Då systera døydde i 1930, skreiv Johanne seg for Mrs. Janney Terrey og budde i Oakland, Calif. Seinare g. m. Christ Hansen, enkjemann etter systera. Etter at han døydde, budde ho i Oakland. Ho døydde i 1952.

749. *Riksheim, Karen Marie Jensd. (Stølen)*

f. 16/2 1876. Til Minn. i mai 1901. Arbeidde lenge på hotell i Minn. og etter ho vart gift med dansken Peter Nelson, dreiv dei hotell ei tid. Seinare liten farm i Oregon. Ho døydde ca. 1934. Ingen born.

750. *Riksheimgjerd, Kristine Jensd. (Stølen)*

f. 14/1 1873. Til Minn. i april 1896, til broren Johan. G. m. Johan Petersen Jarnes (John S. Peterson) som var farmar i Echo. 3 born.

751. *Riksheim, Endre Jensen (Høgebakken)*

f. 4/1 1881. Var skiltmålar før han utv. til San Francisco i juli 1912 til broren Johan. På sagbruk i Scotia, Calif. i 8 mnd. Sidan målar i San Francisco. Eiga forretning som dekorasjonsmålar 1926—1943. Hobbyar: Sportsfiske og kunstmåling. G. m. Julia Ansok frå Liabygda, Sonen Edwin er revisor og g. m. Turid Oas, av norsk ætt. Dei har sonen Robert Allen (1951). Medl. av S. o. N. sidan 1913. Heime i 1947 (6).

752. *Riksheim, Hjalmar Jensen (Peg.)*
f. 27/11 1902. Dreiv fiske før han utv. til Wash. i jan. 1923. Skogsarbeid ved Hoquiam eit år. Sidan kveitefiske frå Ketchikan. Bur no i Port Orchard, Wash. Kona, Eula, hadde eit lite jordstykke. Ingen born.
753. *Riksheim, Johan Jensen (Peg.)*
f. 10/10 1890. Til San Francisco i febr. 1907. På høvleri i Albion, Calif. og på sagbruk i Scotia. Heim 1914. Bygde løe. Dreiv fiske og anleggsarbeid til han reiste til Vancouver B. C. i aug. 1923. Inn i Statane til Polson camp 1. Fekk plass på kveitebåten til syskenbarnet Jens Jackson (688) og dreiv fiske på Alaskakysten med stasjon i Seattle. Heim for godt i 1928. Tok garden.
754. *Riksheim, Johan Jensen (Høgebakken)*
f. 29/9 1883. Var bygningsmann før han utv. til Amerika i sept. 1904. Var pengelens då han kom til Minneapolis og lånte seg fram til Calif. Var sjukleg og budde nokre månader hos ei doktor som tenar og pasient. På sagbruk i Albion og i gullmine i Nevada City, Calif. Kom til San Francisco kvelden før jordskjelven. Budde på hotell; veggene kom inn over senga. Fekk redda seg ut og flytte til Heltbergs (946). Har sidan drive bygningsarbeid i Guilroy, Calif., frå 1919; som kontraktør frå 1920 til 1950. Kona, Agnes er av irsk ætt. Ein av forfedrane hennar åtte grunnen der Berkeley-universitetet no står. Bur i Redwood City, Calif. Johan har ein son, Peter, i Amerika. Heime i 1924 (3) og i 1954 i lag med kona. Fekk i 1939 S. o. N.'s 25-årsmerke.
755. *Riksheim, Johan Jensen (Stølen)*
f. 24/9 1867. I april 1892 til systera Johanne i Minneapolis og budde der sidan. Arbeidde på jernbaneverkstad. G. m. Anny Moen frå Veblungnes. Ho døydde i 1923, 55 år gl. Då budde dei i 615 Pierre St NE Mpls. Born: Stanley og Irene, begge gifte. Stanley bur i Mpls. Irene er g. Brown og bur i Kansas City, Missouri. — 3 barneborn. Johan døydde ca, 1925.
756. *Riksheim, Johan Jensen (Peg.)*
f. 3/4 1871 i Sykkylven. Foreldra flytte til Ålesund då Johan var i 10-årsalderen. Trearbeidar i Ålesund. Var skipper på fiskebåt. Var gift då han utv. til N. Dakota i mai 1907. Var bygningsmann og farmar i Hillsboro. Kom heimatt og budde i Skutvikskaret i eige hus. Vart oppattgift med ei enkje, Karoline Blindheim, og hennar born Nils, Ole og Kaspara fylgde med til Illinois i 1923. Flytte snart til San Pedro, Calif. Johan var flink songar og spelte gitar. Han døydde 21/1 1940. Lét då etter seg borna Jenny, Alfred, Hjørdis og Hjalmar, den siste i Calif., dei andre i Ålesund. Johan hadde og ein bror i Amerika, Ole, som var fødd i Ålesund i 1885.

757. *Riksheim, Petter Jensen (Tømmesg.)*
f. 15/5 1888. Til Wash. i febr.-mars 1907. Mest skogsarbeid. Ein sumar laksefiske i Alaska. Heim for godt i 1916. Kjøpte gard og bygde løe.
758. *Riksheim, Jens Johansen (Gyljane)*
f. 14/1 1907. Gjekk framhaldsskule. Til Wash. i nov. 1925. Skogsarbeid i Polson, på cannery i Alaska og vaktmann ved laksenotene. Skreiv mange brev og dikt som vart trykte i Western Viking. Studerte sosial-økonomi ved universitetet i Seattle og tok B. A.-graden i 1936. Var med broren på fiskebåt. Vart medeigar i sardinbåt. Vart sjuk, fekk nervøst samanbrot, og døydde på sjukehus i Los Angeles 29/3 1938. Gravlagd i Seattle. Lét etter seg manuskript til ei diktsamling.
759. *Riksheim, Petter Johansen (Gyljane)*
f. 30/10 1898. Til Wash. i jan. 1923. Arbeidde i Polson camp 2 til 1933. Sidan har han drive fiske: Sildefiske frå Ketchikan, sardiniske ved Calif., haifiske frå Seattle og tunafiske ved Panama, Galapagos osv. G. m. Johanne Starheim f. Aure. (86). Heime i 1939 (3) og 1948 (3).
760. *Riksheim, Petter Johansen*
f. 31/12 1903. Reiste til faren i Calif. i mars 1921. Gjekk på skule og vart arkitekt. Gift to gonger. To born av siste ekteskap. Bur i Royal Oak. Michigan.
761. *Riksheim, Berta Karolusd.*
f. 7/8 1880. Til N. Dakota på besøk til sysken i mai 1910. Vart i Amerika for godt. G. m. farmar Oskar Torkelsen, av norsk ætt. Dei budde i Deer Park, Wis., der ho døydde som enkje i 1949. Ingen born.
762. *Riksheim, Josefine Karolusd.*
f. 17/1 1891. Over Trondh./Kra. i mars 1907 til Gardner, N. Dakota. Snart etter til Wash. Hadde huspostar i Tacoma og Seattle. I 1914 g. m. Einar Osterhaug frå Hamar, no avdelingsdirektør for Pacific Fruit, som han er medeigar i. Dei bur i ein flott heim ved sjøen i West Seattle. Born: Josephine, Kathryn, Edwin, Thomas, Elizabeth Ann og John. Kathryn har universitetsutdanning. — 3 barneborn (1951). Heime i 1931 (4).
763. *Riksheim, Lovise Karolusd.*
f. 20/12 1884. Til Casselton, N. Dakota i mai 1905, til brørne. G. m. Andrew Mandt frå Vinje i Telemark. Dei budde fyrst i Gardner, N. Dakota, der mannen dreiv fiskeoppkjøp for Mpls.-firma. Budde sidan snart i Minn., snart i N. Dakota til 1941, då dei flytte til Seattle, der Lovise hudde som enkje i 1951. Born: Benjamin, Carl, Joseph, Arthur, Hazel, Ruth, Esther, Lavonne og Leland. 12 barneborn (1951).

764. *Riksheim, Mathea Karolusd.*
f. 30/12 1892. Til N. Dakota på besøk til syskena i mai 1910 og vart i Amerika for godt. G. m. Arthur Jacobsen og budde ei tid i Oakland, Calif. Mannen døydd i 1953 og ho flytte mellombels til systera Mrs. Osterhaug i Seattle. Born: Arthur og Elenor.
765. *Riksheim, Anna Thomasine Karolusd.*
f. 3/3 1889. Over Trondh./Kra. i mars 1907 til Gardner, N. Dakota i lag med systera Josefine og brørne Jakob og Karl. Sistnemnde hadde vore heime på besøk. Tok huspostar. G. 1. m. Andrew Etland frå Telemark. Dei var gifte berre eit år. G. 2. m. John Quinlog, forretningsmann frå Minn., av norsk ætt, enkjemann med ein 7-årgamal gut, Ralph, som no bur i Alaska. Quinlog døydd i 1948. Ho er no gift med Isak Enholm frå Finnland. Ingen born. — Som enkje dreiv ho som arrangør av selskap, bryllaup o. 1. Bur i Seattle. Medl. av Sunnmørslaget og D. o. IS. Heime i 1933 (2).
766. *Riksheim, Jakob Karolussen*
f. 24/6 1875. Reiste frå Langevåg der han var gift skomakar, over Trondh./Kra. til Gardner, N. Dakota i 1907. Skomakarverkstad i Hillsboro. Kona, Petrine f. Stennes og dei to sønene var ikkje i Amerika. Jacob døydd av tub. 27/2 1913.
767. *Riksheim, Karl Karolussen*
f. 31/12 1881. Til N. Dakota i juli 1904. Heime på besøk i 1907 og tok med seg 3 sysken over. Budde i N. Dakota, Minn. og på Vestkysten. Døydd i Minn. 33 år gl. Ugift.
768. *Riksheim, Ole Karolussen*
f. 18/9 1878. (Ole Karlsen). Som ugift smed til Hillsboro, N. Dakota i aug. 1903, og har vore smed der sidan. G. m. Tomasine A. Tandstad. Heime i 1910 og 1912. Ein son døydd 12 år gl.
769. *Riksheim, Berte Knudsd. (Teigen)*
f. 26/12 1879. Til Calif. i mars 1903, til broren Johan. Huspostar. G.m. entreprenør Oskar Werner Hansen, av svensk ætt. Born: Oskar Werner og ei dotter. Heime på besøk med sonen i 1914 (12). Det siste slekta høyrde frå dei var at dei flytte til Alaska.
770. *Riksheim, Johan Knudsen (Teigen)*
f. 28/4 1877. (Johan Knudsen). Til Calif. i juli 1898. Skreiv seg då for Strømme. Hadde ingen å reise til, men kom snart til Bert Larsen (Velle) som var farmar i Martinez. Jernbanearbeid eit pår ar, så bygningsmann og på smelteverk. Frå 1914 arbeidde han i 23 år i Shell oljekompani. G. m. Anna Knudsd. Aure. 7 born. 8 barneborn (1951).

771. *Riksheim, Jakob Larsen* (Kjerane)
f. 17/7 1896. Var gift fiskar då han utv. til Wash. i sept. 1923. Kort tid i Clemens skogscamp i lag med Petter Blakstad og Bastian Hjorthol. Så 4 år i Polson med ymse avbrot. Heim for godt i 1929 til kone og to søner. Bur i Våtmyr.
772. *Riksheim, Jens Larsen* (Kjerane)
f. 13/9 1890. Til Wash. i febr./mars 1907. Skogsarbeid i Polson i 7 år. Sidan til Alaska, kjøpte gullmine av ein gamal irlending og fann noko gull. Under verdskrigen vart han registrert i hæren, og Staten skulle drive mina, som då vart vanstelt. Var og i Sibir (1924/26), lurde seg over dit og dreiv jakt. Seinare starta han gullmine i lag med Jakob Drabløs. Den dreiv dei til 1942. Hadde ei tid hus i Wash., nær Seattle. Men var i Calif. sist dei høyrde frå han. Kona er norsk.
773. *Riksheim, Karl Larsen* (Kjerane).
f. 9/8 1893. Til N. Dakota i mars 1910, til morbroren Jens Aasen. På farm eit år. Kom med i krigen og var visst i Frankrike. Sidan har ingen høyrte noko frå han.
774. *Riksheim, Peter Larsen* (Kjerane)
f. 31/5 1886. Til Wash. i okt. 1909, til Polson camp 3, der han arbeidde i tre år. Var så heime til hausten 1922, då han som gift gardbrukar reiste til Vancouver B. C. og kom seg inn i Statane med det same. Heim for godt i 1925. Etter fyrste turen løyste han plassen og bygde løe, etter siste turen bygde han stove. Døydde 7/3 1947.
775. *Riksheim, Karl Ludvigsen* (Grøngot)
f. 30/7 1886. Til Hoquiam i febr./mars 1907, til broren Lars. Arbeidde i skogen på «skidroad» (laga vegar). I 1912 til Alaska på ein irsk kveitebåt som einaste nordmann. Dreiv fiske på denne og andre båtar til 1920. Kom heim det året og miste bortimot 20 000 kr. i bank. Måtte låne pengar for å kome seg til Amerika att i 1922. Kveitefiske på Alaskakysten til 1925 med fast bustad i Ballard, Wash. Heim for godt 1925. Kjøpte gard på Erstad, Reiten, og bygde begge husa.
776. *Riksheim, Lars Ludvigsen* (Grøngot)
f. 21/10 1888. Til Wash. i febr. 1906. I Polson heile tida. Braut beinet og låg lenge på sjukehus i Hoquiam og Tacoma. Heim for godt i 1911 og døydde av tub. eit par år seinare. Ugift.
777. *Riksheim, Peter Ludvigsen* (Grøngot)
f. 22/10 1891. Fyrste gong til Amerika i febr. 1910 til brørne i Wash. Skogsarbeidar i Polson og i Corkrey. Vart send til Frankrike under

fyrste verdskrig, dit han kom på dagen eit år før freden. Kom i ingeniør-tropp og arbeidde som skogsarbeidar 18 km. frå Verdun. Det var bombing rundt dei, og dei såg ljøsken av kanonene. Over til Vestkysten att, 6 mnd. i skogen, så heim til Noreg, der han var frå 1919 til 1923. I jan. det året til Wash. og Polson på nytt. Heim for godt i 1929. Bur på Blindheim.

778. *Riksheim, Andreas Nikolaisen* (Gyljane)
f. 14/6 1910. Til Wash. i nov. 1928. Eit år i Polson. Gjekk kveldskule i Hoquiam og maskinistskule, der han tok dieselsertifikat av 2. klasse. Maskinist på båt som fiska for cannery, og flytte til Seldovia, Alaska, der han budde til 1938. Då til Calif, og vart med ein tunabåt til Galapagosøyane. Frå 1940 inn i det militære som flymekanikar i Amerika og på Stillehavssøyane. Etter krigen maskinist på tunabåt. Kona er amerikansk. Eitt barn.
779. *Riksheim, Peter Elias Nikolaisen* (Karolusg.)
f. 24/7 1904. Var snikkar då han utv. til Vancouver B. C. i aug. 1923. Kom seg over i Statane og arbeidde i Polson camp 10 i 3—4 år, Sidan 14 år på cannery i Petersburg, Alaska i lag med Johan Grebstad. Om vintrane bygningsarbeid i Seattle, eller turar med lastebåtar, m. a. til Korea og Japan. Ugift.
780. *Riksheim, Peter Martin Nikolaisen* (Gyljane)
f. 17/3 1898. Til Vancouver B. C. i aug. 1923. Over til Statane, til Polson camp 10, der han arbeidde i 6 år. Deretter tunafiske frå Calif. I 1943 kjøpte han eigen tunabåt, med stasjon i San Francisco. Frå 1947 tunafiske frå Seattle. Heime i 1938 (2). Døydde av slag i 1949, og er gravlagd i Lomita, nær San Pedro. Ugift.
781. *Riksheim, Olivia Olsd.* (Løken)
f. 1/5 1885. Til Tacoma til halvbroren Chas Severson (959) i juni 1907. G. m. snikkar Arne Vik frå Helgeland. Ein son, Harald, som kom heim til Sykkylven i lag med mora og budde der nokre år. Då mannen og kom heim frå Amerika, flytte dei til Bergen, der han er los. Harald utv. sidan til Amerika.
782. *Riksheim, Emma Pettersd.* (Grøngot)
f. 14/10 1897. G. m. Knut Fylling og budde i Langevåg. Mannen reiste til Amerika, og i mai 1949 reiste ho etter med sonen Kåre, til Vancouver B. C., der mannen er murar. Ei dotter er heime i Noreg.
783. *Riksheim, Alfred Pettersen* (Grøngot)
f. 28/6 1906. Til Hoquiam i juli 1926. Tre år i Polson. Sidan seks sesongar

laksefiske i Alaska med stasjon i Hawk Inlet; om vintrane i Polson. I 1936 heim på besøk, hadde returbillett, men vart heime for godt. Bygde hus og arbeider på fabrikk.

784. *Riksheimsgjerde, Alfred Pettersen (Stølen)*

f. 29/5 1905. Til Hoquiam til broren Jens i febr. 1926. I Polson eit år. så til Yakima på bygningsarbeid hos morbroren Ole Strømme. Frå 1932 i gullmina «Snowshoe» i Calif. i 3—4 år. Sidan bygningsarbeid i Idaho. Kona heiter Annabelle. 5 born.

785. *Riksheimsgjerde, Jens Pettersen (Stølen)*

f. 5/6 1900. Dreiv fiske før han utv. til Wash. i jan. 1923. Eit år på lakse-trapp nær Seattle, deretter i Polson til 1929. Bygningsarbeid i Yakima. Våren 1931 laksedorging ved Wash.-kysten. Heim for godt det året, tok garden og bygde stove.

786. *Hole, Sigmund Jakobsen (Riksheim)*

f. 14/8 1918 i Straumgjerde. Faren var frå Hole i Hjørundfjord. Sigmund voks opp i Annagarden på Riksheim. Til Amerika som sjømann i 1936. Inn i Statane frå Mexico i 1947. Har budd mest i Los Angeles, der han var maskinist i stort meieri, og i Lavendale, Calif. G. m. Olive Godfrey. Ei dotter, Karen.

787. *Karlsen, Anton (Riksheim)*

f. 1/4 1910 på Aure. Son til Ole Karlsen (Riksheim — 768). Fylgde mor si til Amerika i mars 1913. Døydde kort tid etter i Amerika.

788. *Sortebekk, Petter Iversen*

f. 19/4 1899 på Utgard. Dreiv fiske før han utv. til Wisconsin i april 1914. Har budd i Mihwaukee som maskinarbeidar, ei tid ved Fordfabrikkane. Kona, Aggie, er av tysk ætt. Born, Elmer og Loraine, er begge gifte.

789. *Sortebekk, Tomas Iversen*

f. 13/3 1886. Var sjømann og var med i fyrste verdskrig. Snakka fleire språk, m. a. tysk, og vart sett fast i Italia mistenkt for å vere spion. Alt som sjømann var han i Amerika. Busette seg seinare i Milwaukee som sjømann på dei store sjøane. Kom til slutt til Alaska som fiskar. Ca. 1940 hadde han gjort fin fangst, hadde eigen båt og noko pengar, då han kom vekk. Var sist sett ein kveld på veg ombord. Ingen spor vart funne. Ugift.

790. *Stave, Marie Karlsd.*

f. 25/1 1901. Vart gift i Nordfjord med Per Nore. Han reiste fyrst, og ho seinare (1928) til Amerika. Ho hadde med seg sonen Palmer. Mannen

var då sagbruksarbeidar i New Westminster B. C. No har dei 4 born og 2 barneborn. Mannen er heimattkomen (sinnssvak). Ho bur i Wrangell, Alaska, og arbeider på cannery.

791. *Stave, Ragna Karlsd.*

f. 20/9 1908. Til New Westminster B. C. i juni 1928 i lag med systera. G. 1. m. Normann Mathisen. Ei dotter og ein son. To barneborn. G. 2. m. sagbruksarbeidar Wollen, av norsk ætt. Ingen born.

792. *Stave, Peder Knudsen*

f. 25/1 1905. Til Vancouver B. C. i mai 1927. til Peter Blakstad som han var i snikkarlære hos. Sidan mest skogsarbeidar, men og på farm. Skal og ha vore på gullgraving. Sidan 1939 ingen kontakt med heimen eller sykkyllvingar i Amerika. Skal ha vore sett i Vancouver B. C. ca. 1945.

793. *Stave, Petter Knudsen*

f. 3/10 1892. Til Wash. i mars 1911 til broren Tomas. Arbeidde i skogen i 7 mnd., fekk lunge- og hjernebetennelse og døydde i 1912. Gravlagd i Aberdeen, Wash. Ugift.

794. *Stave, Tomas Knudsen*

f. 19/8 1890. Var snikkar då han reiste til Wash. i april 1909, til Peter Blakstad i Seattle. Arbeidde lenge i Polson, på slutten som «hucktender.» Døydde etter bilkollisjon i Hoquiam i 1920. Ugift.

795. *Stave, Anna Larsd.*

f. 5/2 1890. Til Wash. i mai 1910. G. 1. m. Lauritz Hanken, som omkom på sjøen. G. 2. m. sagbruksarbeidar Ole Jordfald. Dei budde lengst i Seattle, dei siste åra i Calif. Ingen born. Heime på besøk eit halvt år to gonger, eine gongen i 1937.

796. *Stave, Johanne Larsd.*

f. 20/3 1881. I aug. 1914 til Seattle til systera Laura. Hadde dottera Gyda heime, ho kom til Amerika seinare. (801). G. m. ein amerikanar som hadde ein liten farm nær Seattle. 3—4 søner. Døydde ca. 1946.

797. *Stave, Laura Larsd.*

f. 7/10 1887. Til Seattle i april 1909. Budde der sidan. I 1912 g. m. sagbruksarbeidar Andrew S. Jordfald frå Romsdalen. Born: Lillian, Selma og Alma. Døydde i 1951. Jordfald er oppattgift med syster hennar (Olivia).

798. *Stave, Lisa Larsd.*

f. 21/1 1899. Var gift og hadde to born då ho utv. til Wash. i mars 1928, til mannen Oskar Kipperberg (Sjå 807—809).

799. *Stave, Olivia Larsd.*
f. 10/6 1894. Til Wash. i juli 1920. Hadde huspostar lenge i Seattle. G. m. enkjemannen etter systera Laura, Andrew Jordfald. Ingen born. Heime vel eit år 1934—35.
800. *Stave, Ingvald Larsen*
f. 8/9 1901. Var fiskar før han utv. i jan. 1923 til Seattle til systrene. Fiskar og båteigar. Var heime 1936—1937 og vart trulova med Nancy Nielsen frå Ålesund. Gifte seg same året i Amerika. Ein son, Lloyd, med same namnet som båten.
801. *Stave, Gyda Nilsd.*
f. 3/11 1911. Faren var utanbygds frå. Reiste til Amerika til mor si, Johanne L. Stave, i 1920. Vart gift med Olaf P. Lyshol.
802. *Stave, Klara Tomasd.*
f. 16/8 1899. Til San Francisco i febr. 1925 til systera Tomasine og har budd der i byen sidan. G. m. John Langseth frå Ørlandet, fiskar og fiskehandlar. Er no enkje og har drive med å arrangere og oppvarte i private selskap. Heime i 1934—35 (15) og 1948 (6). Medl. av D. o. N.
803. *Stave, Petrine Tomasd.*
f. 25/2 1882. Til Wash. i mars 1907. G. m. Ole Dahl frå Kristiansund. Han var målar. Dei budde i Seattle til 1914, kjøpte seg då ein heim i Brownsville og flytte dit for godt i 1916. Hadde 20 acres jord og nokre kyr. Petrine døydde i 1955. Born: Clarence (gift) og Gladys, g. 1. m. William Johnsen. G. 2. m. Douglas Wright. 2 barneborn (1951).
804. *Stave, Tomasine Tomasd.*
f. 24/10 1884. Til Wash. i april 1904 til tanta Ivrine Johnsen i Tacoma. To år etter til San Francisco og var der under jordskjelven. Så til Seattle att. G. m. Olaf Nelson frå Gudbrandsdalen. Ca. 1910 flytte dei til Calif., fyrst til Los Angeles. Frå 1912 har dei budd i San Francisco, der mannen dreiv hermetikkfabrikk for frukt. Ei dotter, Thelma, g. m. Russel Palmer. Barnebarn: John. — Medl. av D. o. N. Heime i 1950 (3).
805. *Stave, Karl Tomassen*
f. 10/8 1887. Til Wash. i april 1906. Fyrst mange år i Polson camp 10. Gruvearbeid og laksefiske i Alaska. Heim i 1913. Var fiskar heime. Reiste til B. C, Canada, i juli 1922 og arbeidde i skogscamp nær Vancouver. Kom seg inn i Statane og arbeidde i Polson att. Heim for godt i 1934. Den 5/4 1940 vart han funnen som lik på hamna ved Skateflua i Ålesund. Ugift.

806. *Stave, Peder Tomassen*
f. 23/12 1901. Tok studenteksamen i Noreg. Reiste til Vancouver B. C. i aug. 1927. Budde mest i B. C, men reiste elles mykje omkring og var med på ca. 15 slags arbeid. Var med på å måle hus, salte sild, og på ymse slags skogsarbeid. Heim for godt i sept. 1931. Endå han sidan har teke kjemi-ingeniøreksamen ved NTH og lenge har vore ingeniør i Oslo, reknar han dei 4 åra i Canada som dei mest lærerike åra han har hatt.
807. *Kipperberg, Lilly (Stave)*
f. 16/11 1922 i Sykkylven. Reiste i lag med mor si Lisa f. Stave (798) til Amerika i mars 1928.
808. *Kipperberg, Oscar Marius (Stave)*
f. 13/5 1896 i Ålesund. Far til førnemnde Lilly K. Budde eit par år på Sætre som fiskar. Utv. derifrå til Wash. i april 1924. Hadde vore eit par år i Amerika før.
809. *Kipperberg, Peder (Stave)*
f. 7/9 1920 i Sykkylven. Son til førnemnde Oscar K. Til Amerika i lag med mor og syster i mars 1928.
810. *Strømme, Arthur Henningsen (Fausag.)*
f. 28/5 1908. Til Minn. i febr. 1929, fyrst til Tom Grebstad i Clarkfield, derifrå til broren Ole i Wash. Arbeidde nokre år i Polson, sidan fiske og fiskeforretning i Seattle. Kona, Greta, er av svensk ætt. Ei dotter. Heime i 1938/39 (3).
811. *Strømme, Ole Johan Henningsen (Fausag.)*
f. 4/8 1904. Var anleggsarbeidar då han utv. til Wash. i febr. 1927. Arbeidde i skogen ved Hoquiam i 5 år. Sidan fiske frå Seattle. G. m. Lila Kangas, av finsk ætt. Born: Robert og Donald. — Medl. av S. o. N. og Bethany Lutheran Church. Heime i 1948 (3) og sumaren 1953.
812. *Strømme, Ole Petter Henningsen (Fausag.)* r
f. 25/2 1872. Var bygningsmann i Ålesund før han utv. til Sør-Afrika i aug. 1895. Var då trulova med ei sykkylvgjente. Var jordagut og hadde tenkt seg heimatt. Arbeidde som bygningsmann i Johannesburg. Fekk dysenteri. Budde då saman med andre sunnmøringar på eit losjibus som dei kalla «Kvia». Siste kvelden han levde kjende han seg bra, men var så svoltan han kunne ete mold, sa han. Men doktoren sa at mat var gift for han. Om morgenen fann dei han død med ein halveten pose med småkaker. Ingen skyna korleis der var kome mat inn til han. Dette var påskedag 1897.

813. *Strømme, Jens Johansen* (Larsg.)
f. 7/2 1903. (Jens K. Strom). Til Wash. i aug. 1923. Arbeidde i Polson. Vart skadd i eine låret av ein wire og låg på sjukehus ei tid. Sidan i skogen att. Tek på seg jobbar og leiger folk. Bur i Raymond, Wash. Kona, Alberta, er av dansk ætt. Born: Petter Konrad og Anna Karin. — Skreiv seg ei tid for Johnsen.
814. *Strømme, Petter Johansen* (Larsg.)
f. 15/7 1905. Til Wash. i febr. 1927. Arbeidde i Polson i 1 ½ år. Då vart han sjuk, fekk plevritt og døydde etter lang sjukelege på Aberdeen General Hospital 14/4 1931. Ugift.
815. *Strømme, Jens P. Larsen* (Jog.)
f. 4/6 1901. Var fiskar då han utv. til Wash. i okt. 1920. Arbeidde i skogen ved Hoquiam og på cannery i Alaska. Mest i skogen, der han m. a. var «choker-setter». Fekk hovudet mellom to stokkar og døydde på sjukehuset nokre timar etter. Dette var ca. 1923. Ugift.
816. *Strømme, Lars Larsen* (Jog.)
f. 30 10 1862. Far til førnemnde Jens S. Reiste til Wash. som gift gardbrukar i mars 1910. Skogsarbeidar ved Hoquiam. Heim for godt etter eit par år. Døydde 26/2 1946.
817. *Strømme, Ole Larsen* (Jog.)
f. 22/4 1899. Til Hoquiam i febr. 1923. Har arbeidd i skogen heile tida og er ein av dei få sykkylvingar som enno arbeider i Polson (no Rainier). Var ute for stygg ulukke i skogen, fekk skade i hovudet og har no lett arbeid i campen, reier senger osv. Heime eit år 1829/29. Ugift.
818. *Strømme, Peder Larsen* (Jog.)
f. 14/10 1896. Var gift fiskar då han reiste til Wash. i febr. 1922, til broren Jens. Arbeidde i Polson. Hadde tenkt å vere i Amerika for godt og få kona over, men ho hadde ikkje lyst å utvandre. Heim for godt etter 5 1/2 år. Kjøpte garden av broren Ole.
819. *Strømme, Susanna Olsd.* (Sølmong.)
f. 24/6 1918. Til Amerika i 1951, til broren Theodor. Arbeidde ved Vancouver Yacht Club. I 1953 g. m. Jack Youngman, som arbeider for Imperial Oil Co. Dei bur i North Vancouver B. C.
820. *Strømme, Theodor Olsen* (Sølmong.)
f. 12/9 1909. (Ted Strømme). Til Vancouver B. C. i febr. 1929. Skogsarbeidar i B.C. G. m. Glana, fødd i Canada, av slekt frå Wales. Ein son, Gary. Alle tre var heime i 1950 (2).

821. *Strømme, Lauritz Pettersen* (Sølmong.)
f. 16/9 1889. Til Wash. i mars 1907, til broren Petter i Setfittle. Gjekk på skule fyrste året. Etter kort tid i skogen i ^ ash. var han i 17 år i Canada, mest i Vancouver B. C. Lærde skiltmåling og reiste mykje rundt på fast løn for eit firma. Frå 1935 same yrket i Seattle, der han snart fekk eiga forretning. G. m. Lilian Conners, kanadisk av engelsk ætt. Born: Lawrence, g. m. Gladys; Georg, g. m. Jean Kelner; og Shirley. To barneborn (1951). Shirley studerte ved universitetet i Seattle. — Medl. av Sunnmørslaget og S. o. N.
822. *Strømme, Martin Pettersen* (Sølmong.)
f. 27/2 1892. Til Vancouver B. C. i april 1911. Skogsarbeidar til ca. 1940. Sidan bryggearbeidar i Vancouver. G. m. Elisabeth Alexander, fødd i Skottland. Ei dotter, Elisabeth, g. m. John Douglas (skotsk). Eit barneborn, Susan. Har vore medl. av S.o.N.
823. *Strømme, Petter Pettersen* (Sølmong.)
f. 1882. Til Minn. i febr. 1899 til Tom Grebstad i Clarkfield. Der eit år, så til Vestkysten. Mest skogsarbeid i Polson i yngre år. Prøvde seg så med prospekting i B. C. Sidan laksefiske, og småjobbar om vinteren. Bur i Burnaby B. C. Slekt til kona, Nelly, kom frå Wales. Ingen born. Begge heime i 1949 (2).
824. *Langeland, Peter Hansen* (Strømme)
f. 18/7 1868. Til Seattle ca. 1886, visstnok frå Stordalen, med ein kapital på 15 kr. som han hadde lånt. Farm- og skogsarbeidar. Lokomotivførar. Hadde gått maskinistskule i Amerika. Budde ei tid i Seattle. I mars 1903 hadde han vore heime og reiste no til Calif. Var gift med Anna Riksheim og hadde to born. I mars 1910 retunerte han på nytt etter Noregstur, denne gongen til Wash. Styrde maskin i skogen. Kona var sjuk, og han kom heim for godt året etter. Gifte seg oppatt med Karen Hjorthol. Døydde i Sykkylven 19/5 1929.
825. *Langeland, Helma Petersd.* (Strømme)
f. 4/10 1900 i Sykkylven. Til Seattle i jan. 1923 og har budd der sidan. Huspost i to år. G. m. Johan Arnt Kristiansen frå Tønsberg, kaptein i utanriksfart. Han døydde i 1953. Dottera, Gerda, er gift med Joseph Mullins, ubåtsjef i San Diego — Medl. av Sunnmørslaget.
826. *Langeland, Aasta Petersd.* (Strømme)
f. 9/1 1909. Til Prince Rupert i aug. 1928. Bur no i Vancouver B. C. Er g. m. nordlendingen fiskar Einar Jensen. Born: Sheila og Bruce.

- 827. *Langeland, Herman Petersen.* (Strømme)
f. 15/6 1902. Til Vancouver B. C. i nov. 1922. Fyrst sjømann, sidan skogsarbeidar. Er no bryggearbeidar i Seattle. Er gift. Kona har born frå tidlegare ekteskap.
- \$28. *Strømmegjerde, Elen* (Solbakken)
f. 10/2 1895 i Kristiansund. Kom til Sykkylven i 1917 og gifte seg med Anton B. Strømmegjerde (832). Til Amerika i okt. 1927. Heim for godt i mai 1930.
829. *Strømmegjerde, Borgny Antonsd.* (Solbakken)
f. 18/3 1923. Fylgde foreldra og bestemora til Minn. i okt. 1927. Kom heim for godt i lag med mor si (828), er på garden og g. m. Johan Johansen frå Grebstad. Skriv seg for Borgny Strøm Johansen.
530. *Strømmegjerde, Johanne Berntsd.* (Solbakken)
f. 9/10 1852 på Erstad. I 1890 g. m. Bernt O. Strømmegjerde. Sønene reiste til Amerika, og då Johanne vart enkje, reiste ho over i lag med sonen Anton og huslyd i okt. 1927. Men det gjekk som det oftast går med gamle folk, ho treivst ikkje i dei nye tilhøva, og i aug. 1928 reiste ho heimatt for godt. Døydde 8/12 1930.
831. *Strømmegjerde, Andreas Berntsen* (Solbakken)
f. 20/1 1894. (Andrew Benton alias Andreas B. Strøm). Var snikkar då han utv. til Casselton, N. Dakota i juli 1911. Farmarbeidar for Ole Erstad. Gjekk på St. Olaf College i Northfield og studerte elektroteknikk ved universitetet i Mpls. Flytte så til Milwaukee for å gjere studiet kortare. Gjekk på School of Engineering og ved Marguetteuniversitetet. Hadde arbeid ved sida av studiet og sleit hardt. Tok eksamen i 1923 og vart tilsett som ingeniør ved ein fabrikk. Var sidan i kort tid professor ved universitetet i Milwaukee. Kona, Ella, var av fransk ætt, enkje, med tre born. Dei vart skilde. Var heime i 1924/25 (3) og 1927 (1 V₂). Døydde 6/3 1950.
832. *Strømmegjerde, Anton Berntsen* (Solbakken)
f. 25/1 1898 (Benson). Til Mpls. i okt. 1927 i lag med kona Elen f. Strand og dottera Borgny. Hadde og med mor si. — Vart sjømann på dei store innsjøane. Arbeidde elles mest i elektrisk firma i Mpls. i lag med broren Ole Bastian. Medl. av S. o. N. i Mpls. Var styrmann i Noreg og vart i Mpls.-avisene rost for ei sjømannsbedrift midt inne i Amerika: forde ein fiskebåt frå Frankfort, Michigan til Mpls., ein tur på 1140 miles, gjennom 44 sluser og på elvar som var så grunne at hamneingeniøren trudde det var uråd å kome fram med så stor båt. — Vart sjuk, og kom heim for godt i 1935. Døydde i 1939.

833. *Strømmegjerde, Ole Bastian Berntsen* (Solbakken)
f. 20/9 1891 (Ole B. Benton). Var bygningsmann då han utv. til Mpls. i april 1909, og budde der heile tida. Lærde elektrikarfaget og var dei siste 13 åra ved Pillsburys' Flour Mill Co. G. m. Helga Rønning frå Tønsberg. 5 born. Dottera Johanne var med foreldra til Noreg i 1921. Han var og heime i 1927. Dei andre borna er: Ardis, Borton, Orla og Helen. Ole Bastian var plaga av astma og hadde tenkt å reise heim for godt. Skulle styre elektrisitetsverket i Sykkylven. Men slik gjekk det ikkje. Han døydde 18 5 1931.
834. *Strømmegjerde, Nikoline Hansd.* (Nymark)
f. 26/1 1895. Var sydame då ho utv. til San Francisco i okt. 1923. Same yrket der, og huspostar. Heim for godt i 1939.
835. *Strømmegjerde, Jens Hansen* (Nymark)
f. 19/5 1892. (Jens Strøm). Til Calif. i mars 1910. Flytte til Seattle ca. 1933. Har for det meste vore sjomann, ei tid i utanriksfart. Har no eigen laksebåt. Heime i 1921—22 (6). Ugift.
836. *Strømmegjerde, Karl Hansen* (Ellevgjerde)
f. 21/2 1864. (Carl Hansen). Til Amerika fyrste gong i mai 1882, over Bergen. Kom heimatt og reiste over andre gongen i mars 1892 som ugift steinarbeidar, frå Ålesund til San Francisco. Var både i Dawson og Fairbanks på gullgraving. Arbeidde for dagløn i Wall Creek. Jenny Woog og mannen var og i Fairbanks då, og dei to para budde i same hus. Kona til Karl var Jensine (Jenny) Jensd. Strømmegjerde. I juli 1907 returnerte Karl og kona til Alaska etter besøk. Han var lenge formann på sagbruk. Heime på besøk att i 1938, og han døydde då i Ålesund 22/12. Borna Agnes, Helen og Bernice er i Amerika. Kona reiste dg dit att.
837. *Strømmegjerde, Peter Hansen* (Ellevgjerde)
f. 1/3 1858. (Peter H. Strøm). Kalla seg for Peter Hansen og var fiskar di han utv. til Dakota i mars 1893, Var lengst ved sagbruk i Albion, Calif. Heim for godt i 1900. Budde sidan i Ålesund og er kjend som oppfinnar av den såkalla Ålesundsmuren (gråstein i sement). Kona, Marta, døydde i 1940. Sønene Per. Arvid og Gabriel var i Amerika. Gabriel kom heimatt og gjekk inn i forretninga til faren, men døydde ung. Dottera Amalie g. Aase er 6g i Amerika. — Peter Strøm døydde 18/2 1952.
838. *Strømmegjerde, Peter Hansen* (Nymark)
f. 7/9 1898. Til Vancouver B. C. i nov. 1922. Kom seg til Wash. Reiste snart til Calif., der broren Jens hjelpa han til arbeid på sagbruk. Ein sesong laksefiske i Alaska. Eit år i Polson. Heim for godt i 1926.

839. *Strømmegjerde, Berte Jensd.* (Nedstegjerde)
f. 30/1 1873. Til Calif. i 1907 i lag med mannen, Ekroll, som var bakar i Ålesund. Han dreiv sidan bakeri i Calif. Ca. 1920 var dei heime ein tur. Ingen born. Berte døydde ea. 1947.
840. *Strømmegjerde, Hanna Jensd.* (Nedstegjerde)
f. 3/10 1886. Til Calif. i febr. 1906 i lag med brørne Anton og Johan. Har budd i San Francisco og i Los Gatos. G. m. skipskaptein Hans Olsen frå Fredrikstad. I 1921 heime i 9 mnd. i lag med dottera Alice, som no er gift med ein flyoffiser og har to søner og ei dotter.
841. *Strømmegjerde, Jensine Jensd.* (Nedstegjerde)
f. 8/12 1876. Til Amerika i april 1899. Tente hos svensk familie og var med dei til Sverige. Derifrå til Sykkylven, der ho vart gift med Karl Hansen Strømmegjerde, som då var heime frå Amerika. Born: 1. Agnes g. m. skogeigar Krohnenberg. 2. Helen g. m. ein bankdirektør. 3. Bernice g. m. ein lærar. Alle har ein son og ei dotter. Jensine var siste gong i Noreg i 1939 og bur i Bendon, Oregon.
842. *Strømmegjerde, Anton Jensen* (Nedstegjerde)
f. 23/9 1888. Hadde tre sysken i Amerika då han utv. til San Francisco i febr. 1906. På sagbruk i to år. Fra 1908 i Alaska på gullgraving i lag med Iver, Karl og Peter Strøm og Karl Ramstad. Tre år seinare tilbake til Seattle. Eit par år etter til Alaska på nytt, denne gongen på cannery. Var i alt 29 år i Alaska, lengst på Kodiak Island. Frå 1947 i Seattle. G. m. Berte Lovise Hole (609). Born: Jean, Annabelle og Patsy. Eitt barnebarn (1951). Jean er gift med son til Chris. P. Wicks (1032).
843. *Strømmegjerde, Jakob Karolus Jensen* (Nedstegjerde)
f. 12/4 1819. (Jacob Strøm). Den fyrste utvandrararen frå Sykkylven ein veit om. Kom i ung alder til Ålesund til morbroren kjøpmann Ole Strøm, og skreiv seg sidan for Strøm. Ole Strøm åtte fraktebåten «Tordenskjold» og Jakob var med ombord på denne ei tid. Ein gong skal han ha lurt nokre varer i land utan å betale toll for dei, og politiet var etter han. Det skal vere grunnen til at han rømde or landet. Kva tid dette hende er uvisst. Men ymse ting har ein å halde seg til for å tidfeste utvandringa. I Romsdals Amtstidende for 4/9 1841 vert omtala ei smuglarsak som kan vere den det her er tale om. Tradisjonen vil ha det til at Jakob var med i gullrushet i California i 1849. Tradisjonen fortel vidare at han var fleire turar i Amerika, i alt 23 år. Bugge fortel likeeins i Ålesunds Historie at Jakob var i Amerika fleire gonger. (Bugge tek feil når han meiner Jakob var son til Ole Strøm). Dernest veit ein at Jakob budde i Ålesund ved folkjeteljinga i 1865. Alt dette kan sjå ut til å stemme bra. Men så finn ein av kyrkjebøkene at han gifte seg i Ålesund i 1843," og at han hadde

born fødde i 1843, 1845, 1847 og 1849. Det som ein då ikkje sa lett får til å stemme, er at han skulle ha vore i Amerika sa lenge som 23 ar. — Han kan ha reist fyrste gongen i 1841 eller 1842 og vore vekk i kort tid. I 1847 var han reiar av sluppen «Den lille Olivia». Den 26/9 1848 var han passasjer med D/S Prinds Carl frå Ålesund til Bergen. Både i 1850 og 1851 finn ein namnet hans j «Postbudet» under «Uindløste Brev». Han kan ha vore på veg til Amerika då han reiste til Bergen i 1848. og frå den tid kan han ha vore lenge vekk. Etter det sonesonen hans. Gerhard Strøm i Oslo, fortel, døydde han i Ålesund i 1867. — Han budde på Brunholmen der Ålesunds Avis seinare hadde hus. Kona hans var Marie Andersen, dotter til kjøpmann Jørgen Andersen i Ålesund. Born: Olivia; Jørgen, kjøpmann i Ålesund; Jenny. g. m. lensmann Møller i Valdalen; Gerhard, sakfører i Kristiania. Gerhard hadde to søner som begge enno lever i Oslo. (Sjå elles kap. I).

844. *Strømmegjerde, Jakob Olaus Jensen* (Nedstegj.)
f. 3/6 1878. (Oluf Strom). Var skomakar då han utv. til San Francisco i juli 1898. Budde heile tida i Calif. som dagarbeidar. Kona, Charlotte Hagelin, var svensk. Born: Dave, Alice og Anita. Døydde i San Jose i 1944.
845. *Strømmegjerde, Jens Jensen* (Nedstegj.)
f. 17/2 1883. (Jens Strom). Over Trondh./Kra. til San Francisco i sept. 1902. Hadde lenge liten farm i Berkeley, Calif. der han dreiv hønse-al. G. m. Bastianne Blakstad. Dei har no slutta med farmen og bur j San Francisco.
846. *Strømmegjerde, Johan Jensen* (Nedstegj.)
f. 23/9 1884. Til San Francisco til broren Jakob i febr. 1906. Pa sagbruk i Scotia, Calif. og på jernbane til 1916. Fall ned mellom to vogner, braut det eine beinet, og det andre vart så stygt medfare at det måtte amputerast. Fekk seg sigarbutikk og biljardsalong, men selde i 1922. Sidan vaktmeister, såleis i 5 år for eit vaskeri. Frå 1942 har han vore elevatorfører i det store K.F.U.M.-huset i San Francisco. Var gift, men skild i 1935. Ingen born.
847. *Strømmegjerde, Lauritz Jensen* (Nedstegj.)
f. 6/6 1892. Til San Francisco i mai 1909. Var eit ar i lag med brørne Johan og Jens på sagbruk i Albion, Calif. Sidan fyrbøtar på lokomotiv i Humboldt county. Kort tid skogsarbeidar i Wash. og Oreg. I to år kjelesmed (boiler måker) i San Francisco. Under fyrste verdskrig var han i armeen, men ikkje i Europa. Sidan den tid har han fare jorda rundt som maskinist til sjøs. Fekk i 1952 kolbrann i eit bein, som måtte amputerast. G. m. Emilie Swanson frå Blindheim (160). Born: Jene og Lloyd. Sistnemnde fall i siste verdskrig, 22 år gl.

848. *Strømmegjerde, Jenny Johansd.* (Gylet)
f. 21/4 1900. Til Wash. i okt. 1923 Hadde huspostar og hadde lovt å vere heime att om 5 år. Men då var ho gift med Peter Berg frå Aamot i Østerdalen, tidlegare formann for cannery i Alaska. Dei bur i Seattle. Sonen Sigmund gifte seg i 1951 med Ione Johnston, f. i Minn. — Jenny var heime i 1948 (7). Medl. av Sunnmørslaget og D. o. N.
849. *Strømmegjerde, Jakob Johansen* (Gylet)
f. 12/7 1902. (J. Strøm). 18 år gl. var han matros på Stavangerfjord, og nokre sykkylvingar som reiste med båten, fekk han til å gå i land i New York. Var ei tid i Brooklyn, sidan butikkmann hos onkelen Tom Strøm i Tacoma. Driv no fiske på kysten og bur i Bottell, Wash. Eit par sesongar i Alaska. G. m. Gertrud Hoven frå Wash. Born: Jackie, Geraldine og Tommy. 2—3 barneborn.
850. *Strømmegjerde, Karoline Larsd.* (Ellevgj.)
f. 26/1 1892. Utv. til Amerika (før 1910). G. m. bakar Karl Petersen frå Svinøya og budde i Minneapolis. Dei hadde ei dotter som døyddde.
851. *Strømmegjerde, Kristine Larsd.* (Ellevgj.)
f. 20/2 1894. I april 1910 til Calif. G. m. kaptein Ingvald Hellestø frå Stavanger og har budd i San Francisco. Mannen døyddde ca. 1950. Ein son, Ingolf, som er gift. — Heime med sonen i 1920—21 (12). Då miste ho pengane sine i Ålesundsbank og måtte vente på pengar frå Amerika. Har vore sjuk i mange år.
852. *Strømmegjerde, Jørgen Larsen* (Ellevgj.)
f. 11/5 1890. Flytte til Vartdal i lag med foreldre og sysken i 1902. Til Calif. i 18-årsalderen. Arbeidde fyrst på sagbruk i Albion. Flytte sidan til Minneapolis, der systera Karoline budde. Var heime same tid som systera (1920), men kortare, og budde då i Vartdal. Var formann for mudderpram i Amerika. Er gift og har ein son og tre døtrer.
853. *Strømmegjerde, Olav Larsen* (Einebø)
f. 17/12 1893 på Blindheim. Reiste til farsystera Karoline i Kansas i mars 1910. Arbeidde på farm i nokre år. Gjekk inn i armeen i fyrste verdskrig og kom til Frankrike. Gjekk på handelsskule i Salina, Kansas. Vart kasserar i ein bank i Codell i 1921. Vart der gift med Vera Bright. Flytte 1922 til Norton, der han var bokhaldar og kontorsjef i 13 år. Der vart sønene Olaf og Robert fødde. I 1935—36 var der sandstormar, og eldste sonen vart sjuk. Då flytte dei til Denver, Colorado og derifrå til Belle Fourche, S. Dakota, der dei bur enno. Olav er rekneskapsførar for eit Chevrolet-agentur, og kona arbeider på kontoret til ei manufakturforretning. Sonen Olaf Eugene (kallast Gene) var flygar i siste verds-krig og var på Grønland, Island, i England, Italia og Afrika. Har ingeniør-

eksamen og arbeider for Phillips Petroleumskompani i Bartlesville. Oklahoma. G. m. Joyce Karston, og har ein 9 år gamal son. Yngste son til Olav, Robert, studerer medisin i Springfield, 111.


854. *Strømmegjerde, Berta Olsd.* (Nedstegj.)
f. 14/2 1892. Til Everett, Wash. i aug. 1910. Året etter til San Francisco. G. m. Emil Jensen, som kom som liten frå Danmark og er formann i varehus. Born: Betty g. m. Arthur Terry, og Earl g. m. Johanne Cox. 3 barneborn (1951).
855. *Strømmegjerde, Ole Johan Olsen* (Gylet)
f. 31/8 1829. (Sjå kapitlet: Frå nybyggjarliv i «grenseland».). Då Ole Johan døydde, tok sonen Oluf over farmen i Kansas, medan sonen Pete fekk huset i byen. Pete døydde ugift 24/3 1947. Oluf vart gift i 1883 med Josephine Peterson, som kom frå Sverige i 1880. Deira born er: 1. Joseph. 2. Pearl. 3. Alma. 4. Edna. 5. Ernest. 6. Clarence. 7. Alfred. 8. Myrtle. 9. Mabel. Joseph døydde som barn, dei andre lever. Pearl, Alma og Ernest er ugifte. Edna er g. m. Ejner Larsen og har 3 born og 6 barneborn. Clarence er g. m. Louise De Noyer, ingen born. Alfred er og gift, men barnlaus og bur i Long Beach, Calif. Myrtle er g. m. Homer Cardwell og har ei dotter og 4 barneborn. Mabel er enkje med to born. — Oluf Strom døydde i 1939. Som ein ser vil Strom-namnet i Kansas gå ut med nolevande (tredje) generasjon.
856. *Strømmegjerde, Johan Sivertsen* (Gylet)
f. 28/10 1874. Var gift gardbrukar og snikkar då han utv. til Amerika i mars 1910. Var lokomotivreparatør, fyrbøtar og bruarbeidar og budde i Tacoma, Everett og Vancouver B. C. Heim for godt i 1914. Dreiv slaktarforretning i Straumgjerde. Døydde 17/7 1950.
857. *Strømmegjerde, Ole Johan Sivertsen* (Gylet)
f. 16/2 1879. Til Seattle i febr. 1900. Sagbruks- og jernbanearbeidar. Heim i 1905. I mars 1909 til Tacoma og hadde no kone og tre born heime. Arbeidde denne gongen på jernbane heile tida. Heim for godt i 1912.
858. *Strømmegjerde, Severin Sivertsen* (Teigen)
f. 9/2 1890. (Sam Strom). I sept. 1906 til Wash. til broren Tom. Snart etter til syskenbarnet Peter Drabløs og budde hos han til 1911, då han gifte seg med Oline Kalvøy og fekk eigen heim i Tacoma. Dreiv fyrst skogs- og jernbanearbeid. Var sidan snikkar og byggmeister (kontraktør). Var godt kjend mellom norske på heile Vestkysten for sitt arbeid i S. o.N., der han t. d. var distriktspresident og frå 1926 i 6 år visepresident i overlosjen. Reiste mykje rundt og hjelpte til med å stifte nye lokallag av S. o.N. Under guvernør Hartleys styre vart han tilsett i statens teneste (industriforsikring). I politikken held han seg mest til republikanarane.

men stemmer på beste mannen. Born: 1. Selma, g. m. Roy Fink. 2. Norman, g. m. Erma Mullen. 3. Stanley, g. m. Eina Petersen. 4. Clarenoe, g. m. Mardelle Skater. 5. Marie Louise, g. m. Jay Hancock. Minst 8 barneborn.

839. *Strømmegjerde, Tomas Sivertsen* (Teigen)
f. 7/5 1885. (Tom Strøm). Til Wash. i 1901. Fyrst fiske i Petersburg, Alaska, så skogsarbeid nær Poulsbo, Wash. I 1904 til Dawson på gullgraving. 1906—1912 skogsarbeidar i Wash. Eit par år ved jernbanen som brubbyggjar, og under fyrste verdskrig på skipsverft. Frå 1918 til 1922 dreiv han eiga fiskeforretning i Tacoma. Frå 1923 kolonialforretning, til 1941 i Normanna Hall, sidan på So K Street i Tacoma. Hadde og norske varer. Averterar i 1936 t. d. «søndmørske spekelaar». I 1946 tok borna over forretninga. Var mykje med i lagsarbeid, hadde gode talegåver og var representativ. Var med i Scandinavian Fraternity frå starten, og som ein av dei fyiste presidentane dei tok han mot kronprinsfamilien i Tacoma. Var president i S. o. N. G. m. Anna Gjærde (Hagen) frå Stranda. Born: 1. Prudence, g. Mathisen. 2. Thomas, g. m. Josephine Ludwig. — 4 barneborn (1951). Var heime i 1933 (4) og 1947 (5). Han døydde våren 1950.
860. *Strømsheim, Olivia* (Tuene)
f. 26/7 1884. (Olive Strøm). Tente på Stave før ho utv. til Minn. i mai 1906. Bur i Minneapolis. Ugift.
861. *Strømsheim, Anton Berntsen* (Tuene)
f. 19/5 1900. (A. Benson). Dreiv fiske før han utv. til Wash. i jan. 1924 til broren Ingvald. 2—3 år i Polson, sidan mest fiske, serleg på Alaska-kysten. Bur i Alderwood Manors, Wash. Kona, Jenny, er av svensk ætt. Ingen born.
862. *Strømsheim, Bernhard Berntsen* (Tuene)
f. 15/6 1896. (B. Sætre). Fødd på Straumsheim. Vart gift med Emma P. Sætre og tok namnet Sætre. Var gardbrukar då han utv. til Wash. i jan. 1924. Arbeidde ei tid i Polson, men fekk »cedar poison» (og måtte slutte. Har drive fiske sidan, på Californiakysten og ved Alaska. Bur i Seattle. Kona og tre born reiste over til han i 1936. Eitt barn, Barbara, er fødd i Amerika. (Sjå 897, 881—883).
863. *Strømsheim, Bjarne Berntsen* (Tuene)
f. 13/10 1904. Til Wash. i jan. 1923. Arbeidde i skogen, og i Alaska om sumrane. Døydde i Seattle av tub. 8/8 1927.
864. *Strømsheim, Ingvald Berntsen* (Tuene)
f. 9/1 1898. Var smed då han utv. over Vancouver B. C. til Seattle i aug. 1923. Arbeidde heile tida i Polson camp 10. I 1930 heim på besøk, men det vart for godt. Kjøpte plassen.

865. *Strømsheim, Petrine Gregoriusd.* (INymark)
f. 6/1 1885. Til Seattle i okt. 1907. og har budd der sidan. Arbeidde lenge på madrassfabrikk og er no pensjonert. G. in. Ole Græsdahl frå Bergenskanten. Han har eigen laksebåt. Dei bur i Seattle S. W., men har og hus i Ballard, der dottera bur. Born: Pearl og Andrew. 6 barneborn. — Heime på besøk ca. 1949 (6).
866. *Strømsheim, Andreas Jakobsen* (Olag.)
f. 9/8 1877. Til Wash. i febr. 1900. Skogsarbeidar og handlangar ved bygg. Var og ei tid i Klondike og Fairbanks på gullgraving. Heim for godt etter vel 10 år. Tok garden og bygde nye hus. Døydde i 1941.
867. *Strømsheim, Petter Jakobsen* (Olag.)
f. 4/3 1872. Ved giftermål i Nordfjord overtok han bruket Ødegaard. Det var ikkje nok til å leve av, og han reiste til Amerika, der han var i 3 år. Flytte så til Langevåg og arbeidde på fabrikk, fyrst som bryggermann, sidan i fargeriet.
868. *Strømsheim, Karl Johan Larsen* (Bendikpl.)
f. 13/3 1893. Var målar i Ålesund, gifte seg og reiste i lag med kona, Jenny, til New York i april 1923. Dei vart skilde. Han har vore målar i Brooklyn.
869. *Strømsheim, Peder Larsen* (Bendikpl.)
f. 18/5 1890. (P. Strom). Til Wash. i mars 1909. Fyrst skogsarbeidar. Var med i fyrste verdskrig og har ein liten pensjon av regjeringa. Bur i Central City, Colorado. Om sumaren arbeider han i ei mine for seg sjølv, ei halv mil frå næraste granne. Ugift.
870. *Strømsheim, Eline Olsd.* (Tormog.)
f. 16/9 1896. Hadde mykje slekt i Amerika då ho utv. til San Francisco i mai 1925. Har budd der sidan. Hushjelp til 1929, då ho gifte seg med Carl Rostad frå Trøndelag. Ho hadde lært å sy heime og har drive sying for ei st r ftrretning. Heime på besøk i 1947 (6). Medl. av D. o. N. og Dorcas Ladies' Aid.
871. *Strømsheim, Jakob Olsen* (Tormog.)
f. 9/4 1901. Var elektrikar i Noreg. Utv. til broren Peter i San Francisco i jan./febr. 1922. Var fyrst målar hos broren. Under krigen på skipsverft. Har elles heile tida vore målar, dei siste åra som formann for målarfirma. Medl. av S. o. N. og Den Norske Klubb. I 1926 g. m. Hansine Veddegjerde frå Langevåg. Born: Otto og Marilyn. Heime i 1955 (3).
872. *Strømsheim, Jens Olsen* (Tormog.)
f. 13/8 1907. Til San Francisco til broren Peter i okt. 1927. Arbeidde i lag med han som målar. Hadde vore der berre eit halvt år då han døydde av tyfus. Ugift.

873. *Strømsheim, Ole Olsen* (Tormog.)
f. 24/3 1894. Hadde lært snikkaryrket før han utv. til San Francisco i aug. 1923. For det meste same yrket sidan. Frå 1937 har han arbeidd for trappesnikkarfirmaet Atlas. Gift i 1937 i Reno med Ida Rasmussen frå København. Ingen born. Medl. av S. o. N. og Den Norske Klubb. Heime i 2 år 1930—32.
874. *Strømsheim, Oluf Olsen* (Tuene)
f. 4/11 1898 i Sykkylven. Var kontormann i Ålesund då han utv. til Calif. i jan./febr. 1923. Døydde ca. 1954.
875. *Strømsheim, Peter Olsen* (Tormog.)
f. 6/5 1892. Lærde målaryrket heime. Utv. til Vancouver B. C. i april 1909 til syskenbarnet Peter Strømme. Var der eit år før han flytte til onkelen Johan Riksheim i San Francisco. Dreiv eiga målarforretning frå ca. 1914. G. m. Kristine Strand frå Nordmør. Ingen born. Var mykje med i S. o. N. President for losjen i San Francisco i 3 år og distriktspresident i 4 år. President av det Norske Nasjonalforbund i San Francisco i 20 år. Ved verdsutstillinga i 1939/40 var han formann for Norgesdagskomitéen. Sekretær i Den Norske Klubb. Var den drivande krafta i arbeidet for restaureringa av «Gjøa», som står i Golden Gate Park. Fekk S. o. N's 25-årsmerke i 1939 og Olavsmedaljen i 1940. Døydde 8/5 1950.
876. *Strømsheim, Ole Pettersen* (Nymark)
f. 12/1 1879. (O. P. Strom). Kom som 18-åring til Ålesund i snikkarlære hos byggmeister Erstad. Utv. til Seattle i mars 1907. Arbeidde for norsk byggmeister. Våren 1915 til Ancohorage, Alaska. Skreiv etter kjærasten, Tillie Stuestøl, i 1916, og då ho kom hadde han hus ferdig til dei, og dei gifte seg 14/7 1916. Året etter til Seattle. I 1921 vart han så plaga av astma at han måtte til turrare klima. Fekk formannsjobb hos kontraktør i Yakima. Har sidan vore byggmeister der, og har ført opp kyrkje, rådhus, sjukehus etc. Heime på besøk i 1926 (4) med kona og dottera, Gladys. I 1935 representerte Gladys Yakima som prinsesse ved Wenatchee Apple Blossom Festival.
877. *Strømsheim, Peter Lauritz Pettersen* (Nymark)
f. 11/8 1900. (Laurence P. Strom). Til Wash. i des. 1926. Bygningsarbeid hos farbroren Ole Strøm i Yakima i 2—3 år. Så til Calif. Kjøpte jord og bygde seg hus. Driv renseri i Palo Alto. Gifte seg under krigen. Kona, Petra, er av dansk ætt. Ein son, Peter Jens.
878. *Strømsheim, Konrad Severinsen* (Teigen)
f. 17/4 1902. Til Vancouver B. C. i aug. 1923. Inn i Statane med det same



Sykkylven kyrkje, der dei fleste utvandrarane vart døypte og konfirmerte.

med papira i orden. Arbeidde i Polson, mest i camp 8. Vart sjuk og låg eit par mnd. på sjukehus før han reiste heim for godt i 1929. Er disponent for glasmagasin i Ålesund.

879. *Sætre, Johan Bastiansen* (Bernpl.)
f. 28/10 1897. Var fiskar og medeigar i motorbåt før han utv. til Vancouver B. C. i jan. 1924. Eit par år på sagbruk, Frazer Mills og i Everett. Deretter 6 år på kveitefiske frå Juneau på båten til farbroren Jens Kurset, og passa båten etter at Jens døydd. Heim for godt til jul 1931. Overtok plassen. Bygde nye stovehus.
880. *Sætre, Karl Bastiansen* (Bernpl.)
f. 25/12 1895. Var gift og hadde to born før han reiste til Vancouver B. C. i jan. 1924 i lag med broren. Arbeidde i skogscampar i B. C. og Wash. Sidan til Alaska på fiske i lag med broren. Heim for godt hausten 1926. Bur på Hamar.
881. *Sætre, Asbjørg Bernhardsd.*
f. 8/7 1922. I lag med mor si, Emma, til faren i Seattle i okt. 1936. G. m. ein amerikanar, M. Dunham, og har tre søner. (Sjå 862, 897.)
882. *Sætre, Lovise Bernhardsd.*
i. 2/8 1923. Til Amerika i okt. 1936. G. m. ein amerikaner. Var heime på besøk ca. 1953.
883. *Sætre, Petter Bernhardsen*
f. 11/4 1920. Til Seattle i lag med mor og sysken i okt. 1936. Var «bløder» og døydd året etter. Vart gravlagd (på dagen eit år etter at han reiste frå Sykkylven) på Crown Hill gravlund.
884. *Sætre, Anne Oline Ellingsd.* (Knutg.)
f. 29/5 1868. I mars 1893 til broren Jakob i Red River på Minnesota-sida. G. m. Nicholas Olsen, norsk bygningsmann. Dei tok land lenger aust i Minn. Av dei 8 borna lever 3: 1. Olaf, bur i Portola, Calif. (4 søner, 2 døtrer og 1 barneborn). 2. Emil, bur i Hooper, Wash. (4 døtrer, ein son og 11 barneborn). 3. Nina, g. Floura, bur i Hines, Minn. (2 søner, ei dotter, 2 barneborn). — Anne Oline døydd i 1920, mannen i 1929.
885. *Sætre, Karen Ellingsd.* (Knutg.)
f. 22/3 1873. Til Oregon i okt. 1899. I 1900 g. m. Caspar Tylden som hadde teke land i Oreg., nær California-grensa. Etter nokre år selde dei og flytte til Idaho, der mannen hadde budd før. Karen døydd i mai 1922, mannen i 1940. Born: Sigvart, Ella, Arthur, Selma, Jennings, Tillie, John, Agnes og Eva. Dei to sistnemnde og Sigvart er døde. Mange fekk seg farmar nær barndomsheimen.

886. *Sætre, Severine (Sarah) Ellingsd.* (Knutg.)
f. 4/1 1881. Til Crookston, Minn. i mai 1900. Nokre år huspost der, sidan
g. m. ein Mr. Hartson i Duluth. To søner. Døydde 2/7 1930.
887. *Sætre, Hans Johan Ellingsen* (Knutg.)
f. 9/8 1878. (John Sætre). Til Minn. i mai 1898. Fra Mpls. reiste han
snart ut i «farmarkontriet» i Minn. Etter nokre år flytte han til Montana.
Vart eigar av «apartmenthouse» i Big Timber. Enkja, Terese f. Benson,
frå Egersund, driv det no. Nær byen åtte han 6g to farmar som dei to
sønene no driv. Døtrene bur 70 miles frå Big Timber. Døydde 16/3 1949.
Borna er: Edwin Oscar f. 1910, Berent Johan f. 1911, Theodora Kathrine
f. 1914 og Olive Beatrice f. 1916.
888. *Sætre, Jakob Ellingsen* (Knutg.)
f. 8/3 1866. Var snikkar før han utv. til Mpls. i april 1892. Derifrå fyrst
til Crookston, Minn., sidan til Red River. Var farmarbeidar. Vart sjuk
og reiste heim for godt i 1896. Døydde ugift av brystsjukdom 9/4 1899.
889. *Sætre, Lars Ellingsen* (Knutg.)
f. 29/1 1886. I april 1905 til Montana til broren Karl Johan. Arbeidde
på farm. G. m. Bertha Gabrielsen (norsk). Born: Elmer f. 1912, Omer f.
1915. 4 barneborn. — Døydde av tæring, visstnok før 1940.
890. *Sætre, Ole Ellingsen.* (Knutg.)
f. 19/10 1875. Til Minn. i april 1896. Arbeidde i Red River på farm. der
broren Jakob hadde vore før. Har vore farmar heile tida. Bur no i Big
Timber, Montana. Ugift.
891. *Sætre, Johan Jensen* (Oleg.)
f. 4/7 1884. Utv. i mars 1903, visstnok direkte til Alaska på gullgraving.
Var deretter ei tid i Stanwood og sidan i Hoquiam som skogsarbeidar.
Så på nytt i Alaska. Bur i Juneau. Kona, Therese, er svensk. Born:
John, Henry og Robert. Både John, som er gift, og brørne var med i
krigen.
892. *Sætre, Simon Jensen* (Einane)
f. 25/1 1880. Til Minn. i mai 1900. Arbeidde i skogen ei tid. Vart sidan
formann på stor farm i N. Dakota. Løyste garden heime og kom heim
hausten 1906. I juli 1907 tilbake til N. Dakota. Var amerikansk borgar.
Heim for godt i 1913. Bygde nye stovehus. Døydde i spanskesykja i 1918.
893. *Sætre, Bernt Karlsen* (Bernpl.)
f. 13/8 1921. Til Wash. til morbroren Petter Hjorthol i 1949. Haringeniør-
utdanning frå Sverige og studerte vidare i Amerika. Er ingeniør for Sweden
Freezer Manuf. Co., lagar iskremmaskinar o. I. Heime på besøk i 1953.

894. *Sætre, Peder Karlsen* (Bernpl.)
f. 5/5 1927 i Sykkylven. Budde i Ørsta fra 13-årsalderen. Utv. frå Hamar til Vancouver B. C. i sept. 1951. Bur no i Burnaby B. C. og er bygningsformann. G. m. Guldís Straume, dotter til kunstmålar Karl S. 2 born.
895. *Sætre, Jens Olsen* (Oleg.)
f. 18/7 1901. Var fiskar før han utv. til Hoquiam i jan. 1923. Skogsarbeidar til 1928. Så kveitefiske på Alaskakysten til 1942. Flytte til Seattle og heldt fram som fiskar der. Var gift to gonger. Den eine kona heitte Ella. Ingen born. Døydde av lungebetennelse i nov. 1948.
896. *Sætre, Sverre Olsen* (Oleg.)
f. 25/8 1908. Halvbror til førnemnde Jens S. som han reiste til i Hoquiam i sept. 1926. Arbeidde i Polson i 15 år. Sidan bygningsmann, for det meste i Hoquiam, der han bur no. Medl. av S. o. N. og Eagles. G. m. Helen Poulsen, av norsk ætt. Born: Johan, Janet, Karen, Kay, Jack, Jerry og Diane. I 1951 var den eldste av dei 14 år, den yngste 9 mnd.
897. *Sætre, Emma Petersd.* (Knutg.)
f. 19/4 1897. Vart gift i Noreg med Bernhard Strømsheim, som i Amerika skriv seg for Sætre. Reiste til mannen i Seattle i okt. 1936, med tre born. (Sjå 862, 881—883).
898. *Tandstad, Sverre Amundsen* (Pålg.)
f. 15/5 1907. Til Vancouver B. C. i aug. 1923. Arbeidde ei tid på elvebåt. Er no sjømann i utanriksfart. Kona. Kristine, kom til Amerika frå Elverum i 11-årsalderen. Ingen born.
899. *Tandstad, Tomasine Andreasd.* (Pålg.)
f. 17/6 1872. Var gift i Noreg med Ole Karolussen Riksheim. Reiste til N. Dakota til mannen i mars 1913. Hadde med seg sonen Anton. Då han døydde tok dei til seg ein gut. — Døydde i 1951. (Sjå 768, 787).
900. *Tandstad, Elias Carlsen* (Johannesg.)
f. 15 2 1895. Til Minn. i mars 1913, til Pete Eidem i Clarkfield. Farmarleid der og i Echo. To år på bygningsarbeid. Hausten 1916 til Mpls. på traktorfabrikk. 1 1919 var han traktorkøyrar på farmen til Pete Eidem. Same året heim til Noreg. I juni 1923 til Wash. Skogsarbeid ved Hoquiam. Året etter til Barnoff Island, Alaska, som bøkkar. Frå hausten 1926 kveitefiske frå Petersburg. Heim for godt hausten 1928. Vart gift i Minn. Kona, som er frå Valdres, reiste heim fyrst.
901. *Tandstad, Carl Eliassen* (Johannesg.)
f. 3,2 1875. Mellomskuleeksamen i Volda. Stord Seminar. Lærer og songleiar i Sykkylven. Var gift då han reiste til Wash. i mars 1903. Var i

Polson camp 2 i kort tid, og på reparasjonsverkstad for jernbanevogner. Så til Alaska på gullgraving, der han for det meste var fyrar på «steamen». Han gjorde det bra, men hadde berre 4 års permisjon og måtte heimatt. Heldt språkkurs. Skreiv ned folkemusikk. Døydde 10/4 1938.

902. *Tandstad, Hans Johan Jensen* (Insteøggaren)
f. 11/6 1873. Hadde vore i lag med Bastian Tu på snikkararbeid heime og reiste til han i Leadville, Colorado i april 1900. Snart etter til ein annan mineby, Silverton. Der fekk han i 1902 knust foten av ein tømmerstokk. Var ikkje heilt arbeidsfør sidan. Dreiv reparasjonsarbeid i byane. Døydde ugift i 1941.
903. *Tandstad, Peter Bastian Olsen* (Ytsteøggaren)
f. 8/8 1870. Var snikkar då han utv. til Minn. i april 1891. Stoppa i Wisconsin og arbeidde nokre mnd. på sagbruk, derifrå til sagbruk i Stillwater. Minn. Om hausten til Red River på innhausting. Tok seg 160 acres udyrka land nær Crookston. Dyrka mest kveite. Selde farmen då han reiste heim i 1897. Hadde kone og to born da han åleine reiste til Wash. i 1903. Arbeidde i skogen, fyrst i Polson, men mest i Nilson & Shaw. Lauritz Brudevoll var i same eampen utan at dei visste om kvarandre, inntil ein dag ein av dei banna på norsk. Heim for godt i 1906. Vart vanfør i 1909. Fekk likevel i 1930 Møre Landbruksselskaps diplom for jorddyrking og gardsstell. Døydde 14/1 1955.
904. *Tandstad, Johanne Peltersd.* (Insteøggaren)
f. 19/12 1887. Til Seattle i mars 1911. Hadde huspostar. G. m. Ole Petersen Tynes og kom heimatt i lag med han ca. 1920.
905. *Tandstad, Edvard Pettersen* (Insteøggaren)
f. 28/6 1885. Til onkelen Hans Johan Tandstad i Silverton, Col. i april 1906. Gruvearbeidar der i 4 år. Heim i 1910 og tok halve garden. Var gift då han reiste til Vancouver B. C. i jan. 1924. Ved Frazer Mills i 6 mnd., deretter 2½ år i koparmine nord for Vancouver. Heim for godt i 1927.
906. *Tandstad, Jens Pettersen* (Insteøggaren)
f. 14/1 1879. Til Calif. i april 1899. Var dagarbeidar. Fekk malaria og låg over eit år på sjukehus. Flytte ca. 1903 til Silverton, Col. som gruvearbeidar. I 1904 fekk han heile venstre sida skadd ved eksplosjon. Det sette seg beintøring i hofta. Heim for godt i 1905. Døydde ugift i jan. 1908.
907. *Tandstad, Karl Pettersen* (Insteøggaren)
f. 22/10 1880. Til Silverton, Col. i mai 1901. Omkom i 1904 ved same eksplosjonen som skadde broren Jens. Medl. av Western Federation of Miners.

908. *Tandstad, Lars Pettersen*
f. 9/10 1891. Til Wash. i mars 1909. Arbeidde i Polson. Kjøpte seg eit jordstykke. Vart gift med ei av svensk ætt. Ingen born.
909. *Tandstad, Peter Johan Pettersen*
f. 6/6 1907. Til Vancouver B. C. i aug. 1923. Vart derifrå smugla over til Tacoma, der han hadde to tanter. Var berre 16 år, men stor etter alderen og fekk arbeid på sagbruk. Året etter på slakteri i Tacoma. Sidan i Alaska, fyrst berre i sumarsesongane, sidan fast. Har vore i meir enn 20 år i Cordova. Vart politisjef og medl. av bystyret. Kona heiter Karoline (Hazel) og er fodd i Oreg. av hollandsk ætt. Ingen born. Heime i 1946/47 (3) i lag med kona, og i 1950 (3 veker).
910. *Tandstad, Peter Johan Pettersen* (Indre T.)
f. 2/1 1883. Til Wash. i sept. 1906. I Polson eit års tid. Flytte til Silverton, Col., der han var gruvearbeidar til han reiste heim for godt i 1910. Døydde av kreft 6/12 1925.
911. *Tu, Knut Karlsen*
f. 3/2 1905. Til slekt i Dakota i okt. 1925. Derifrå til morbroren Bastian Tu i Nevada og så til Calif. i lag med onkelen Peter Olson, Har arbeidd på møbelverkstad i Los Angeles. Etter 5 år kjøpte han land i Vista og flytte dit, men har halde fram på verkstaden i Los Angeles. Driv fruktdyrking, serleg avocados. Har snikkarverkstad og lagar t. d. kyrkje-stolar. G. m. Ida Holen frå N. Dakota, av foreldre frå Stryn. Ei dotter, Ruth. Medl. av S. o.N. Heime i 1931/32 (12), 1946 (3), 1950 (6) og sumaren 1956.
912. *Tu, Karoline Olsd.*
f. 31/1 1879. Til Amerika i lag med broren Peter i april 1899, til broren Bastian. Stelte hus for brørne. Hadde postar i hus og pensjonat i Silverton og i Denver, Col. G.m. ein svensk ingeniør, Harry Hillermann. Dottera Mabel, som var i Noreg i 9 mnd. som barn, er gift og har to born. — Karoline var heime 1912/13 (9). Bur no i Santa Monica, Calif.
913. *Tu, Bastian Olsen*
f.15/7 1876. (Louis O. Bastian). Lærde snikkaryrket heime. Til Leadville, Col., det fyrste norske settlementet i den staten, i april 1897. Fyrst jernbanearbeid, sidan heile tida bygningsarbeid, mest for gruveselskap. Flytte snart til Ouray, der han var med å bygge Camp Bird Mill. I 1906 til Silverton og var med å bygge Silver Lake Mill. Fann fram til ny metode for behandling av ertsar og vart omtala i fagpressa. Sidan var han arbeidsformann for fabrikkbygginga i San Juan-bassenget. Kring 1925 var han eit år i Ely, Nevada, der han bygde fabrikk. Var visepresident

i fagforeining for snikkarar. Gift to gonger. Sonen Elmer var døypt same dag som mor hans vart gravlagd. Herman er tilsett ved Hood Mortuary (kyrkjegard og gravkapell) i Durango, Col. og Lucille g. Kimball bur og i Durango. — Bastian døydde i 1929.

914. *Tu, Hans Johan Olsen*

f. 18/11 1869. (Hans J. Olsen). Til N.Y. i mars 1887, derifrå til Midtvesten. Arbeidde på farm i Skandia, Kansas, der han ein vinter gjekk på skule i lag med born i 8-årsalderen, som hadde mykje moro av det. Tok eit stykke land i Dakota, men fekk dårleg avling og gav det opp. Gruvearbeidar i Colorado. Dreiv lenge farm i Alberta, Canada. Men han var ugift og for vide. I 1939 var han komen til Los Angeles og tok ein operasjon på same tid som broren Peter låg på eit anna sjukehus der. Heime i 1911 og i 1926. Døydde ca. 1946.

915. *Tu, Karl Johan Olsen*

f. 9/9 1863. (Carl J. Olson). Over Bergen til Amerika i mars 1886. Farmarbeidar i Midtvesten, m. a. ei tid hos Lars Ekornes i S. Dakota. Tok sidan homestead i Minn. Kona heitte Marie. Ein son døydde 12 år gl. Dei andre borna er: 1. Mrs. Hattie Austin i Wapato, Wash. 2. Mrs. Odena Lothschütz i Auburn, Wash. 3. Herman Olson, Longview, Wash. 4. Mrs. Christine Jones, i S. Dakota. 5. Conrad Olson, ib. 6. Clara Olson. Oakland, Calif. 7. Mrs. Dora Simmons, ib. 8. William Olson, Baltimore. — Heime i 1913. Døydde i 1952.

916. *Tu, Petter Olsen*

f. 3/8 1881. (Peter A. Olson). Til Leadville, Colorado i april 1899. Fyrste åra mest gruvearbeid og frå 1903 bygningsarbeid i Silverton. Tok homestead i Aztec, New Mexico, men var farmar berre i to år. Snikkararbeid i Arizona og i B. C. 1914—1921 formann for snikkararbeidet ved Sunnyside Mining Co. i Silverton. Sidan har han vore bygningsmann og kontraktør i Calif. 1931—1943 dreiv han brureparasjonar for Los Angeles kommune. Vart i 1939 råka av ein tømmerstokk, svimte av og datt ned ca. 16 fot. Vart skadd og fekk sjukehusopphald. Har ikkje vore sterk sidan. — Medl. av S. o. N.

917. *Tusvik, Anna Johansd.* (Nygarden)

f. 28/4 1892. Skulle utv. til Amerika i sept. 1909, men vart heimattsend frå England, da dei trudde ho hadde augesjukdom. I mars 1910 kom ho av stad på nytt, til Calif. til tanta Anna Blakstad. Hadde huspostar. G. m. mekanikar W. Carlson, av svensk ætt. Dei budde ei tid i Alameda. Calif., og Anna var mykje med i norsk lagsliv i Oakland. No bur dei i San Francisco. Born: Winston og Audrey. 2 barneborn (1952).

918. *Tusvik, Lovise Johnsd.* (Nakken)
f. 11/4 1874 i Ullavik. Var syerske. Utv. til Minn. i juli/aug. 1903. Mannen heitte Jensen. To søner og ei dotter (Mary). Sønene var med i krigen i Japan. Lovise bur no i Tacoma.
919. *Tusvik, Lars Johnsen* (Nakken)
f. 25/8 1880 i Tusvik. Til Calif. i nov. 1901. I 1906 var han komen til Tacoma, og året etter reiste han til Fairbanks på guUgraving. Ein dag i 1909 heldt dei på å ta ut grus, og grov så nær staven at det tok til å sige. Lars var tømmermann og vart kommandert til å reparere skaden. Fekk jorda over seg og omkom. Lét etter seg kone og tre born.
920. *Tusvik, Lars Larsen* (Øvremyren)
f. 14/10 1875 i Tusvik. Son til Gilde-Lars. Budde på Aure (Verket) ei tid. Var gift steinarbeidar då han utv. til Oakland, Calif. i febr. 1907. Kom heimatt etter ei tid og kjøpte gardsbruk i Eikremsvik. Vart sidan sunnhetsbetjent i Borgund. Døydde 10/3 1954. Sonen Leif er i Amerika.
921. *Tusvik, Emte Olaviusd.*
f. 10/7 1879 i Tusvik, dotter til Olavius Berntsen frå Goksøyr og kone Marie f. Lied. Emte dreiv moteforretning i Ålesund og skreiv seg for Emte Berntsen då ho utv. til Amerika i 1905. Er truleg identisk med den Mrs. Blucher som var heime på besøk frå Wash. i 1920. I så fall var ho gift med ein gartnar.
922. *Gjøsund, Lauritz Larsen* (Tusvik)
f. ca. 1884 på Vigra. (Louis Larsen). Kom årsgamal i lag med foreldra til Tusvik. Dreiv fiske før han utv. til Amerika til broren Severin ca. 1908. Vart bygningsmann i Silvertown, Col. Var gift. Ingen born. Døydde ca. 1948.
923. *Gjøsund, Severin Larsen* (Tusvik)
f. 24/5 1886 i Tusvik. Gjekk handelsskule og stod på butikk i Ålesund. Utv. til Canada i mars 1907, til Sask., der han vart telefonarbeidar. Sidan farmar. I 1922 budde han i Meacham, Canada. G. m. Augusta, av dansk ætt. 3—4 born. Severin hadde mange offentlege ombod. Døydde ca. 1950.
924. *Hatlemark. Ole B. Johansen* (Myrane, Tusvik)
f. 22/12 1883. Var snikkar då han utv. til Wash. i april 1906. På snikkarverkstad i Tacoma i to år. 1907—10 på guUgraving i Fairbanks. Budde i Tacoma 1910—20, bortsett frå to år i Canada. Flytte til Seattle, og sidan 1937 har han budd ved Lake Kathleen, Renton. Har vore snikkar og bygningsmann. Medl. av Sunnmørslaget i Seattle frå starten, formann

i 1932. Starta Seattle Ski Club i 1930 og er livsvarig medl. 1. g. m. Jenny Alnes, som vart overkøyrd av trikken i Seattle 5/8 1921. Born: Kathleen og Thelma. 2. g. ni. Frances Masters. Ingen born. Heime sumaren 1955.

925. *Kjemphol, Laura Larsd.* (Tusvik)

f. 29/5 1895. Til Wash. i jan. 1923, som einaste gjente i lag med 21 sykkylvsgutar. Etter 2 år i Tacoma flytte ho til San Francisco. G. m. detektiv Albert Allan. Born: Albert, Patricia, Justine og Shirley. — Medl. av D. o. N. i Tacoma og av baptistkyrkje.

926. *Kjemphol, Lars Larsen* (Tusvik)

f. 14/9 1900. (Louis Larsen). Var trearbeidar hos Hatlemark. Utv. til morbroren Louis Larsen i Colorado i jan./febr. 1923. Har vore bygningsmann heile tida. Flytte til Calif. året etter og budde i 1951 i Glendale (Los Angeles). I 1939 arbeidde han i Lake Arrowhead der han bygde eit hindutempel. L nder krigen arbeidde han for flåten. I 1935 g. m. Hjørdis Jonassen frå Stavanger. Ein son, Sander. — Medl. av metodistkyrkje og S. o. N.

927. *Lied, Emthe Lovise Carlsd.* (Tusvik)

f. 9/2 1856 i Ålesund, dotter til kaptein Lied i Tusvik. Voks opp i Tusvik og flytte til Ålesund i 1873. I 1879 g. m. Jakob B. Grebstad. Utv til Amerika over Bergen i juli 1884. Dei budde lengst i St. Paul. Ho og mannen var med i The Norwegian Lutheran Church, der ho var aktivt med i dei ymse organisasjonane. Ho var og medl. av Garden Club i St. Paul og hadde ein hage som naboane misunte henne. Dreiv elles med kunstvev, vov билет-teepe med norske motiv. Ho døydde 1/12 1943. Born: 1. Laura (435), 2. Susanne, f. 1884, kontordame ved statsinstitusjonar i St. Paul. Ugift. 3. Carl, f. 1888. Sjef for Mpls.-kontoret til American News Co. Ugift. 4. Johanne f. 1892. Sjukesyter, var med i den amerikanske Raude-krossen i Frankrike i fyrste verdskrig. Ugift. 5. Harold, f. 1896. Omkom vinteren 1929 ved snøskred i Montana. Ugift.

928. *Tynes, Sverre Andreassen*

f. 1906 i Drøbak. Flytte til Bergen i 1918. Mellomskule og bygningsfagskule. Til Island 1922. Var der i kortare tid fleire turar. G. m. Hrefna Samuelsdotter. Dei var i Sykkylven under krigen og flytte så til Island att. Han er byggmeister i Reykjavik. Born: Aasta, Otto og John. Aasta er g. Busengdal og bur i Sykkylven.

929. *Tynes, Carl Bastiansen* (Syverg.)

f. ca. 1893 på Hitra. Mor hans døydde då han vart fodd. Faren, Bastian L. Tynes, flytte fra Hitra til Tynes, seinare til Sverige og Amerika. Carl

reiste til Puyallup, Wash. til faren i aug. 1904, 11 år gl., i lag med to eldre brør. Han døydde ung av lungebetennelse som han fekk under arbeid i mine i Nevada.

930. *Tynes, Daniel Bastiansen* (Syverg.)
f. 1888 på Hitra, der foreldra hadde gard. Flytte til Tynes i 1902. Til Wash. i aug. 1904. Døydde i Calif. av tæring 1906.
931. *Tynes, Lars Bastiansen* (Syverg.)
f. 11/8 1890 på Hitra. (Louis Thynnes). Budde på Hitra til 1901, flytte så til Sykkylven for å bu hos bestefaren. Utv. over England og Canada til Puyallup i aug. 1904 i lag med brørne Carl og Daniel, til faren og broren Toralf. Gjekk på skule der og i Berkeley, Calif., dit dei flytte i 1905. Studerte seinare ved Pacific Lutheran College i Parkland, Wash. Studerte jus ved St. Ignatius Law School (no San Francisco universitet). Vart løytnant og lærar ved flyskule i Dayton, Ohio under fyrste verds- krig. Siste året vart han «test pilot» for armeen. Har sidan for det meste vore aksjemeklar. I 1926 g. m. Mary Shields, av eng.-norsk ætt. Dei var heime på besøk i 1928. Flytte i 1931 til Piedmont, Calif. Kona døydde barnlaus i 1940. Han gifte seg oppatt i 1953.
932. *Tynes, Toralf Bastiansen* (Syverg.)
f. 1/4 1885 på Hitra. (Ralph Thynnes). Som eldste son var han med faren til Sverige, medan dei yngre brørne budde hos bestefaren på Tynes. Budde nokre år i Sundsvall og Kiruna. Reiste frå Sverige over Trondh.- Ålesund til Puyallup, Wash. i 1902. Til Calif. 1905. Toralf hadde lært bygningsfaget heime og dreiv det til 1920. Vart då utnemnd til «Supervisor of Trades» ved ein av Californias statsinstitusjonar. To år etter starta han eiga forretning i bygningsbransjen i Whittier, Calif. og dreiv den til 1942. Vart tilsett som kontorsjef for Whittier Chamber of Commerce (Handels- kammer). G. m. Dorothy Mueller frå San Francisco, av tysk ætt. Ingen born.
933. *Tynes, Gudrun Carlsd.*
f. 13/12 1893 på Tandstad, dotter til lærar Tandstad. G. m. Karl P. Tynes. Reiste til Prince Rupert, Canada, til mannen i juli 1929 og hadde med seg dei to borna Petter Kristoffer og Erling. 4 born fødte i Amerika. Gudrun og mannen bur no i Petersburg, Alaska. Heime sumaren 1957 (2).
934. *Tynes, Karen Jensd.* (Larsg.)
f. 11/2 1869. Til Minneapolis i april 1899 i lag med kjærasten Rasmus S. Tynes, som reiste over andre gongen. Dei gifte seg, og Karen budde i Minneapolis heile tida. Heim for godt etter to år i lag med huslyden til Elling Svendsen Ullavik.

935. *Tynes, Oskar Johansen* (Rasmusg.)
f. 12/9 1893. Var steinarbeidar før han utv. til Calif. i jan. 1911. Vart sjømann og reiste mellom Australia og Amerika, med stasjon i San Francisco. Var gift i kort tid, men skild. Døydde ca. 1947.
- y36. *Tynes, Lovise Karlsd.* (Syverg.)
f. 24/6 1890. Til San Francisco i sept. 1907. til moster si, Johanne L. Tynes. Hadde Vmspostar og budde i San Francisco heile tida. Kom heim for godt før fyrste verdskrig. G. m. Karl Skaar. Dei kjøpte gard nær Tønsberg. Eitt barn. Ho døydde då ho fekk det.
937. *Tynes, Erling Karlsen*
f. 29/4 1924. Utv. i lag med mor si i juli 1929, til faren i Prince Rupert.
938. *Tynes, Petter Kristoffer Karlsen*
f. 4/3 1922. Bror til førnemnde Erling T. Utv. 1929.
939. *Tynes, Johanne Larsd.* (Syverg.)
f. 4/2 1877. (Jenny Barber). Til Calif. i sept. 1902 i lag med broren Karl. Gift med ein som heitte Barber. Dei budde fyrst i San Francisco, sidan i Pacific Grove. Ein son. Johanne døydde ca. 1945.
940. *Tynes, Bastian Larsen* (Syverg.)
f. 10/3 1856. Far hans var handelsmann og dreiv på Hitra Laksevig Sagbruk som Bastian styrde. Hadde og gardsbruk der. Då faren gjekk fallitt vart alt selt. Bastian var gift med Petrine K. Brunstad som døydde tidleg. Vinteren 1888-89 var han i Storvik i Trøndelag der han åtte gard. Derifrå flytte han til Sverige og arbeidde på sagbruk. Han vart formann for Nacka fagforeining, og vart i 1899 arrestert i Hernosand som «løsgjenger», endå han hadde fast bustad og 400 kr. i kontantar. Fagforeiningsfolk var ikkje populære i Sverige i dei dagar. Måtte skiljast frå sonen Toralf som og var i Sverige. Dei skulle sendast heim kvar for seg. Lensmannen som hadde arrestert Bastian, vart sterkt kritisert, og han vart sett fri. Arbeidde like etter med jernbanebygging i Luossavara. Det vart mykje avisskriving om denne arrestasjonen. Mest alle heldt med Bastian, som bad Innanriksdepartementet om hjelp til å få oppreisning og skadebot. Det lukkast. Det vart vedteke av svenske styremakter å reise tiltale mot dei som arresterte Bastian. — Han og sonen Toralf utv. frå Sverige over Trondh./Ålesund til Puyallup. Wash. i 1902. Kunne bygningsarbeid heimanfrå og dreiv det. To år etter kom dei tre andre sonene over frå Sykkylven, og i 1905 flytte alle til Berkeley, Calif. Eit par år etter døydde Bastian.

941. *Tynes, Karl Larsen* (Syverg.)
f. 17/8 1871. Var skreddar i Noreg. Utv. til San Francisco i mars april 1892. Arbeidde der ei tid ved ein hestestall med 95 hestar. Sidan gruvearbeidar, og var am. borgar då han kom heim for kortare tid. Tilbake i sept. 1902 og hadde då med seg systera Johanne. Fyrst til Tacoma, der han gifte seg med Henriette (Jette), som er frå Selje, og busette seg i Puyallup. Der vart dottera Mabel fødd i 1905. I 1906 til Alaska. Skulle til Fairbanks. Dei måtte ta seg fram med hundesledar, møtte snøstorm og kulde. Han fekk lungebetennelse og døydde i juni 1906, kort tid etter at dei kom fram til Fairbanks.
942. *Tynes, Syver Larsen* (Syverg.)
f. 16/1 1854. (S. Larsen). Halvbror til førnemnde Karl T. Mor hans døydde ein månad etter at han var fødd, og han vart oppamma på Andestad. Reiste til sjøs og gjekk i land i Amerika. Budde fyrst på Austkysten. Var med i den amerikanske marinen, såleis og i den spansk-am. krigen på Cuba i 1898. Seinare for han lenge til sjøs som styrmann og kaptein med fast stasjon i San Francisco. Der dreiv han på sine gamle dagar ein ølbar i hamnestrøket i lag med ein svenske.
943. *Tynes, Anne Olsd.* (Dynhaug)
f. 2/11 1886. Til San Francisco i lag med onkelen Karl og tanta Johanne, i sept. 1902. Hadde huspost hos ein doktor til 1908. G. m. Olav Iversen (Kongshaug). Han var fiskar og sjømann, og dreiv laksefiske i Beringhavet. Dreiv og i lang tid mining i Alaska, i Fairbanksdistriktet, der Anne og var lenge. Under depresjonen hadde mannen oppsyn med dei stengde minene. I 1946 flytte dei til Seattle. Heime i 1909 og 1921. Ingen born.
944. *Tynes, Berta Olsd.* (Dynhaug)
f. 26/7 1897. Til Calif. i juni 1916. Etter nokre år g. m. barber Tanner. Dottera, Geraldine, er filmskodespelarinne. Ho var med mora på besøk heim i 1937. Berta er enkje og bur i San Rosa, Calif.
945. *Tynes, Karen Olsd.* (Dynhaug)
f. 21/12 1892 på Blindheim. Til systera Laura i San Francisco i sept. 1907. G. m. bygningsmann Gustav Abrahamsen (svensk) og bur i Palo Alto, Calif. Ein son, Uno, som er gift og har born.
946. *Tynes, Laura Olsd.* (Dynhaug)
f. 4/5 1882. Til Minn. i juli 1901. G. m. Heltberg. son til «Gamlelensmannen». Sonen Arnljot er fødd i San Francisco, der foreldra budde i ca. 20 år. Arnljot vart amerikansk konsul i Beograd og sidan i ein fransk

by. Etter at Heltbergs kom attende frå Amerika budde dei i Bergen. I 1952 skulle Laura feire 70-årsdagen hos sonen i Frankrike, og døydde der.

947. *Tynes, Marie Olsd.* (Dynhaug)

f. 23,9 1880. Til Oakland, Calif. til systera Laura i okt. 1907. Budde der i 3 år. G. ni. Theodor Hodnefield frå Mosterøya. Han har m. a. vore farmar. No bur dei i Gardina, Los Angeles. Ei dotter, Helen, g. m. Harry Pursche, ein farmar som har tent godt på oppfinning i landbruksmaskinar. I 1951 ein dotterson, Ralph. Medl, av D. o. N. i over 30 år.

948. *Tynes, Olga Olsd.* (Dynhaug)

f. 1/6 1895. Til San Francisco til systera Anna i mars 1911. To år etter til Woodland, Calif., der ho var i 6—7 år. Sidan ca. 30 år i Seattle. Like etter siste krig flytte ho tilbake til San Francisco. 1. g. m. Andrew Langlo, skreddar. Born: Monty og Bernice, begge gifte. I 1951 to barneborn. 2. g. m. ingeniør Tore Eck, f. i Sverige (til Canada som spebarn). — Medl. av Sunnmørslaget i Seattle.

949. *Tynes, Amund Olsen* (Åmundg.)

f. 27/12 1892. Var steinarbeidar før han utv. til Amerika i jan. 1911. Arbeidde på sagbruk i Calif. og med lasting av tømmer i Polson camp. Så til gullmine i Fairbanks. Dreiv elles laksefiske på kysten og kveitefiske frå Petersburg og Seattle. I åra 1919—1922 var han heime. Så i Amerika att til 1930. Gift det året med Lollie H. Sather, av sykkylvsett. Reiste heim og er gardbrukar på Tynes.

950. *Tynes, Karl Johan Olsen* (Karlspl)

f. 25/1 1885. Til Montana i aug. 1908. Var fyrst jernbanearbeidar i Glendive, sidan målar i Tacoma, Wash., der han var under fyrste verds- krig. Har elles budd i Rochester, Minn., der han i mange år arbeidde på det verds kjente Mayo Foundation (St. Mary Hospital). Kona, Carrie Horvei, er frå Voss. Born: 1. Borghild, sjukesyster. 2. Anne, g. m. ein farmar. — Heime i 1914 (5).

951. *Tynes, Lars Olsen* (Karlspl.)

f. 1/12 1882. I 1900 til Kra. i målarlære hos Ole Ekornes. Til Hudson, Wisconsin i jan. 1907. Arbeidde der eit år med måling av jernbanevogner. Deretter i 2 år som målar i Mpls. Før han slo seg til i Rochetser, Minn., der han var i 14 år, var han i kortare tid i Portland, Oreg., San Francisco og i Michigan. I Rochester dreiv han skilt-, dekorasjons- og fanemåling. Fyrste kona hans, som var frå Rennebu, døydde i 1914. Gifte seg oppatt med syster hennar. Heim for godt i 1928. Kjøpte plassen og bygde nye hus. Er kjend som rosemålar og dekoratør. Har dekorert Sykkylvskyrkja.



Interiør frå Sykkylven kyrkje.

952. *Tynes, Olavius Olsen* (Dynhaug)
f. 3/11 1888. Skreiv seg for Blindheim då han utv. til Oakland, Calif. i april 1907. Hadde 5 systre i Amerika. Dreiv fiske heile tida. Omkom på sjøen i lag med Svein E. Blindheim i 1916.
953. *Tynes, Ole Olsen* (Karlspl.)
f. 7/2 1877. Reiste til Island i 1906 og busette seg i Siglufjord på nordkysten. Kom dit som representant for firmaet Roald Trælastforretning i Ålesund og starta trelastforretning i Siglufjord. Kjøpte sidan store tomter og starta eiga forretning med sildesalteri, dampskipsekspedisjon og reiarlag. Bygde sildesaltarbrygger og eksporterte store kvanta saltsild til Sverige, Danmark, Tyskland og Polen. Kona, Inda, var frå Island og døydde i 1942. Dottera, Jorun (Loa) er gift med ein lækjar Siggtrygson i Reykjavik. Ole døydde 13/12 1944. Medl. av Nordmannsforbundet, Tidens Tegn hadde eit intervju med han då han var i Oslo (3/3 1924).
954. *Tynes, Hans Johan Pettersen* (Rasmusg.)
f. 5/5 1864. Til Mpls, i april 1889. Var heime eit par år før 1909. Budde visst mest i Mpls., der han døydde ugift ca. 1922.
955. *Tynes, Hans Peter Pettersen* (Rasmusg.)
f. 9/3 1883. Til Minn. i mars 1900. Arbeidde fyrst i skogen, var sidan ei tid målar, og så brannkonstabel i Mpls. Drukna i Mississippi. Ugift.

956. *Tynes, Karl Pettersen* (Rasmusg.)
f. 2/9 1887. Var fabrikkarbeidar då han utv. til Albion, Calif. i mars 1909. Reiste til Lars Vik og arbeidde på sagbruk. Fekk eine foten avteken av ei reim. Frå 1914 til 1922 heime. Så til Seattle og har sidan budd der og i Alaska. Snikkar- og målararbeid. I det siste pedell ved ein skule i Petersburg. G. m. Gudrun Tandstad. Born: 4 gutar og 3 jenter. To av borna fødte i Noreg. Heime ein tur i 1925.
957. *Tynes, Ole Severin Pettersen* (Rasmusg.)
f. 10/1 1890. Til Amerika i mars 1910. Etter emigr.prot. til Calif., etter tradisjonen til Seattle. Skogsarbeidar, sidan til gullmine i Alaska. Var så ei tid fiskar. G. m. Jenny P. Tandstad. Dei kom heim i lag ca. 1920. Vart skilde. Han reiste over att i 1922. Gifte seg seinare med Johanne Mikalsen frå Langevåg. Ein son av fyrste ekteskap, ei dotter av andre. — Ole har vore cannery-arbeidar og formann for laksevarp i Ketchikan. Om vinteren bur han i Seattle.
958. *Tynes, Jens Rasmussen* (Larsg.)
f. 2/4 1895. Til Minn. i april 1915. til Karl og Lars Tynes i Rochester. Gjekk i målarlære der eit halvt år. Reiste til Vestkysten til Chas Severson (959). Arbeidde i skogen. Under krigen på skipsbyggjeri i Tacoma. Sidan på cannery i Alaska om sumrane. Så tre år i Petersburg på kveite-, krabbe- og rekefiske. Seinare i Alaska berre om sumaren, om vinteren i Tacoma og Seattle. Dreiv elles logging, kjøpte sedertre på rot, eller tok dei ut på kontrakt. Heim for godt i 1927. Tok garden.
959. *Tynes, Karl Rasmussen* (Sjurg.)
f. 11/1 1879. (Chas Severson). Utv. til Minn. i april 1899, til onkelen Edvard Riksheim i Mpls. Snikkararbeid. To år etter til Vestkysten. Jernbanearbeid i Tacoma. Skogsarbeid rundt Tacoma i over 30 år, campformann i 7 år. Kjøpte 60 acres land i Eatonville. Dyrka opp 28 acres og selde resten seinare. G. m. Nora Myrslo frå Sparbu. Born: Alice, Jennie, Clara, Ruth, Margaret, Helen, Maxine og Alberta. I 1951 11 barneborn og 1 barnebarnsbarn. — Har vore medl. av S. o. N.
- r
960. *Tynes, Peter Rasmussen* (Larsg.)
f. 13/8 1897. Var fiskar og sjømann før han utv. til Vancouver B. C. i nov.—des. 1922. Hadde vore i USA før som styrmann i utanriksfart. Kort tid i logging camp i B. C. Tok hyre på båt til Sør-Amerika i lag med Jens Fet og gjekk i land då båten kom tilbake til Tacoma. Fyrst fiske. Førde ei lystyacht for ein millionær eit år. Førde båt for staten på prøveekspedisjon på tunafiske. Har elles drive fiske med fast bustad i Seattle. Er mykje i Alaska. Kona, Inga, er frå Helgeland. Ingen born. Heime 1930/33 og 1949/50 (3).

961. *Tynes, Severin Rasmussen* (Larsg.)
f. 4/11 1901. Var stuert da han utv. til Wash. i jan. 1924 til broren Jens i Seattle. Har sidan budd der som fiskar, båteigar og oppkjøpar av fisk for cannery. Var ei tid formann i Fiskebåtreiarlaget for den nordlege Stillehavskysten. Er førar av kveitebåten «Karen T». G. m. Klara Flein frå Flemsøy. Vigd av presten H. A. Stub, som og var mellom dei 400 gjestene ved sylvbryllaupet i Norway Center i 1956. — Born: Katheline, Sandra og Karen Lovise. — Heime i 1938—39 2).
962. *Tynes, Anna Severinsd.* (Sjurg.)
f. 11/6 1886. Tente hos lensmann Heltberg på Ørskog i 2 år. Utv. til San Francisco i sept. 1907, til systera Ingeborg. G. m. snikkar Louis Larsen Engen frå Hjørungavåg. Dei har budd i Oakdale, Peterson, San Francisco, og bur no i Modesto, der Engen er formann for ein trevarefabrikk. — Medl. av D.o.N., losjen «Bleidablikk» og av den svensk-lutherske kyrkja i Modesto. Sonen Erling er g. m. Adeleine Torp, dotter til presten H. J. Torp. — 3 barneborn (1951).
963. *Tynes, Ingeborg Severinsd.* (Sjurg.)
f. 21/4 1883. Var berre 15 år då ho utv. til Calif. i aug. 1898. Ho fylgde onkelen, Lars Blindheim, som hadde vore heime på besøk. Budde hos han i Concord ei tid. Sidan i San Francisco og Modesto. I 1917 g. m. bryggjeriarbeidar Olaf Rohr frå Ålesund. Born: 1. Stanley. 2. Gordon. 3. Kenneth. 4. Gordon. Berre sistnemnde lever. Han er gift og har to døtrer (1951).
964. *Tynes, Rasmus Sivertsen* (Larsg.)
f. 24/7 1858. I mai 1883 til Belvedere, Nebraska, til Peter Blindheim og syskena hans (187). Arbeidde mest som snikkar for farmarane, bygde stallar osv. I 1889 var han heime, og reiste til Minneapolis i april i lag med kjærasten Karen (934). Dei gifte seg, og Rasmus reiste snart til Seattle, der halve byen var øydelagd av brann, så der var godt om arbeid for bygningsfolk. Kona vart att i Mpls. I 1891 reiste ho heim, og tre år seinare kom han og heim for godt. Han døydde 7/5 1940.
965. *Utgård, Marte Henningsd.* (Andersg.)
f. 22/10 1867. Tente på Brunstad og Lade. Kom i 1893 til Langevåg og vart g. m. Joakim Pedersen som arbeidde på fabrikk. Dei utv. til Seattle i 1900 med tre born. Mannen hadde forretningar i Poulsbo, Wash. og i Tacoma. Born: 1. Lina, g. m. Harry Mykland. 2. Henry. 3. Joseph, gift. — 5 barneborn og 6 barnebornsborn (1951). Medl. av D. o.N. og luthersk frikyrkje. Bur i Tacoma.

258

966. *Utgård, Berte Larsd.* (Ytstemyr)
f. 8/6 1875. Til Iowa i nov. 1912 i lag med systera, som hadde vore heime på besøk. G. m. farmar Andersen i N. Dakota. Ingen born. Ho døydde i 1935.
967. *Utgård, Johanne Larsd.* (Ytstemyr)
f. 28/2 1885. Til Minn. i aug. 1905. G. m. Elmer Benberg, av svensk ætt. Han var farmar i Storm Lake, Iowa. 2 søner, 2 døtrer. Heime i lag med mannen i 1912 (3). Døydde ca. 1926.
968. *Utgård, Laura Larsd.* (Ytstemyr)
f. 11/4 1889. Til S. Dakota til sysken i mars 1909. G. m. Oscar Gustavson, som kom til Amerika frå Sverige i 3-årsalderen. Han var farmar i Kallispell, Montana. — Ho døydde av slag i 1941. 3 søner. Den eine, Donald, bur i Seattle. Barneborn.
969. *Utgård, Karl Johan Larsen* (Ytstemyr)
f. 8/7 1882. Til Oakland, Calif. i lag med Lars Kurset, over Trondh.—Kra. i mars 1902. I 1903—1904 var han i Minn., der han fekk øydelagt ein arm og låg på sjukehus. Dreiv seinare farming på Vestkysten, men slutta på grunn av turke. Minearbeidar i Calif. og Montana. Fekk sjukdom

av arbeide i koparmine. Døydde ugift i Montana ca. 1915.

970. *Utgård, Lars Larsen* (Ytstemyr)
f. 4/5 1893. Var sjømann då han utv. til Iowa i nov. 1912, i lag med systrene Berte og Johanne. Kom til Montana. Heime høyrde dei frå han eit par år. Sidan veit ingen noko av han.
971. *Utgård, Martinus Larsen* (Ytstemyr)
f. 21/12 1877. Til Calif, i nov. 1903. Var ei tid gruvearbeidar der i lag med broren Karl. Arbeidde i skogen i lag med Ole Gjævenes nær Portland. Oreg. sumaren 1910. Døydde ugift i Portland.
972. *Utgård, Lars Bernt Olausen* (Ytstemyr)
f. 4/8 1861. Vart gift med ei frå Trondheim, flytte dit og dreiv som bøkkar. Utv. derifrå til Amerika og døydde der. Enkja og ein son kom heimatt og busette seg visst i Tønsberg.
973. *Utgård, Hanna Olsd.* (Andersg.)
f. 27/9 1884. Til Seattle over Canada i okt. 1906. Arbeidde for Rikard Grebstad til 1907, då ho flytte til Tacoma. Har budd der sidan. Er husbestyrarinne. Medl. av D. o. N. i over 30 år, og av den luth. frikyrkja. Heime i 1927 (3). Ugift.
259974. *Utgård, Karoline Olsd.* (Andersg.)
f. 13/11 1893. Til Wash. i april 1912. Hadde kjøpt billett til den andre turen til «Titanio, som ikkje vart noko av. Har budd i Tacoma heile tida. G. m. Hans Torklepp frå Holmestrandkanten. Born: Arthur og Bernice. To barneborn (1951). Heime i 1953. Medl. av D. o. N. Borna er døypte i frikyrkje. Arthur er g. m. Mary Checowic, og Bernice g. m. James Talbert.
975. *Utgård, Anton Olsen* (Andersg.)
f. 18/10 1886. Til faster Marthe i Poulsbo, Wash. i febr. 1905. To ar i skogscamp der. Sidan til Pierce county i campar til 1922, campformann (bas) i 15 år, i Cherry Valley Logging Co. aust for Everett og i Fairfax nær Puyallup. Frå 1922 arbeidde han for Northern Pacificjernbanen i Tacoma. G. m. Elin Brown frå Gotland. Born: 1. Oscar. 2. Hellen, g. ni. George Ellsworth. 3. Harry. — 4 barneborn (1951). Medl. av S. o. N. og luthersk frikyrkje. Heime i 1922 (3) med familien. Han døydde 30/4 1956.
976. *Utgård, Karl Olsen* (Andersg.)
f. 14/8 1899. Løyste pass til Wash. 15/3 1922. Var då student. Budde lenge i Ketchikan og dreiv fiske med eigen laksebåt. Døydde 3/2 1957 i Petersburg, Alaska. Ugift.
977. *Utgård, Lars Olsen* (Ytstemyr)
f. 15/3 1906. Til slekt i Montana i aug. 1927. Derifrå til Everett, Wash. På sagbruk i 3 vintrar, laksefiske om sumaren. I 3 ½ år i gullmine i Juneau. Heim for godt i 1933. Har bygt løe.
978. *Utgård, Kristian Petersen* (Høggapl.)
f. 27/5 1908. Til morbroren Johan Hustad i Echo, Minn. i aug. 1926. Farmarbeidar hos han og hos Pete Eidem, Clarkfield o. a. Eit par år i steinbrot. Frå 1934 bygningsarbeid i Minn., frå 1940 i Mpls. Under krigen var han i Canada. Heime 1947—49. Gifte seg då med Selvida Stuen (128).
979. *Utgård, Lars Pettersen* (Høggapl.)
f. 7/4 1901. Til Echo, Minn. i 1924. Farmarbeidar hos morbroren Johan Hustad. Har no lenge vore skogsarbeidar ved Seneca, Oreg. Ugift.
980. *Utgård, Harald Tomassen* (Nygarden)
f. 23/11 1905. Landbruksskule. Til Minn. i febr. 1927, til Bernt Aasen. Arbeidde lenge på farm hos Pete Eidem og Sj åstad. Dei 10 siste åra dreiv han kveitefiske frå Ketchikan og Sitka, Alaska. Utanom sesongane arbeidde han på sagbruk, og under krigen på flyplass. Heim for godt ca. 1948.

981. *Velle, Anne Andreasd.* (Djupdal)
f. 8/2 1885. Til Wash. i okt. 1906. G. m. Peter Eliassen Lade(Pete Larsen) i Tacoma.
982. *Velle, Johanne Andreasd.* (Djupdal)
f. 12/3 1890. Til Amerika i mars 1907. G. m. nordmannen Vadset, som omkom ved ulukke. Kom heimatt med dottera Laura ca. 1918. Dei reiste til Wash. att i juni 1923 og bur i Seattle.
983. *Velle, Lovise Andreasd.* (Djupdal)
f. 22/1 1878. Frå Kristiansund til Echo, Minn. i aug. 1903 i lag med Knut Kvistad, som var heime på besøk. To år etter til Tacoma. Huspostar. I 1907 g. m. nordlendingen Jakob (Jack) Iversen. Born: Ingvald, Arthur og Kenneth. 4 barneborn (1951).
984. *Velle, Johan Andreassen* (Djupdal)
f. 8/9 1882. (John Dahl). Til Dakota i mars 1901. Skogs- og gruvearbeidar i Dawson, Fairbanks og Calif. G. in. Severine (Sylla) Olsd. Velle. Ein son, John. — Døydde ca. 1938.
985. *Velle, Andreas Bastiansen* (Amundg.)
f. 25/1 1872. Var gift fiskar då han utv. til Wash. i jan./febr. 1923. Kom heimatt og budde sidan på Valderhaug. Døydde 28/2 1957.
986. *Velle, Berte Berntsd.* (Fremstebrauten)
f. 28/2 1870. Til San Francisco i april 1891 til morbroren Bastian L. Velle. G. m. ein bygningsmann Olsen frå Sørlandet. 3 born. Døydde i 40-årsalderen av kreft.
987. *Velle, Karl Berntsen* (Fremstebrauten)
f. 7/4 1875. Til San Francisco i mars 1892. Arbeidde i 1890-åra på farmar i Monte Vista. G. m. Gerda f. Lyse (Tafjord). I 1900—01 var dei begge heime eit års tid. Då var han 26 og ho 18. Dei vart skilde nokre år etter. Tre born; den eldste var Alice; ein av dei andre heitte^Berger. Karl var frå 1897 ei tid på gullgraving i Alaska. Var lenge sjuk og døydde av kreft.
988. *Velle, Oluf Berntsen* (Heggebakk)
f. 8/1 1909. Til Vancouver B. C. i mars 1930. Før krigen var han på sagbruk, og dreiv sildefiske om vinteren. Var og ei tid i Dawson på gullgraving. Under krigen var han i gruver i nordlege Canada, 4000 fot over havet. Etter krigen i gullmine i Dawson om sumaren og i Vancouver B. C. om vinteren.

989. *Velle, Bjarne Jensen* (Myrane)
f. 16/8 1902. Til Seattle i mai 1923. Skogsarbeidar i Wash. og gruvearbeidar i Alaska. Fekk brystsjukdom og kom heimatt i 1929. Døydde ugift same året.
990. *Velle, Edvard Jensen* (Myrane)
f. 21/3 1893. Til Wash. i april 1912. I skogen ved Hoquiam til ca. 1916. Sidan fiskar i Alaska. Bur i Juneau og er båteigar. Kona, Linda, var enkje med born då dei gifte seg. Ho er av svensk-lettisk ætt. Heime 1938—39 (3).
991. *Velle, Gerhard Jensen* (Toreg.)
f. 18/2 1893. Til Wash. i mars 1911. Var fyrst i skogen ved Hoquiam i mange år. Frå 1919 fiskar i Alaska. I 1948 selde han alt han åtte og reiste heim, for godt, var tanken. Men etter mindre enn eit år reiste han til Amerika att. Bur som ugift einebuar i Juneau, Alaska.
992. *Velle, Jakob Jensen* (Myrane)
f. 7/10 1890. Til S. Dakota i aug. 1907. Kort tid etter til Vestkysten. Skogsarbeid ved Hoquiam. Ca. 1909 vart han drepen av ein stokk som råka han då ein wire slitna.
993. *Velle, Ole Bastian Jensen* (Myrane)
f. 19/4 1888. Var fiskar før han utv. til S. Dakota i mars 1907. Snart etter til Vestkysten. Skogsarbeidar ved Hoquiam til ca. 1915, då han flytte til Juneau. Kring 1920 dreiv han restaurant i Vancouver B. C. Har elles budd i Prince Rupert. G. m. Rose Rudi, lærardotter frå Dovre. Born: 1. Julius, g. m. Ivonne, bur i Bremerton. 2. Gudrun, g. m. ein italienar i Seattle. 3 barneborn (1951). — Døydde etter 1950.
991. *Velle, Ole Peter Jensen* (Toreg.)
f. 11/8 1890. Var fiskar før han utv. til Tacoma i april 1907. Skogsarbeidar i Polson og andre campar. Heim i 1914. Var gift gardbrukar då han reiste til Wash. i mai 1923. Var no mest i Polson, m. a. som «riggen-slinger». Var i kort tid på sagbruk i Ketehikan. Heim for godt i 1927. Kjøpte gard og bygde hus.
995. *Velle, Anna Larsd.* (Reiten)
f. 4/2 1884. Var fabrikkarbeiderske då ho utv. til Tacoma i sept. 1911, til Iver Strom. Huspostar. G. m. bygningsmann Karl Lockdal frå Ramstaddalen. Bur i Tacoma. Born: 1. Palma, g. m. Thomas Purcell. 2. Judith, g. m. Donald Asbjørnsen. 3. Klara, g. m. Cliff Gerlach. — 5 barneborn (1951). Medl. av D. o. N. i over 25 år.

996. *Velle, Bastian Larsen* (Vellebraut)
f. 6/4 1862. (Larsen). Til Belvedere, Nebraska i mai 1883. Kom snart til San Francisco. Var ei tid formann på høypresse der, og farmarbeidar om sumaren. Pakta ein stor farm i lag med Lars Blindheim. Var ei tid i Texas. Kjøpte mykje land der, men det gjekk dårleg, og han hadde mist alt han åtte då han kom tilbake til Calif. Sidan vart det oljeland der han hadde vore i Texas. Dei siste 30 åra budde han i Burlingham og dreiv på slutten som salmakar. Kona heitte Mary og var grannegjente til kona til Lars Blindheim. Born: George og Evelyn. 4 barneborn. — Han døydde ca. 1950.
997. *Velle, Jakob Larsen* (Larsg.)
f. 7/9 1888. (Jack Larson). Til Wash. i mars 1911 til broren Ole. Arbeidde i skogscampen Wynoche Timber C. i Aberdeen i 10 år, fyrst på «skidroaden», sidan maskinmann for donkey. V ar lenge einaste nordmann der. Heime 1920—23. Var skogsarbeidar i Wash. andre turen og Heim for godt i 1925. Kjøpte hus på Aure og er sjåfør der.
998. *Velle, Knut Larsen* (Brauten)
f. 24/6 1849. Utv. til Belvedere, Nebraska i nov. 1883. Kom snart til Calif. som farmarbeidar. Heim etter nokre år og var køyrar i Ålesund før han kjøpte gard på Melset. G. m. Vilhelmine Knudsd. Dybvik. Døydde i mars 1924.
999. *Velle, Ole Larsen* (Brauten)
f. 17/1 1854. Hadde to gode grunnar til a reise or landet og ein tredje i vente, då broren Lars Valderøy hjelpte han til å kome seg til Amerika, visstnok under eit anna namn (1883). Var for det meste i Calif. Vart formann på farm, reid rundt og inspiserte. Var ei tid i lag med broren Bastian om ein farm i Texas. Dei selde, og dei nye eigarane fann olje. Dette og andre ting gjekk så hardt inn på han at han kom på sjukehus, visstnok i Bern i Calif. I 1904 rømde han frå sjukehuset, og sidan høyrde ingen noko til han. I 1946 vart arvingar til 17 000 dollars etter ein Ole Rysten eller Rusten, etterlyste. Nokon av det namnet vart ikkje funnen, og sume trudde dette var Ole Velle. Problemet er uløyst.
1000. *Velle, Ole Johan Larsen* (Heggebakk)
f. 8/2 1879. Mor hans var Lovise O. Velle, faren var utanbygds frå. Var i Amerika nokre år. Kom heimatt og arbeidde lenge på Langaards tobakkefabrikk. Gift med ei frå Romsdalen. Vart brystsvak og døydde i Romsdalen. Var ute og fiska laks, og dei fann han dod.
1001. *Velle, Ole Johan Larsen* (Larsg.)
f. 24/10 1884. Til Wash. i mars 1907. Til Tacoma fyrst, sidan til skogscampar i Wash. Heim i 1913 og tok garden.

1002. *Velle, Severin Larsen* (Larsg.)
f. 22/8 1898. (Sam Larsen). Var elektriskar då han utv. til Wash. i okt 1920. Arbeidde i skogen i 5 år (Polson og Wynoché), m. a. som «high-climber». Heim for godt til jul 1925. Overtok garden på Erstad, der kona er frå.
1003. *Velle, Berte Jensine Olsd.* (Knutg.)
f. 1/3 1878. Var syerske då ho utv. til Amerika i juli 1903 i lag med dottera Severine. G. m. Ole M. Brunstad (Rabben). Dei budde i Tacoma. 7 born. Ho døydde ca. 1949.
1004. *Velle, Severine (Sylla) Olsd.* (Knutg.)
f. 16/3 1901. Dotter til førnemnde Berte V. Reiste til faren i Tacoma i juli 1903. G. m. Johan A. Velle.
1005. *Velle, Karen Marie Pettersd.* (Brauten)
f. 23/10 1877. Til Calif. i april 1899. Året etter g. m. bygningsmann O. K. Holt frå Sjøholt. Dei fyrste 7 åra budde dei i Lake county, sidan i San Francisco, der Holt vart kontraktør. Born: Oscar, Evelyn, Clarence og Lilian. Sistnemnde er g. Graven. Clarence er ugift. — 8 barneborn. — Karen Marie har lenge vore invalid av leddgikt.
1006. *Velle, Jens Pettersen* (Brauten)
f. 17/7 1880. (John Larsen). Til Calif. i mars 1899 til broren Lars Bernt. Har for det meste budd i Alaska. Arbeidde før i mine, dreiv så jakt og fiske. Kona, Lucy, brann inne. Det var i Tanane. Han kom heim frå laksefiske og fann hus, kone og pengar oppbrende. Tre døtrer. To av dei arbeider i bank i Fairbanks. Han bur no i Rampart og leiter etter gull.
1007. *Velle, Lars Bernt Pettersen* (Brauten)
f. 12/4 1871. (Bert Larsen). Til San Francisco til onkelen L. Velle i april 1890. Arbeidde på farm i Monte Vista og på steampresse. Var formann ved krutfabrikk i Giant, der Ole Brunstad og andre sykkylvingar arbeidde for han. Dreiv lenge hotell i Seattle. Var dg i Alaska og dreiv vedkøyning under gullrushet. Fyrstekona var Lovise M. Haugset, som han gifte seg med i 1895. (Dobbelbryllaup med Pete Iversen og kone). Lovise døydde tidleg, og han gifte seg oppatt med ei av tysk ætt. Han døydde i San Francisco i 1943.
1008. *Velle, Jakobine Rasmusd.* (Rasmusbøen)
f. 22/9 1878 på Tynes, der mora var frå og der dei hadde plass før dei flytte til Velle. Ho tente på Stranda og vart trulova med ein strandar. Dei reiste begge til Amerika, ho til Calif. i april 1900. Det vart inga

gifting med denne strandaren. Ho dreiv pensjonat ei tid. Vart gift med ein annan strandar, Jørgen Giskehaug, men døydde kort tid etter av galopperande tæring (1905).

1009. *Velle, Thea Rasmusd.* (Knutg.)
f. 5/8 1895. Til Wash. i mars 1914. Huspost i Tacoma i 2 år, så til Central Valley nær Poulsbo. G. m. Ole Dahl frå Vågå. Han kom til Amerika i 7-årsalderen og er bygningsmann. Born: 1. Olaf, g. m. Elene Usatelo. 2. Harald. Eit barnebarn (1951). Heime i 1950 (6). Medl. av evangelisk-luth. kyrkje og Ladies' Aid, der ho har vore både kasserar, sekretær og president. Diakon i kyrkjelyden. Bur i Silverdale.
1010. *Velle, Jakob Rasmussen* (Knutg.)
f. 12/10 1889. (Jack Sivertsen). Til Tacoma i mars 1907. Skogsarbeidar i Wash. og nokre turar i Alaska. Vart stygt skadd i brystet av ein stokk under arbeidet i skogen og forblødde etter ein dags tid. Døydde på General Hospital, Aberdeen, 2/4 1921. Ugift.
1011. *Velle, Peter Rasmussen* (Knutg.)
f. 7/5 1906. Til Vancouver B. C. i nov. 1922. Inn i Statane. Skogsarbeidar i Hoquiam i 3 år. Sidan fleire år i Alaska, der han m. a. dreiv bru- og vegbygging for U. S. Bureau of Public Roads. Gjekk på skule ved Pacific Lutheran College nær Tacoma. Bur no som bygningsmann i Poulsbo. Medl. av Evangelical Luth. Church. G. m. Junie Moe Lilleøren, av norsk ætt. Heime i 1946 (2V₂) og i 1957.
1012. *Velle, Sigvard Rasmussen* (Knutg.)
f. 16/3 1900. Til Wash. i okt. 1926. Fyrst bygningsarbeid, sidan 3 år i Polson. Ein sumar på cannery i Alaska. Så ein vinter i skogen att som «chokersetter». Heim for godt i 1930. Tok garden.
1013. *Ramstad, Karl Hansen* (Velle)
f. 5/3 1885 på Ramstad. Foreldra døydde tidleg, og han kom til moster si på Velle som smågut. Gjætargut til 15-årsalderen. Amtskule på Ørskog. Til Preston, Wash. i 1902, til systera. Var skogs- og fabrikkarbeidar der i to år, og gjekk eit halvt år på skule i Everett. Deretter til Fairbanks i lag med Karl J. Blindheim. Arbeidde for dagløn eit år. Reiste til Inoko i lag med ein eldre kar, Jan Nylund frå den russisk-finske grensa. Var der i 3 år utan å tene noko. Etter kort tid i Fairbanks att reiste han til Iditarod der han var saman med ein irlending om ei av dei beste minene. Etter 2 ½ år selde dei, og Karl kom heim for godt i 1911. Døydde i 1955. (Sjå G. Kjølås: *Gull.*)
1014. *Vik, Haakon Jensen* (Lånag.)
f. 24/8 1905. Snikkarskule hos Erstad. Til Minn. i jan 1924, til Pete Eidem i Clarkfield. Snikkar i Mpls. og Chicago i to år. Tilbake til Clark-

field. Kona, Evangeline, døydde 23 år gl. Haakon vart sjuk av allergi og matte flytte til Vestkysten. Dei to sønene, James og Robert, vart att hos Pete Eidem i 12—13 år, den yngste eit år lenger enn broren. Haakon bur i Seattle og er oppattgift med Agnes, av svensk ætt. Driv mest fiske.

1015. *Vik, Jens Jensen* (Bøen)
f. 12/6 1880. Elverum lærarskule. Utv. til Amerika ca. 1908. visstnok til Seattle. Arbeidde i Polson og på gullgraving i Alaska. Hadde seinare farm i Alberta, der han døydde av hjartefeil i 1942. Ugift.
1016. *Vik, Anne Johanne Kristensd.* (Lånag.)
f. 6/4 1870. Til Amerika i april 1889. Var då trulova med Jens Annaniassen Aure og vart gift med han i Amerika. Eldste sonesonen omkom ved flyulukke i Calif. i 1952. Han var då nygift og hadde god stilling. Ulukka [tok hardt på bestemora. Snart etter braut ho foten og vart liggjande. Ho døydde, og vart gravlagd 8/1 1954.
1017. *Vik, Kristian Kristiansen* (Sjurg.)
f. 20/12 1902. Landbruksskule. I jan. 1924 gjennom Canada til Everett, Wash. Skogsarbeidar., fyrst kortare tid i Polson camp 2, sidan i Donowan & Corkrey i Aberdeen. Var einaste nordmann der i 3 ½ år. Arbeidde 355 dagar i året og stadig overtid. Var fyrst «chokersetter», sidan «hucktender». Heim for godt i mai 1927 for å ta garden. For Amerikapengar kjøpte han garden, bygde fine hus, og starta verkstad.
1018. *Vik, Lars Kristiansen* (Sjurg.)
f. 3/8 1887. I mars 1904 til San Francisco og budde der sidan, bortsett frå ei tid han var på sagbruk i Albion, Calif. og på jernbanearbeid. Var lenge bakar. Var stor og uvanleg sterk og gjekk under namnet «Deutsch». Gift med ei enkje med born. Frå ca. 1942 ingen kontakt med heimen.
1019. *Vik, Oskar Kristiansen* (Sjurg.)
f. 4/12 1895. Utv. til Clarkfield, Minn. i febr. 1914 i lag med Tom Grebstad. Vart trearbeidar og flytte fyrst til S. Dakota, sidan til Iowa, der han har budd sidan 1930-åra. Dreiv ei tid teater for eiga rekning. Arbeider no for sagbruk i Onawa. Er aktiv medl. av kyrkjesamfunn. Kona, Myrtle, er av tysk ætt. Ingen born.
1020. *Vik, Kristian Martinussen* (Bøen)
f. 26/7 1885. (C. E. Wicks). Til morbroren Aslak Ekrem i Utah i mars 1903. Snart etter til Calif. Bur i Napa, der han er formann for snikkarverkstad. Fyrstekona heitte Blanche. Born: Berit, Anita, Kristian,

Marion og Lucille. Alle gifte. Minst 5 barneborn. Kristian jr. døydde under siste krig, svalt mest i hel i fangeleir og døydde på veg heim. Mora døydde to dagar etter at ho fekk vite det. Kristiansen. er no oppattgift.

1021. *Vik, Hans Mikkelsen* (Reitebakken)
f. 21/12 1895 i Engebø i Nordfjord. Konfirmert i Sykkylven. Utv. til Minneapolis. Var gift to gonger. Fyrstekona var frå Trøndelag, andre-kona svensk. Heime på besøk som enkjemann i 1908.
1022. *Vik, Ivrine Nilsd.* (Geilene)
f. 6/1 1867. (Ida Johnsen). Til Minneapolis i april 1886 til systera Lovise. To år seinare til Tacoma. G. m. bygningsmann Jakob Johnsen frå Nordland. Born: 1. Mabel, g. m. Ralph Thorsen. 2. Gladys, g. m. Leo Doyle. 3. Nels, g. m. Carmen. — 4 barneborn og 3 barnebornsborn (1951). Har vore medl. av D. o. N. og Central Lutheran Church.
1023. *Vik, Lovise Nilsd.* (Geilene)
f. 15/1 1860. (Swanson). Utv. til Minneapolis i mai 1885. To år seinare til Tacoma. G. m. Abraham Svendsen Ullavik (131). Born: Swan og Nels.
1024. *Vik, Karl Nilsen* (Geilene)
f. 16/3 1876. Halvbror til førnemnde Lovise V. Flytte til Bergen ca. 1893. Gjeikk underoffiserskule og handelsskule. Var på kontor i Bergen før han for til sjøs og sidan gjeikk i land i Amerika. Var gift med ei frå Bergen før han reiste. Arbeidde ved sagbruk i Anacortes kring 1903 i lag med mange andre sykkylvingar. Hadde hyrekontor for arbeids-folk. Budde sidan i Seattle.
1025. *Vik, Klaus Nilsen* (Geilene)
f. 23/8 1869. (Clas Nelson). Halvbror til førnemnde Karl V. Utv. til Amerika i april 1888. Var i Tacoma ei tid, arbeidde på gassverk. Seinare farmar i Olalla, Wash. som fyrste sykkylving der. Dyrka jordbær. G. m. Marie K. Grebstad. Born: 1. Pearl, g. m. Henry. 2. Berta, g. m. Wayne Updike. 3. Luvanna, g. m. Fred. 4. Frida, g. m. George. 5. Dorothy, g. m. Konrad. Alle bur i staten Wash. 7 barneborn.
1026. *Vik, Peter Nilsen* (Geilene)
f. 27/10 1864. Til Amerika i 1887. Hadde vore der berre 3—4 år då han vart drepen i kolgruve i Carbonero, Wash. Ugift.

1027. *Vik, Jørgen Olsen* (Fenrikg.)
f. 24/12 1904. Student i Volda 1925. Dreiv fiske før han utv. til
Bruns-
wick, Canada i jan. 1927. Farm- og bygningsarbeidar der eit par
år.
Sidan i Chicago til 1944. Bur no i Evanston, 111. og arbeider på
fabrikk
for bildeler. G. m. Marie Sørensen frå Vangsnes i Sogn. Born:
Harald.
Stanley, Jerrald og Lee. — Heime i 1948/49 (10).
1028. *Vik, Klaus Olsen* (Heljeg.)
f. 17/4 1882. I mars 1901 til Preston, Wash., der han arbeidde på
sagbruk.
Så 3½ år i Klondike. Heim hausten 1905. Tok urudd plass og bygde
hus.
I jan. 1924 til Wash. att som gift gardbrukar. Kom heim for
godt i
jan. 1925.
1029. *Vik, Lars Olsen* (Heljeg.)
f. 6/7 1890. (Louis Wick). Reiste til Lars K. Vik i Albion. Calif. i
juni
1908. Arbeidde på sagbruk der i 7 mnd., så til Fairbanks i lag
med
Ole Blindheim (Reitebakken), og var der som gullgraver i 3 år.
Skogs-
arbeidar i Oregon, der han tok homestead på 640 acres, mest skog.
Budde
i ei hytte heilt åleine i 14 mnd. Selde stykket seinare. Var i tre år i
Kystvernet med stasjon i Oreg. og på skipsverft i Tacoma og
Seattle
(under fyrste verdskrig). Heim til Noreg og gifte seg i 1919 med
Anna
Strøm frå Ålesund. Dei reiste begge til Minn. i okt. 1921. Snart
etter
til Everett, Wash., der han dreiv bygningsarbeid. Heim for godt i
1924.
1030. *Vik, Oluf Olsen* (Heljeg.)
f. 8/3 1893. Til Vancouver B. C. i mai 1929. Budde lenge på øya
Van-
couver, der han stelte hagar for rikfolk. Har ikkje kontakt med
heimen.
1031. *Vik, Petrine Petersd.* (Bøen)
f. 11/6 1904. (Petrine Bøen). Til Vancouver B. C. i juli 1926. G.
m.
Marcus Lindquist frå Jemtland, formann i fabrikk. Sonen Mervel
døydde
21 år gl. i 1948; dei fann han død i bilen. I 1940 tok dei til seg ei
gjente.
Heime i lag med mannen i 1951 (2).
1032. *Vik, Kristen Petersen* (Lånag.)
f. 10/10 1892. (Chris P. Wicks). I jan. 1911 til onkelen Lars
Strømme
i Hoquiam. Arbeidde i Polson til 1917, då han vart send til
Frankrike
som soldat. Kom til fronten og vart korporal. Vart såra i beinet
og
nakken, og brukte 3 ½ time på å slepe seg fram 3 km. Vart meld
som
fallen, og det vart utskrive dødsattest som han no kan vise fram.
Fekk
to medaljar. Måtte ta fleire operasjonar. Då han kom tilbake til
Amerika
gjeikk han 5 mnd. på skule i Seattle. Har budd i Bremerton,

Wash.

sidan des. 1919. Arbeider på reidskapsfabrikk for flåten, frå ca. 1936
som
formann. Sidan 1946 har han ansvaret for alle 22 reidskapsroma,
eitt

for kvart fag. G. m. Nora Jacobsen, av sykkylysætt (177). Sonen Phillip er gift med Jean Strom (842). Medl. av S. o. N. og starta eit lag av såra veteranar, der han har vore formann. Heime ein tur ca. 1954.

1033. *Aure, Sverre Pettersen (Vik)*

f. 8/9 1899. Son til P. C. N. Aure. Ingeniørutdanning frå Noreg. Reiste i 1927 til Minn. til syskenbarnet Klara Grebstad. Etter kort tid i Minn. fekk han ingeniørarbeid i Aberdeen, Wash., kartlegging og planlegging ved byutviding. I 1929 ved elektrisitetsverk i Juneau, og i 1930 kartlegging for Portland Canal Power Co. i Alaska. Ingeniør ved Aurorabrua i Seattle. I 1931 tunnelarbeid nær Auburn, Calif. Ingeniør ved anlegg av indre hovudveg mellom Los Angeles og San Francisco. Ymse jobbar med tunnelarbeid til 1936. Arbeidde deretter for Los Angeles komm. flomkontroll (tunnelar, demningar) og for Los Angeles elektrisitetsverk. Bygde kraftliner gjennom øydemarka frå Boulder Dam til Los Angeles. Arbeidde for United States Engineers med elveforbygging o. a., og vart i 1940 flytt til Honolulu, der han arbeidde på flyplassar. Bygde hamneanlegg på Midway Island. I 1941 tilbake til Oakland, Calif. på militær-anlegg. 10. april 1942 melde han seg friviljug til den amerikanske hæren. Vart i 1943 sendt til New Zealand og Vest-Australia, derifrå til India, der han m. a. bygde brakker av bambus. Fekk malaria. I april 1945 til San Francisco. Seinare heimatt til Sykkylven for godt. Budde på Vik. Døydde 22/11 1955.

1034. *Vaatmyr, Ludvig Jensen*

f. 2/10 1901. Stuertskule. Utv. til Vancouver B. C. i jan. 1924. Var stuert på båt i Vancouver eit par år. Flytte til Seattle og vart stuert på kveitebåtar. G. m. Minnie Jensen, syster til kona til Ole Hatlemark. Ludvig døydde på Seward hospital, Alaska, 10/9 1934, av struma og lungebetennelse. Ei dotter vart fødd etter han døydde.

1035. *Vaatmyr, Ole Ludvigsen*

f. 12/6 1872. Var gift gardbrukar då han utv. til Tacoma i april 1907. Prøvde seg på skogsarbeid, men tolde det ikkje. Arbeidde på^sagbruk i Hoquiam. Heim for godt etter 3 år. Bygde løe.

1036. *Aasen, Jensine Jensd.*

f. 29/4 1880. Til Minn. i 1900 i lag med John Rødal. Dei reiste til hennar bror Ole i Blue Earth, Faribault county. Gifte seg og flytte sidan til Minneapolis, der mannen vart bygningsmann. Heimatt til Noreg etter 4 år, og mannen tok farsgarden i Tafjord. Borna Lina og Petter vart fødte i Mpls. Dottera Julie, g. Kvistad, utv. frå Borgund i 1924. Jensine døydde i 1945.

1037. *Aasen, Bernt Jensen*
f. 4/2 1891. Skreiv seg for Grebstad då han **utv.** til Minn. i mars 1910, til broren i Clarkfield. Fyrst farmarbeidar. Pakta ein farm og kjøpte sidan 160 acres og pakta like mykje ved sida av. Under fyrste verdskrig var han komen til Texas på veg til Frankrike då krigen slutta. G. m. Hilda Forberg, av norsk ætt. Born: 1. Leon, g. m. Vivian Olsen. 2. Delmor, g. m. Linnea. 3. Arda, g. m. Arthur Berg. — 5 barneborn (1951). Heime på besøk i 1939 (4). Døydde 18 4 1947.
1038. *Aasen, Jakob Jensen*
f. 3/9 1883. Til Minn. i mars 1901. Vart farmar i Clarkfield. Dei siste åra dreiv han og bilagentur. G. m. Dora Apalvik, av norsk ætt. Born: 1. Juner, g. m. Selma Haugen. 2. Ella, g. m. Harald Holmquist. — 7 barneborn (1951). Døydde av slag i 1947.
1039. *Aasen, Jens Jensen* (Storetuen u. Aasen)
f. 29/2 1876. Til Amerika ein gong i 1890-åra. Budde fyrst i Blue Earth, Minn. Flytte til N. Eakota og vart farmar. G. m. inna Flo (eller Hjelle) frå Stryn. Ingen torn. Då kona døydde flytte han tilhake til Blue Earth.
1040. *Aasen, Karl Jensen*
f. 15/12 1894. Reiste til broren Jakob i Clarkfield, Minn. i okt. 1913. Arbeidde i 6 år på farm der. Heim i 1919 for å ta garden. Var gift gardbrukar då han reiste til Minn. i mars 1928. Etter nokre dagar i Clarkfield reiste han til Wash. til Polson-campene 1 og 7. Dei siste 7 mnd. var han på farm i Clarkfield. Heim for godt i 1932.
1041. *Aasen, Ole Jensen* (Storetuen u. Aasen)
f. 13/9 1869. (Johnsen). Til Mpls, i mai 1889. Farmarbeidar i Blue Earth, der broren Jens budde. Fekk eigen farm på 240 acres i Emerald. Kona var av norsk ætt. 5 born, 18 barneborn og 4 barnebornsborn. — Då han slutta som farmar flytte han tilbake til Blue Earth. Var heime på besøk i 1947. To mnd. etter at han reiste frå Sykkylven att, døydde han, 15/11 1947.
1042. *Aasen, Ole Monsen*
f. 26/8 1880 i Stokke i Sunnylvn. Kom til Sykkylven i 1894 og vart konf. der. Utv. til broren Rasmus i Seattle i 1902. Arbeidde fyrst på farm i Wash., sidan i lag med broren som murussarbeidar. Var og i skogen. Døydde av slag 4/7 1910. Ugift.
1043. *Aasen, Rasmus Monsen*
f. 1/11 1882 i Stokke i Sunnylvn. Utv. frå Sykkylven i juni 1901, til eit syskenbarn (frå Ljøen) i Minneapolis. Var farm- og skogsarbeidar.

Budde lenge i Seattle som murpussarbeidar. På slutten vart han sjømann og reiste på langfart. På siste turen reiste han langs norskekysten på lastebåt frå Russland til Belgia. Han døydde då han kom til Antwerpen. 17/5 1924.

Til desse 1043, som er tekne med i alle statistikkar i fyrste delen av boka. kjem som før nemnt nokre som utvandra til Sør-Amerika under eller etter siste krig. Av andre som i skrivne eller trykte kjelder er nemnde som utvandrarar frå Sykkylven, men som ikkje er tekne med, kan nemnast desse: Lauritz Dybedal, f. 1890 i Selje, utv. 1909. Knut Høivik, f. 1900, utv. 1925. Ragnvald Langlo, f. 1901 på Stranda, utv. 1924. I Washingtonposten for 13/10 1933 er nemnd ein Bjarne Langdal som fødd i Sykkylven i 1905, oppvaksen i Norddalen og utv. til Amerika i 1929. I folketeljinga for 1891 er Hans Gjørund oppført som sykkylving. Han var fødd i 1866 i Haram, og var i 1891 kontorist hos ein skipsmeklar i London.

Det er truleg at der er andre eg ikkje har funne, serleg slike som i fyrre hundreåret flytte frå bygda i ung alder og utvandra frå andre stader.

NAMNEREGISTER

I registeret er berre medtekne slike som ein ikkje finn på sin alfabetiske plass, såleis kvinner som har gift seg til eit anna namn, menn med utanbygds namn som er oppførde under den garden dei budde på ved utvandringa, og menn som har endra namna sine. Tala viser nummeret utvandrarar har i boka.

Abelset, Anna 259	Berntsen, Emte 921
Abrahamsen, Karen 945	Betzold, Anna 460
Akslen, Karen 539	Blindheim, Marie 569
Allan, Laura 925	— Olavius 952
Andersen, Berte 966	Blucher, Karen 414
— Inga 577	Boen, L. 332
Anderson, Henriette 432	— O. 333
— Karen 195	Brown, Dina 503
— Karoline 272	Brudevoll, Berte 376
Andreassen, Einar 99	Brunstad, Berte Jensine 1003
Apalvik, Marie 463	— Bob 223
Arnfinnsen, Jensine 144	Bøen, Petrine 1031
Åstad, Olivia 579	Campbell, Ed 653
Aurdal, Anna 591	— Elmer 662
— Kornelia 462	— Jacob 665
— Louis 41	— L. 650
— Petter Johs. 527	— Martin 651
— Tomas P. 526	— Martinus 663
Aure, Johanne 1016	Carlsen, Elisa 511
— Sverre 1033	Carlson Anna 919
Aurness, P. 137	— Charlie 95
Bakken, Lovise 531	— Hans 694
Barber, Jenny 939	— Ingvald 335
Barlindhaug, Peter 729	— John B. 227
Bastian, Louis 913	— Perdy 56
Benberg, Johanne 967	— Tomasine 899
Benson, Agnes 680	Christensen, Jakobine 402
— Anton 861	Christoffersen, Petra 524
— Carl 513	Dahl, Andrew 562
— Nikoline 26	— Berger 563
Benton, Andrew 831	— Bob 548
— Anton 832	— John (Hjorthol) 554
— Ole B. 833	— John (Velle) 984
Berg, Jenny 848	— John B. 549
Berge, Karen M. 221	— Louis (Flydal) 101

Dahl, Louis (Hjorthol) 560
 — Martin 550
 — Petrine 803
 — Thea 1009
 Draheim, Johanne 748
 Dvunham, Asbjørg 881
 Dypdal, Karl 741
 Dyrkorn, Jensine 176
 Eck, Olga 948
 Eide, John 723
 Eidem, Carl S. 367
 — Iver 368
 — Johnny 369
 — Nils 370
 Ekroll, Berte 839
 Ellefsen, Arne 495
 Ellisen, Marte 642
 Ellstrøm, Alice 625
 Engen, Anna 962
 Enholm, Tomasine 765
 Erdal, Sivert 280
 Eriksen, Jensine 23
 Fausa, Sigurd 496
 Fauske, Petter 534
 Floe, Sylla 138
 Flydal 100—102
 Framhus, A. 208
 — Margit 584
 Frantzen, Ole 103
 Fredriksen, Jessie 493
 Frisvold, Petrine 87
 Froderberg, Anna 575
 Frøland, Andreas 348
 — Arthur 347
 — Jensine (Br.stad) 220
 — Jensine (Erstad) 341
 — Lovise 346
 Furnes, Marte 720
 Furset, Bjarne 104
 Fylling, Emma 782
 Giskehaug, Jakobine 1008
 Gjerde, Ben 537
 — Joseph 649
 — Karl 634
 Gjersdal, 105—106
 Gjørund, 922—923
 Granstedt, Karoline 178
 Grebstad, Anna 322
 — Ed 570
 — Lars S. 107
 — Lovise 296
 — Marie 569
 — Sigurd S. 108
 Grevstad, sjå Grebstad
 — Lovise 927
 — Nikolai 425
 Groven, Johanne 461
 Græsdahl, Petrine 865
 Gulbransen 109—111
 Gustavson, Laura 968
 Habostad, 331—333
 — Karoline 329
 Hadler, Lina 328
 Hale, Olaf 607
 Hansen, sjå Aure 66—68
 — Anna 45
 — Berte 747
 — Carl 836
 — Hermann 433
 — Jensine 841
 — Johanne 748
 — Sina 692
 Haram, sjå Aursnes 147—150
 — Hanna 437
 Hartson, Sarah 886
 Hatlemark, O. B. 924
 Haugen, Helma 480
 — Peter 287
 Hegg, Anna 557
 Hellestø, Kristine 851
 Hellesylt, Andreas 112
 Heltberg, Laura 946
 Hendrichs, Oluffa 27
 — 52—57
 Henningsen, Hans 594
 — Lud 597
 Herdal, Hanna 211
 Hille, Ivar 542

- Hjelle, Olave 447
 — 113—119
 Hodnefield, Marie 947
 Holbreck, Betty 626
 Hole, Anna 312
 — Ivrine 271
 — Leif 497
 — Sigmund (Drotn.) 289
 — Sigmund (Riksh.) 786
 Holk, Berte 363
 Holmgren, Laura 47
 — Ragna 541
 Holt, Karen 1005
 Idam, Sam 309
 Intemann, Jessie 493
 Iversen, Anna 943
 — Anne M. 424
 — Lovise 983
 — Pete 553
 — Rudolf 571
 Jackson, J. B. 688
 Jacobsen 177
 — Mathea 764
 Jakobsen, Johanne 155
 Janson, Berta 261
 Jarnes, Laura 263
 Jellen, Kikka 9
 Jensen, Berta 854
 — Lovise 918
 — O. S. 443
 — Aasta 826
 — Johansen, Berger 498
 — Borgny 829
 — Johnsen, Clara 136
 — Ida 1022
 — Lina 222
 — Ole 1041
 — Johnson, Charley 585
 — Ellen 317
 — Jenny 358
 — Louis Pete 352
 — Jordfald, Anna 795
 — Laura 797
 — Olivia 799
 Karlsen, Anton <87
 — Ole 768
 Kipperberg, 807—809
 — Jan 334
 — Lisa 798
 Kirkebo, 730—733
 Kirkwold, Olivia 561
 Kjemphol (Tusvik), 925—926
 Kleiven, Laura 415
 — 499—501
 Knudsen, Anna 73
 — Arthur 678
 — Charles 672
 — Jemmi 679
 — Jim 674
 — Johan 118, 770
 Kongsgard, Severine 512
 Kristiansen, Helma 825
 Kvisvik, Petra 383
 Langdal, Marie 451
 Langeland, 824—827
 Langlo, 311—314
 Langset, Klara 802
 Larsen, Andrew B. 473
 — Anna (Davenes) 259
 — Anna (Haugset) 510
 — Anne 981
 — Bastian 996
 — Beret 100
 — Bert 1007
 — Hans 325
 — Ingvald 559
 — John 1006
 — John R. 323
 — Karen 24
 — Lars 326
 — Louis (Gjøsund) 922
 — Louis (Gr.stad) 468
 — Louis (Kjemphol) 926
 — Louis (Lade) 705
 — Lovise 522
 — Marta 540
 — O. 324
 — Olav 853

Larsen, Pete 6
 — Petrine 669
 — S. (Drabløs) 274
 — S. (Tynes) 942
 — Sam 1002
 — Susanne 243
 Larson, Anna 529
 — Jack 997
 Lekva, Severine 640
 Levdal, Oline 427
 — 502—504
 Lied, Amalie 169
 — Lovise 927
 Lilleås, 371—372
 Lind, Lovise 346
 Lindahl, Jenny 339
 Lowell, Anna 687
 — Lina 77
 Ludvigsen, (Br.stad) 236—240
 — (Riksheim) 775—777
 Lyng, Anna 412
 Lyshol, Gyda 801
 Lysholm, John 721
 Lystad, Marte 157
 Lodøen, 612—614
 Løken, Anne 676
 Mandt, Lovise 763
 Maswick, Hanna 445
 Melset, Anne 74
 — Sina 281
 — 45—51
 Mitchell, Nelly 285
 Molvær, Petrine 699
 Montens, Karen 543
 Muldal, Cle 528
 Myhre, Lars 670, 681
 Myrset, Susanne 659
 Nelson, Anna 357
 — Clas 1025
 — Johanne M. 521
 — Karen M. 749
 — Lovise 558
 — Tomasine 804
 Nes», Carl J. 483
 Ness, Lina 328
 — Pete 399, 695
 — Thomasine 464
 Nielsen, Anna 350
 Nilsen, Iver Trygve 120
 — Nikolai 743
 — O. B. 744
 — Ole 745
 — Torleif 121
 Nilsson, Sina 713
 Norberg, Berte 46
 Nore, Marie 790
 Nyborg, Edvard 122
 Odland, Inga 621
 Olsen, Anna 371
 — Anne Oline 884
 — Berta 63
 — Berte 986
 — Christ 523
 — Dina 696
 — Ellen 372
 — Endre 330
 — Hanna 840
 — Henriette 432
 — Johanne 426
 — John 305
 — Louis 31
 — Lovise 568
 — Martin 83
 — Matt 606
 — Olave 179
 — Petter 385
 Olson, Carl J. 915
 — Hans J. 914
 — Peter A. 916
 Olstad, Karen 141
 Osterhaug, Josephine 762
 Overaa, Hanna 413
 — Johanne 123
 — Torkjell 547
 Pedersen, Johanne 652
 — Lisa 359
 — Marte 965
 — Tom (Aurdal) 39

- Pedersen, Tom (Haugset) 519
 Petersen, Karoline 850
 — Marie 463
 Peterson, Ben 677
 — Ed 610
 — John S. 645
 — Kristine 750
 — Sam 38
 Petterson, Hanna 262
 Poulsen, Anna 722
 Qualheim, Bastian 682
 — Jakobine 667
 Quinlog, Thomasine 765
 Rafteset, 52—57
 Ramstad, Gina 301
 — Karl 1013
 Reithaug, 124—125
 Relling, Ole 126
 Riksheim, Ingvald 335
 — Johanne 86
 Ringdal, Olave 532
 Ringham, Karen 167
 Rohr, Ingeborg 963
 Rostad, Eline 870
 Rypdal, Jensine 686
 Rodal, Jensine 1036
 Rødset, Johanne 302
 — 315—316
 Røgeberg, Olivia 20
 Sandvik, Bernhard 349
 Satre, John 887
 Schei, Berta 75
 Schmidt, 192—194
 — Thomasine 416
 Sehoff, Clara 481
 Scott, Anna Helene 356
 Seim, Klara 438
 Sellereite, Lovise 578
 Severson, Chas 959
 Shrake, Olga 242
 Sivertsen, Jack 1010
 Simonsen, Anna 509
 Sjaastad, Inger 22
 — Oscar 43
 Skjortnes, Petrine 669
 — 683—685
 Skaar, Lovise 936
 Sletta, Ingeborg 318
 Solberg, 208—209
 Solnes, 505—506
 Stixrud, Fredrikke 299
 Stone, Hanna 64
 Storheim, 127
 Strand, Anna 602
 Strom, Andreas B. 831
 — Anton 842
 — Berte 609
 — Jens 813, 835, 845
 — Laurence P. 877
 — Lina 152
 — O. 855
 — O. P. 876
 — Oluf 844
 — Peder 869
 — Sam 858
 — Tom 859
 Strøm, Iver 388
 — Jacob 843, 849
 — Jens 389, 390
 — Karl 374
 — Olive 860
 — Peter 393, 837
 — Severin 375
 Stuen, Selvida 128
 Sunde, Johanne 530
 Sundquist, Jenny 567
 Svard, Olaf 666
 Svendsen, Lovise 1023
 Swanson, Anne Johanne 298
 — Emilie 159
 — Johanne 459
 — Lovise 1023
 — Swan 161
 Sæter, Berte J. 270
 — Olivia 535
 Sætre, B. 862
 Søderlin, Lina 494
 Tandstad, Gudrun C. 933

Tanner, Berta 944
Termander, Karoline 671
Thompson, O. 660
— Soffi 160
— Syver 490
Thorsen, Gertrude 345
Thynnes, 931—932
Toft, Jensine 697
— Olivia 698
Torchelsen, Laura 627
Torkelsen, Berta 761
Torklepp, Karoline 974
Tylden, Karen 885
Tynes, Johanne P. 904
Ullavik, Anna 436
— 129—133
Uri, Emma 96
Vad, Petter 134
Vadset, Johanne 982
Vangsness, Laura 435

Velle, Lovise 522
Vigeliuss, Karoline 78
Vik, Marie 488
— Olivia 7781
Werner Hansen, Berte 769
Westre, Ole 135
Wick, Louis 1029
Wicks, C. E. 1020
— Chris P. 1032
Wilhelms, Mary 520
Williams, Anne M. 566
Wold, Oskar 200
— Sam 201
Wollen, Ragna 791
Woog, Jennie 386
Worra, Lovise 25
Youngman, Susanna 819
Zazan, Anna 151
Aaker, Johan 10

[Til INNHOLD](#)

[Til INNHALD](#)